



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Meld. St. 27

(2022–2023)

Melding til Stortinget

Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida



Omslagsfoto:

Bilde 1: Fiskere/Colourbox

Bilde 2: Ulsteinvik/Uavpic.no – Green Yard Kleven

Bilde 3: Stokkøya Sjøsender/Jan M. Lillebø

Bilde 4: Glad ungdom/Anne Gjerdåker



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Meld. St. 27

(2022–2023)

Melding til Stortinget

Eit godt liv i heile Noreg
– distriktspolitikk for framtida

Innhald

1	Det handlar om Noreg	5	3.5	God samhandling for å sikre eit godt helsetilbod	43
1.1	Måla for distriktspolitikken	6		Ei meir berekraftig omsorgsteneste	44
1.2	Ungdomen er avgjerande for utvikling i distrikta	6	3.5.1	Fastlegeordninga skal styrkjast ...	45
1.3	Folketalsutviklinga i distrikta	7	3.5.2	Psykisk helsehjelp	45
1.4	Utfordringane i framtida krev nye løysingar	9	3.5.3	Akuttmedisinske tenester	47
1.5	Ein forsterka innsats i Nord-Noreg	10	3.5.4	Tryggleik i kvardagen	47
1.5.1	Regionalt samarbeid i Arktis	11	3.6	Samarbeid mellom naudetatane	48
1.6	Meldinga i korte trekk	12	3.6.1	Politiet skal vere til stades	48
1.7	Diedáhus oanehaččat	16	3.6.2	Raskare respons ved alvorlege hendingar	49
			3.6.3	Beredskap i Nord-Noreg	49
2	Eit godt liv i distriktskommunen	22	3.7		
2.1	Planleggje for gode samfunn	22	4	Transport og infrastruktur bind landet saman	51
2.1.1	Auka differensiering for å tilpasse til lokale og regionale tilhøve	25	4.1	Arbeidet med nasjonal transportplan	51
2.2	Nytte ressursane betre gjennom samarbeid	26	4.2	Vedlikehald og rassikring av fylkesvegane	52
2.2.1	Støtte og rettleiing i utviklingsarbeid	26	4.3	Raskare utbygging av ladeinfrastruktur	53
2.2.2	Bygdevekstavtalar mellom staten og kommunar	28	4.4	Halverte ferjeprisar	53
2.2.3	Merkur gjev eit godt daglegvaretilbod	28	4.5	Effektive hamner og farleier	54
2.3	Kultur og frivilligheit i heile landet	29	4.6	Drosjetenester er ein viktig del av transporttilbodet	55
2.4	Inkludering av tilflyttarar	30	4.7	Eit styrkt flytilbod i distrikta	55
2.5	Bustader er sentralt for utvikling av gode lokalsamfunn	32	4.8	Utgreiing av transportsystemet i Nord-Noreg	57
2.5.1	Eigna bustader for ulike grupper	33	4.9	Ein forsterka digital grunnmur	57
2.5.2	Eit aldersvenleg samfunn	34	4.9.1	Alle skal ha tilbod om godt og framtidretta breiband	58
2.5.3	Det distriktsretta arbeidet til Husbanken	34	4.9.2	God mobildekning i heile landet	59
2.5.4	Ei styrking av kommunen som bustadpolitisk aktør	35	4.9.3	Datasenter er ein del av den digitale grunnmuren	60
2.5.5	Nye byggjereglar for lokalsamfunn påverka av naturfarar	37	4.9.4	Tryggleik og sikre nett	60
3	Trygge samfunn og tenester nær folk	38	5	Ein aktiv næringspolitikk for heile landet	62
3.1	Eit inntektssystem for likeverdige tenester	38	5.1	Forvalting av naturressursar skal kome fellesskapet til gode	62
3.2	Samarbeid om tenester	39	5.2	Distrikta står sentralt i det grøne skiftet	63
3.2.1	Pilot med nærteneesenter	40	5.2.1	Vegkart for grønt industriløft	63
3.3	Tillitsreform og forsøk	41	5.2.2	Statleg kontaktpunkt for store industrietableringar i nord	65
3.4	Digitalisering for betre tenester	41	5.3	Meir kraft, meir nett og meir effektiv bruk av kraft	65
			5.3.1	Planlegging og utbygging av vindkraft på land	68

5.3.2	Petroleumsnæringa gjev Noreg store inntekter	68	6.2	Ei forsterka satsing på yrkesfagleg utdanning	93
5.4	Næringsretta verkemiddel	68	6.2.1	Læreplassar i vidaregåande opplæring	93
5.4.1	Differensiert arbeidsgjevaravgift tryggjer sysselsetjinga	70	6.2.2	Fagskular er viktige leverandørar av kompetanse i distrikta	94
5.4.2	Omstilling og vekst krev tilgang på kapital	70	6.3	Betre balanse mellom tilbod og etterspurnad av kompetanse ...	94
5.4.3	Enklare tilgang til testfasilitetar og industrikompetanse	72	6.3.1	Innsats for å styrkje rekrutteringa til utdanning i Nord-Noreg	95
5.4.4	Forsvarsindustriklyngje i Nord-Noreg	73	6.3.2	Styrking av regionale studiesenter	96
5.4.5	Næringsretta digitalisering for auka verdiskaping	73	6.3.3	Samfunnsoppdraget til universitets- og høgskulesektoren	98
5.5	Regional næringsretta forskning og utvikling	74	6.4	Tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms	98
5.6	Omstillingsordninga	75	6.5	Meir geografisk utjamning gjennom personskatten	99
5.7	Målretta innkjøp kan gje ringverknader og berekraft	76	6.6	Arbeid til alle i eit inkluderande arbeidsliv	100
5.8	Regionvekstavtalar for samordna innsats mot felles mål	77	6.6.1	Individuelt tilpassa tiltak for å få fleire i jobb	100
5.9	Trygg mat og levande lokalsamfunn	77	6.6.2	Initiativ for at fleire kan fullføre utdanninga	101
5.9.1	Fisken i havet skal gje aktivitet på land	78	7	Politikk har geografiske konsekvensar	103
5.9.2	Havbruk er viktig for matproduksjon og verdiskaping i distrikta	79	7.1	Styrkt satsing på forskning på distriktsutfordringar	103
5.9.3	Innlandsfiske er ei næring med potensial for vekst	79	7.2	Statlege arbeidsplassar er viktige for distrikta	104
5.9.4	Matsikkerheit og berekraftig landbruk	81	7.2.1	Skjerpa retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar	105
5.9.5	Felles satsing på landbruket i Nord-Noreg	82	7.3	Desentralisert arbeid i staten	107
5.9.6	Samisk reindrift	83	7.3.1	Fellesføring til statlege verksemder	107
5.9.7	Landbruket treng god tilgang på veterinærtjenester	84	7.4	Ein nærverande stat	108
5.9.8	Skogbruk er viktig for busetjing og sysselsetjing	84	7.5	Ein distriktspolitikk som peiker framover	109
5.9.9	Ei berekraftig forvaltning av rovvilt	84	8	Økonomiske og administrative konsekvensar	110
5.10	Reiseliv er ei viktig distriktsnæring	85	Referanseliste	111	
5.10.1	Samiske mattradisjonar, kultur og reiseliv	88	Vedlegg		
6	Utdanning og arbeidskraft for framtida	89	1	Oppsummering av tiltak i distriktsmeldinga	114
6.1	Desentralisert og fleksibel utdanning der folk bur	89			
6.1.1	Styrkt helsefagutdanning og fleire praksisplassar	91			
6.1.2	Kommunane treng fleire kvalifiserte lærarar	91			



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Meld. St. 27

(2022–2023)

Melding til Stortinget

Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida

*Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 20. juni 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Det handlar om Noreg

Små skilnader og høg tillit mellom folk er suksessfaktorar for den norske nasjonalstaten. Like moglegheiter same kvar ein bur, er ein føresetnad for å ta vare på tilliten, tryggleiken og samhaldet i landet vårt. For å gje folk like høve til utvikling over heile landet trengst ein aktiv distriktspolitikk.

For regjeringa er det avgjerande at folk skal kunne bu, arbeide og leve eit godt liv i heile Noreg. Denne meldinga tek utgangspunkt i dei distriktspolitiske målsetjingane og initiativa i Hurdalsplattforma, og gjer greie for korleis regjeringa vil oppfylle dei distriktspolitiske lovnadene i plattformen. Eit viktig grunnlag for meldinga er også tilrådingane frå distriktsdemografiutvalet,¹ distriktsnæringsutvalet² og ungdomens distriktspanel.³ Distriktsdemografiutvalet har greidd ut konsekvensane av demografiutfordringane i dis-

trikta. Distriktsnæringsutvalet har vurdert utfordringar for næringslivet i distrikta, og ungdomens distriktspanel har gjeve råd om korleis distriktspolitikken for framtida bør vere.

Vi treng nytenking om distriktspolitikken og den viktige rolla distrikta har for det norske samfunnet. Folk som har opplevd sentralisering av grunnleggjande tenester, at dei vert påtvinga strukturar dei ikkje ynskjer, eller at dei ikkje har hatt kontroll over utviklinga av kommunen sin, skal merke ei positiv endring. Derfor løftar denne meldinga fram dei viktigaste tilrådingane frå utvala og panelet og gjer greie for korleis regjeringa vil fylgje opp desse. Vi skal sikre folk over heile landet gode tenester nær der dei bur, fleire arbeidsplassar, god infrastruktur og eit variert kulturtilbod. Lokalsamfunn skal få bestemme meir sjølv. Slik skal folk optimistisk kunne vere med på å byggje lokalsamfunnet. For det handlar om å kunne leve eit godt liv i heile Noreg.

For å leggje til rette for auke i folketalet i distriktskommunar vil regjeringa føre ein politikk som verkar inn på alle dei områda som er viktige for at folk skal kunne leve eit godt liv. Derfor er

¹ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene.*

² NOU 2020: 12 *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn.*

³ Distriktsenteret (2021) *10 råd frå ungdommens distriktspanel.* <https://distriktsenteret.no/ungdommens-distriktspanel/>

distrikts- og regionalpolitikken ei brei og langsiktig oppgåve for regjeringa. Med ein aktiv og målretta politikk meiner regjeringa at vi har gode føresetnader for auka busetjing i distrikta, fordi:

- Nærleik til natur, opplevingar og tette lokalsamfunn gjer distriktsområda attraktive og unike. Erfaringar frå koronaepidemien viser at fleire har endra bustadpreferansar og ynskjer seg eit liv utanfor storbyane. Det er gjennom å utvikle og byggje vidare på lokale særpreg at distrikta kan vere attraktive stader for busetjing og aktivitet i framtida.
- Den digitale utviklinga gjer at mange arbeidsoppgåver og tenester vert staduavhengige, og det kan gje nye tenesteløysingar.
- Innovasjon i offentleg sektor, tillitsreform og forsøksordningar kan medverke til å halde oppe tenestekapasiteten og tenestetilbodet i små kommunar.
- Det grøne skiftet tek i stor grad utgangspunkt i ressursar i distrikta, noko som kan innebere ein ny giv for mange distriktskommunar, både fordi det gjev større inntekter, og fordi det fører til større breidde i arbeidsmarknaden.
- Desentralisert og fleksibel utdanning gjer det enklare for ungdom å busetje seg i distrikta, og det kan trekkje til seg unge studentar frå fleire stader i landet. Ungdomen er framtida. Det aller viktigaste for framtidig utvikling i Distrikts-Noreg er at ungdomen trivst og har eit godt liv i distrikta.

1.1 Måla for distriktspolitikken

Regjeringa har som mål for distrikts- og regionalpolitikken at folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auke i distriktskommunar. Regjeringa vil arbeide for at folk har tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur. Regjeringa vil leggje til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar.

Noreg er eit mangfaldig land, rikt på menneskelege og naturgjevne ressursar. Regjeringa vil ta vare på og utvikle dette mangfaldet. Ein føresetnad for å få til dette er at folk bur og arbeider i heile landet. Derfor vil regjeringa at alle innbyggjarar, same kvar dei bur, skal ha eit godt tenestetilbod i nærmiljøet. Gode grunnleggjande tenester gjev tryggleik i kvardagen. Det er viktig for Noreg som nasjon at det bur folk i heile landet. I tider med kriser og krig får vi ei påminning om det.

Regjeringa vil sikre tenester nær folk, fleire arbeidsplassar, god digital og fysisk infrastruktur og eit variert kulturtilbod. Offentleg sektor skal vere til stades i heile landet, og tilsette skal få auka tillit og meir tid til dei som mottek tenester. Kommunane må ha ressursar, kapasitet og handlefri-dom til å løyse velferdsoppgåver. Offentleg sektor har også ei viktig rolle i arbeidet for å nå dei ambisiøse klimamåla.

Distriktskommunar kan definerast som kommunar på dei lågaste sentralitetsnivåa (sjå boks 1.2). Regjeringa har som mål at folketalet samla sett skal auke i distriktskommunar på sentralitetsnivå 4, 5 og 6. Regjeringa skal gjennom distriktspolitikken leggje til rette for at distriktskommunar på desse sentralitetsnivåa kan ha vekst. Det er også viktig å hindre at heile regionar over tid har nedgang i folketalet. Gjennom ein aktiv distriktspolitikk vil regjeringa medverke til å snu utviklinga i slike område. Samstundes vil også meir sentrale kommunar kunne ha større eller mindre område med distriktsutfordringar. Derfor treng vi ein differensiert politikk tilpassa utfordringane i ulike kommunar. For regjeringa er det viktig å leggje til rette for ei balansert utvikling og sikre at det vert lagt til rette for vekst og utvikling i område med svak eller negativ folketalsutvikling.

For å levere gode tenester treng vi folk med rett kompetanse. Derfor arbeider regjeringa for eit desentralisert utdanningstilbod som er relevant og framtidsretta, og som gjev grunnlag for arbeid og inntekt. Folk må i større grad kunne ta utdanning nær der dei bur, og utdanning som gjev kompetanse som er etterspurd i privat og offentleg sektor. Det er eit mål at forvaltninga av naturressursane skal skape arbeid og velferd for folk i heile Noreg og medverke til kompetanseutvikling og reinvestering lokalt og regionalt. Nasjonale mål for arealforvaltning og -utvikling skal vere tilpassa regionale og lokale tilhøve gjennom kommunale og regionale planprosessar.

Spreiing av folk, makt og kapital gjev landet vårt større mangfald. Mangfald er viktig for å styrkje innovasjonsevna, beredskapen og tilliten i samfunnet. Derfor er distriktspolitikken viktig for heile landet.

1.2 Ungdomen er avgjerande for utvikling i distrikta

Opplevingane, erfaringane og prioriteringane til ungdom er viktige omsyn når ein skal forme samfunn og distriktspolitikk for framtida. Ungdomens distriktspanel vart oppretta i 2019, med ti ung-

Boks 1.1 Ti mål frå ungdomens distriktspanel

Arbeidet til ungdomspanelet er nedfelt i ti mål:

1. *Arbeid*: Ungdom i distrikta treng fagmiljø og jobbfelleskap.
2. *Utdanning*: Fagskular og vidaregåande skular må ha ein desentralisert struktur og tilby fag som det regionale næringslivet etterspør.
3. *Transport*: Ungdomen etterspør bestillings-transport og eit miljøvenleg transport- og kollektivtilbod. Vegar og ferjesamband treng utbetring og rasfarlege strekkingar må sikrast. Gang- og sykkelveg og gatelys er viktig for tryggleiken.
4. *Eit stabilt høghastigheits- og mobilnett*: Dette legg til rette for heimearbeid, skuleplattformar og digitale tenester og er viktig for tryggleik, beredskap og utvikling av velferdsteknologi.
5. *Personretta tiltak*: Tiltak som lågare skatt, nedskrivning av studielån, tilbod om ungt entreprenørskap, investeringsfond for unge etablerarar og bustadtiltak kan gjere det enklare for ungdom til å busette seg i distrikta.
6. *Tilbod om psykisk helsehjelp*: Det er viktig med lågterskeltilbod med opne dører alle dagar, digitale heilskapsløysingar og øyremerkte midlar til skulehelsestena, og psykisk helse må vere integrert tema i lærarplanar.
7. *Natur og berekraft*: Ungdomen etterspør at kommunane har oppdaterte planar som legg vekt på nærleik til natur, rekreasjon, busetting og næringar, og med nullvisjon for nedbyggjing av matjord. Utbyggingsaker må ha konsekvensvurderingar med vekt på framtidige generasjonar og berekraft.
8. *Attraktive og inkluderande lokalsamfunn*: Ungdomen etterspør at kommunane har strategiar for dette, til dømes gjennom å utvikle møteplassar og eigenarten til dei ein-skilde stadene.
9. *Lokal påverknad frå ungdomen*: Ungdomen vil medverke i den lokale samfunnsutviklinga, til dømes gjennom fleire aktive ungdomsråd og aktiv bruk av elevråd.
10. *Beredskap*: Kort responstid, kvalitet på tenester og tryggleik i kvardagen er viktig for at ungdomen skal vilje bu i distrikta.

domar som representerte kvart sitt fylke. Panelet la fram forslaga sine våren 2021. Ungdomen ynskjer seg stolte lokalsamfunn som har tillit til eigne innbyggjarar og til nabobygda. Dei ynskjer lokalsamfunn der det er gode transportløysingar, god digital infrastruktur og god tilgang på bustader. Ungdomen treng ein trygg kvardag med utsikter til arbeid og tilgang på grunnleggjande tenester. Ungdom treng opplærings- og utdanningstilbod som er relevante for arbeidsmarknaden, og dei treng å kjenne til desse tilboda. Tilgang til arbeid og utdanning er avgjerande for å velje bygda framfor dei store arbeidsmarknadene i byane.

Ungdomspanelet oppfordrar kommunane til å vise fram sine kvalitetar, tenkje nytt og dyrke det unike, og leggje til rette for næringsutvikling og jobbfelleskap. Alt dette er viktig for at unge skal ha lyst til å arbeide, bu og investere framtida si i distrikta. Panelet peiker på at distriktsutvikling er eit lagspel mellom regjeringa, Stortinget, fylkeskommunar, kommunar, næringsliv og folk flest. Arbeidet til panelet er nedfelt i ti mål, som alle er viktige for at ungdomen skal sjå for seg ei framtid i distrikta. Alle tiltak og retningsval i distriktspoli-

tikken regjeringa fører, er retta inn mot nettopp dette. Dei fylgjande kapitla gjer greie for korleis regjeringa vil arbeide med desse måla og utfordringane.

1.3 Folketalsutviklinga i distrikta

Gjennom dei siste 60 åra har skiftande regjeringar hatt ulike ambisjonar og mål, og ikkje minst tiltak, i distriktspolitikken. I takt med endringar i samfunnet har også folketal og demografisk samansetjing i distrikta endra seg.


I 1960 budde om lag halve folket i spreiddbygde område. I dag er situasjonen ein annan. Ein stor del av folkesetnaden bur i byar og tettbygde område, og mange distriktskommunar har fødselsunderskot. Når færre unge veks opp i distrikta, vil flyttestraumen frå bygdene også verte mindre. Resultatet er at folketalet vert stabilisert i mange distriktskommunar, men at innbyggjarane vert stadig eldre. For å halde oppe folketalet i distrikta på lang sikt må nettoinnflyttinga til distrikta auke. Særleg vil det ha stor verdi om fleire unge og småbarnsfamiliar vel å flytte til distrikta.

Boks 1.2 Kva kjenneteiknar distriktskommunar?

Distriktskommunar er kjenneteikna av at det bur få folk på store areal. Dette gjer at det vert lange avstandar mellom folk, arbeidsplassar og tenester. Distriktskommunar kan definerast som kommunar med låg sentralitet, men skiljet mellom distriktskommunar og meir sentrale kommunar er flytande. Statistisk sentralbyrå (SSB) grupperer kommunane i ulike sentralitetsnivå, etter tilgang på arbeidsplassar og tenester. Sentralitetsindeksen¹ er rekna som den indi-

katoren som er best eigna til å måle såkalla geografiske ulemper. Ein kjerne i distrikts- og regionalpolitikken er at nokre område har særlege ulemper knytte til storleik og avstand og dermed krev ein ekstra innsats. Dei mest sentrale kommunane har sentralitetsnivå 1 og dei minst sentrale er klassifiserte som sentralitetsnivå 6.

¹ SSB (2020) *Sentralitetsindeksen*. <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/sentralitetsindeksen.oppdatering-med-2020-kommuner>



Figur 1.1 Gruppering av kommunar etter sentralitet

Kjelde: SSB (2020) Kart: Kommunal- og distriktsdepartementet

Det ingen grunn til å svartmåle utviklinga i distrikta. Sentralisering er inga naturlov, og mange område i distrikta opplever i periodar eller over tid auke i folketal, arbeidsplassar og verdiskaping. Sterk vekst i eksisterande og nye næringar, lokalisering av offentlege arbeidsplassar og gode utdannings- og tenestetilbod er faktorar som vil kunne støtte opp om ei positiv folketalsutvikling. Det er dei som bur og driv verksemd i eit område, som er den viktigaste krafta for å medverke til å utvikle eit lokalsamfunn. Men sentrale styresmakter har ei viktig rolle i å støtte opp under lokale initiativ. Med klare politiske ambisjonar og tiltak kan vi leggje til rette for ei desentralisert utvikling av landet vårt.

Dei siste 20 åra har distriktskommunane på sentralitetsnivå 4, 5 og 6 samla sett hatt vekst i folketalet, særleg på grunn av høg innvandring i perioden 2007–2017. Lågare innvandring, færre fødsjar og ei sentraliserande flytting medførte at folketalet gjekk ned i over 200 kommunar i perioden 2017–2022 (ca. 0,4 prosent over fem år). Samstundes er det store skilnader distriktskommunar imellom. Den mest krevjande utviklinga ser ein i mange av dei minst sentrale kommunane (sentralitetsnivå 6), der ein over lengre tid har hatt nedgang i folketalet.

I 2022 vart folketalsnedgang snudd til oppgang for mange distriktskommunar. Dei mange flyktningane frå Ukraina gjer at fleire distriktsområde igjen har vekst i folketalet. Dette gjer at distriktskommunar i 2022, trass i låge fødselstal, hadde den høgaste folketalsveksten i perioden vi har tal for (sidan 1966). SSB framskriv i sitt hovudalternativ noko vekst i distriktskommunane på sentralitetsnivå 4, 5 og 6 samla sett, både dei neste fem og dei neste 20 åra. Innvandrarar, særleg flyktningar, pregar i aukande grad også den innanlandske utflyttinga frå distrikta og utgjer eit fleirtal av nettoflyttinga frå Nord-Noreg.⁴

Det er gjort fleire studiar av bu- og flyttemotiv som viser at folk har samansette motiv for busetjing. Desse er knytte til arbeid, familie og vener, stad og miljø. For mange er ikkje val av bustad noko ein gjer som ung og så søker å gjennomføre. Vala vert påverka av kva som skjer undervegs. Fleire unge ynskjer seg ei framtid i miljøet der dei veks opp og har familien og røtene sine. Men mange må flytte langt heimanfrå for å få utdanning og relevant arbeid.

Undersøkingar viser at unge ofte busett seg nær der dei har teke utdanning. Lokalisering av

studiestader og ein større arbeidsmarknad gjer at mange flyttar til byane som unge. Mange flyttar ut igjen frå byane, men fleire vert også verande. Det er mange som i kortare eller lengre periodar er busette i distriktskommunar, og som kan ha potensial for meir langsiktig busetjing. Blant dei som har vakse opp i byar, har om lag 5 prosent busett seg i distrikta seinare i livet.⁵

Distriktsdemografiutvalet⁶ har greidd ut konsekvensane av demografiutfordringane i distrikta. Hovudutfordringa handlar ifylgje utvalet om å skape berekraftige samfunn som kan handtere ein aldrende folkesetnad. Innbyggjarane i heile den vestlege verda vert eldre. Dei fleste kommunar har ei demografisk utvikling med fleire eldre og færre unge. Mange av kommunane med høgast prosentdel eldre finn ein i distrikta. For å sikre god livskvalitet og tenestetilbod for dei som bur i distrikta, handlar det både om å leggje til rette for netto tilflytting og om korleis ein kan planleggje for å sikre gode tenester i område med spreidd busetnad.

Noreg er det landet i Europa der færrest innbyggjarar bur i storbyar. Det er ein kvalitet ved Noreg at vi har busetjing i heile landet. Det er viktig at folk også i framtida kan velje å leve i det lokalsamfunnet dei ynskjer, i bygd og by. Ulike lokalsamfunn, anten dei ligg i tettbygde eller spreiddbygde område, vil kunne ha ulike kvaliteter.

Attraktive småbyar som samhandlar godt med omlandskommunane, er også viktig for folk som busett seg utanfor dei store byane. Mange utdannings- og helsetilbod, særleg spesialisthelsetenester, er lokaliserte i regionsenter, som derfor spelar ei viktig rolle for tenestetilgangen for dei som bur i distrikta.

1.4 Utfordringane i framtida krev nye løysingar

Demografiutfordringane har konsekvensar for heile landet. Vi finn område med spreidd folkesetnad, låge fødselstal og høg del eldre både i Nord-Noreg, i indre delar av Sør-Noreg og i Trøndelag. Regjeringas distrikts- og regionalpolitikk skal medverke til å møte desse utfordringane slik at ein legg til rette for at folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg. Regjeringa har til dømes

⁴ Tønnessen, M. (2022) Innvandreres bo- og flyttemønstre i Norge (rapport 2022:12). NIBR.

⁵ Høydahl, E. (2023) Bofaste og flyttere. *En kohortanalyse av ungdomskull fra de var 15 til 35 år* (Rapport). SSB.

⁶ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*.

allereie peika ut tre område i Finnmark og to område i Trøndelag for bygdevekstavtalar, og planlegg for fleire område i nye fylke.

I mange distriktkommunar er ikkje den største utfordringa i dag mangel på arbeidsplassar, men at offentlege og private verksemdar manglar arbeidskraft som dei treng. Tenester og arbeidsoppgåver har vorte stadig meir spesialiserte, noko som set større krav til kommunane. Tilgang til gode tenester er viktig for alle og krev andre løysingar i område med færre folk og spreidd busetnad enn i tettbygde område. Det gjer det naudsynt å rette ekstra merksemd mot korleis vi kan sikre gode tenester, kapasitet og kompetanse tilpassa ulike område. Her spelar den digitale utviklinga ei viktig rolle, fordi det opnar for å gjere ting på nye måtar.

Desentralisering er ein viktig del av løysinga på utfordringane for framtida. Digitalisering endrar fundamentalt tilhøvet vårt til avstand og opnar stadig nye moglegheiter for utvikling og vekst i distrikta. Auka bruk av digitale løysingar legg til rette for at mange arbeidsoppgåver kan utførast same kvar i landet ein bur.

Infrastrukturen og dei digitale tenestene legg til rette for nye løysingar som kan medverke til å løyse nokre av dei største utfordringane samfunnet står overfor, som kravet om auka produktivitet, ny velferdsteknologi i møte med ein aldrande folkesetnad og ny teknologi som kan medverke til å redusere klimaavtrykket i ei rekkje næringer.

Ein offensiv klimapolitikk og ein offensiv distriktpolitikk må gå hand i hand. Det er viktig for den grønne omstillinga at det bur folk i heile landet, og at vi nyttar dei rike fornybare ressursane våre på ein god og energieffektiv måte. Det er store planar for framvekst av grønne næringer i mange distriktkommunar i ulike delar av landet. Regjeringa har i arbeidet med det grønne industriløftet peikt ut nokre særlege satsingsområde: havvind, batteri, hydrogen, CO₂-handtering, prosessindustri, maritim industri og skog- og trenæringa og annan bioøkonomi. Dette er viktige område for berekraftig produksjon og verdiskaping, som i stor grad baserer seg på dei fornybare ressursane i distrikta. Når ein har heile verdikjeder i nærleiken, kan ein også i større grad nytte sirkulære løysingar.

For å nytte og forvalte desse ressursane treng ein arbeidskraft og infrastruktur. Ein variert arbeidsmarknad, gode tenester, tilgang på attraktive bustader og gode lokalsamfunn er viktig for å tiltrekke seg etterspurd kompetanse og arbeidskraft. Noreg ligg svært langt framme i overgangen til fossil- og utsleppsfrie køyretøy. Utslepp frå

privatbilisme vert derfor ei stadig mindre relevant problemstilling når ein skal planleggje område for busetting, arbeidsplassar og anna i framtida.

Digitalisering gjer det mogleg å løyse oppgåver på ein ny og meir effektiv måte, samstundes som tilbodet til brukarane vert godt. Tilgang på høghastigheitsbreiband for alle er avgjerande for at kommunar i heile landet kan ta del i digitaliseringa. Ny teknologi gjev også høve til desentralisering og styrking av busetnad og næringsutvikling i heile landet.

Digitalisering og bruk av teknologi legg til rette for kopling og læring på tvers av stader og uavhengig av geografiske avstandar. Medan byane legg til rette for samhandling i større arbeidsmarknader, gjev fjernarbeid og digital teknologi nye potensial for kopling og læring utan å vere fysisk samlokalisert. Digitalisering gjev rom for fleksible løysingar som kan vere betre tilpassa dei varierte føresetnadene i distrikta. I tillegg gjev digitalisering gode høve til effektivisering. Distriktsdemografiutvalet⁷ skriv at sterk sektorstyring kombinert med digitalisering og spesialisering i sum har vore uheldig for distrikta, som ofte har teke kostnadene ved reformer gjennom lengre avstand til tenester og færre arbeidsplassar. Men det treng ikkje vere slik. Gjennom ein aktiv lokaliseringpolitikk vil regjeringa søkje å balansere dei potensiala og utfordringane som den digitale utviklinga gjev. Det gjer det meir sannsynleg å lykkast med ei desentralisert utvikling.

1.5 Ein forsterka innsats i Nord-Noreg

Busetjing og aktivitet i Nord-Noreg har gjennom generasjonar medverka til arbeidsplassar og verdiskaping og gjeve Noreg suverenitet over store område på land og i havet. Her finst enorme naturrikdomar av stor verdi som er viktige for sysselsetjing og verdiskaping og for å gjennomføre eit grønt skifte. Det er avgjerande for Noreg at det bur folk i nord. Det er tid for ein ny, forsterka innsats i denne landsdelen. Her finn ein store demografiutfordringar, og det er i grenseområda i nord vi meir enn nokon gong treng busetting og aktivitet. Vi må medverke til utviklinga i dei samiske områda, og slik støtte opp under samisk språk, kultur og samfunnsliv. Russlands åtakskrig i Ukraina understrekar den tryggingspolitiske rekkjevidda av å halde oppe og styrkje busettinga og det statlege nærværet i landsdelen, særleg i dei

⁷ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene.*

grensenære områda. Dette er av stor nasjonal interesse.

Næringsliv og innbyggjarar i Aust-Finnmark er særleg hardt ramma som følgje av Russlands åtakskrig i Ukraina og medfølgjande sanksjonar. Regjeringspartia og SV er samde om å støtte aktivitet og utvikling i Aust-Finnmark med 105 mill. kroner i 2023. Aktivitetspakka er utforma i dialog med kommunen, næringslivet og partane i arbeidslivet. Den inneheld ei rekkje tiltak som skal medverke til å styrkje næringslivet, halde på og utvikle nye arbeidsplassar, og forsterka infrastruktur. Regjeringa vil halde fram arbeidet med tiltak for langsiktig utvikling og omstilling i regionen.

Denne meldinga viser retning for regjeringspolitikken for Distrikts-Noreg. Det finst distriktsutfordringar i alle delar av landet. I Nord-Noreg finn vi mange spreiddbygde område med få menneske og lange avstandar. Distriktpolitikken treffer derfor i høgaste grad denne landsdelen. Men utfordringane vert til dels ulike når ein vurderer eit stort samanhengande geografisk område under eitt, med både byar og distriktsområde. Nord-Noreg har byar som veks og er i rask utvikling, og der ein planlegg for fleire store investeringar. I dei minste kommunane er det særleg store utfordringar knytte til nedgang i folketalet og mangel på kompetanse og arbeidskraft.

Det er fleire verkemiddel, innanfor dei fleste sektorar, som tek omsyn til dei spesielle utfordringane i Nord-Noreg. Det er også fleire tiltak som er retta inn mot landsdelen spesielt. Den økonomisk mest omfattande ordninga er den differensierte arbeidsgjevaravgifta, med nullsats i tiltakszona i Nord-Troms og Finnmark og låg avgift i landsdelen elles.⁸ Verdien av dette er estimert til om lag 18,3 mrd. kroner for 2023.⁹ I inntektssystemet for kommunane vert det gjeve eit distrikts-tilskot på om lag 3 mrd. kroner til kommunar og fylkeskommunar i Nord-Noreg. Tiltakszona for Finnmark og Nord-Troms har i overkant av 90 000 innbyggjarar, og dei personretta tiltaka i zona utgjer om lag 1,6 mrd. kroner i 2023.

I Nord-Noreg gjer lange avstandar og lågt folketal at det mange stader er utfordrande å halde oppe eit variert tenestetilbod med god kvalitet i alle lokalsamfunn. Det er store skilnader innanfor landsdelen. For å gjere det meir attraktivt å

bu i dei mindre kommunane i nord er det viktig å leggje til rette for auka samarbeid for å styrkje fagmiljø, auke kvaliteten på tenester og bumiljø, stimulere til samarbeid for å løyse oppgåver og sørge for at tenester vert verande nær innbyggjarar og næringsliv.

Etterspurnaden etter kompetent arbeidskraft er stor i mange område av landsdelen. Dette gjeld mellom anna i yrke som er avgjerande for eit godt tenestetilbod, beredskap og tryggleik til innbyggjarane – som lærarar, sjukepleiarar, legar, psykologar og politi. Det er også mangel på folk i petroleumsnæringa. Fagarbeidarar på vidaregåande nivå og fagskulenivå er naudsynte for å halde oppe infrastruktur og tenester.

Nord-Noreg har svært viktige ressursar på land og i havet, og landsdelen har derfor eit godt utgangspunkt for å medverke til det grøne skiftet. Det grøne skiftet skaper auka etterspurnad etter rein energi og råstoff som er del av verdikjedene for eit utsleppsfritt energisystem og samfunn. Samstundes er det etter alt å døme store uoppdaga olje- og gassressursar i Norskehavet og Barentshavet. Norsk kontinentalsokkel skal vere ein stabil og langsiktig leverandør av olje og gass til Europa i ei svært krevjande tid. Mange selskap arbeider med større industrisatsingar i nord.

1.5.1 Regionalt samarbeid i Arktis

Nord-Noreg er ein del av Arktis. I eit område med store avstandar, lågt folketal og høg strategisk verdi er det internasjonale samarbeidet over landegrensene særleg viktig for utviklinga. Fylkeskommunane har over mange tiår utvikla politisk dialog og konkret samarbeid med naboane i finske, svenske og russiske regionar. Mange aktørar i nord er engasjerte i det breiare, internasjonale samarbeidet i Barents-regionen og i Arktis. Det nyoppretta Arctic Mayors' Forum¹⁰ med sekretariat i Tromsø er eit viktig tilskot til det arktiske samarbeidet.

Russlands åtak på Ukraina har ført til at det meste av grensekryssande samarbeid med Russland er sett på vent. Dette har store konsekvensar særleg for Aust-Finnmark og gjer det naturleg å styrkje samarbeidet med Finland og Sverige. Tema for den grensekryssande dialogen i nord er mellom anna grøn omstilling, tilgang på kompetanse og auka samspel mellom lokalt næringsliv og universitet. Fylkeskommunane arbeider mellom anna gjennom Barents regionråd, det norske Barentssekretariatet, Nordkalottrådet og EUs

⁸ Tiltakszona har, på lik linje med dei andre sonene i ordninga, også ei ekstra arbeidsgjevaravgift på 5 prosent for lønsinntekter over 750 000 kroner.

⁹ Prop. 1 S (2022–2023) *Statsbudsjettet 2023, vedlegg 1*. Kommunal- og distriktsdepartementet.

¹⁰ arcticmayors.com

Interreg-program i nord. Fylkeskommunane er også involverte i Utanriksdepartementets arbeid med Barentsrådet og Arktisk råd. Regjeringa vil styrkje det nordiske samarbeidet mellom dei regionale aktørane i nord, særleg mellom Noreg, Finland og Sverige.

Russlands krig og den totalitære utviklinga i Russland har kraftig redusert mogleghetene for det bilaterale folk-til-folk-samarbeidet mellom Noreg og Russland. Det er derfor både naudsynt og rett å endre innrettinga på Barentssamarbeidet. Det norske Barentssekretariatet skal framleis støtte folk-til-folk-samarbeidet med Russland i den grad det er mogleg. Oppgåvene til sekretariatet vil – i dialog med fylkeskommunane i Nord-Noreg, som eig sekretariatet – dreiest meir over på grensekryssande samarbeid mellom aktørar i nordlege delar av Noreg, Finland og Sverige og urfolkssamarbeid i regionen, utanom Russland. Endringa vil bli sett i samanheng med eksisterande samarbeid i europeiske og nordiske forum. Område som kan fremje god samfunnsutvikling i Nord-Noreg, vil òg verte vurderte. Ytterlegare konkretisering vil skje i samarbeid med dei aktuelle fylkeskommunane i nord, Barentssekretariatet, Utanriksdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet og andre relevante aktørar.

Nordområdepolitikken går på tvers av sektorar, forvaltingsnivå og landegrenser. Regionalt nordområdeforum er ein arena for politisk dialog om spørsmål som er særleg relevante for utviklinga i nord. Dei faste medlemene i forumet er den politiske leiinga i Kommunal- og distriktsdepartementet, Utanriksdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Sametinget og fylkeskommunane i Nord-Noreg. Forumet drøftar forslag og tiltak som er aktuelle i nordområda. Det jobbar i 2023 med å utarbeide ein strategi for arbeidet til forumet. Innsatsen skal rettast mot temaområde som klimaendringar og det grøne skiftet, attraktivitet for busetjing, kompetanse, tilgang på arbeidskraft, integrering og internasjonalt samarbeid. Forumet skal òg medverke til at ungdom og unge vaksne i større grad vert involverte i arbeidet med å utvikle nordområdepolitikken.

1.6 Meldinga i korte trekk

Distriktspolitikken må forsterkast og fornyast. Regjeringa vil føre ein politikk for sterkare fellesskap, vekst og utvikling i heile landet der by og land går hand i hand. Vi vil setje i gang nye tiltak for å skape optimisme og framtidstru i heile Noreg.

Regjeringa har fått innspel frå heile landet til utviklinga av distriktspolitikken framover. Kommunal- og distriktsdepartementet har mellom anna gjennomført 14 innspelsmøte på desse staden: *Kirkenes, Karasjok, Alta, Dyrøy, Sandnesjøen, Steinkjer, Valldal, Sogndal, Kvitsøy, Iveland, Flesberg, Bjørkelangen, Vestre Slidre og Follidal*. I tillegg har det vore fire digitale innspelsmøte med desse temaa: *bustadpolitikk, innovasjon og digitalisering i distriktskommunar, næringspolitikk og kompetanse og rekruttering*. Departementet har òg fått mange skriftlege innspel, og distriktsmeldinga har vore tema i samband med fleire reiser, arrangement og møte som politisk leiing i Kommunal- og distriktsdepartementet har delteke på det siste halvtanna året.

Innspela har gjeve verdifull innsikt og læring. Mange tema går igjen, særleg knytte til ein meir offensiv og distriktsretta bustadpolitikk, ein meir differensiert arealpolitikk, tilgjengeleg breiband for alle, meir desentralisert utdanning, tiltak for å få fleire i arbeid, rask busetjing av flyktingar, nærleik til offentlege tenester og statlege arbeidsplassar, trygge og betre vegar, tilgang på meir og billigare kraft, og ein næringspolitikk som er tilpassa det distrikta treng. Det er stor semje om at tilrådingane frå Hurdalsplattforma og distriktsdemografiutvalet treffer utfordringsbiletet for distrikta godt.

Kapittel 2: Vi vil gje kommunane handlingsrom, slik at dei kan planleggje for eit godt samfunn og samarbeide om gode løysingar

Meir komplekse samfunnsutfordringar krev nye løysingar. Samarbeid mellom kommune og innbyggjar, mellom kommune og næringsliv, mellom kommuneorganisasjonar og mellom kommunar og andre aktørar er viktig for å møte desse utfordringane. Regjeringa vil gjennom utprøving og avtalar opne for at kommunar i større grad kan jobbe heilskapleg på tvers av oppgåveområda. God rådgjeving og rettleiing frå fylkeskommune og statsforvaltar kan medverke til å styrkje kapasiteten og kompetansen i kommunane til å jobbe med samfunnsutvikling.

Regjeringa arbeider med nye retningslinjer for arealpolitikken, som skal ha ei tydelegare differensiering mellom ulike område. Arealpolitikken må tilpassast dei lokale tilhøva og leggje til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet.

Regjeringa vil prøve ut nye verkemiddel i distriktspolitikken og har invitert distriktskommunar til å søkje om å utvikle *bygdevestavtalar* med

staten for å styrkje utviklinga i kommunane. Avtalane vil ha som føremål å styrkje samordninga av offentlege tiltak på tvers av sektorar og forvaltingsnivå, slik at den samla innsatsen treffer betre i dei utvalde områda.

Ein velfungerande bustadmarknad er ein føresetnad for nærings- og samfunnsutvikling i alle kommunar. Regjeringa vil styrkje det distriktsretta arbeidet til Husbanken. Regjeringa la i tilleggsproposisjonen for 2022 inn at inntil 1 mrd. kroner kan prioriterast til lån til utleigebustader og til bustadkvalitet i distriktskommunar på sentralitetsnivå 5 og 6. Samstundes vart utlånsramma i Husbanken auka til 21 mrd. kroner. Frå 2023 har regjeringa innført ei ordning med tilskot til bustadtiltak i distriktskommunar. Gjennom arbeidet med nye nasjonale planretningslinjer vil regjeringa opne for at ein i større grad kan leggje til rette for nye bustader i spreiddbygde område. Regjeringa vil våren 2024 leggje fram ei stortingsmelding om ein heilskapleg bustadpolitikk, som mellom anna vil vurdere om ein større del av låna frå Husbanken skal gå til bustadetablering i distriktskommunar, særleg på sentralitetsnivå 6.

Regjeringa vil vurdere særskilde tiltak for å styrkje planleggings- og utviklingskapasiteten og planleggingskompetansen i område der det vert identifisert utfordringar. Regjeringa vil leggje til rette for at ordinær utdanning og meir praksisnær og fleksibel etter- og vidareutdanning kan møte utfordringane, og eventuelt prøve ut nye løysingar.

Kapittel 3: Vi vil leggje til rette for trygge lokalsamfunn og gode tenester nær folk

Om folk skal bu i og flytte til distrikta, må det vere viktige tenester som barnehage, skule og helse-tilbod i nærområdet. Utvikling av gode tenester krev løysingar som er tilpassa lokale tilhøve. Mange kommunar er også avhengige av samarbeid med andre kommunar for å løyse dei lovpålagde oppgåvene sine og tilby tenester til innbyggjarane. For å auke kapasiteten og kompetansen i oppgåveløysinga, også i eit tverrsektorielt perspektiv, vil regjeringa vurdere forsterka tiltak for å stimulere til auka samarbeid mellom kommunar.

Mange av dei viktigaste velferdsoppgåvene er det kommunane som har ansvar for, og det kommunale sjølvstyret gjev rom for lokale tilpassingar. Inntektssystemet er viktig for å medverke til at kommunane og fylkeskommunane kan gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane.

Regjeringa arbeider også for å etablere ei *frikommuneordning* innanfor gjeldande forsøks-

heimlar, der kommunar og fylkeskommunar kan søkje om fritak frå lover og reglar på utvalde område.

Digitale tenester, tillitsreform og samarbeid kan medverke til å sikre gode tenester i område der folketettleiken er låg. Regjeringa vil styrkje helse- og omsorgssektoren, etablere nærtene-senter, fremje samarbeidet mellom naudetatane og styrkje det lokale nærværet til politiet.

God samhandling mellom kommunar og sjukehus er naudsynt for å sikre eit heilskapleg og samanhengande tilbod og tenester der folk bur. Regjeringa vil vurdere korleis finansieringsordningane betre kan støtte opp om god samhandling mellom dei ulike delane av helsevesenet. Ei utvikling og styrking av fastlegetenesta er viktig for å sikre ei sterk offentlig helseteneste. Derfor føreslo regjeringa å styrkje allmennlegetenesta med 920 mill. kroner i 2023 (heilårseffekt). Psykisk helse er også eit viktig satsingsområde, og regjeringa skal leggje fram ein opptrappingsplan for psykisk helse i 2023 med særleg merksemd mot born og unge. Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om akuttmedisinske tenester som omfattar legevakt, responstid for ambulanseneste og ein fagleg standard for innhaldet i ambulansenesta. Regjeringa har lagd fram ei stortingsmelding om *Fellesskap og meistring – Bu trygt heime*. Målet er at eldre skal få bu i eigen bustad lengst mogleg dersom dei kan og vil.

Regjeringa vil gje folk i heile landet tryggleik, mellom anna gjennom betre samarbeid mellom dei ulike naudetatane og andre beredskapsorganisasjonar. Politiet skal verte meir tilgjengeleg for folk. Polititeneestene skal styrkjast, mellom anna gjennom lokalt tilpassa tiltak som skal utformast i samarbeid mellom kommune og politidistrikt. For å sikre at politiet er til stades lokalt, opprettar politiet i 2023 ni nye tenestestader. Nye tenestestader medverkar mellom anna til at politiet kan drive meir førebyggjande arbeid og er meir synleg for innbyggjarane i mange distriktskommunar. Justis- og beredskapsdepartementet arbeider med ein lokalpolitiplan som vil bli lagd fram i løpet av 2023.

Regjeringa vil invitere kommunar til pilotsamarbeid om ein nærteneestemodell med samlokalisering av statlege og kommunale tenester, slik at innbyggjarane får ein stad der dei kan møte representantar for offentlege etatar. Regjeringa meiner det er spesielt viktig å styrkje det militære nærværet i Nord-Noreg, og har allereie sett i verk tiltak som styrkjer nærværet til Forsvaret gjennom auka aktivitet og forbetra evne til kontinuerlege operasjonar i nord.

Kapittel 4: Vi vil leggje til rette for trygg og påliteleg transport og ein god digital grunnmur

Infrastruktur som veg, jernbane, hamner, ferjer, flyplassar, breiband og mobilnett bind Noreg saman og er avgjerande for busetjing og arbeidsplassar i heile landet. Betra framkome og tryggleik skal medverke til at menneske og varer kjem raskt og trygt fram. Regjeringa vil bruke ressursane til å ta betre vare på og utnytte infrastrukturen og transporttilbodet vi har, framfor nye, store utbyggingsprosjekt. Fylkeskommunane får i 2023 fordelt meir enn 3 mrd. kroner av rammetilskotet til fylkesveg. Det er også løyvd øyremerkte tilskot retta mot fylkesveg på til saman 847 mill. kroner. Regjeringa vil utarbeide ein heilskapleg og forpliktande plan for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane og ta initiativ til at det saman med fylkeskommunane vert utarbeidd ein nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksvegar og fylkesveggar med høg eller middels skredfaktor.

Regjeringa har sørgd for gratis ferjer til små øysamfunn, generelt lågare ferjeprisar og halvert makspris på billetter på dei regionale FOT-rutene langs kysten av Vestlandet og i Nord-Noreg frå 2024. Regjeringa har auka tempoet i utbygginga av ladeinfrastruktur for elbilar, slik at hurtiglada-rar no er tilgjengelege over heile landet, også i område med lågt folketal. Regjeringa vil ha trygg pasient- og skuletransport og godt drosjetilbod i distrikta, og ho vil stanse frisleppet i drosjenæringa.

Regjeringa vil sikre alle husstandar og verksemder i heile Noreg tilgang til høghastigheitsbreiband innan utgangen av 2025. Regjeringa ynskjer ei kraftig utbygging av breibands- og mobildekninga i heile landet, og har fordelt 362 mill. kroner til breiband. Alle fylke fekk auka løyving, men fylke med mange distriktskommunar og få menneske på store areal vart prioriterte i sterkare grad enn før. Det skjer ei rask utbygging av femte generasjons mobilnett (5G). Dekninga har auka frå 23 prosent til 81 prosent av folkesetnaden. Regjeringa gjev tilskot til auka digital tryggleik og beredskap i distrikta, og ho har fylgt opp tiltak for nær 70 mill. kroner i Finnmark og sett i verk tiltak for 50 mill. kroner i Troms. I 2023 vil regjeringa bruke 25 mill. kroner på å styrkje den digitale infrastrukturen i Nordland.

Regjeringa vil arbeide vidare med konseptvalutgreiinga (KVU) som ser på den framtidige utviklinga av transportsystemet i Nord-Noreg. Det vert lagd opp til at utgreiinga skal vere ferdig sommaren 2023. Regjeringa har også bede Jernbane-

direktoratet om å gjennomføre ei KVU om Nord-Noregbana. Direktoratet skal sjå på ulike løysingar på strekninga Fauske–Narvik–Tromsø, med mogleg sidebane til Harstad. Utgreiinga skal sjåast i samanheng med Nordlandsbana og Ofotbana.

Kapittel 5: Vi vil støtte opp om næringsutvikling og det grøne skiftet i distrikta

Regjeringa vil føre ein aktiv næringspolitikk som stimulerer til eit grønt skifte og legg til rette for at små og mellomstore verksemder tek del i utviklinga. I Hurdalsplattforma er regjeringa tydeleg på at lokalsamfunn og fellesskapet bør få ein rettferdig del av verdiane som vert skapt ved å utnytte naturressursane som tilhøyrer fellesskapet. Regjeringa varsla i statsbudsjettet for 2023 ei innføring av grunnrenteskatt på havbruk og på vindkraft på land. Ein sentral del av forslaget er at lokalsamfunn som stiller naturressursar til disposisjon, skal sikrast ein del av grunnrenta. Regjeringa vil leggje til rette for fornybar kraft og nettkapasitet gjennom etablering av ny kraftproduksjon, energi-effektivisering og utvikling av nettet. Det er viktig med gode demokratiske prosessar i handsaminga av desse sakene. Regjeringa jobbar med å innlemme planlegging og bygging av vindkraftanlegg i plan- og bygningslova. Dette vil gje kommunane større formell styring over arealbruken i vindkraftsaker.

Som oppfylgning av ambisjonane i Hurdalsplattforma har regjeringa sett i gang eit arbeid med å utvikle *regionvekstamtalar* og ynskjer i fyrste omgang å prøve dette ut i Rogaland og Nordland. Målet er å utvikle dette til eit verktøy for meir målretta og samordna offentleg innsats i ulike delar av landet og å få fram ei avtaleordning som kan rullast ut i alle fylke.

Regjeringa vil medverke til nok og trygg mat produsert på norske naturressursar. Dette omfattar arbeid for reine og rike hav, berekraftig hausting og produksjon og berekraftige førkjelder. Regjeringa vil prioritere arbeidet med å betre inntektsmoglegheitene i jordbruket. For å støtte opp om landbruket og reindrifta vil regjeringa føre ein meir restriktiv rovdyrpolitikk. Regjeringa har òg lagt fram ein ny jordvernstrategi med forsterka mål knytt til omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. Regjeringa vil i tillegg leggje til rette for industriell vidareforedling av skog ved å utvikle ressursgrunnlaget og forbetre infrastrukturen i skogbruket, fremje ei berekraftig skogforvaltning og kombinere auka skogbruksaktivitet med styrkte miljøomsyn.

Regjeringa arbeider med fleire tiltak som skal medverke til å skape ei konkurransedyktig, heil-årleg reiselivsnæring som er meir berekraftig og lønsam enn tidlegare, og som skaper aktivitet i heile landet.

Regjeringa vil vurdere om det er føremålsteneleg å etablere eit statleg kontaktpunkt for store industrietableringar i Nord-Noreg. Regjeringa vil òg vurdere korleis ein kan utvikle ambisjonane om forsvarsindustrikyngje i nord, med private, offentlege og militære satsingar som ein del av dette. Regjeringa vil vurdere korleis ein kan leggje betre til rette for innkjøp frå lokale leverandørar. Regjeringa vil vurdere styrking av FoU-miljø som er særskilt viktige for næringsutvikling, mellom anna i Aust-Finnmark. Det skal òg gjennomførast ei felles satsing på landbruket i Nord-Noreg.

Kapittel 6: Vi vil styrkje desentraliserte og fleksible utdanningstilbod og sikre tilgang på relevant utdanning og arbeidskraft

Arbeidskraft med rett kompetanse er ein føresetnad for utvikling og verdiskaping i alle lokalsamfunn. Eit desentralisert og fleksibelt utdanningstilbod er viktig for å halde oppe busetnaden i distrikta. Tilpassa utdanning der folk bur, tilgang på læreplassar, betre kopling mellom tilbod og etterspurnad av kompetanse, og eit inkluderande arbeidsliv, er også viktig for å utvikle velfungerande arbeidsmarknader.

Regjeringa vil leggje til rette for fleksibel utdanning i heile landet, slik at utdanning og opplæring skal vere tilgjengeleg for alle. Regjeringa meiner det er viktig med ein større heilskap i kompetanse- og utdanningspolitikken. Målet er eit utdanningssystem som er endå betre tilpassa etterspurnaden etter kompetanse, både frå arbeidslivet og frå dei som søker utdanning. Regjeringa vil gjennom dimensjoneringa av utdanningssystemet prioritere kompetanse som er naudsynt for eit høgproduktivt og konkurransedyktig næringsliv, for å kunne tilby gode velferdstenester i heile landet og for å gjennomføre det grønne skiftet. Regjeringa vil fylgje opp helsefagutdanninga og vurdere tilrådingane frå Helsepersonellkommissjonen i arbeidet med stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane, som blir lagd fram våren 2024.

Regjeringa endrar og forenkler finansieringssystemet for universiteta og høgskulane, slik at dei betre kan gjennomføre det breie samfunnsoppdraget og dei samla prioriteringane frå regjeringa, og for effektivt å leggje til rette for høg kvalitet i sektoren.

Regjeringa vil møte lærarmangelen med ei brei satsing på å rekruttere, utdanne og halde på kvalifiserte lærarar. Regjeringa la våren 2023 fram ei stortingsmelding om samisk språk, kultur og samfunnsliv. For 2023 har regjeringa gjeve lovnad om tilskot til Sametinget på 6,6 mill. kroner for å styrkje kompetansen i samiske barnehagetilbod, og auka tilskotet til opplæring i samisk språk i grunnopplæringa med 17,5 mill. kroner.

Regjeringa har løyvd om lag 460 mill. kroner til arbeidet med kvalifisering og formidling til læreplass. Gjennom *samfunnskontrakt for fleire læreplassar* vert det utvikla eit systematisk samarbeid mellom partane i arbeidslivet, fylkeskommunane og nasjonale styresmakter med mål om å rekruttere fleire læreverksemder og styrkje det lokale arbeidet for læreplassar.

Regjeringa vil auke satsinga på å få fleire i arbeid. For å motverke at ungdom og unge vaksne fell utanfor skule og arbeidsliv, vil regjeringa leggje til rette for betre samordning av helsetenester, arbeidsretta tenester og utdanningssystemet. Regjeringa vil også sørgje for eit meir fleksibelt utdanningssystem for vaksne som treng vidaregåande opplæring, noko som vil gjere det mogleg for fleire Nav-brukarar å kvalifisere seg.

Regjeringa vil vidareføre måla og den geografiske avgrensinga for tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms og prioritere tiltak retta mot barnefamiljar og unge vaksne. Regjeringa har innført gratis barnehage i sona, og i 2023 er ordninga med gjeldslette av utdanningslån i tiltakssona styrkt. Dette skal medverke til auka rekruttering og tilflytting av unge vaksne og barnefamiljar.

Regjeringa vil vurdere korleis ein betre kan dimensjonere og leggje til rette for utdannings- og kompetansetilbod innanfor yrkesgrupper der etterspurnaden etter kompetent arbeidskraft er særleg kritisk, mellom anna i Aust-Finnmark. Regjeringa vil vurdere tiltak for å auke talet på praksisplassar for helse- og sosialfagstudentar i distriktskommunar og tiltak for å auke rekrutteringa til lærarutdanningane, særleg i nord. Regjeringa vil vurdere om det er behov for særskilde tiltak for at fleire elevar skal fullføre vidaregåande skule, og om det er tilstrekkeleg fleksibilitet i regelverket for vidaregåande opplæring til å sikre ulike regionale behov, til dømes i område der det er få ungdomar og store avstandar.

Kapittel 7: Vi vil ha ein nærverande stat

Ein forsterka statleg lokaliseringpolitikk er ein del av innsatsen til regjeringa for ei meir balansert utvikling i landet. Regjeringa meiner at statlege

arbeidsplassar bør vere spreidde geografisk og kome heile landet til gode. Regjeringa vil derfor styrkje innsatsen for lokalisering av statlege arbeidsplassar utanfor dei største byane og lokalisere meir av staten til distriktskommunar der arbeidsplassane kan styrkje lokale fagmiljø. Regjeringa ynskjer derfor at nye og omlokaliserte statlege verksemdar i hovudsak blir lokaliserte utanfor Oslo, sentrale kommunar i Oslo-området eller andre av dei største byane. Regjeringa har revidert og styrkt retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon.

Regjeringa vil leggje betre til rette for desentralisert arbeid i statlege verksemdar. Det kan styrkje lokale kompetansmiljø og auke tilgangen på kompetansarbeidsplassar i distrikta. Regjeringa har som ambisjon å auke bruk av stillingar i staten som vert lyste ut med høve til desentralisert arbeid. Målet er å styrkje lokale fagmiljø for å gje distriktspolitisk vinst. Det vil seie at statlege arbeidsplassar som i dag er lokaliserte i dei største byane eller dei mest sentrale områda av landet, i større grad kan gjerast tilgjengelege for arbeidstakarar i distriktskommunar ulike stader i landet.

1.7 Diedáhus oanehaččat

Guovlopolitihkka ferte nannejuvvot ja ođasmahttojuvvot. Ráđdehus áigu čađahit dakkár politihka nannosat searvevuoda, ahtanuššama ja ovdáneami ovddas miehtá riikka mas gávpot ja boaitto-bealli vázzet giehtalagaid. Mii áigut álggahit ođđa doaibmabijuid mat vuolggahit movtta ja jáhku boahnteáigái miehtá Norgga.

Ráđdehussii leat boahán árvalusat miehtá riikka dasa mo boahntevas guovlopolitihkka berre leat. Gielda- ja guovlodepartemeanta lea earret eará čadahan 14 árvalusčoahkkima dáid báikkiin: *Girkonjårggas, Káråšjogas, Álttås, Divrråin ja Sandnessjøen, Steinkjer, Valldal, Sogndal, Kvitsøy, Iveland, Flesberg, Bjørkelangen, Vestre Slidre ja Follidal nammasaš báikkiin*. Dasa lassin leat dolojuvvon njeallje digitála árvalusčoahkkima dáid fáttáiguin: *ásodatpolitihkka, innovašuvdna ja digitaliseren doaresbealgielddain, ealáhuspolitihkka ja gelbbolašvuoha ja rekrutteren*. Departemeanta lea maid ožžon ollu čalalaš árvalusaid, ja guovlodiedáhus lea leamaš fáddán ollu mátkkiid, lágidemiid ja čoahkkimiid oktavuodas maidda Gielda- ja guovlodepartemeanta lea oassálastán manjimus beannot jagi.

Árvalusat leat addán mávssolaš áddejumi ja oahppama. Dávjá leat seamma fáttát, erenoamážit

alvvaleappo ja guovloguoski ásodatpolitihka, eanet differensierejuvvon areálapolitihka oktavuodas, govda bátti háhkanvejolašvuoda oktavuodas buohkaide, eanet lávdaduvvon oahpu oktavuodas, doaibmabijuid oktavuodas oazžut eanebuid bargui, báhtareddjiid johtileappot ásaiduhttima oktavuodas, lagasvuoda oktavuodas almmolaš bálvalusaide ja stáhtalaš bargosajiide, oadjebas ja buoret geainnuid oktavuodas, eanet ja hálbbit elfámu háhkanvejolašvuoda oktavuodas, ja dakkár ealáhuspolitihka oktavuodas mii lea heivehuvvon boaittobeliid dárbbuide. Ovttaoavilvuoha lea stuoris das ahte Hurdal-julggaštusa ja guovlodemografiijalávdegotti rávvagat leat hui deaivilat boaittobeliid hástalusaid ektui.

Kapihtal 2: Mii áigut láchit gielddaide doaibmanvejolašvuoda, vai sii besset plánet buori servodaga ja ovttasbargat buriid čovdosiiguin

Eanet mánggadáfot servodathástalusat gáibidit ođđa čovdosiid. Ovttasbargu gaskal gieldda ja ássiid, gaskal gieldda ja ealáhuseallima, gaskal gielddaorganisašuvnnaid ja gaskal gielddaid ja eará doaimmaheddjiid lea dehálaš go galgá dustet dáid hástalusaid. Ráđdehus áigu geahččaladdamiid ja šiehtadusaid bokte rahpat vejolašvuodaid dasa ahte gielddat buorebut sáhttet bargat ollislaččat rastá bargamušsurggiid. Buorre ráđdeadin ja bagadus fylkkagieldda ja stáhtahálddašeadji bealis sáhtta leat mielde nannemin gielddaid návccaid ja gelbbolašvuoda servodato-vddideamis.

Ráđdehus lea bargamin areálapolitihka ođđa njuolggadusaiguin, mas galgá leat čielgasat earuheapmi iešgudet surggiid gaskkas. Areálapolitihkka ferte heivehuvvot báikkálaš diliide ja láchit diliid ođđa ahtanuššami ja nannosat ovddideapmái guovlluin gos olmmošlohku ovdána heajut dahje njedjá.

Ráđdehus áigu geahččaladdat ođđa váikkuhangaskaomiid guovlopolitihkas ja lea bovden guovlogielddaid ohcat ásahit *giliidovdánansiehtadusaid* stáhtain nannen dihtii gielddaid ovdáneami. Šiehtadusaid mihttu lea nannet almmolaš doaibmabijuid oktiiheiveheami rastá surggiid ja hálddašandásiid, vai ángiruššan lea deaivilat válljejuvvon guovlluin.

Buresdoaimmi ásodatmárkan lea eaktun ealáhus- ja servodatovdáneapmái buot gielddain. Ráđdehus áigu nannet Viessobánkku guovlluide guoskevaš barggu. Ráđdehus mearridii jagi 2022 lasseproposišuvnnas ahte gitta 1 miljárdda ruvnu sáhtta vuoruhuvvot láigohanásodatloanaide ja ásodatkvalitehtii guovddušandási 5 ja 6 guovlogield-

dain. Seammás lasihuvvui Viessobánkku lonenrámma 21 miljárdda ruvdnun. Jagi 2023 rájes lea ráđđehus ásahan ortnega doarjagiiguin ásoadatdoaimbajuiide guovlogielddain. Barggu bokte odđa nationála plánanjuolggadusaiguin áigu ráđđehus rahpat vejolašvuoda lámčit diliid odđa ásodagaid guovlluin gos ássan lea biđgosis. Ráđđehus áigu 2024 gida geiget stuorradiggedieđhusa ollislaš ásoadatpolitihka birra, mii earret eará áigu árvvoštallat galgá go stuorát oassi Viessobánkku loanain geavahuvvot ásodatásahemiide boaittoealgielddain, erenoamážit guovdušandásis 6.

Ráđđehus áigu árvvoštallat sierra doaimbajuid nannen dihtii plánen- ja ovddidannávccaid ja plánengelbbolašvuoda guovlluin gos identifiserjuvvojit hástalusat. Ráđđehus áigu lámčit diliid dasa ahte dábálaš oahppu ja eanet bargohárjehallamii guoski ja dávgasis lasse- ja joatkkaoahppu sáhtta dustet hástalusaid, ja vejolaččat geahččaladat odđa čovdosiid.

Kapihtal 3: Mii áigut lámčit diliid oadjebas báikkálaš servodagaide ja buriid bálvalusaid olbmuid lahkosis

Jus olbmot galggašedje ássat ja fárret doaresbeliide, de doppe fertejit leat dakkár dehálaš bálvalusat go mánáidgárdi, skuvla ja dearvvašvuodafálaldat lahkosis. Buriid bálvalusaid ovddideapmi eaktuda dakkár čovdosiid mat leat heivehuvvon báikkálaš diliide. Ollu gielddat fertejit maid ovttasbargat eará gielddaiguin čoavdin dihtii láhkageatnegahttojuvvon bargamušaidaset ja fállan dihtii bálvalusaid ássiide. Lokten dihtii návccaid ja gelbbolašvuoda bargamuščoavdimii, maiddái surggiidgaskasaš perspektiivvas, áigu ráđđehus árvvoštallat nannejuvvon doaimbajuid mat movttiidahttet eanet ovttasbargui gielddaid gaskkas.

Gielddain lea ovddasvástádus ollu dain deháleamos čalgobargamušain, ja gielddaid iešstivrejupmi dahká báikkálaš heivehemiid vejolažžan. Sisaboahovuogádat lea dehálaš go galgá váikkuhit dasa ahte gielddat ja fylkkagielddat galget sáhttit addit dásseárvosaš bálvalusfálaldaga ássiide.

Ráđđehusa áigumuš lea maid ásaht *frijagiel-daortnega* dálá geahččaladdanláhkavuodus, mas gielddat ja fylkkagielddat sáhttet ohcat luvvema lágain ja njuolggadusain dihto guovlluin.

Digitála bálvalusat, luohtamušodastus ja ovttasbargu sáhttet leat mielde sihkkarastimin buriid bálvalusaid dakkár guovlluin gos lea vuorjjes ássan. Ráđđehus áigu nannet dearvvašvuoda- ja fuolahussuorggi, ásaht lahkabálvalusguovddážiid, ovddidit ovttasbarggu heahtebálvalu-

said gaskkas ja nannet politiija báikkálaš lagašvuoda.

Sihkkarastin dihtii ollislaš ja oktilis fálaldagaid ja bálvalusaid doppe gos olbmot ássat fertejit gielddat ja buohcevesut doaimma bures ovttas. Ráđđehus áigu árvvoštallat mo ruhtadanortnegat buorebut sáhttet doarjut buori ovttasdoaimmama dearvvašvuodálágádusa iešgudet osiid gaskkas. Fástadoavtterbálvalusa ovddideapmi ja nannen lea dehálaš go galgá sihkkarastit nana almmolaš dearvvašvuodabálvalusa. Danne evttoha ráđđehus nannet dábálašdoavtterortnega 920 milj. ruvnnuin jagi 2023 (birrajagi beaktu). Psyhkalaš dearvvašvuoda lea maid dehálaš ángiruššansuorgi, ja ráđđehus áigu ovdanbuktit buoridanplána psyhkalaš dearvvašvuoda várás jagi 2023 vuhtiiváldiddettiin mánáid ja nuoraid erenoamážit. Ráđđehus áigu geiget stuorradiggedieđhusa dakkár heahtemedisiinnalaš bálvalusaid birra mii fátmasta doavtterfávttá, ambulánsabálvalusa dávistanáiggi ja ambulánsabálvalusa sisdoalu fágalaš standárdda. Ráđđehus lea geigen *Fellesskap og meistring – Bu trygt heime* nammasaš stuorradiggedieđhusa searvevuoda ja hálddašeami birra ja dan birra ahte orrut oadjebasat ruovttus. Mihttun lea ahte vuorrasat galget beassat orrut iežaset ásodagas nu guhká go vejolaš jus sii nagodit ja háliidit dan dahkat.

Ráđđehus áigu olbmuide miehtá riikka addit oadjebasvuoda, earret eará buoret ovttasbarggu bokte gaskal iešgudet heahtebálvalusaid ja eará gearggusvuodaorganisašuvnnaid. Politiija galgá leat eanet olámuttus olbmuide. Politiijabálvalusat galget nannejuvvot, earret eará dakkár báikkálaččat heivehuvvon doaimbajuid bokte mat hábmejuvvojit ovttasbarggus gaskal gielddaid ja politiijaguovlluid. Politiija ásaht jagi 2023 ovcci odđa bálvalusbáikki sihkkarastin dihtii ahte politiija lea olámuttus báikkálaččat. Odđa bálvalusbáikkiit váikkuhit earret eará dasa ahte politiija sáhtta doaimmahit eastadanbarggu ja leat eanet oidnosis ollu guovlogielddaid ássiide. Justiisa- ja gearggusvuodadepartemeanta lea bargamin báikkálašpolitiiaplánain mii galgá geigejuvvo jagi 2023 mielde.

Ráđđehus áigu bovdet gielddaid geahččaladdanovttasbargui lagasbálvalusmodeallain mas stáhtalaš ja gielddalaš bálvalusat leat čohkkejuvvon ovtta sadjai, vai ássiin lea dakkár báiki gos besset deaivat almmolaš etáhtaid ovddasteddjiid. Ráđđehus oaivvilda ahte lea hui dehálaš nannet suodjalusa lagasvuoda Davvi-Norggas, ja lea jo čadahan doaimbajuid mat nannejit Suodjalusa lagasvuoda eanet doaimmaid bokte ja buoret veajuid bokte čadahit doaimmaid oktilaččat davvin.

Kapital 4: Mii áigut láhčit diliid oadjebas ja luohtehahti fievrádussii ja buori digitála geađgejuolgái

Dakkár infrastruktuvra go geainnut, ruovdemáđii, hápmanat, fearjjet, govtabáddi ja mobiilafierpmádat čatná Norgga oktii ja lea eaktun ássamii ja bargosajiide miehtá riikka. Buoret johtolatvejolašvuodát ja oadjebasvuolta galget váikkuhit dasa ahte olbmot ja gálvvut ollejit johtilit ja oadjebasat dohko gosa dat galget. Ráđdehus áigu geavahit resurssaid dasa ahte buorebut fuolahit ja geavahit dan infrastruktuvrra ja fievrádusfálaldaga mii mis lea, dan sajis go čadahit odđa, stuorra huksenproševttaid. Fylkkagiielddat ožžot jagi 2023 eanet go 3 miljárdda ruvnnu rámmadoarjagis fylkkageainnuide. Maiddái lea juolluduvvon oktiibuot 847 milj. ruvnnu dihto doarjjan fylkkageainnuide. Ráđdehus áigu hábmet ollislaš ja geatnegahti plána uhcidan dihtii fylkkageainnuid bajásdoallama mañnonemiid ja váldit álgaga das ahte ovttas fylkkagiielddaiguin hábmet nationála čadahánplána sihkkarastin dihtii buot daid riikageainnuid ja fylkkageainnuid njirrama ja riđuid vuostá main lea alla dahje gaskamearaláš uđasfáktor.

Ráđdehus lea fuolahán nuvttá fearjjaid smávva sulloservodagaide, oppalaččat hálbbit fearjabileahtaid ja beallidan bajimus bileahttahattiid regionála FOT-ruvttuin Vestlándda ja Davvi-Norgga rittuin jagi 2024 rájes. Ráđdehus lea lasihan el-biilaid gealdininfrastruktuvrra huksema leavttu nu ahte miehtá riikka leat gealdinvejolašvuodát, maiddái daid guovlluin gos eai ása nu ollu olbmot. Ráđdehus háliida oadjebas buohcci- ja skuvlafievrádusa ja buori táksefálaldaga doaresbeliin, ja áigu bissehit ásaalakeahtes táksealáhusa.

Ráđdehus áigu sihkkarastit ahte buot bearatgottiide ja doaimmaide miehtá Norgga lea allaleaktogovtabáddi olámuttus ovdal jagi 2025 loahpageahčen. Ráđdehus háliida ahte govtabádde- ja mobiilageavahanvejolašvuolta miehtá riikka buoriduvvo sakka, ja lea juohkán 362 milj. ruvnnu govtabáddehuksema. Buot fylkkat ožžo eanet juolludemiid, muhto dat fylkkat main leat ollu guovlogiielddat ja uhccán olbmot stuorra areálain vuoruhuvvojedje eanet go ovdal. Viđát buolvva mobiilafierpmádat (5G) huksejuvvo johtilit. Geavahanvejolašvuolta lea lassánan 23 proseanttas 81 prosentii veahkadagas. Ráđdehus addá doarjaga eanet digitála oadjebasvuhtii ja gearrgu-svuhtii doaresbeliin, ja lea čuovvulan lagabui 70 milj. ruvdnosaš doaimbabiiguin Finnmárkkus ja čadahán 50 milj. ruvdnosaš doaimbabiuid Romssa fylkkas. Jagi 2023 áigu ráđdehus geavahit 25 milj. ruvnnu Nordlándda digitála infrastruktuvrra nanemii.

Ráđdehus áigu joatkit konseptaválljenčielgga-deami (KVU) mii geahčada Davvi-Norgga fievrádusvuogádaga boahteveš ovdáneami. Áigumuššan lea válmastit čielggadusa 2023 geasi. Ráđdehus lea maid bivdán Ruovdemáđiidirektoráhta čadahit KVU Davvi-Norgga-geinnodaga várás. Direktoráhta galgá árvvoštallat iešguđet čovdosiid Fuosko-Áhkánjargga-Romssa gaska várás, oktan oalgegeinnodagain Hársttágii. Čielggadus galgá gehččojuvvot Nordlándda geinnodaga ja Ufuohtá geinnodaga oktavuodas.

Kapital 5: Mii áigut doarjut ealáhusovddideami ja ruoná molsuma boaittobeliin

Ráđdehus áigu fievriddit árijalaš ealáhusa mii movttiidahtta ruoná molsumii ja láhčá diliid dasa ahte smávva ja gaska sturrosaš doaimmat servet ovdáneapmái. Hurdál-julggástusas dadjá ráđdehus čielgasit ahte báikkálaš servodagat ja searvevuolta berre oazžut vuoiggalaš oasi árvoháhkamis go ávkástallojuvvo searvevuolta luondduriggodagai-guin. Ráđdehus dieđihii jagi 2023 stáhtabušehtas vuodđoreantovearu ásaheami mearradollui ja bieggafápmui nannámis. Evttohusa guovddázis lea ahte daid báikkálaš servodagaide mat bidjet luondduriggodagaid háldogeavaheapmái, galgá sihkkarastojuvvot oassi vuodđoreanttus. Ráđdehus áigu láhčit diliid odasmuvvi fápmui ja neahttakapasitehtii odđa fápmobuvttadeami ásaheami, energijabeavttálmahttima ja neahta ovddideami bokte. Buorit demokrátalaš proseassat leat dehálaččat dákkár áššiid meannudeami oktavuodas. Ráđdehus lea implementeremin bieggafápmorusttegiid plánema ja huksema plána- ja huksenláhkii. Dat attášii giieldaide stuorát formála areálageavahanstivrejumi bieggafápmoáššiin.

Hurdál-julggástusa áigumušsai čuovvuleapmin lea ráđdehus ovddidit goahtán *regiovdnaahtanuššanšiehtadusaid* ja háliida vuostá dan geahččaladat Rogalánddas ja Nordlánddas. Mihtun lea dan ovddidit reaidun eanet ulbmillaš ja oktiordnejuvvon almmolaš ángiruššamii iešguđet osiin riikkas ja ásahtit šiehtadusortnega maid sáhtta geavahit buot fylkkain.

Ráđdehus áigu váikkuhit doarvái ja oadjebas bibmui mii buvttaduvvo Norgga luondduriggodagain. Dasa gullet buhtes ja rikkes mearat, guoddevaš ávkástallan ja buvttadeapmi ja guoddevaš fuodargáldut. Ráđdehus áigu vuoruhit barggu buoret dienasvejolašvuodaiguin eanadoalus. Doarjun dihtii eanadoalu ja boazodoalu áigu ráđdehus čadahit eanet restriktiiva boraspirepolitihka. Ráđdehus lea maid hábmen odđa eanagáhttenstrategiija nannejuvvon mihtuiguin gilvojuvvon ja

gilvvehahtti eatnamiid geavaheamis eará áigumušaide. Ráđđehus áigu dasa lassin lámčit diliid vuovdiid industriijalaš viidásat ráhkadeapmái dainna lágiin ahte ovddidit vuovdedoalu resursavuodu ja buoridit infrastruktuvrá, ovddidit guoddevaš vuovdehálddašeami ja ovttahttit vuovdedoalodoaimmaid nannejuvvon birasberoštusaiguin.

Ráđđehus lea bargamin ollu doaimbajiguin mat galget leat mielde ásaheamen gilvovuoimálaš, birrajagi mátkaaláhusa mii lea eanet guoddevaš ja gánnáhahtti go ovdal, ja mii vuolgaha doaimmaid miehtá riikka.

Ráđđehus áigu árvvoštallat lea go ulbmillaš ásaht sierra stáhtalaš gulahallandoaimma stuorra industriijaásahanprošeavttaid várás Davvi-Norggas. Ráđđehus áigu maiddá árvvoštallat mo sáhtta ovddidit áigumušaid ásaht suodjalusindustriijačoahki davvin, mas leat priváhta, almmolaš ja militeara ángiruššamat oassin. Ráđđehus áigu árvvoštallat mo sáhtta buorebut lámčit diliid oastimii báikkálaš lágideddjiin. Ráđđehus áigu árvvoštallat DjO-birrasa nannema, mii lea erenoamáš dehálaš ealáhusovddideapmái, earret eará Nuorta-Finnmárkkus. Vejolaš lea maiddá čadahit oktasaš ángiruššama eanadoaluin Davvi-Norggas.

Kapihtal 6: Mii áigut nannet lávdaduvvon ja dávggas oahppofálaldagaid ja sihkarastit dakkár guoskevaš oahpu ja bargofámu mii lea olámuttus

Bargofápmu rivttes gelbbolašvuodain lea eaktun ovddideapmái ja árvoháhkamii buot báikkálaš servodagain. Lávdaduvvon ja dávgasis oahppofálaldat lea dehálaš ássama bisuheapmái boáttobeliin. Heivehuvvon oahppu doppe gos olbmot áset, olámuddu oahpposajiide, buoret čatnaseapmi gaskal fálaldagaid ja jearahuvvon gelbbolašvuoda, ja fátmasteaddji bargoeallin, leat maid dehálaččat go galgá ásaht buresdoaimbi bargomárkaniiid.

Ráđđehus áigu lámčit diliid dávgasis ohppui miehtá riikka, vai oahppu ja oahpahuš sáhtta leat buohkaid olámuttus. Ráđđehusa mielas lea stuorát ollislašvuolta gealbo- ja oahppopolitihkas dehálaš. Mihttun lea dakkár oahppovuogádat mii lea ain buorebut heivehuvvon gelbbolašvuoda jerrui, sihke bargoeallimis ja sis geat ohcet oahpu. Ráđđehus áigu oahppovuogádaga mihttodallama bokte vuoruhit gelbbolašvuoda maid allaproduktiválaš ja gilvovuoimálaš ealáhuseallin dárbbasa, vai sáhtta fállat buriid čalgobálvalusaid miehtá riikka ja čadahit ruoná molsuma. Ráđđehus áigu čuovvulit dearvvašvuodafágaoahpu ja árvvoštallat Dearvvašvuodabargiidkommišuvnna rávvagiid barggus stuorradiggedieđáhusain profeshuvnaoahpuid birra, mii galgá geigejuvvon 2024 giđa.

Ráđđehus rievdata ja álkidahtta universitehtaid ja allaskuvllaid ruhtadanvuogádaga, vai sii buorebut sáhttet čadahit ráđđehusa govda servodatbargamuša ja vuoruhemiid oktiibuot, ja vai sii beaktilit sáhttet lámčit diliid alla kvalitehtii suorggis.

Ráđđehus áigu dustet oahpaheaddjiváilli govda ángiruššamiin dainna lágiin ahte rekrutteret, oahpahit ja doalihit kvalifiserjuvvon oahpaheddjiid. Ráđđehus geigii 2023 giđa stuorradiggedieđáhusa sámi giela, kultuvrra ja servodateallima birra. Jagi 2023 várás lea ráđđehus lohpidan Sámediggái 6,6 miljon ruvdnosaš doarjaga sámi mánáidgárdefálaldaga gelbbolašvuoda nannemii, ja lasihit doarjaga vuoddoahpahuš sámebieleahpahušii 17,5 miljon ruvnuin.

Ráđđehus lea juolludan sullii 460 miljon ruvnu oahpposajiid kvalifiseremii ja gaskkustepmái. *Servodatšiehtadusa bokte eanet oahpposajiid várás ásahevvo vuogádatlaš ovttasbargu gaskal bargoeallima áššebeliid, fylkkagielddaid ja nátionála stivrenválddiid dainna ulbmiliin ahte rekrutteret eanet oahppodoaimmaid ja nannet báikkálaš barggu oahpposajiide.*

Ráđđehus áigu eanet ángiruššat dainna ahte oázžut eanebuid bargui. Eastadan dihtii nuoraid ja nuorra rávesolbmuid gártamis skuvlla ja bargoeallima olggobeallái, áigu ráđđehus lámčit diliid dearvvašvuodabálvalusaid, bargui guoskevaš bálvalusaid ja oahppovuogádaga buoret ovttahttima. Ráđđehus áigu maiddá fuolahit eanet dávgasis oahppovuogádaga rávesolbmuid várás geat dárbbasit joatkkaoahpu, mii dagahivččii ahte eanet NAV-geavaheaddjit sáhtášedje kvalifiseret iežaset.

Ráđđehus áigu fievrredit viidáseappot Finnemárkkku ja Davvi-Norgga doaimbaidjoavádaga mihtuid ja geográfalaš ráddjema ja vuoruhit doaimbajuid mánábearrašiid ja rávesolbmuid várás. Ráđđehus lea ásaht avádhakii mánáidgárddi mii lea nuvttá, ja jagi 2023 lea oahppoloana vealgesihkkunortnet doaimbaidjoavádagas nannejuvvon. Dat galgá leat mielde loktemin nuorra rávesolbmuid ja mánábearrašiid rekrutterema ja fárema guvlu.

Ráđđehus áigu árvvoštallat mo buorebut sáhtta mihttodallat oahppu- ja gealbofálaldagaid daid fidnojavkkuin main gelbbolaš bargofámu jearru lea heahdedilis, ja lámčit diliid dasa, earret eará Nuorta-Finnemárkkus. Ráđđehus áigu árvvoštallat doaimbajuid mat eanedit dearvvašvuoda- ja sosiálafágastudeanttaid hárhallasajiid logu guovllugielddain ja doaimbajuid mat eanedit rekrutterema oahpaheaddjioahpuide, erenoamážit davvin. Ráđđehus áigu árvvoštallat lea go dárbu erenoamáš doaimbajuide nu ahte

eanet oahppit sáhttet čadahit joatkkaskuvlla, ja leat go joatkkaoahpahusa njuolggadusat doarvai davgasat iešgudet regionála dárbbuid sihkkarastimii, ovdamearkka dihtii daid guovlluin gos leat uhccán nuorat ja guhkes gaskkat.

Kapihtal 7: Mii háliidit stáhta mii lea lahkosis

Nannejuvvo stáhtalaš báikádanpolitihkka gullá ráddehusa ángiruššamii dásasideappo ovddideamiin riikkas. Ráddehus oaihvilda ahte stáhtalaš bargosajit berrejit leat lávdaduvvon geográfalaččat ja boahit buorrin olles riikii. Danne áigu ráddehus nannet ángiruššama stáhtalaš bargosajiid ásaheamiin eará sajiide go stuorámus gávpogiidda ja báikádit stuorát oasi stáhtas guovllusuohkaniidda gos bargosajit sáhttet nannet báikkálaš fágabirrašiid. Danne háliida ráddehus ahte odđa ja odđasisbáikáduvvon stáhtalaš doaimmat báikáduvvojit eará sajiide go Osloi dahje eará stuorát gávpogiidda. Ráddehus lea odasmahtán ja nannen njuolggadusaid stáhtalaš bargosajiid ja bálvalusbuvttadeami báikádeami várás.

Ráddehus áigu láchit diliid buorebut lávdaduvvon bargui stáhtalaš doaimmain. Dat sáhtášii nannet báikkálaš gealbobirrašiid ja eanedit gealbobargosajiid gaevaheami boaittobeliin. Ráddehusa áigumuš lea eanedit daid virggiid geavahi stáhtas mat almmuhuvvojit vejolašvuodain čadahit lávdaduvvon barggu. Ulbmilin lea nannet báikkálaš fágabirrašiid addin dihtii guovlopolitihkalaš vuoittu. Dat mearkkaša ahte stáhtalaš bargosajiid mat dál leat ásahuvvon stuorámus gávpogiidda dahje riikka eanemus guovddáš guovlluide, buorebut sáhtášii dahkat olámuddui guovlogielddaid bargiide iešgudet sajiin riikkas.

Nannejuvvon ángiruššan Davvi-Norggas

Ássan ja doaimmat Davvi-Norggas leat buolvvaid čada vuolggahan bargosajiid ásaheami ja árvoháhkama ja addán Norgii sorjjasmeahtunvuoda stuorra guovlluide nannámis ja mearas. Dáppe leat mátohis luondduriggodagat mat leat hui árvvolaččat ja dehálaččat barggolašvuhtii ja árvoháhkamii ja ruoná molsašuddama čadaheapmái. Norgii lea áibbas dehálaš ahte davvin áset olbmot. Dál lea áigi čadahit odđa, nannejuvvon ángiruššama riikaoasis. Dáppe leat stuorra demografijahástalusat, ja davi rádjaguovlluin mii dárbbášit ássama ja doaimmaid eanet go goassege ovdal. Mii fertet váikkuhit ovdáneapmái sámi guovlluin, ja dainna lágiin doarjut sámi giela, kultuvrra ja servodateallima. Go Ruošša fallehii Ukraina, de dat eaktuda ahte mis lea dakkár suodjaluspolitihkka

mii lea mielde bisuheamen ja nannemin ássama ja dakkár stáhta mii lea riikaoasi lahkosis, erenoamážit rádjalahagas guovlluin. Das lea stuorra nati-onála mearkkašupmi.

Nuorta-Finnmárkku ealáhuseallimii ja ássiide čuohcá Ruošša falleheapmi Ukrainas ja dat ránggáštusat mat das čuvvot, erenoamáš garrasit. Ráddehusbellodagat ja GB leat ovttaoavilis doarjut doaimmaid ja ovddideami Nuorta-Finnmárkku 105 milj. ruvnnuin jagi 2023. Doaimmapáhkka lea hábmejuvvon gulahallamis gielddaiguin, ealáhuseallimiin ja bargoeallima áššebeliiguin. Das leat mánnga doaimbajit mat galget váikkuhit ealáhuseallima nannemii, odđa bargosajiid bisuheapmái ja ovddideapmái, ja infrastruktuorra nannemii. Ráddehus áigu joatkit barggu doaimbajitguin guhkesáiggi ovddideami ja nuppástuhtima várás regiovnas.

Dát diedáhus čájeha ráddehusa Guovlo-Norgga politihka háltti. Buot osiin riikkas leat guovlohástalusat. Davvi-Norggas leat ollu lávdaduvvon ássanguovllut main leat uhccán olbmot ja guhkes gaskkat. Danne heive guovlopolitihkka hui bures dán riikaoassái. Muhto hástalusat leat iešgudetláganat go geahččá stuorra jotkkolaš geográfalaš guovllu oktanaga, sihke gávpogiiguin ja doaresbeliiguin. Davvi-Norggas leat gávpogat mat leat stuorrumin ja johtilit ovdáneamen, ja gosa mánnga stuorra investerema leat plánejuvvon. Uhcimus gielddain leat stuorrá hástalusat erenoamážit olmmošlogu njiedjama geažil ja váilevaš gelbbolašvuoda ja bargofámu geažil.

Mánnga váikkuhangaskaoami, eanaš surggiin, váldet vuhtii Davvi-Norgga erenoamáš hástalusaid. Mánnga doaimbajit leat maid ásahuvvon riikaoasi várás erenoamážit. Ekonomalaččat viidáseamos ortnet lea differensierejuvvon bargoaddivat, mas lea nollamearri Davvi-Norgga ja Finnmárkku doaimbajitjoavádagas ja vuollegis divat riikaoasis muđui.¹¹ Dan árvu lea meroštallojuvvon sullii 18,3 miljárdda ruvdnun jagi 2023.¹² Gielddaid sisabohtovuogádagas addojuvvui sullii 3 miljárdda ruvdnosaš guovlodoarjja Davvi-Norgga gielddaide ja fylkkagielddaide. Finnmárkku ja Davvi-Romssa doaimbajitjoavádagas leat veháš badjelaš 90 000 ássi, ja avádaga persovdnadiđolaš doaimbajit dahket sullii 1,6 miljárdda ruvnnu jagi 2023.

¹¹ Doaimbajitjoavádagas lea, seamma láchkai go ortnega eará ge avádagain, 5 proseantasaš lassii bargoaddivat badjel 750 000 ruvdnosaš bálkádietnasiin.

¹² Prop. 1 S (2022–2023) *Stáhtabušeahhta 2023, mielddus 1*. Giela- ja guovlodepartemeanta.

Davvi-Norgga guhkes gaskkat ja vuollegis olmmošlohku dagahit ahte ollu sajiin lea hásta-leaddjin bisuhit mánggabealat bálvalusfálaldaga buriin kvalitehtain buot báikkálaš servodagain. Riikaoasis leat stuorra erohusat. Vai šaddá eanet geasuheaddjin ássat uhcit gielddain davvin, lea dehálaš láchit diliid eanet ovttasbargui nannen dihtii fágabirrasiid, lokten dihtii bálvalusaid ja ássanbirrasiid kvalitehta, movttiidahttit ovttasbargui čoavdin dihtii bargamušaid ja fuolahan dihtii ahte bálvalusat bissot ássiid ja ealáhuseallima lahkosis.

Ollu guovlluin riikaoasis lea gelbbolaš bargofámu jearru stuoris. Dat guoská earret eará dakkár fidnuide mat leat hui dehálaččat buori bálvalusfálaldahkii, gearggusvuhtii ja ássiid oadjebasvuhtii – nu go oahpaheaddjit, buohce-divššárat, doaktárat, psykologat ja politiija. Maiddá petroleumealáhusas váilot olbmot. Fágabargit joatkkadásis ja fágaskuvladásis dárbbasuvvojit infrastruktuvrá ja bálvalusaid bisuheapmái.

Davvi-Norggas leat hui dehálaš resurssat sihke nannámis ja mearas, ja danne lea riikaoasis buorre vuolggasadji váikkuheamis ruoná molsumii. Ruoná molsun lokte jearu dakkár buhtes energiijii ja álgoávdnasiidda mat leat oassin nuoskitkeahtes energiijavuogádaga ja servodaga árvo-gollosis. Seammás orrot leamen Norggamearas ja Barentsmearas stuorra oljo- ja gássaresurssat maid eai leat vel gávdnan. Norgga nannánjuolgi galgá doaimmat dássidis ja guhkesáigásaš oljo- ja gássalágideaddjin Eurohpái hui gáibideaddji áig-gis. Ollu fitnodagat barget stuorra industriijaán-giruššamiin davvin.

Regionála ovttasbargu Ártkisis

Davvi-Norga gullá Ártkisi. Dakkár guovllus gos leat guhkes gaskkat, uhccán olbmot ja mas lea alla strategalaš árvu, lea riikkaidgaskasaš rájáidra-stideaddji ovttasbargu hui dehálaš ovdáneapmái. Fylkkagielddat leat ollu logijagiid ovddidan poli-tihkalaš gulahallama ja konkrehta ovttasbarggu Suoma, Ruota ja Ruošša regionnain ránnáiguin. Ollu doaimmaheaddjit davvin leat mielde Barents-regionna ja Ártkisa govddit, riikkaidgaskasaš ovt-tasbarggus. Ođđaásahuvvon Arctic Mayors' Forum man čállingoddi lea Romssas, lea dehálaš lasáhus ártkalaš ovttasbargui. Forum bargá dieh-tojuohkin- ja vásáhuslonohallamiin gaskal Ártkisa sátnediheddjiid ja mihttun lea háhkat ártkalaš perspektiivva riikkaidgaskasaš mearridanforumi-idda.

Maŋágo Ruošša fallehii Ukraina, de lea eanaš rádjastideaddji ovttasbargu Ruoššain bissehuv-

von gaskaboddasaččat. Das leat stuorra váikkuhu-sat erenoamážit Nuorta-Finnmáruki ja dagaha lunddolažžan nannet ovttasbarggu Suomain ja Ruotain. Rádjastideaddji gulahallama fáddát davvin leat earret eará ruoná molsun, gelbbo-lašvuoda háhkan ja eanet ovttasdoaimman gaskal báikkálaš ealáhuseallima ja universitehta. Fylkka-gielddat barget earret eará Barents regiovdnarádi, Norgga Barentsčállingotti, Davvikalohtarádi ja EU Interreg-programma bokte davvin. Fylkkagielddat leat maid mielde Olgoriikadepartemeantta barggus Barentsrádiin ja Ártkalaš rádiin. Rádde-hus áigu nannet davviriikkalaš ovttasbarggu gas-kal regionála doaimmaheddjiid davvin, ereno-amážit gaskal Norgga, Suoma ja Ruota.

Ruošša soahti ja totaliteara ovdáneapmi Ruoššas lea garrasit hedjonahtán Norgga ja Ruošša álbmogis-álbmogii-ovttasbargama vejo-lašvuodaid. Danne lea sihke dárbu ja riehta rievda-dit Barents-ovttasbarggu áigumuša. Norgga Barentsčállingoddi galgá ain doarjut álbmogis-álb-mogii-ovttasbarggu Ruoššain dan muddui go lea vejolaš. Čállingotti bargamušat galget – gulahet-tiin Davvi-Norgga fylkkagielddaiguin, mat eaiggá-duššet čállingotti – jorahuvvot eanet rádjagaska-saš ovttasbargun gaskal Norgga, Suoma ja Ruota davviguovlluid doaimmaheddjiid ja álgoálbmotovt-tasbargun regionnain, earret Ruoššain. Rievdadus galgá gehččojuvvot dálá ovttasbarggu oktavuodas eurohpálaš ja davviriikkalaš forumiin. Guovllut mat sáhttet ovddidit buori servodatovdáneami Davvi-Norggas, galget maid árvoštallojuvvot. Eanet konkretiseren galgá dahkkojuvvot ovt-tasbarggus guoskevaš fylkkagielddaiguin davvin, Barentsčállingottiin, Olgoriikadepartemeanttain ja eará guoskevaš doaimmaheddjiiguin.

Davviguovlopolitihkka rasttida surggiid, háld-dašandásiid ja riikarájaid. Regionála davveguovlo-forum lea politihkalaš gulahallama arena dakkár áššiin mat leat erenoamáš guoskevaččat ovdáne-apmái davvin. Foruma bistevaš lahttun leat Gielda-ja guovlodepartemeantta politihkalaš jodihan-goddi, Olgoriikadepartemeanta, Ealáhus- ja guolástusdepartemeanta, Davvi-Norgga fylkkagi-elddat ja Sámediggi. Forum digaštallá evttohusaid ja doaimmabijuid mat leat guoskevaččat davviguov-lluide. Jagi 2023 dat lea hábmemin strategiija for-uma bargui. Forum galgá ángiruššat dakkár fáddásurggiiguin go dálkkádatrievdamiiguin, ja ruoná molsumiin, geasuhusain ássamii, gelbbo-lašvuodain, bargofámu háhkamii, fátmastemiin ja riikkaidgaskasaš ovttasbargguin. Forum galgá maid váikkuhit dasa ahte nuorat ja nuorra rávesol-bmot eanet fátmastuvvojit bargui davviguovlo-politihka ovddidemiin.

2 Eit godt liv i distriktskommunen

Det er ein berande idé i samfunnet vårt at innbyggjarane – folket – skal kunne påverke utviklinga. Det lokale folkestyret i kommunar og fylkeskommunar gjev innbyggjarane innverknad på utviklinga av eigne lokalsamfunn og eiga framtid. Dei lokale folkevalde har kunnskap om dei lokale tilhøva, slik at politikken vert tilpassa ynska til innbyggjarane og føresetnadene til lokalsamfunnet.

Attraktive lokalsamfunn, med tilgang på gode tenester, næringsareal og bustader, er avgjerande for framtida til Distrikts-Noreg. Kommunane har ei viktig rolle i å planleggje for gode lokalsamfunn, med vekt på arbeid, bustad, eigenart, fritidstilbod og sosiale møteplassar. Distriktsdemografiutvalet og ungdomens distriktspanel meiner at ambisjonen for distriktspolitikken bør vere å vidareutvikle positive særpreg og skilnader mellom storby og småsamfunn og småsamfunna seg imellom. Det gode samfunnet er målet for utviklinga.

Kommunane har ansvar for og legg rammer for aktive lokalsamfunn, med butikkar, tenestetilbod, arenaer for kultur, idrett, friluftsliv og sosiale aktivitetar. Kommunane spelar også ei viktig rolle i utviklinga av den lokale bustadmarknaden. Tilgang på bustader og attraktive bumiljø påverkar om folk flyttar eller vert buande, og er derfor eit svært viktig element i distriktspolitikken.

Regjeringa støttar ambisjonen til distriktsdemografiutvalet¹ om at distrikta skal vere levande delar av eit større norsk mangfald. Derfor er det viktig at småbyar, tettstader og lokalsamfunn over heile landet vert utvikla som gode nabolag med varierte tilbod og møteplassar.

Regjeringa legg vekt på at mindre stader bør utviklast med særpreg som byggjer opp under lokal identitet og kulturarv. Attraktive omgjevnader og tilgang til natur er også kvalitetar som påverkar identitet, folkehelse og miljø. Levande og inkluderande lokalsamfunn med eit godt bustadtilbod, varierte tenester og tilbod for ei aktiv fritid er viktig for dei som bur der, og for å trekkje ny kompetanse og arbeidskraft til distrikta. Småbyar og senter har viktige regionale

funksjonar fordi dei kan tilby meir spesialiserte tilbod og tenester enn det mindre stader kan. Slik kan småbyane gjere heile regionen meir attraktiv.

Regjeringa er motstandar av tvangssamanføring av kommunar og fylke. I juni 2022 vedtok Stortinget deling av tre tvangssamanslåtte fylkeskommunar og Ålesund kommune, som alle hadde søkt om dette. Ved lokalvalet hausten 2023 skal innbyggjarane igjen få røyste i val til fylkestinga i Finnmark, Troms, Telemark, Vestfold, Buskerud, Akershus og Østfold, og til eit eige kommunistyre i Haram.

2.1 Planleggje for gode samfunn

Godt kommunalt og regionalt planarbeid er avgjerande for ei heilskapleg samfunnsutvikling. Ein differensiert arealpolitikk må vere tilpassa lokale og regionale tilhøve, og leggje til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet. For å etablere bustader og næringsverksemd må kommunen ha eigna areal tilgjengeleg. Planlegginga må også ta omsyn til andre viktige samfunns-, miljø- og arealinteresser. Plansystemet har som utgangspunkt at det er folkevalde som tek avgjerder og legg føringar for samfunnsutviklinga. All planlegging etter lova skal sikre samordning mellom sektorar og mellom stat, fylkeskommune og kommune. Plan- og bygningslova er derfor også ei viktig samordningslov.

Kommunane har ansvar for viktige velferdsoppgåver og samfunnsutvikling i sitt område. Plansystemet er ein styringsreiskap til hjelp i dette arbeidet. Samstundes opplever mange kommunar at plansystemet er komplisert og tidkrevjande, og at krav og forventingar frå staten eller fylkeskommunen ikkje er tilpassa dei lokale føresetnadene. Distriktsnæringsutvalet² peiker på at mangelfull planlegging i ein del kommunar er ein flaskehals for næringsutvikling.

Regjeringa vil vurdere særskilde tiltak for å styrkje planleggings- og utviklingskapasiteten og

¹ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene.*

² NOU 2020: 12 *Næringslivets betydning for levande og bærekraftige lokalsamfunn.*

Boks 2.1 Verdas beste vesle stad

Nye Stad kommune har ein visjon om å vere «verdas beste vesle stad», som kan vere eit fullgodt, men annleis, alternativ til eit liv i og rundt dei store byane. Med mangfald, rom for å vere seg sjølv, evne til å omstille seg til eit samfunn utan klimautslepp og med framtidsretta verksemder og arbeidsplassar. Visjonen skal samle og inspirere til felles utvikling og endring. For at Stad kommune skal vere ein stad der folk vil bu, vil kommunen fyrst og fremst satse på innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv som alt finst i kommunen. Ved å satse på «bli-lyst» vonar kommunen at dette også vil medverke til flyttelyst for nye innbyggjarar.

Livskrafta og den økonomiske berekrafta til Stad kommune vil i åra framover avhenge av evna til omstilling og utvikling, i takt med dei demografiske, miljømessige og økonomiske endringane i samfunnet. Kommunen har ambisjon om ikkje berre å yte velferdstenester, men også å vere ein sentral aktør i samfunnsutviklinga.

Samskaping er viktig for å nå måla. Kommunen testar ut samskaping som ein integrert og heilskapleg del av organisasjonen, kulturen og lokalsamfunnet. Kommunen er i ferd med å etablere eit bustadteam der tverrfagleg samarbeid med næringsliv og lokalsamfunn innanfor heile bustadområdet er like viktig som internt samarbeid. I arbeidet med å utvikle administrasjonssenteret Nordfjordeid har kommunestyret oppretta eit mellombels utval med utvalde kommunestyremedlemer og personar med ulik kompetanse og erfaring med strategisk arbeid, næring og samfunnsutvikling. Utvalet skal gje tydelege råd om prioriterte satsingsområde og vegval. Neste planlagde prosjekt er å finne ei arbeidsform som gjer det mogleg å arbeide koordinert og effektivt med stadutvikling i bygdene, saman med alle frivillige lag og organisasjonar som finst der. Til det trengst det ein rutine som gjer det mogleg å svare raskt på private initiativ, som set bygdene i stand til å utvikle seg på eige initiativ, og som fremjar frivillig deltaking.



Figur 2.1 Verdas beste vesle stad

Foto: Lotsstøylen, Stad kommune. Visitnordfjord.

planleggingskompetansen i dei områda der det vert identifisert utfordringar. Regjeringa vil leggje til rette for at ordinær utdanning og meir praksisnær og fleksibel etter- og vidareutdanning kan møte utfordringane, og eventuelt prøve ut nye løysingar.

Mange utdanningsinstitusjonar i landet tilbyr planfagleg utdanning. På oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet har Rambøll³ evaluert kompetansetiltak i etter- og vidareutdanning i offentleg planlegging, kart og geodata. Den største hindringa for å delta på slike kurs er mangel på tid og ressursar. Det er stor trang for betre kjennskap til det som finst av kurs og etter- og vidareutdanning. Departementet har, i samarbeid med KS, sett i verk kampanjen *planutdanning.no* for å gjere fleire unge kjende med den store breidda i yrkesval som denne utdanninga gjev.

Kommunal- og distriktsdepartementet oppmodar kommunane til samarbeid, til dømes gjennom interkommunale plankontor og andre former for plansamarbeid for å styrkje kapasiteten og kompetansen til å drive samfunnsplanlegging. Digitalisering av planprosessar og planverktøy er også eit middel for enklare og meir effektive prosessar. Digitalisering opnar for nye måtar å samhandle på, som kan forbetre kunnskapsgrunlaget og planprosessane.

Plansystemet er fleksibelt, og handlingsrommet bør utnyttast for å etablere ein praksis som er tilpassa utfordringane og føresetnadene i ulike kommunar. Plansamarbeidet på Nordmøre er eit godt døme på korleis kommunane kan gjere dette (sjå boks 2.2).

Alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping. Det er viktig at kommunane i sine planar har realistiske forventingar om endring i folkesetnaden, og kommunar må ta høgd for at det i framtida vert færre yrkesaktive per pensjonist, slik mellom anna distriktsdemografiutvalet⁴ har peikt på.

Fylkeskommunen har ei viktig planleggings- og utviklingsrolle som må styrkjast. På regionalt nivå ligg det til rette for å sjå sektormål, verkemiddel og tiltak i samanheng, slik at dei samla resultatane kan verte styrkte. Dette gjeld særleg for tverrgåande samfunnsutfordringar som krev innsats frå fleire aktørar og forvaltingsnivå. Døme på dette kan vere klima, arealbruk, grøn omstilling,

Boks 2.2 Plansamarbeid Nordmøre

Kommunane på Nordmøre samarbeider om å forbetre samfunnsplanlegginga slik at ho vert meir politisk relevant. Målet er å utvikle kapasiteten og kompetansen til samfunnsplanlegging og å effektivisere planarbeidet i omfang og tid. Det viktigaste styringsdokumentet til kommunen er samfunnsdelen til kommuneplanen, som peiker ut mål og strategiar for ynskt samfunnsutvikling. For at samfunnsplanen skulle verte eit reelt politisk styringsverktøy, ynskte kommunane på Nordmøre at revideringa av kommuneplanen skulle fylgje valperiodane. Dei har derfor lagt vekt på å utarbeide og vedta ny samfunnsdel tidleg i valperioden. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal står for ekstern finansiering av prosjektet, medan fylkeskommunen medverkar med fagleg støtte og kapasitet. Alle medlemskommunane i Nordmøre interkommunalt politisk råd deltok i prosjektet. Deltakinga er politisk forankra gjennom kommunestyrevedtak.

tilgang på kompetent arbeidskraft, inkludering og utanforskap.

Den regionale planlegginga gjev ei god ramme for dialog, samarbeid og samordning mellom stat og fylkeskommune på desse områda, slik at den samla måloppnåinga kan verte styrkt. Ein god regional plan kan også gjere kommunal planlegging enklare, ved å avklare utfordringar som går på tvers av kommunegrensene, og som krev at utviklinga i fleire kommunar vert vurdert i samanheng. Regionalt planforum er ein viktig arena for samordning av kommunale, regionale og nasjonale interesser i konkrete plansaker. Her kan kommunane møte regionale og statlege styresmakter og få innspel i planprosessane. For at forumet skal fungere godt, er det viktig at kommunane er tydelege på kva bistand dei treng, og at aktuelle styresmakter deltek aktivt i møta. Kommunal- og distriktsdepartementet har utarbeidd ein rettleiar om regionalt planforum, som gjev råd om kva saker som bør prioriterast, og korleis forumet kan organiserast.

Distriktssenteret og Kommunal- og distriktsdepartementet utarbeider ein nettbasert rettleiar om kommuneplanlegging retta mot dei minste distriktskommunane, som vert lansert sommaren 2023. Kompetansetilbod for folkevalde og tilsette

³ Rambøll (2022) *Evaluering av kompetansetiltak innen etter- og videreutdanning i offentlig planlegging, kart og geodata* (rapport) Rambøll Management Consulting. Oslo.

⁴ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*.

Boks 2.3 Samfunnsplanlegging på distriktskommunens premisser

Distriktsenteret har saman med Nordland og Trøndelag fylkeskommunar og seks kommunar i dei to fylka gjennomført prosjektet *Distriktskommune 3.0*. Målet var å forenkle planprosessane og at kommunane i større grad vert i stand til å nå måla dei har sett seg. Ordførarar, kommunedirektørar og planleggjarar deltok i digitale nettverksmøte og fysiske besøk hos kommunane. Kommunane har møtt kvarandre jamleg over tid og jobba saman om aktuelle problemstillingar. Nettverket har gjeve kommunane høve til fagleg utvikling og deling av erfaringar. Det har gjeve læring og inspirasjon til å gjere ting på nye måtar. Nettverket har òg gjeve verdifull innsikt for statsforvaltaren, fylkeskommunen, Distriktsenteret og Kommunal- og distriktsdepartementet om korleis

kommunar med særlege distriktsutfordringar vert betre rusta i samfunnsutviklingsarbeidet. Bättre innsikt i utfordringane til distriktskommunane har ført til at nasjonale planstyresmakter har sett i gang fleire kunnskaps- og utviklingsprosjekt.

Ruralis og Nordlandsforskning fylggeforskar prosjektet. Undervegsrapporten peiker på konkrete tiltak som kan forbetre kommuneplanlegginga i små og større kommunar, og som kan forenkle og forbetre praksis hos regionale og nasjonale styresmakter. Tiltaka handlar mellom anna om plankultur, kompetanseheving, organisasjonsutvikling, tilpassing av regionalt planforum og ekstra merksemd på utfordringane til distriktskommunane.

med planleggingsansvar bør mellom anna inkludere meir praktisk opplæring og konkrete verkøy, i tillegg til opplæring og rettleiing for å skape god planleggingskultur i kommunen.

2.1.1 Auka differensiering for å tilpasse til lokale og regionale tilhøve

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og Statlege planretningslinjer er viktige dokument i arbeidet med lokal- og regional planlegging og arealforvaltning innanfor rammene av nasjonal politikk. Dei skal mellom anna medverke til å ta vare på miljøet, dyrka og dyrkbar mark, redusere sosiale og geografiske skilnader, fremje berekraftig utvikling og leggje til rette for busetnad og verdiskaping i heile landet. For å sikre tilpassing til ulike lokale føresetnader har Kommunal- og distriktsdepartementet fått evaluert dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Arealpolitikken må tilpassast til dei lokale tilhøva og leggje til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet. Dette må gjerast på ein måte som sikrar nasjonale og vesentlege regionale omsyn. Alle kommunar skal ha høve til å utvikle små og store lokalsamfunn. Det skal leggjast til rette for meir bustadbygging i område med låg befolkningstettleik. Kommunane skal få auka handlefridom til å

avgjere kvar i kommunane nye bustader skal byggjast, og det vil vere viktig å utvikle bustadområde i kommunesentera. Klima og natur skal vere ei ramme rundt all politikk.

Regjeringa arbeider derfor med nye planretningslinjer med sikte på ferdigstilling i løpet av 2023. Retningslinjene skal gjelde for heile landet, men ha ei tydelegare differensiering mellom tettbygde og spreiddbygde område. Regjeringa har også slått fast at ho vil ha ei meir differensiert forvaltning av strandsona, med auka handlefridom og betre høve til næringsutvikling og busetjing i spreiddbygde strok langs kysten i sone 3 av strandsona. Samstundes vil jordvern vere eit overordna omsyn. Regjeringa har lagt fram ein ny jordvernstrategi med eit forsterka jordvernmål i samband med jordbruksproposisjonen for 2023.⁵

Regjeringa legg fram nye *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* i forkant av at fylkeskommunane og kommunane skal utarbeide regionale og kommunale planstrategiar. Dokumentet formidlar prioriteringane til regjeringa på planområdet for å fremje berekraftig utvikling, og gjev rettleiing om planprosessane og innhaldet i planlegginga. Dette skal medverke til at fylkeskommunane og kommunane kan gjennomføre samfunns- og arealplanlegginga effektivt,

⁵ Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (jordbruksoppgjøret m.m.)*.

utan for mange konfliktar og i tråd med nasjonale mål.

Dei nasjonale forventningane gjeld heile landet og for ulike plansituasjonar. Gjennomføringa av den nasjonale politikken skal tilpassast lokale og regionale tilhøve gjennom planprosessane. God dialog mellom styresmaktene er viktig for å samordne oppgåver og vurdere nasjonale, regionale og lokale interesser i samanheng. Gjennom oppdatert kunnskap, opne planprosessar og tilrettelegging for å kunne delta i planprosessane vil ein auke kvaliteten på planane og styrkje forankringa hos aktørane og i lokalsamfunnet.

Sametinget har utarbeidd ein eigen planrettleiar. Den gjeld for planlegging og vedtak som kan få innverknad på naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutøving og samfunnsliv i det tradisjonelle samiske området på land og i sjø ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja.

2.2 Nytte ressursane betre gjennom samarbeid

Kommunane har ulike føresetnader for å ta ei aktiv samfunnsutviklingsrolle. Innovasjonsmeldinga⁶ peiker på at offentleg sektor treng omstilling og nyskaping, noko som inneber ei endring i praksis og tenkjemåte. Dei små tilhøva i distriktskommunar kan vere ein føremon i slikt arbeid. For ein liten kommune, med nærleik mellom folk og ulike fagområde, kan det vere enklare å gjere ting på nye måtar. Små tilhøve kan gje rom for å sjå løysingar på tvers av oppgaveområde og fleksibilitet til å gjennomføre endringar raskare enn i store system. I små kommunar kan det også vere enklare å ha meir utbreidd kontakt mellom politikarar og innbyggjarar. Det kan opne for nye løysingar, men stiller krav til kommunen om openheit om avgjerder og påverknad.

Fleire kommunar testar nye metodar for å skape velferdsløysingar saman med innbyggjarane, ofte omtala som samskaping. Dette kan gje innovative løysingar og meir velferd for ressursane og føre til ei styrking av fellesskapet og dei demokratiske prosessane. Det finst døme på nyskaping og innovasjon i mange distriktskommunar, som bruk av Nordsjø-turnus for legar i Lyn-gen, Tinn og Berlevåg; bruk av arkitektur, sosiale møteplassar, mat og natur i Bygda 2.0 på Stokkøya; og universitetskommunesamarbeid mellom anna i Nord-Gudbrandsdalen. Både Forskings-

Boks 2.4 Samarbeid om stad- og næringsutvikling

Gnist er eit innovasjonsprogram i regi av DOGA (Design og arkitektur Noreg) for kommunar som vil arbeide på nye måtar med stad- og næringsutvikling. Programmet gjev kommunane ny kompetanse og nye metodar og verktøy for å ta tak i dei spesifikke utfordringane dei har. Gjennom *Gnist*-programmet er det utvikla fleire gode døme på korleis dette er gjort i norske distriktskommunar. Mellom anna har Sogndal, Luster og Aurland involvert innbyggjarane i korleis deira behov og ynske for reiselivsutvikling kan spele godt saman; Åseral har utvikla ein rettleiar for berekraftig utvikling i hyttekommunar; og Lom har utvikla ein modell for framtidsretta bustadutvikling i distrikta. Dette kan vere til inspirasjon for andre kommunar.

rådet, Digitaliseringsdirektoratet, Doga, KS, Miljødirektoratet og statsforvaltarane har verkemiddel som kan fremje innovasjon i kommunesektoren, men det varierer i kva grad dei små kommunane bruker desse.⁷ Kommunane kan ha god nytte av støtte og rettleiing frå statsforvaltar, fylkeskommune og Distriktsenteret i utviklingsarbeid, mellom anna for å nytte desse verkemidla.

2.2.1 Støtte og rettleiing i utviklingsarbeid

Mange distriktskommunar kan nytte ressursane betre gjennom samarbeid med andre kommunar. Samarbeid om samfunnsutvikling kan skape breidde og aktivitet i regionale næringsmiljø, meir heilskap i kompetanse- og rekrutteringspolitikken, betre tilbod innanfor idrett, kunst og kultur og meir samordna areal- og samfunnsplanar.

Samarbeid om fagmiljø for å utføre kompetansekrejvande spesialistoppgåver kan vere viktig for å rekruttere fagfolk og for å gje innbyggjarane eit godt tenestetilbod (sjå kap. 3). Kommunalt samarbeid kan også vere ein arena for å utforske nye løysingar og skape betre forståing av felles utfordringar. Det kan forenkla samarbeidet med andre aktørar, som frivillig sektor og sivilsamfunn,

⁶ Meld. St. 30 (2019–2020) *En innovativ offentlig sektor – Kultur, ledelse og kompetanse*.

⁷ Telemarksforskning (2020) *Små distriktskommuners deltakelse i innovasjonsvirkemidler* (rapport 540). Telemarksforskning. Bø.

regionalt næringsliv, forskings- og utdanningsinstitusjonar, verkemiddelaktørar og statlege etatar. Kommunalt samarbeid kan òg vere ein nyttig felles arena for dialog med statsforvaltar og fylkeskommune.

Fylkeskommunane og statsforvaltarane er viktige for å støtte opp om utviklingsarbeidet i kommunane. Dei har ansvar som famnar fleire sektorar, dei har ulike verkemiddel og rettleiings- og samordningsroller, og dei har relevant kunnskap om utfordringane. Fleire småkommunar ynskjer meir rettleiing om planlegging frå fylkeskommunen og statsforvaltaren.⁸

Fylkeskommunane, statsforvaltarane, Distriktssenteret og KS jobbar opp mot distriktskommunar på kvar sine måtar, ut frå sine ulike oppgåver, roller og myndighet. Kommunal- og distriktsdepartementet oppfordrar til dialog og erfaringsutveksling mellom desse aktørane, slik at dei kan opptre meir koordinert overfor kommunane og dei samla ressursane vert betre utnytta.

Fylkeskommunen har eit lovpålagt ansvar for å gje generell rettleiing om plansystemet, planprosessane og god planpraksis, i tillegg til fagleg rettleiing på sine ansvarsområde. Fylkeskommunen har fått eit auka ansvar for å vere ein mobiliserande og koordinerande regional utviklingsaktør. Dette omfattar lokal samfunnsutvikling og planlegging, men også næringsutvikling, samferdsel, folkehelse, klima og berekraft, kultur og kulturmiljø, miljøvern, utdanning og kompetanse.

Statsforvaltaren skal ha god kjennskap til eigenarten til dei ulike kommunane og deira styrkar, veikskapar og behov. Statsforvaltaren har ei viktig rolle som aktiv støttespelar for utvikling i kommunane og skal medverke til gode, lokalt tilpassa løysingar. Kommunane og lokalsamfunna står overfor svært ulike utfordringar. Det er stor skilnad mellom område som har sterk folketalsvekst, og område med nedgang i folketallet. Kommunane har derfor ulike behov for bistand og rettleiing. Statsforvaltaren skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga og den kommunale økonomien og forvaltar skjønsmidlar til fornyingsarbeid i kommunane. Statsforvaltaren har ansvar for juridisk og fagleg rettleiing på mange område, og gjennom tilsynsrolla har statsforvaltaren innsikt i mange tenesteområde som kommunane har ansvar for. Statsforvaltaren skal ta samordningsinitiativ overfor andre statlege verksemder og aktørar regionalt for å sikre samordning av statleg styring av

kommunane og nasjonal måloppnåing på tvers av nivå og sektorar.

Distriktssenteret er eit nasjonalt kompetansesenter som skal støtte distriktskommunane i å verte gode samfunnsutviklarar. Senteret samlar, utviklar og deler kunnskap om korleis distriktskommunar og distriktsbutikkar kan utvikle seg og sine lokalsamfunn. Distriktssenteret skal, på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet, medverke til å styrkje føresetnadene til distriktskommunane i arbeidet med stads-, nærings- og tenesteutvikling. Målet er at kommunane betre skal kunne gjennomføre utviklingsarbeid i eigen regi. Fleire kommunar opplever å mangle arenaer eller kanalar for å verte kjend med og lære av kommunar med liknande erfaringar og utgangspunkt. Senteret skal medverke til å koordinere og målrette utviklingsinnsats gjennom samarbeid, nettverksbygging og arenaer for å dele kunnskap og erfaringar.

KS er interesse- og arbeidsgjevarorganisasjonen til kommunesektoren. KS driv utviklingsarbeid retta mot det kommunane treng. Arbeidet omfattar innovasjon, kvalitetsutvikling i tenestene, effektivisering, arbeidsgjevarutvikling, samfunnsutvikling og utvikling av lokaldemokratiet.

Boks 2.5 Pilot om rettleiing

Rettleiingspiloten har vore eit samarbeid (2020–2022) mellom Distriktssentret, tre fylkeskommunar og 14 distriktskommunar i Troms og Finnmark, Møre og Romsdal og Innlandet. Hovudmålet med piloten var å styrkje arbeidet til distriktskommunane med lokal samfunnsutvikling gjennom kompetanse og samarbeid. Kommunane har fått kompetanse- og prosessbistand frå eit rettleiingsteam frå Distriktssentret og tilhøyrande fylkeskommune. Distriktssenteret har prøvd ut og vidareutvikla digitale metodar og verktøy for prosessplanlegging, involvering og medverknad saman med fylkeskommunane og kommunane. Føljeforskinga frå Sintef¹ viser at arbeidet med samfunnsutvikling i kommunane er styrkt, og at piloten har gjeve fylkeskommunane auka kunnskap om ulikskapane mellom distriktskommunane og betre innsikt i kva rolle dei kan ta overfor kommunane.

¹ Lysø, R, Carlsson E, Sletterød, N. A, Øyrum, L. (2022). *Føljeforsking av Veiledningspiloten* (sluttrapport). SINTEF.

⁸ Angel, E. (2021) *Regionale myndigheters veiledning av distriktskommuner* (rapport nr. 3-2021). NORCE samfunn.

Regjeringa legg til rette for at fylkeskommunar og kommunar kan styrkje samarbeidet med andre europeiske land. Kommunesektoren deltek aktivt i fleire europeiske samarbeidsprogram, som Interreg,⁹ Erasmus+¹⁰ og Horisont Europa.¹¹ Programma er retta inn mot å løyse utfordringar på fleire område, som skule og utdanning, plan- og reguleringssaker, miljøforvaltning og digitalisering av offentlege tenester. Regjeringa vil at kommunesektoren vert høyrd og spurd til råds om relevante europeiske saker, og nyttar mellom anna Europapolitisk Forum som arena for dialog om europapolitikken med kommunesektoren.

2.2.2 Bygdevekstvtalar mellom staten og kommunar

Regjeringa vil prøve ut nye verkemiddel i distriktspolitikken og har teke fleire initiativ som kan styrkje arbeidet med samfunnsutvikling. Regjeringa har invitert distriktskommunar til å søkje om å utvikle *bygdevekstvtalar* med staten for å styrkje utviklinga i kommunane. Dette er eit nytt verkemiddel som skal prøvast ut i åra som kjem, og som skal medverke til meir målretta og samordna innsats i distriktsområda.

Målet er busetjing, tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse og framtidsretta næringsutvikling i nokre av dei mest spreiddbygde områda av Noreg. Avtalane vil ha som føremål å styrkje samordninga av offentlege tiltak på tvers av sektorar og forvaltingsnivå, slik at den samla innsatsen treffer betre i dei utvalde områda. Det er kommunane som er avtalepart, og som sjølve legg fram forslag til mål og tematikk. Tre område i Finnmark og to i Trøndelag vart hausten 2022 valde som pilotar for utprøving av bygdevekstvtalar. Ei ny utlysing våren 2023 opnar for at fleire område kan utvikle slike avtalar med staten. Kommunane får i fyrste omgang inntil 2 mill. kroner per pilot til arbeidet med å utforme avtalane. Den fyrste fasen gjev ei ramme for å identifisere konkrete, lokale utfordringar som stat og kommune kan samarbeide om å løyse. Deretter skal dei forhandle om sjølve avtalen med staten. Avtalane skal etter planen gjelde frå 2024. Regjeringa vil fylgje opp ordninga med bygdevekstvtalar gjennom eit forpliktande samarbeid i avtaleperioden, som både

⁹ Interreg er EUs program for å fremje sosial, økonomisk og territoriell integrasjon over landegrensene gjennom regionalt samarbeid.

¹⁰ Erasmus+ er EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett.

¹¹ Horisont Europa er EU sitt niande rammeprogram for forskning og innovasjon.

inneber statlege midlar til gjennomføring av tiltak for å supplere lokale bidrag, i tillegg til andre statlege bidrag og samarbeid (kompetanse, deltaking i erfaringsnettverk osv.).

2.2.3 Merkur gjev eit godt daglegvaretilbod

Merkur-programmet er eit utviklings- og kompetanseprogram for butikkar i Distrikts-Noreg. Målet er å halde oppe daglegvaretilbod i område med spreidd busetnad og små marknader, slik at folk i distrikta er sikra tilgang til nærbutikk og bokhandel av god kvalitet. 580 daglegvarebutikkar og 67 bokhandlar er med i programmet.

Små nærbutikkar i Distrikts-Noreg står overfor store utfordringar. Nedgang i folketalet og aukande prisar, særleg på straum, har gjeve redusert omsetnad for mange av butikkane. Dette fylgjer Merkur-programmet opp gjennom ulike utviklingsprosjekt, som inneber at små distriktsbutikkar har medverka til utviklinga av sjølvbetente digitale løysingar. Dette gjev betre tilgang på tenester for dei handlande, og auka lønsemd og ein meir føreseieleg arbeidsdag for butikkinnehavarar. Merkur-programmet har også etablert pilotarbeid om den fleirfunksjonelle butikken og har investeringsstøtteordningar for mellom anna å fremje ei meir energieffektiv drift.¹²

Merkur-programmet legg også vekt på samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunna, med mål om å samle funksjonar og tenester i butikkane. Til dømes har det vore fleire utviklingsprosjekt knytte til korleis kommunane kan samarbeide med Merkur-butikkar for å gje eit betre og meir samla tenestetilbod i lokalområdet til butikkane. Merkur-programmet skal medverke til styrkt butikkfagleg kompetanse og samarbeid med aktørar i lokalsamfunna som næringsliv, frivillige og kundar. Merkur-programmet har ei eiga satsing retta mot bokhandlar i distrikta. Dei komande åra skal Merkur styrkje innsatsen på MerkurBok for å sjå korleis ein kan utforme meir effektive tiltak for å styrkje grunnlaget for lønsam bokhandeldrift i distrikta.

For å sikre gode rammevilkår for fysiske butikkar som er viktige for lokalsamfunna, vil regjeringa vidareutvikle Merkur-programmet. På bakgrunn av ein gjennomgang av Merkur-programmet som *Menon Economics* har gjort, vil Kommunal- og distriktsdepartementet fjerne kravet om at det berre er dei minste butikkane,

¹² Grünfeld, L.A., Grønvik, O., Foseid, H.M., Winther-Larsen, S., Angell, E. (2021) *Gjennomgang av Merkur-Programmet* (rapport nr. 131). Menon Economics. Oslo.

med eit kundegrannlag på maks 200 husstandar, som kan nytte investeringsstøtteordningane i Merkur.

2.3 Kultur og frivilligheit i heile landet

Innbyggjarane er den viktigaste ressursen for ein kommune. Frivillig sektor har ei særstilling, og forskning tyder på at den står noko sterkare i distrikta.¹³ Kulturliv og frivilligheit medverkar til å skape levande lokalsamfunn og eit godt liv og meningsfull fritid for den einskilde. Å leggje til rette for ulike kunst- og kulturtilbod, fritidsaktivitetar og frivillig arbeid i lokalsamfunn medverkar til gode nærmiljø og fellesskap og skaper møteplassar mellom generasjonane og mellom ulike grupper av innbyggjarar. Til dømes er folkebiblioteka viktige møteplassar og arenaer for kunnskapsutveksling og læring i lokalsamfunna, og idretten gjev møteplassar gjennom infrastruktur som klubbhus og idrettsarenaer.

Frivillig sektor leverer eit breitt spekter av tenester og medverkar til god folkehelse, fellesskap og samfunnsdeltaking. Lokalsamfunn er avhengige av aktive frivillige for å kunne tilby eit breitt utval av aktivitetar på fritida. Idretten og kulturfrivilligheita, saman med anna frivillig organisasjonsliv, er viktige for å skape sosial integrasjon og ei kjensle av tilhørrelse i lokalsamfunna. For mange er deltaking i korps, idrettslag, kor, spelemannslag, teaterlag, spel, historielag, husflidslag og anna kulturfrivilligheit ein viktig del av livet.¹⁴

Frivillig sektor er ein pilar i det norske velferdssamfunnet gjennom omfattande ulønt innsats og tenesteproduksjon. Forsking viser at frivillig engasjement aukar dersom det offentlege er gode tilretteleggjarar. Regjeringa vil sikre frivillig sektor ein sentral plass i samfunnet og medverke til gode rammevilkår. Eit godt samspel mellom kommunen og frivillig sektor er viktig. Saman med KS har *Frivilligheit Noreg* utvikla ein rettleiar for lokal frivilligheitspolitikk.¹⁵ Frivilligsentralane er viktige for å sikre lokal forankring og aktivitet i heile landet og skal stimulere til frivillig innsats og vere bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

Boks 2.6 Skattekista – skule, møtestad og idrettsanlegg

Eit døme på eit prosjekt som har fått støtte i form av tilskot og spelemidlar, er massivtrehuset *Skattekista*. Her finst skule, barnehage, svømmehall og idrettshall, og ambisjonane for prosjektet er læring og aktivitet heile døgnet, heile livet. Flesberg kommune har bygd skule for 1.–10. klasse, idrettshall og symjehall på Stevningsmogen inntil ein idrettspark, og prosjektet har fått 59 mill. kroner i tilskot og spelemidlar. Anlegget vart kåra til *Årets idrettsanlegg 2020* av organisasjonen Bad, park og idrett.

Regjeringa vil støtte opp om og medverke til at det vert oppretta lokal frivilligheitspolitikk og enkle regelverk og ordningar som gjer det lett å finne fram for frivillig sektor i kommunane.

Våren 2023 la regjeringa fram ein ny strategi for kulturfrivilligheita¹⁶ med ei rekkje tiltak for at fleire skal kunne drive med og utvikle sine aktivitetar. Sentrale tema i strategien er at kulturfrivilligheita må ha tilgang på lokale som er eigna for aktiviteten dei driv med. Regjeringa vil styrkje innsatsen for at fleire frivillige skal få høve til å utvikle aktivitet i eigna lokale til idrett, kultur og frivillig arbeid generelt.

Regjeringa har sørgd for eit løft for frivilligheita, idretten og kulturen ved å gje full momskompensasjon i 2021 og 2022. I 2021 var det fyrste gong sidan ordninga blei etablert, at organisasjonane fekk utbetalt heile beløpet dei søkte om. Fleirtalet av mottakarane i momskompensasjonsordninga er små lag og foreiningar over heile landet.

Regjeringa vil senke terskelen for deltaking i frivilligheit, idrett og kulturliv. Sosioøkonomisk bakgrunn eller geografi skal ikkje vere avgjerande for å kunne delta. Dette ligg til grunn når Kultur- og likestillingsdepartementet fordeler spelemidlar til idretts- og kulturføremål. I hovudfordelinga av spelemidlar til idrettsføremål for 2023 har regjeringa sett av 125 mill. kroner til arbeidet med å få med endå fleire born og unge i dei lokale idrettslaga. Pengane er fordelte til idrettskrinsane og idrettsråda, som skal sørge for at dei hamnar der

¹³ Wollebæk & Sivesind (2010) *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997–2009* (rapport). Institutt for samfunnsforskning.

¹⁴ I lokallagsundersøkinga 2019, gjennomført av Senter for forskning på sivilsamfunn og idrett, blei det registrert 1 175 198 medlemskapar i foreiningar innan kunst og kultur og 15 600 lokallag rundt om i landet.

¹⁵ Knekk samhandlingskoden (2023). <https://samhandlingskoden.no/utvikle-frivillighetspolitikk>

¹⁶ *Rom for deltakelse – regjeringens kulturfrivillighetsstrategi 2023–2025*. Kultur- og likestillingsdepartementet.

dei trengst aller mest. I 2023 utgjer spelemidlar til kulturføremål nær 1 mrd. kroner. Tidlegare gjekk delar av spelemidlane til gåveforsterkingsordninga, men regjeringa har avvikla denne til fordel for inkluderande kulturtiltak i heile landet. Ein auke av spelemidlar til tilskotsordninga *Kulturrom* og den desentraliserte ordninga for kulturbygg, som vert forvalta av fylkeskommunane, skal medverke til å oppføre og utruste eigna lokale. Regjeringa styrkjer også løyvinga til *Den kulturelle skolesekken* over spelemidlar til kulturføremål. Denne ordninga gjev alle born og unge like høve til å oppleve kunst og kultur gratis gjennom barnehage og skule, same kvar i landet dei bur.

Eit anna tiltak frå regjeringa for å stimulere til meir kunst- og kulturaktivitet i lokalsamfunna er å utvikle *regionale kulturfond*. Tiltaket er del av eit nytt kulturloft som skal kome heile landet til gode. Kultur- og likestillingsdepartementet vil utvikle tiltaket vidare i dialog med fylkeskommunane og relevante aktørar.

2.4 Inkludering av tilflyttarar

Kommunar kan styrkje grunnlaget for busetjing gjennom inkludering av tilflyttarar i lokalsamfunnet, anten det gjeld innflyttarar frå andre delar av Noreg, arbeidsinnvandrarar eller flyktningar. Distriktssenteret¹⁷ peiker på at kommunen ikkje kan gjere dette arbeidet aleine. Det krev samarbeid med næringsliv, andre offentlege verksemdar, frivillige og innbyggjarar, og det krev involvering av tilflyttarane sjølve. For tilflyttarar er det ekstra viktig å få nettverk og verte ein del av lokalsamfunnet. Arbeid er ei viktig årsak til at folk flyttar, men familie, nettverk og kvalitetar ved staden påverkar også avgjerder om å flytte, særleg når det gjeld flytting til andre stader enn dei store byane.¹⁸

Mange distriktskommunar har i periodar hatt vekst i folketalet og arbeidsstyrken gjennom innvandring. Innvandrarar som er inkluderte i lokalsamfunnet, får også lettare jobb. Når innvandrarar får brukt kompetansen sin i lokalt nærings- og arbeidsliv, vert dei ein ressurs for verksemdene og for lokalsamfunnet.¹⁹

¹⁷ Distriktssenteret (2020). *Tilflyttings- og rekrutteringsarbeid i distriktene – en oppsummering av kunnskap* (notat til demografiutvalet). <https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2020/05/tilflyttings-og-rekrutteringsarbeid-i-distriktene.pdf>.

¹⁸ Sørli, K., Aure, M., Langset, B. (2012). *Hvorfor flytte? Hvorfor bli boende? Bo- og flyttemotiver de første årene på 2000-tallet* (rapport). NIBR.

Krigen i Ukraina har ført til den største masseflukta i Europa sidan andre verdskrig. Kommunar i heile Noreg har det siste året busett mange fordrivne frå Ukraina. Situasjonen rundt krigen er framleis uavklart, og talet på flyktningar som kjem, kan auke ytterlegare. I 2022 kom det nesten 41 000 asylsøkjjarar til Noreg. Meir enn 36 000 var ukrainske borgarar. Kommunane busette i fjor over 31 000 personar til saman, der 27 000 er frå Ukraina. Dette er busettnadsrekord for norske kommunar. Regjeringa har i samband med revurdert nasjonalbudsjett lagt til grunn eit estimat for 2023 på 40 000 asylsøkjjarar frå Ukraina og 5 000 frå andre land. Prognosane er svært usikre og UDI publiserer jamlege scenario-rapportar basert på oppdatert informasjon.²⁰ Kommunane har vorte bedne om å busetje til saman 38 000 flyktningar i 2023.²¹ Dette kjem i tillegg til dei som er busette i kommunane dei siste åra.

Historisk har busetjing av flyktningar vore relativt desentralisert, i den forstand at ein større del av flyktningane har vorte busette i distriktskommunar enn folketalet tilseier.²² I åra 2018–2021 vart berre 210 kommunar oppmoda om å busetje flyktningar, men i 2022–2023 er alle kommunane oppmoda om dette. Når det er mange som kjem, vert fordelingsmønsteret forsterka, slik at ein større del av flyktningane blir busette i distriktskommunar enn det folketalet tilseier. Busetjinga av ytterlegare 38 000 flyktningar i 2023 som Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har oppmoda til, vil i stor grad fylgje det same geografiske mønsteret med stor busetjing i distriktskommunar.

Det er ei kommunal oppgåve å finne bustader til flyktningar som kommunane har avtalt å busetje. Det er framleis eit potensial for å busetje flyktningar meir desentralt i den einskilde kommunen, mellom anna for å nytte ledig plass i barnehagar og skular i område med svak eller negativ utvikling i folketalet.


I 2022 medverka innvandringa til folketalsvekst i alle fylke og på alle sentralitetsnivå (sjå boks 1.2). Folketalsveksten i dei minst sentrale kommunane (distriktskommunar på sentra-

¹⁹ Søholt, S., Tronstad, K., Rose, Vestby, G.M. (2015). *Sysselsetting av innvandrere – regionale muligheter og barrierer for inkludering* (rapport). NIBR, HiOA. Oslo.

²⁰ UDI (2023). <https://www.udi.no/aktuelt/regner-med-40.000-ogsa-i-2023/>.

²¹ <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/bosettingsprosessen/imdis-anmodning/>.


²² Monitor for sekundærflytting. Sekundærflytting blant personer med flyktningbakgrunn bosatt i Norge 2007–2016 (ssb.no).



Figur 2.2 Busette flyktningar per 1000 innbyggjarar etter sentralitet

2012–2021: årleg gjennomsnitt. Vedtak 2022: vedtak om busetjing i kommunane 2022. Busette 2022: talet på busette i kommunane i 2022. Oppmoding 2023: IMDi's oppmoding til kommunane om busetjing.

Kjelde: IMDi. Utrekning: Kommunal- og distriktsdepartementet.



Figur 2.3 Årleg endring i folketalet etter sentralitet 2000–2022

Kjelde: SSB. Utrekning: Kommunal- og distriktsdepartementet.

litetsnivå 4, 5 og 6 samla) er den høgaste sidan 1966 (som er det fyrste året SSB har tal for). Det er særleg veksten i kommunar på sentralitetsnivå 5 og 6 som trekkjer opp. Utan innvandring ville det vore folketalsnedgang i kommunane på sentralitetsnivå 4, 5 og 6. Tilsvarande ville også Innlandet, Vestland, Møre og Romsdal, Nordland og

Troms og Finnmark hatt nedgang i folketalet utan innvandring.

Regjeringa har gjennomført fleire tiltak for å få busett flyktningar på ein rask og effektiv måte. Regjeringa ynskjer at busetjinga skal skje styrt og spreidd, og mange kommunar i distrikta har busett flyktningar. Det er eit ynske at flyktningane

vert godt integrerte i lokalsamfunna og kjem raskast mogleg ut i jobb.

Frivillige aktørar har gjeve eit stort og viktig bidrag til inkludering av nykomne frå alle land. Regjeringa oppfordrar kommunane til å samarbeide med frivillig sektor om tiltak for inkludering og integrering. Frivillig sektor skaper møteplassar for sosialt samvær og for å knyte kontakt mellom lokale innbyggjarar og nykomne. Sosialt samvær med lokalbefolkninga er svært viktig for å sikre eit trygt opphald i Noreg. Regjeringa vil styrkje rolla til dei frivillige organisasjonane i dette arbeidet.

Det finst ei rekkje kvalifiseringstiltak for at innvandrarakar skal kome i arbeid. Det er viktig med god samordning av aktørar, ordningar og verkemiddel. Kvalifisering av innvandrarakar skjer i samarbeid mellom introduksjonsprogram, vaksenopplæring, vidaregåande opplæring, arbeidsmarknadstiltak i regi av Arbeids- og velferdsetaten og tilbod og aktivitetar i frivillig sektor. Arbeids- og inkluderingsdepartementet, i samarbeid med IMDi, har ei sentral rolle som pådrivar og samordnar for å styrkje arbeidet kommunane, sektorstyresmaktene og andre samarbeidspartnarar gjer for kvalifisering. Det er òg avgjerande å sikre ei god implementering av integreringslova, som tok til å gjelde 1. januar 2021. Integreringslova legg i stor grad vekt på formell kvalifisering, mellom anna ved å leggje til rette for gjennomføring av vidaregåande opplæring innanfor ramma av introduksjonsprogrammet og særleg i fag- og yrkesopplæring.

Arbeidsinnvandrarakarutvalet²³ har kartlagt situasjonen til arbeidsinnvandrarakar og vurdert integreringspolitiske verkemiddel for betre å integrere arbeidsinnvandrarakar i norsk arbeids- og samfunnsliv. Utvalet viser til ei rekkje barrierar for å delta i norskopplæring. Fleire arbeidsinnvandrarakar manglar norskopplæringstilbod der dei bur og arbeider. Å lære norsk legg til rette for å verte betre integrert i arbeids- og samfunnsliv. Utvalet har greidd ut alternative modellar for tilbod om norskopplæring til arbeidsinnvandrarakar. Eitt av forslaga er å innføre rett til modulbasert norskopplæring med eigenbetaling etter lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova). Rapporten har vore på høyring. Tilrådingane frå utvalet vil mellom anna verte vurderte i samanheng med arbeidet med den planlagde stortings-

meldinga om integreringspolitikk, inkludert forslaga om norskopplæring for arbeidsinnvandrarakar.

I 2022 fekk IMDi, i samarbeid med Direktoratet for høgare utdanning og Arbeids- og velferdsdirektoratet, i oppdrag å utvikle og administrere eit forsøk med ein nasjonal samarbeidsmodell for tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarakar. Dette kjem i tillegg til ordninga med tilskot til etablering og gjennomføring av tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring.

2.5 Bustader er sentralt for utvikling av gode lokalsamfunn

Ein velfungerande bustadmarknad er ein føresetnad for nærings- og samfunnsutvikling i alle kommunar. Kommunane må ha ein aktiv bustadpolitikk for å sikre ein bustadmarknad med varierte og eigna bustader.

Sjølv med låge tomteprisar i fleire distriktsområde kan det vere vanskeleg å byggje ny bustad, fordi det er dårleg samsvar mellom byggjekostnadene og den marknadsverdien huset får når det er ferdig. Det gjer bustadinvesteringar meir privatøkonomisk risikofylte og kan føre til låg omsetningstakt og lite nybygging. Det er minst bustadbygging i distriktskommunar i Innlandet, etterfylgt av Troms og Finnmark og Nordland.

Mange distriktskommunar har få utleigebustader. I mange kommunar er det også ei utfordring at tomme bustader, som kunne vore selde eller brukte til utleigebustader, ikkje er tilgjengelege i marknaden. Dette skjer fordi dei er vurderte som attraktive fritidsbustader til eige eller sesongbasert utleige, eller fordi dei ligg på busette tun.²⁴ Mangel på utleigebustader kan vere utfordrande for unge eller familiar som ynskjer å arbeide og «prøve-bu» før dei tek den endelege avgjerda om langsiktig etablering. Låg tilgang på utleigebustader kan òg vere eit hinder for rekruttering av arbeidskraft, til dømes i sesongbaserte næringar.

Den lågare prisstiginga gjer at bustadeigarar i distrikta ikkje har hjelp av bustadprisutviklinga til å byggje eigenkapital, og dette gjer det vanskeleg å kjøpe bustad.²⁵ Spesielt blant eldre er skilnaden i kjøpeevne markant. Eigenkapitalkravet kan derfor vere ei større utfordring i distriktskommunar

²³ NOU 2022: 18 *Mellom mobilitet og migrasjon – Arbeidsinnvandreres integrering i norsk arbeids- og samfunnsliv*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

²⁴ Samfunnsøkonomisk analyse AS (2020). *Tilgang på boliger i distriktene og rekruttering av arbeidskraft*. (rapport 35-2020). Oslo.

²⁵ Samfunnsøkonomisk analyse AS (2022). *Kartlegging av tilgang og pris på boligfinansiering i distriktene*. (rapport 2-2022). Oslo.

enn elles i landet. Dette kan gjere det vanskelegare å få lån i distriktskommunar.

2.5.1 Eigna bustader for ulike grupper

Fungerande bustadmarknader og varierte bustadtilbod er viktig for den einskilde, men også for utviklinga av lokalsamfunnet. At det finst ulike typar bustader og bumiljø, er viktig for å halde på dei unge, for å rekruttere arbeidskraft og for å ha bustader tilgjengeleg slik at eldre kan bu trygt heime. Det er også viktig at bustader er universelt utforma, slik at menneske med behov for tilrettelegging kan bli inkludert i lokalsamfunnet.

Livssituasjon og livsfase avgjer kva type bustad og bumiljø som er etterspurde. Det heng saman med kva for tilbod ein treng, reisetid mellom bustad, jobb og skule/barnehage og familietilhøyrse, men også opplevinga av kva framtidssutsikter staden har.

Tilgjengelege bustader er naudsynt for at næringslivet og kommunen skal kunne rekruttere og halde på arbeidskraft. Undersøkingar viser at manglande tilgang på eigna bustader er ei viktig årsak til at verksemdar i distriktskommunar har utfordringar med å rekruttere arbeidskraft.³³ Bustadtilbodet er derfor viktig for attraktiviteten til distriktskommunane.

Gode nærmiljø og nabolag med varierte bustader, tenestetilbod, møteplassar og eit breitt fritidstilbod er viktig for god helse og livskvalitet, trivsel og samhald for dei som bur der. Levande og attraktive stader er viktig for at tilflytta arbeidskraft vert buande. Ei aktiv stadutvikling vil også redusere risikoen ved bustadinvesteringar.³³

Fleire distriktsområde har ein spreiddbygd bustadmasse prega av store og gamle einebustader. I distriktskommunane er over 90 prosent av bustadene einebustader, tomannsbustader eller rekkjehus,²⁶ og hovuddelen er eldre bustader bygde mellom 1945 og 1980-talet. I dei minst sentrale kommunane (sentralitetsnivå 6) er berre 7 prosent av bustadene bygde etter 2010 (9 379 bustader), mot 13 prosent (81 215 bustader) i kommunar på sentralitetsnivå 2. I mange kommunar er det eit gap mellom bustadtilbodet og etterspurnaden etter mindre og meir sentrumsnære bustader, særleg frå fyrstegangsetablerarar, arbeidsinnvandrarar og eldre.

Tilstrekkeleg med eigna bustader til eldre er ei utfordring i distriktskommunar. I tillegg til at

det er få tilrettelagde bustader for denne gruppa, vert det bygd få slike bustader i den ordinære marknaden. Tilgang på lettstelte bustader, i nærleiken av tenestefunksjonar, er viktig for mange eldre som ynskjer å kunne bu lenge heime. I Oslo bur om lag 14 prosent av dei mellom 67 og 79 år i einebustad. I Troms og Finnmark bur om lag 74 prosent av denne aldersgruppa i einebustad.

Vi lever stadig lenger, og mange eldre kjem til å halde seg friske og i god form lenge. Likevel er det naudsynt å planleggje for at fleire vil trenge helse- og omsorgstenester i framtida. Dette er ei utfordring som ikkje kan løysast i helse- og omsorgstenesta åleine. Det er viktig å tenkje nytt om samanhengen mellom eit godt og helsefremjande lokalsamfunn, ein tilpassa bustad og gode helse- og omsorgstenester. Sjølv om vi blir fleire eldre i heile landet, vil auken særleg prege dei minst sentrale delane av landet.

I juni 2023 la regjeringa fram ei stortingsmelding om Fellesskap og meistring – Bu trygt heime.²⁷ Reforma skal leggje betre til rette for å utvikle gode lokalsamfunn og bustadmiljø, gjere det enklare for kvar einskild å planleggje og ta grep i eigen bustad, sørge for at dei som jobbar nærast dei eldre, får meir ansvar og tillit, og bygge ut tenestene slik at eldre og pårørende er trygge på at fellesskapet stiller opp. Hovudmålet med reforma er å gjere det trygt for eldre å bu lenger heime. Som ein del av reforma vil regjeringa mellom anna leggje fram eit eige eldrebustadprogram. Husbanken vil vere sentral i gjennomføringa av programmet, saman med kommunane. Det er eit mål å sikre berekraft gjennom betre planlegging, styrkt førebygging og meir målretta tenester.

For å lage gode rammer for bustadutvikling treng vi god og oppdatert kunnskap om flaskehalsar og handlingsrom lokalt og nasjonalt. Husbanken og Distriktsenteret er viktige bidragsytarar til politikktviklinga, med kompetanse om bustadmarknaden, bustadpolitikk og lokal samfunnsutvikling. Dei har også ei rolle i å spreie og dele kunnskap til kommunar og utbyggjarar.

Regjeringa vil våren 2024 leggje fram ei stortingsmelding om ein heilskapleg bustadpolitikk. Stortingsmeldinga vil ta for seg rolla til kommunane i å utjamne sosiale og geografiske skilnader og leggje vekt på verdien av gode nærmiljø i bygd og by. I samband med bustadmeldinga vil regjeringa mellom anna vurdere korleis utlånsskrifta kan påverke bustadmarknaden i distrikta.

²⁶ SSB (2023). *Statistikkbanken – Boliger*. <https://www.ssb.no/bygg-bolig-og-eiendom/bolig-og-boforhold/statistikk/boliger>.

²⁷ Meld. St. 24 (2022–2023) *Fellesskap og meistring – Bu trygt heime*.

2.5.2 Eit aldersvenleg samfunn

Mange distriktskommunar har ein aldrande folkesetnad, og det vil verte fleire eldre i åra framover. SSB²⁸ har i rapporten *Framtidens eldre i by og bygd* framskrive aldring for kvar kommune og sett dette i samanheng med sosiale og økonomiske tilhøve. Analysen viser at fleire eldre i mange distrikts- og utkantkommunar kjem til å leve åleine, utan nær familie og med utdanning og inntekt under gjennomsnittet. Mange vil leve fleire år med god helse som pensjonist før dei etter kvart vil trenge meir omfattande helse- og omsorgstenester. For regjeringa er det viktig å stimulere til ei samfunnsutvikling som fremjar friskare aldring, slik at eldre kan leve eit aktivt liv i eit aldersvenleg samfunn. Dagleg fysisk og sosial aktivitet er viktig for god helse og livskvalitet. Det er derfor viktig med tilgjengelege tilbod for alle, uavhengig av alder, funksjonsnivå og sosioøkonomisk status.

I *Nasjonalt program for et aldersvennlig Norge* er det etablert eit nasjonalt nettverk for aldersvenlege kommunar og lokalsamfunn med så langt over 210 deltakarar. Det er utarbeidd handbøker og anna rettleingsmateriell.²⁹ Programmet legg vekt på medverknad frå dei eldre innbyggjarane, samarbeid med frivillig sektor og næringslivet, og å gjere dei eldre medvitne om å planleggje sin eigen alderdom med vekt på eigna bustad, helse, sosiale nettverk og anna. Aldersvenleg transport og digital inkludering er òg etterspurde tema i programmet. Arbeidet vert vidareført i den nye eldrereforma Fellesskap og meistring – Bu trygt heime.

2.5.3 Det distriktsretta arbeidet til Husbanken

Husbanken har fleire verkemiddel for å auke tilgangen på eigna bustader i distriktskommunar. Husbanken forvaltar økonomiske verkemiddel, utviklar verktøy og gjev råd om bustadbygging og utvikling av gode bumiljø til kommunane, frivillig sektor og byggsektoren. Lån frå Husbanken skal medverke til å nå bustadpolitiske mål som elles ikkje ville vorte nådde. Regjeringa har gjennomført ei rekkje grep for å styrkje det distriktsretta arbeidet til Husbanken.

Boks 2.7 Auka bruk av lån til bustadkvalitet i distriktskommunar

Lån til bustadkvalitet frå Husbanken er også med på å sikre eigna bustader for eldre gjennom å stimulere til fleire bustader med livsløpskvalitet og forbetra tilkomst i nye og eksisterande bustader, både einebustader og leilegheiter. Husbanken gav i 2022 om lag 500 mill. kroner i lån til bygging av 164 bustader i distriktskommunar på sentralitetsnivå 5 og 6, om lag det same som året før. 16 bustader fekk tilsegn til oppgradering for energieffektivisering og tilgjengelegheit, ein auke frå 4 bustader året før. I tillegg gav Husbanken investeringstilskot til 104 omsorgsbustader i distriktskommunar.

For å få fart på bustadbygginga i distrikta la regjeringa i tilleggsproposisjonen for 2022 inn at inntil 1 mrd. kroner kan prioriterast til lån til utleigebustader og lån til bustadkvalitet i distriktskommunar på sentralitetsnivå 5 og 6. Samstundes vart utlånsramma i Husbanken auka til 21 mrd. kroner, ein auke på 2 mrd. kroner samanlikna med forslaget frå førre regjering.

Gjennom startlån og lån til utleigebustader og bustadkvalitet stimulerer Husbanken til auka bygging av bustader til eige og leige i distriktskommunar. Låna er eit tillegg i dei områda der pante-tryggleiken er låg og private bankar er meir restriktive. Husbanken kan, etter individuell vurdering, gje høgare låneutmåling når marknadsverdien av nybygde bustader er lågare enn byggjekostnadene. Unntaket frå reglane om maksimal lånegrad i distrikta gjeld for alle låneordningane til Husbanken som er omfatta av forskrift om lån frå Husbanken.

Husbanken har fått i oppdrag å forsterke informasjons- og rettleingsarbeidet overfor distriktskommunane. I tildelingsbrevet for 2023 har regjeringa ytterlegare styrkt oppdraget og bede Husbanken om å prioritere å gje bustadpolitisk støtte til distriktskommunar. Informasjonen frå Husbanken til kommunar og utbyggjarar om at ein kan få lån til å betre bustadkvaliteten og til utleigebustadprosjekt, har gjeve resultat. Etterspurnaden etter lån til bustadkvalitet har auka dei siste åra, og distriktskommunane har auka opptaket av slike lån. Husbanken ventar framleis auka etterspurnad i tida framover.

²⁸ SSB (2017) *Framtidens eldre i by og bygd* (rapport 2017/32).

²⁹ Mellom anna rapporten *Et godt sted å bli gammel, om aldring i rurale kommuner* frå Nord universitet. NF-rapport+nr+11-2020+Et+godt+sted+å+bli+gammel.pdf (unit.no).

Boks 2.8 Hotell i Geiranger bygde bustader for å sikre arbeidskraft

Det har lenge vore behov for fleire utleigebustader i Geiranger, men Stranda kommune har hatt få eller ingen tomter å tilby. Hjørnesteinsverksemda Hotel Union tok saka i eigne hender og bygde 24 utleigebustader for sine tilsette med familiar. Den lille tettstaden i Stranda kommune har 210 innbyggjarar og nær éin million tilreisande turistar i normalår. Det er avgjerande for ein stor arbeidsgjevar som Hotel Union å ha tilgang på bustader for å kunne skaffe arbeidskraft i sesongen og halde på arbeidskrafta over tid. Av totale prosjektkostnader på 66 mill. kroner finansierte Husbanken leileheitene med 35 mill. kroner i lån til bustadkvalitet. Husbanken brukte unntaket i låneforskrifta om lånegrad, som i distrikta ofte vil vere langt høgare enn marknadsverdien til eigedomen.

I tettbygde område med høge bustadprisar er startlån frå Husbanken retta mot dei som er varig vanskelegstilte på bustadmarknaden. Distriktkommunar kan også bruke startlån for å trekkje til seg og halde på arbeidskraft og skape fungerande bustadmarknader lokalt. Startlån kan vere ei aktuell finansieringskjelde for fyrstegongs-etablerarar med ingen eller lite eigenkapital, og for folk som flyttar til kommunen for å ta jobb, og som har noko eigenkapital og gode inntektsutsikter. I 2022 tok distriktkommunane på sentralitetsnivå 5 og 6 opp i underkant av 1,2 mrd. kroner i startlån til 1201 husstandar. Dette er ein auke på 21 prosent samanlikna med 2021. Frå 2022 skal kommunane registrere når dei gjev startlån for å halde på eller tiltrekkje seg arbeidskraft. Totalt 44 husstandar i 30 kommunar fekk lån på dette grunnlaget i 2022. 18 av desse kommunane var på sentralitetsnivå 5 og 6.

Prosjekt som er finansierte med lån frå Husbanken, skal ha nøktern standard når det gjeld areal og kostnader. Derfor har Husbanken grenser for kor store bustadene finansierte av lån til bustadkvalitet kan vere. Fleire har gjeve innspel om at reglane for lån til bustadkvalitet har vore for strenge til at ordninga er relevant i distrikta. Husbanken har lytta til råda frå kommunar og utbyggjarar og endra arealkrava for lån til bustadkvalitet. Frå 1. januar 2023 er arealgrensa for lån til

bustadkvalitet for einebustader auka frå 150 til 200 kvadratmeter. Fristen for byggjeart vert samstundes forlengd frå tre til seks månader. Dette er ei viktig endring for distriktkommunar og gjer låneordninga meir tilpassa bustadbyggingsbehova i distrikta. Det heng godt saman med funna i ei undersøking gjennomført av Distriktssenteret om motivasjonen unge har for å bu i distrikta.³⁰ Dei som er motiverte for å busette seg i ein distriktkommune, verdset mellom anna det å bu i ein einebustad med eigen hage og ha lett tilgang til naturen høgare enn dei som vil bu meir sentralt.

I arbeidet med bustadmeldinga vil regjeringa gå gjennom verkemidla vi har i dag, og undersøkje om dei svarer på breidda i utfordringsbiletet til kommunane. Regjeringa vil vurdere om ein større del av låna frå Husbanken skal gå til bustad-etablering i distriktkommunar, særleg på sentralitetsnivå 6.

2.5.4 Ei styrking av kommunen som bustadpolitisk aktør

Kommunane er dei viktigaste aktørane i bustadpolitikken og har mange roller. Dei har ansvar for areal- og samfunnsplanlegginga i kommunen, og dei er tomteeigarar, legg til rette for infrastruktur og forvaltar viktige bustadøkonomiske verkemiddel. Kommunen har ansvar for bustadsosiale tiltak, medan lokale utbyggjarar medverkar til bustadutvikling i den ordinære marknaden. I ein fungerande bustadmarknad er dette ei forventa rolle. I sårbar, usikre og lågt fungerande marknader er det ikkje sjølvagt. Avkastning og fortjenestemarginar er annleis, risikoen er større, og sjølve arbeidet krev meir innsats.³¹

Når bustadmarknaden fungerer dårleg, er det særleg viktig at kommunane tek ei aktiv rolle. Det krev ressursar og kunnskap om planlegging av bustadpolitikk og verkemiddel. Ein aktiv kommune kan stimulere til bygging av bustader og ein meir variert bustadmarknad. Mange kommunar manglar tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ta ei slik rolle. Samstundes er det også mange kommunar som ikkje kjenner godt nok til ordningane i Husbanken og kva Husbanken kan tilby av kompetanse og erfaring. Dette forklarar kvifor mange kommunar ikkje tek fleire bustadinitiativ,

³⁰ Nortug, H. (2021). *Unge motivasjon til å bo i distriktene* (rapport). Distriktssenteret.

³¹ Distriktssenteret (2020). *Næringslivets betydning for stedsutvikling, boligutvikling og inkludering i distriktkommuner* (notat til Distriktnæringsutvalet).

Boks 2.9 Forsøksordning for tilbakekjøpsavtale i Lebesby kommune

Lebesby kommune lanserte i 2022 ei forsøksordning for privatpersonar som ynskjer å byggje ny bustad.¹ Ordninga inneber at kommunen gjer ei tilbakekjøpsavtale med bustadbyggjaren der kommunen forpliktar seg til å kjøpe bustaden til restgjelda dersom bustadbyggjaren ynskjer å selje. Forsøksordninga gjeld for inntil seks bustader i perioden 2022–2025. Ein tilbakekjøpsavtale fjernar ein del av risikoen med å byggje ny bustad, i tillegg til å gje banken større tryggleik for lånet. Avtalen kan kombinerast med andre ordningar som kommunen tilbyr, inkludert eit tilskot på 200 000 kroner til alle som byggjer ny bustad, og høve til å søkje delfinansiering via startlansordninga.

¹ Lebesby kommune. *Kommunal tilbakekjøpsavtale (2022–2025)*. <https://www.lebesby.kommune.no/kommunal-tilbakekjøpsavtale.569341.no.html>.

og at dei i mindre grad gjer seg nytte av økonomiske verkemiddel som faktisk finst.

Ny lov om ansvaret til kommunane på det bustadsosiale feltet tek til å gjelde 1. juli 2023. Kommunane har hovudansvaret og dei beste føresetnadene for å kunne hjelpe innbyggjarane med å skaffe seg ein eigna bustad. Kommunane skal mellom anna gje individuelt tilpassa hjelp til å skaffe særleg tilpassa bustader, og dei skal ha hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonsnedsetjing eller andre årsaker.

Gjennom arbeidet med nye nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vil regjeringa opne for ei tydelegare differensiering mellom ulike kommunar, som at ein i distriktsområde kan leggje til rette for nye bustader i spreiddbygde område.

Bustadutvikling må sjåast i samanheng med rolla til kommunane i tenesteproduksjon og nærings- og stadutvikling. I rapporten *Kommunen som aktiv bustadpolitisk aktør* peiker Asplan Viak³² på at kommunane må gjere betre vurderingar av bustadbehovet og bustadbyggjebehovet og kor-

³² Asplan Viak AS (2018). *Kommunen som aktiv boligpolitisk aktør* (rapport).

Boks 2.10 Bustad for velferd Innlandet

Statsforvaltaren i Innlandet har i samarbeid med Husbanken øst, Innlandet fylkeskommune og Nav Innlandet invitert alle kommunar i fylket til eit samarbeid for å sjå bustadsosialt arbeid og innsatsen for born, unge og barnefamiljar i samanheng. Kommunane får bistand frå eit samordna regionalt nivå med utgangspunkt i det kommunen sjølv ynskjer bistand til. Prosjektet skal tilby ei koordinert og samla «pakke» frå dei regionale aktørane, frå kunnskapsgrunnlag og dialog om utfordringsbilete, til tilbod om kompetanse, verkemiddel og aktuelle verktøy for gjennomføring, og nettverk og deling av erfaringar på tvers av kommunar.

leis det er integrert i andre politikkområde. Det krev også betre samhandling mellom kommunane, fylkeskommunen, statsforvaltaren og Husbanken. Dette vert også understreka i rapporten frå Sintef³³ – *Bo hele livet* – som rettar seg mot planlegging for auka bu- og livskvalitet for eldre. Fylkeskommunen har ei rolle som regional samfunnsutviklar og rettleiar i arbeidet med bustadplanlegging, som del av samfunnsplanlegginga. Distriktsenteret er ein ressurs som hjelper distriktskommunane med kunnskap om handlingsrom og verkemiddel for å kunne ta bustadstrategiske val. I tildelingsbrevet for 2023 har Distriktsenteret fått i oppdrag å spreie kunnskap om samanhengar mellom samfunnsutvikling og bustadplanlegging og bustadutvikling i distriktskommunar, i samarbeid med Husbanken.

I ein situasjon med ein bustadmarknad som ikkje fungerer, står ikkje utbyggjarar i kø. Det finst døme på at når roller og forståing av oppdrag er avklart, finn offentlege og private aktørar saman. Det kan vere samarbeid om å realisere leilegheitsbygg der ein kommune kjøper nokre av leilegheitene til kommunale føremål, eller samarbeid om auka tilbod av utleigebustader der kommunen har opsjon på nokre av bustadene gjennom tilvisingsavtalar. Næringsliv og lokale utbyggjarar kan samarbeide på nye måtar om å få

³³ Høyland, K., Denizou, K., Halvorsen, T., Moe, E. (2020). *Bo hele livet. Nye bofellesskap og nabolag for gammel og ung* (rapport). SINTEF Fag.

til drivbare prosjekt, til dømes ved at lokale utbyggjarar finn nye nisjar og forretningsområde gjennom å kombinere butikk og forretningsdrift med bustadutvikling eller gjennom å ta nye roller som profesjonelle aktørar i utleigemarknaden.³⁴

Regjeringa vil medverke til at kommunar kan tenkje nytt om bustadutvikling og prøve ut nye måtar å jobbe på. I statsbudsjettet for 2023 har regjeringa løyvd midlar til ei ny ordning for bustadtiltak i distrikta. Tilskotet skal gå til kommunar til testing av nye bustadtiltak og til kunnskapsutvikling og innovasjon i kommunane. Føremålet er å utvikle nye samarbeidsformer og forsøk med nye bustadkonsept og verkemiddel, mellom anna i distriktskommunar i Nord-Noreg som treng å styrkje tilbodet av eigna bustader. Husbanken og Distriktsenteret skal samarbeide om den nye tilskotsordninga.

2.5.5 Nye byggjereglar for lokalsamfunn påverka av naturfarar

Byggteknisk forskrift (TEK17) inneheld føresegner om tryggleik mot naturpåkjenningar når ein skal byggje. Krava gjeld for nybygg og nokre typar endringar på eksisterande bygg. Forskrifta fastset kva slags utbyggingar som er tillatne, basert på kva type bygg det er snakk om, kor utsett bygget er for naturfarar, og kva sikrings-tiltak det er mogleg å gjennomføre.

Store delar av Noreg, og særleg Vestlandet og Nord-Noreg, har fjordar og dalar som er omgjevne av høge og bratte fjellsider. Her kan det gå fjellskred, og i nokre tilfelle kan fjellskreda gå

ut i ein fjord og føre til flodbølger. Meir kartlegging av og kunnskap om ustabile fjellparti har dei siste åra gjeve auka tryggleik i slike utsette område. Samstundes har det som fylgje av dei tidlegare krava i TEK17 vore unødige strenge byggjerestriksjonar og stans i ynskt utvikling. For å leggje til rette for vidare utvikling og verdiskaping i lokalsamfunn som kan verte råka av fjellskred og flodbølger, samstundes som persontryggleiken vert sikra, har Kommunal- og distriktsdepartementet endra byggjereglane i 2022 og 2023. Endringane legg mellom anna betre til rette for investeringar i industri, jordbruk, turisme og bustadbygging i fleire kommunar på Vestlandet og i Nord-Noreg. Dette er viktig for å halde oppe vekst og framtidstru i desse distriktskommunane.

Det er framleis behov for risikobaserte krav som er meir tilpassa dei lokale tilhøva. Regjeringa vil derfor vidareutvikle regelverket og har sett ned ei arbeidsgruppe med representantar for Direktoratet for byggkvalitet, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Direktoratet for samfunns-tryggleik og beredskap. Gruppa vil mellom anna sjå på om det er mogleg å opne for organisatoriske flaumsikringstiltak, slik at det vert enklare å få til ynskt utvikling i område som er påverka av flaumfare, samstundes som tryggleiken vert sikra. I tillegg skal gruppa vurdere om krava til tryggleik i TEK17 er på riktig nivå, og korleis krava i større grad kan ta omsyn til framtidige klimaendringar. Arbeidet vil medverke til at det i større grad er mogleg å ta heile landet i bruk på ein trygg måte. Departementa har bede om at Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og transportetatane på eigna måte deltek i dette arbeidet.

³⁴ Sørvoll, J., Løseth, G.K. (2017). *Samfunnsverkniningar av boligpolitikk. Boligsatsingar og samfunnsutvikling i ti norske distriktskommuner* (rapport). NOVA.

3 Trygge samfunn og tenester nær folk

Trygge lokalsamfunn over heile Noreg med tenester nær folk er eit grunnleggjande mål for denne regjeringa. Regjeringa vil at alle innbyggjarar skal ha tilgang til eit godt tenestetilbod same kvar i landet dei bur. Mange av dei viktigaste velferdsoppgåvene er det kommunane som har ansvar for, og det kommunale sjølvstyret gjev rom for lokale tilpassingar. Staten og kommunane har viktige roller for å sikre gode levekår og tenester i bygd og by i heile Noreg. Tilgang til gode tenester er viktig for alle, men kan krevje andre løysingar i område med lågt folketal og store avstandar enn i tettbygde strom.

Distriktsdemografiutvalet¹ peiker på at ei demografisk utvikling med aldrande folkesetnad krev innovasjon og nye løysingar. Fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder fører til at mange kommunar manglar arbeidskraft med rett kompetanse. Det kan gjere det krevjande å tilby innbyggjarane tenestene dei treng, slik som barnehage, grunnskule, helse- og omsorgstenester, heimesjukepleie, sjukeheimsdrift og fastlegetenester. Fleire eldre gjer det naudsynt at staten og kommunesek-

toren ser fleire sektorar og tenestetilbod i samanheng, og at tenesteutviklinga i større grad skjer på premissane til kvart einskilt lokalsamfunn.

3.1 Eit inntektssystem for likeverdige tenester

Kommunane er nærast til å vurdere kva som trengst i deira lokalsamfunn. Det kommunale sjølvstyret gjev handlingsrom for å prioritere og tilpasse løysingane lokalt. Regjeringa vil leggje til rette for eit auka kommunalt sjølvstyre med større grad av innovasjon.

Kommunane har ulik geografi, alderssamansetnad og levekår. Nokre kommunar har mange ungar i skulealder, andre har mange eldre som treng omsorgstenester. Nokre kommunar har mange menneske på eit relativt lite areal, andre har lange reiseavstandar og spreidd busetjing. Dette gjer at kommunale tenester, som grunnskule, barnehage og omsorgstenester, ikkje kostar det same å tilby i alle kommunar. Inntektssystemet er eit system for fordeling av dei frie inntektene mellom kommunane og mellom fylkeskommunane. Hovudføremålet er å medverke til at kommunane og fylkeskommunane kan gje eit

¹ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Boks 3.1 Innbyggjarundersøkinga om kvalitet på offentlege tenester

Direktoratet for økonomiforvalting (DFØ) har ansvaret for gjennomføring av den store norske innbyggjarundersøkinga. Her vurderer innbyggjarane ei rekkje kommunale og nasjonale offentlege tenester og korleis det er å bu i Noreg og i kommunen.

DFØ skriv i ei oppsummering til Kommunal- og distriktsdepartementet at det ikkje er nokon klar skilnad mellom kor tilfredse innbyggjarane i dei ulike kommunane er. Skilnaden går i hovudsak ut på at innbyggjarane i dei største og mest sentrale kommunane er meir tilfredse med statlege og kommunale tenester enn innbyggja-

rane i dei minste og minst sentrale kommunane. Det er for dei statlege einskildtenestene det kjem tydelegast fram at innbyggjarane i dei største og mest sentrale kommunane er mest tilfredse. For store og viktige kommunale tenester som sjukeheim, helse- og omsorgstenester i heimen og plan- og bygningskontoret er innbyggjarane meir tilfredse i dei mindre og minst sentrale kommunane, og tilfredsheita fell med aukande kommunestorleik. Fastlege, brannvesen og bibliotek er dei kommunale tenestene som innbyggjarane i dei største kommunane er mest fornøgde med.

Boks 3.2 Generalistkommuneutvalet

Generalistkommuneutvalet leverte sin rapport¹ til regjeringa i mars 2023. Generalistkommuneprinsippet vil seie at alle kommunar har ansvaret for dei same oppgåvene uavhengig av kva føresetnader dei har. Utvalet har kartlagt og analysert korleis generalistkommunesystemet fungerer, og korleis det har utvikla seg i seinare tid. Utvalet har vurdert dei føresetnadene og rammene kommunane har for å vere generalistkommunar i dag og i framtida.

Utvalet meiner at generalistkommunesystemet er under aukande press, mellom anna fordi det i framtida truleg blir større skilnader når det gjeld kva føresetnader kommunane har for å ta hand om det ansvaret. Samstundes er utvalet tydeleg på at det meiner generalist-

kommuneprinsippet bør vidareførast. Utvalet vil redusere graden av statleg detaljstyring og peiker på at interkommunalt samarbeid og eit utjamnande inntektssystem er avgjerande for å halde oppe generalistkommunesystemet. Utvalet meiner lokalt handlingsrom er naudsynt for å kunne tilpasse tenestetilbod og oppgåver til lokale tilhøve, og for å utvikle innovative løysingar på utfordringane kommunane står overfor. Fleirtalet i utvalet går inn for ein aktiv politikk for større kommunar. Utvalet tilrår ikkje å flytte oppgåver frå alle kommunar, eller differensiering av oppgaveansvar mellom kommunane.

¹ NOU 2023: 9 *Generalistkommunesystemet – Likt ansvar – ulike forutsetninger*. Kommunal- og distriktsdepartementet.

likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Det er to store utjamningsmekanismar i inntektssystemet: utgiftsutjamninga, som jamnar ut etter-spurnads- og kostnadsskilnader, og inntektutjamninga, som er ei delvis utjamning av skatteinntektene.

Rammefinansiering styrkjer det lokale sjølvstyret og gjev handlingsrom. Derfor skal kommunesektoren i all hovudsak vere rammefinansiert med frie midlar. Rammetilskot og skatteinntekter er del av dei frie inntektene, som utgjer om lag 70 prosent av dei samla inntektene til kommunesektoren. I 2021 var summen av frie inntekter om lag 469 mrd. kroner. Av dette utgjorde rammetilskota om lag 188 mrd. kroner og skattane i overkant av 281 mrd. kroner.

Den omfattande omfordelinga gjennom utgifts- og inntektutjamninga er svært viktig for å setje kommunane i stand til å gje likeverdige tenester. I tillegg finst det også tilskot til kommunane som er grunngevrne ut frå distrikts- og regionalpolitiske målsetjingar i inntektssystemet, som *distriktstilskot Sør-Noreg* og *distriktstilskot Nord-Noreg*. Desse tilskota skal medverke til busetjing og levedyktige lokalsamfunn, næringsutvikling og ei god samfunnsutvikling. Tildelinga av distriktstilskot tek utgangspunkt i distriktsindeksen (sjå boks 5.5), som er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune.

Regjeringa varsla i Hurdalsplattforma ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane og fylkeskommunane. Inntektssyste-

mutvalet, som vart oppnemnt av regjeringa Solberg i mai 2020, har gått gjennom dei ulike delane av inntektssystemet for kommunane. Utvalet la fram si vurdering av systemet med forslag til endringar i august 2022.² Regjeringa Støre sette i tillegg ned eit ekspertutval for å vurdere inntektssystemet for fylkeskommunane. Utvalet la fram rapporten sin i desember 2022. Begge rapportane har vore på høyring. Regjeringa la fram forslag til endringar i inntektssystemet for fylkeskommunane i kommuneproposisjonen 2024. Når det gjeld inntektssystemet for kommunane vil regjeringa leggje fram ein heilskapleg gjennomgang i ei eiga melding til Stortinget våren 2024, med sikte på at eit nytt inntektssystem vil få verknad frå 2025.

3.2 Samarbeid om tenester

Manglande kapasitet og kompetanse til å utføre spesialiserte oppgåver gjer at mange kommunar er avhengige av samarbeid med andre kommunar for å løyse dei lovpålagde oppgåvene sine og tilby tenester til innbyggjarane. Fleire statsforvaltarar peikte på dette i årsrapportane for 2022, og det same gjer Generalistkommuneutvalet. Kommune-lova gjev eit stort handlingsrom for interkommunalt samarbeid. Kommunane har stor fridom til å velje korleis dei skal samarbeide innanfor dei

² NOU 2022: 10 *Inntektssystemet for kommunene*. Kommunal- og distriktsdepartementet.

alternativa lova viser til. Kva føremålet med samarbeidet er, kva for område samarbeidet gjeld, og kva for fullmakter samarbeidet inneber, vil vere med på å avgjere kva for samarbeidsmodell som passar i kvart tilfelle.

Vertskommunemodellen er særskilt utvikla for at kommunar kan samarbeide om lovpålagde oppgåver. *Interkommunalt politisk råd* er utvikla for politiske samarbeid om samfunnsspørsmål av interesse for kommunane som er med. *Kommunalt oppgåvefelleskap* eignar seg for samarbeid for å løyse felles oppgåver. Kommunar kan òg velje å lage uformelle samarbeid som faglege nettverk for å utveksle kompetanse og erfaringar. Nokre kommunar har gjeve uttrykk for at reglane for interkommunalt samarbeid er kompliserte. For å synleggjere handlingsrommet og fleksibiliteten i regelverket vil Kommunal- og distriktsdepartementet gje ut ein rettleiar om interkommunalt samarbeid.

Regjeringa vil vurdere forsterka tiltak for å stimulere til samarbeid mellom kommunar. Føremålet er å styrkje kapasiteten og kompetansen i oppgåveløysinga, også i eit tverrsektorielt perspektiv.

3.2.1 Pilot med nærtenesesenter

I Hurdalsplattforma varslar regjeringa eit pilotarbeid i form av nærtenesesenter, for auka til-

gang til statlege tenester, til dømes utskrivning av pass og førarkort, og kort veg til tenester som juridisk rådgjeving gjennom etablering av lokale servicetorg.

Etter fleire strukturendringar i staten, som har ført til sentralisering av statlege kontor, har mange innbyggjarar fått lengre reiseveg til tenester som krev fysisk oppmøte. Det er mange statlege tenester som ikkje er digitaliserte, og som set krav til at publikum må reise til tenestestaden. Det gjeld til dømes pass og arbeidsløyve til utanlandske arbeidadarar. Mange kommunar har lokale servicetorg der innbyggjarane kan møte opp fysisk for å få tilgang til kommunale tenester, ofte kombinert med bibliotek og frivillige tenestetilbod og opplæring i grunnleggjande digitale kunnskapar.

Regjeringa vil invitere kommunar til eit pilot-samarbeid med samlokalisering av statlege og kommunale publikumstenester, slik at innbyggjarane får ein stad der dei kan møte representantar for offentlege etatar fysisk.³ Kva statlege tenester som skal vere inkluderte i eit nærtenesesenter må avklarast i samarbeid mellom dei aktuelle kommunane og staten. I revidert nasjonalbudsjett føreslår regjeringa at det blir løyvd 10 mill. kroner

³ Dei lokale løysingane må ta omsyn til instruks for bygging og leigesaker i statleg sivil sektor. <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2012-01-20-39>.

Boks 3.3 Samarbeid gjev styrka fagmiljø og betre tenester

Astafjordlegen er eit interkommunalt vertskommunesamarbeid om drift av legekontora i Salangen, Lavangen, Dyrøy og Ibestad kommune. Alle kommunane som er del av samarbeidet har eige legekontor med dagleg bemanning, men legg til rette for eit fagleg og ressursmessig samarbeid mellom kommunane slik at dei fire avdelingane utgjer eit felles fagmiljø. Målet er ein framtidsretta og robust teneste for innbyggjarane. Rekruttering til eit felles fagmiljø, felles kommuneoverlege og ALIS gjer at det til ein kvar tid kan vere LIS1-legar ved alle fire legekontora. Samarbeidet har gjort det mogleg å fylle opp vakante stillingar. Det har vore eit aktivt rekrutteringsarbeid, mellom anna hos utdanningsinstitusjonar. Det er attraktivt for legane å vere del av ein større fellesskap der det er fokus på fagleg utvikling og arbeidsmiljø.

Astafjordlegen vart etablert høsten 2019 og har felles leiing og administrasjonstenester.

Samarbeidet har tre grupper av leger; både dei som er ferdig utdanna spesialistar, legar som er under spesialisering (ALIS) og legar som er under utdanning (LIS1). Astafjordlegen har eit systematisert utdanningsopplegg for legar under spesialisering og utdanning og har mellom anna ein rettleiar i hundre prosent stilling som sørger for opplæringa til dei legane som er under utdanning. I tillegg til legar er det også andre medarbeidarar med ulik kompetanse, som er naudsynt i legekontordriften og for samarbeidet.

Astafjordlegen har så langt vore svært hensiktsmessig for tenestetilbod, rekruttering, vidareutdanning og lokalt busette legar. Under covid-pandemien fungerte tenesten svært godt, både med tanke på kapasitet, oppgåvefordeling, tilgang, smitteverntiltak og -rettlegg, og samarbeid om dei totale helseressursane for å kunne byggje opp og ned sengepostar.

Boks 3.4 Samarbeid om dørterskel-teneste

KS og Posten inngjekk hausten 2021 ein avtale om saman å utforske nye løysingar som kan medverke til eit godt liv for innbyggjarane. Samarbeidet er særskilt retta inn mot distriktskommunar. Målet er å utforske i kva grad ulike aktørar, på tvers av sektorar og forvaltingsnivå, saman kan skape velferd på nye måtar i lokalsamfunnet. I 2022 starta KS og Posten utprøving av ei ny «dørterskel-teneste» for eldre innbyggjarar. Det inneber eit kort besøk på døra kvar veke med leveranse av post, informasjon om lokale aktivitetar, arrangement og frivillige tilbod, og dessutan annan relevant informasjon frå stat og kommune. Prosjektet prøver ut om dørterskeltenesta medverkar til ei oppleving av tryggleik og meistring blant dei eldre.

til pilotar med nærtene-sesenter. Ordninga skal etter planen vare i tre år.

3.3 Tillitsreform og forsøk

Større handlingsrom for kommunar og fylkeskommunar og meir fagleg fridom for fyrstelinja på lokalt nivå kan gje meir velferd og betre tenester til innbyggjarane. Regjeringa har derfor sett i gang ei tillitsreform i offentleg sektor. Målet er å gje innbyggjarane betre velferd og betre tenester til rett tid. For å få dette til må dei tilsette få meir rom og meir tid til å utføre arbeidsoppgåvene, og samarbeidet mellom partane i arbeidslivet må styrkjast.

Mange tilsette i offentleg sektor, særleg i fyrstelinja i kommune og stat, opplever at rapportering og kontroll i for stor grad stel tid frå kjerneoppgåver innanfor skule, eldreomsorg eller Nav. Det er trong for endringar slik at det vert meir tid og kapasitet i fyrstelinja. Utvikling av velferdstenester for framtida krev evne til å tenkje nytt. Då er det viktig å bruke kompetansen i fyrstelinja, slik at tenester vert utvikla av dei som kjenner brukarbehova aller best.

Tillitsreforma gjeld statleg og kommunal sektor og er ein del av arbeidet til regjeringa med å fornye og utvikle offentleg sektor. Innhaldet i reforma skal fastsetjast i tett samspel med brukar-

organisasjonar, tillitsvalde og leing i alle store offentlege verksemdar, og arbeidet skal i hovudsak skje etter lokalt initiativ. Måla regjeringa har for fornyinga av offentleg sektor, er meir velferd og mindre administrasjon, meir lokal fridom og mindre detaljstyring. Alle skal ha tilgang til tilpassa velferdstenester av god kvalitet gjennom det offentlege.

Tillitsbasert leing vil gjere det enklare å styre på meir føremålstenlege måtar. Statstilsetteundersøkinga frå 2021 viser at dei som er i fyrstelinja og i operativ teneste, er dei som gjev lågast skår på spørsmål om dei får brukt kompetansen i arbeidet, og om dei opplever stor grad av sjølvbestemming. Ein viktig del av tillitsreforma er meir gjennomgåande bruk av tillitsbasert leing i staten, slik at myndigheit vert delegert og den einskilde medarbeidaren får auka handlingsrom. Slik skal medarbeidaren kunne skape betre resultat gjennom å utnytte kompetansen betre, ta større ansvar og nytte handlingsrommet til å levere betre tenester og løysingar.

Kommunal- og distriktsministeren har på vegner av regjeringa invitert kommunar og fylkeskommunar til å søke om forsøk (frikommuneforsøk), og med det bli forsøkskommunar. Forsøksordninga er eit av tiltaka som skal medverke til å nå måla i tillitsreforma. Forsøka skal vere innanfor eksisterande heimlar for forsøk. Departementet har oppretta ei nettside som gjev informasjon om ordninga og søknadsprosessen.

3.4 Digitalisering for betre tenester


I ei tid med aukande demografiutfordringar i heile landet treng vi nye løysingar som kan gje meir velferd og tenester med relativt færre til å gjere jobben. Digitalisering gjev gode høve til å løyse oppgåver på ein ny og meir effektiv måte, samstundes som tilbodet til brukarane på mange område vert betre enn før. Tilgang på høghastigheitsbreiband til alle er avgjerande for at kommunar i heile landet kan ta del i digitaliseringa og gjere nytte av digitale verktøy på ein god måte.

Digital endring inneber å endre dei grunnleggjande måtane verksemdene løysar oppgåvene på ved hjelp av teknologi. For å lykkast med digitalisering må kommunane ha kompetanse på område som informasjonstryggleik, -arkitektur og -teknologi, endringsleing og innovasjons- og tenestdesign. Strategien *Én digital offentleg sektor* frå 2019 er ein felles digitaliseringsstrategi for kommunesektoren og staten som skal støtte opp om digital endring i offentleg sektor.

Strategien set som mål fram mot 2025 at offentleg sektor vert digitalisert på ein open, inkluderande og tillitvekkjande måte. Målet er at fleire oppgåver vert løyste digitalt og som samanhengande tenester og at fleire skal kommunisere digitalt med offentleg sektor. Samanhengande digitale tenester inneber at brukarane skal oppleve tenestene som heilskaplege, uavhengig av om tenesta er kommunal eller statleg, eller kva offentleg institusjon som har ansvar for tenesta. I dag leverer stadig fleire offentlege verksemdar meir avanserte og samanhengande tenester.

Det kan vere krevjande for kommunar å digitalisere tenester, ikkje berre på grunn av dei digitale

eller tekniske utfordringane, men like gjerne på grunn av juridiske eller økonomiske hindringar. Derfor samarbeider kommunane, KS og fleire statlege verksemdar om dette. Utvikling og bruk av felles og standardiserte digitale tenester gjer at alle kommunar kan tilby same teneste til innbyggjarane. Eit døme på ei slik teneste er søknad om økonomisk sosialhjelp (Digisos). Denne type løysingar og samarbeid finst også innanfor andre tenesteområde, som til dømes byggjesakhand-saming (e-byggesak), digitalt system for kommunale utleigebustader (Kobo), og barnevernstenesten (Digibarnevern).



Figur 3.1 Regionale digitaliseringsnettverk per desember 2022

Kjelde: ks.no/diginettverk

KS har ei viktig rolle i å koordinere digitaliseringa i kommunal sektor og medverke til at alle kommunar skal kunne tilby gode og sikre digitale tenester. KS har i samarbeid med medlemene etablert ein samstyringsstruktur for digitaliseringsfeltet,⁴ med fleire råd og utval som skal medverke til koordinering og samordning. Fiks-plattformen, som eigast av kommunar og fylkeskommunar, og forvalta av KS, er òg eit viktig tiltak. Plattformen inneheld felles digitale tenester og komponentar.

Ein viktig del av denne samstyringsstrukturen er regionale digitaliseringsnettverk. Dette er strategiske og operative samarbeid om digitalisering som skal medverke til at kommunar og fylkeskommunar tek i bruk relevante løysingar og tilbyr digitale tenester til innbyggjarar og næringsliv. Nettverka er regionalt forankra og eigd og styrt av dei kommunane og fylkeskommunane som tek del i samarbeidet.

Nettverka har ei viktig rolle i å styrkje digital kompetanse og leggje til rette for bruk av digitale fellesløysingar. Dei er òg meinte som hjelp for kommunar som ikkje sjølv har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å utvikle digitale tenester eller ta i bruk ny teknologi. Digitaliseringsnettverka skal styrkje den samla kapasiteten i kommunal sektor, og er eit verktøy for å sikre at alle kommunar tek del i digitaliseringa av offentleg sektor. Kommunal- og distriktdepartementet vil samarbeide med KS om vidare utvikling av modell(ar) for innføring av nasjonale fellesløysingar og -tenester til bruk i kommunal sektor. Mykje digitaliseringsarbeid i kommunane skjer på helse- og omsorgsfeltet. Med støtte frå Helse- og omsorgsdepartementet har KS etablert eit kommunenettverk for innføring av velferdsteknologi⁵ og eit kompetansenettverk for innføring av nasjonale e-helseløysingar i kommunane.⁶ Dei regionale digitaliseringsnettverka koordinerer dette arbeidet på regionalt nivå.

Regjeringa har laga ein handlingsplan for auka inkludering i eit digitalt samfunn. Målet er å motverke digitalt utanforskap ved å sørge for at alle kan få lik tilgang til digitale løysingar, og at alle

som ynskjer det, har kunnskap om korleis løysingane kan brukast. For 2023 har Kommunal- og distriktdepartementet tildelt 8 mill. kroner i einongsstøtte til 27 søkjarar i 45 kommunar som ynskjer å heve den digitale kompetansen til innbyggjarane. Gjennom *Digihjelpa* gjev staten i dag støtte til kommunale hjelpetilbod som skal styrkje den grunnleggjande digitale kompetansen til innbyggjarane. I samarbeid med KS er det etablert ei rådgjevingsteneste som skal hjelpe kommunane til å utvikle eller vidareutvikle rettleiingstilbod i grunnleggjande digital kompetanse for innbyggjarane.⁷ I 2022 inngjekk departementet og KS ein ny samarbeidsavtale om etablering av kommunale hjelpetilbod for å auke den digitale kompetansen til innbyggjarane. Avtalen varer ut 2025.

3.5 God samhandling for å sikre eit godt helsetilbod

Regjeringa vil sikre ei desentralisert helseteneste. Ei sterk offentlig helse- og omsorgsteneste er avgjerande for å unngå sosiale og geografiske skilnader og ei todeling av tenesta. Det er klare geografiske helseskilnader i Noreg. Det heng saman med at ulike stader er busette av menneske med ulik alder, utdanning, yrkesstatus og inntekt. Folkehelsemeldinga⁸ varslar at regjeringa vil leggje fram ein livskvalitetsstrategi i 2024. Hovudmålet er å utvikle mål og verkemiddel for å sikre ei samfunnsutvikling som jamnar ut sosiale skilnader i livskvalitet.

God samhandling mellom kommunar og sjukehus, og internt i tenestenivåa, medrekna samarbeid mellom kommunar, er naudsynt for å sikre eit heilskapleg og samanhengande tilbod og gode tenester der folk bur. Regjeringa vil leggje fram for Stortinget ein *Nasjonal helse- og samhandlingsplan* for utviklinga av den felles helse- og omsorgstenesta vår. Meldinga vil sjå dei kommunale helse- og omsorgstenestene og spesialisttenestene i samanheng. I meldinga vil regjeringa vurdere moglege løysingar for desentraliserte spesialisthelsetenester, mellom anna gjennom bruk av digitale løysingar, ambulante tenester og samlokalisering i til dømes distriktmedisinske senter⁹ og betre samarbeid mellom kommunar og sjukehus gjennom integrering av tenester og sam-

⁴ KS (2022). *Samstyringsstrukturen for digitaliseringsområdet*. <https://www.ks.no/fagomrader/digitalisering/styring-og-organisering/samstyringsstruktur/samstyringsstrukturen-for-digitaliseringsområdet/>.

⁵ KS (2022) *Kommunenettverk for velferdsteknologi og digital hjemmeoppfølging*. <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/velferdsteknologi3/kommunenettverk-for-velferdsteknologi-og-digital-hjemmeoppfølging/>

⁶ KS. *Kompetansenettverk for e-helse*. <https://www.ks.no/fagomrader/digitalisering/felleslosninger/digitalisering-i-helse-og-omsorgsektoren-e-helse/ks-kompetansenettverk-for-e-helse-ks-e-komp/>

⁷ KS. *Digihjelpa*. <https://www.ks.no/digihjelpen/> Digihjelpen – KS.

⁸ Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*. Helse- og omsorgsdepartementet.

arbeid om definerte pasientgrupper på tvers av tenestenivå. Meldinga vil også leggje vekt på førebygging i helse- og omsorgstenesta.

Regjeringa vil vurdere korleis finansieringsordningane betre kan leggje til rette for samhandling mellom dei ulike delane av helse- og omsorgstenesta. Regjeringa vil byggje vidare på helsefelleskapa og sørgje for verktøy som gjer at dei vert ein arena for felles tenesteutvikling og planlegging til beste for pasientane.

Helsepersonellkommissjonen overleverte sin rapport til regjeringa i februar 2023.¹⁰ Kommisjonen viser til at Noreg er det landet i EØS-området som har flest sysselsette i helse- og omsorgstenestene i forhold til folketalet. Samstundes er det vanskar med å rekruttere helsepersonell mange stader i spesialisthelsetenesta og i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Helsepersonellkommissjonen vurderer at den delen av den totale arbeidsstyrken i samfunnet som går til helse- og omsorgstenester, ikkje kan auke vesentleg, og at det vil bli færre tilsette per pasient. Fordi personell er eit knapt gode, og i endå større grad vil vere det framover, må helse- og omsorgstenesta bruke personellet og kompetansen deira mykje meir effektivt enn før. Framskrivningane SSB har gjort om framtidig sysselsetjing av helsepersonell, viser at det mest sannsynleg framleis vil vere sterkt auka behov for fleire tilsette i åra framover.¹¹

Rapporten frå Helsepersonellkommissjonen har vore på høyring og vil danne eit kunnskapsgrunnlag for både Nasjonal helse- og samhandlingsplan som etter planen skal leggjast fram mot slutten av 2023, og profesjonsmeldinga som blir lagd fram våren 2024.

Sjuehusutvalet leverte si utgreiing til regjeringa i mars 2023.¹² Utvalet føreslår mellom anna tiltak for å sikre meir regional, politisk og demokratisk medverknad i styringa av sjukehusa og endringar i finansieringssystema. Utgreiinga er på høyring til 30. juni 2023.

Regjeringa vil sikre ei sterk offentleg, felles helseteneste. Framvekst av privatfinansierte tilbod kan gje auka sosial og geografisk skilnad i til-

gangen på helse- og omsorgstenester. Det har òg uynskte konsekvensar for arbeidsmarknaden for helsepersonell og kan føre til mangel på kompetanse i viktige fagmiljø i den offentlege helsetenesta. Både Sjukehusutvalet og Helsepersonellkommissjonen peiker på desse utfordringane og viser til at dei over tid kan redusere oppslutninga om ei offentleg finansiert teneste.

Helse- og omsorgsdepartementet vil vurdere ulike modellar for oppgåvedeling og bruk av helsepersonell på tvers av spesialisthelsetenesta og dei kommunale tenestene. Dette kan medverke til kompetansedeling og betre bruk av helsepersonellressursane. Forsøk med modellar vil gje viktige bidrag til dette. Større og meir dynamiske faglege fellesskap er viktig for å rekruttere og halde på personell, noko som er særleg viktig i område med små fagmiljø. Dette vert vurdert i oppfylgninga av tilrådingane frå Helsepersonellkommissjonen om korleis vi skal utdanne, rekruttere og halde på helsepersonell i helse- og omsorgstenesta.

Regjeringa vil vidareutvikle det gode samarbeidet med ideelle aktørar innanfor helse- og omsorgssektoren. Dei siste åra er det stilt fleire krav til dei regionale helseføretaka som skal medverke til å ta vare på rolla til dei ideelle aktørane i spesialisthelsetenesta og ta i bruk handlingsrommet innanfor gjeldande rett til å kjøpe tenester frå ideelle leverandørar. Desse krava gjeld framleis.

Helsedirektoratet leverte i oktober 2020 ei evaluering av regelverket for pasientreiser. Evalueringa gjer framlegg om fleire endringar som skal medverke til å gjere regelverket lettare å forstå og praktisere. Helse- og omsorgsdepartementet arbeider no med forslag til endringar i pasientreiseforskrifta for å fylgje opp innspelane i evalueringa.

3.5.1 Ei meir berekraftig omsorgsteneste

Omsorgstenesta er ein av dei sektorane som vil stå overfor store kapasitetsutfordringar i åra som kjem, knytte til den store veksten i talet på eldre og vekst i talet på yngre brukarar. Omfanget og kompleksiteten i utfordringsbiletet gjer at kommunane ikkje kan løyse dette åleine. Utfordringane krev samarbeid mellom fleire aktørar, slik at kommunane får dei verkemidla og verktøya dei treng. Regjeringa har lagt fram *Opptrappingsplan for heiltid og god bemanning i omsorgstjenesten*, som skal leggje til rette for ei berekraftig omsorgsteneste med tilstrekkeleg mange årsverk og relevant kompetanse. Planen har ei rekkje tiltak for å

⁹ Ved eit distriktsmedisinsk senter er spesialisthelseteneste og primærhelseteneste samlokaliserte. Her kan det vere fastlegar, fysioterapeutar, felles akuttmottak, fødestove, legespesialistar, dialysetilbod og anna.

¹⁰ NOU 2023: 4 *Tid for handling. Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste*. Helse- og omsorgsdepartementet.

¹¹ Zhiyang, J., Kolstad T., Stølen, N.M., Hjemås, G. (2023). *Arbeidsmarkedet for helsepersonell fram mot 2040* (rapport 2023/2). SSB.

¹² NOU 2023: 8 *Fellesskapets sykehus. Styring, finansiering, samhandling og ledelse*. Helse- og omsorgsdepartementet.

kvalifisere, rekruttere og halde på tilsette, for organisering av tenester, oppgåver og ansvar for best mogleg bruk av tilgjengeleg personell, og for god leiing og planlegging av tenestene.

Regjeringa har nyleg lagt fram ei stortingsmelding om Fellesskap og meistring – Bu trygt heime.¹³ Målet er at eldre skal få bu i eigen bustad lengst mogleg dersom dei kan og vil. Reforma skal leggje betre til rette for ei heimeteneste som arbeider førebyggjande og held folk friskare, og som hjelper eldre i aktivitet. Reforma vil innehalde tiltak som støttar levande lokalsamfunn, frå bustadspørsmål og helsefremjande nærmiljø og nabolag til gode helse- og omsorgstenester til dei som treng det. Dette handlar om langt meir enn helse- og omsorgstenester og krev derfor ein tverrsektoriell innsats, og ein innsats av oss sjølve og våre næraste, av lokalsamfunnet og av frivillige.

3.5.2 Fastlegeordninga skal styrkjast

Ei utvikling og styrking av fastlegetenesta er viktig for å sikre ei sterk offentleg helseteneste. Fastlegeordninga har hatt utfordringar over lengre tid. Det er ikkje nok unge legar i dag som vil verte fastlegar, og situasjonen er særskilt vanskeleg i distriktsområde. Regjeringa styrkte og innførte eit pasienttilpassa basistilskot for fastlegane med ein heilårseffekt på 720 mill. kroner frå 1. mai 2023. Samstundes vart den nasjonale ALIS-ordninga¹⁴ styrkt med 200 mill. kroner i 2023. Legevakt utgjer ei stor vaktbelastning for mange av fastlegane, og utfordringane er størst i små distriktskommunar. Dette er gjerne kommunar som alle-reie har utfordringar med å rekruttere fastlegar. Regjeringa oppretta derfor eit nytt legevakttilskot i 2022 på 50 mill. kroner som skal styrkje legevaktordninga i dei mest rekrutteringssvake områda. Tilskotet vert vidareført i 2023.

Ei tilrettelagd spesialistutdanning i allmennmedisin er viktig for rekrutteringa til fastlegeordninga. ALIS-ordninga er derfor eit prioritert tiltak. Gjennom ALIS-avtalane får legane ekstra opplæringsaktivitetar og rettleiing utover det som er fastsett i spesialistforskrifta. Ordninga med ALIS-tilskot til rekrutteringssvake kommunar og lokale ALIS-kontor har gjeve resultat, og dette er frå 2022 gjort til ei nasjonal ordning. For at pasientane skal få eit betre tilbod, og fastlegane ein betre arbeidskvardag med meir tid til pasientane, vart basistilskotet i fastlegeordninga endra og styrkt i

statsbudsjettet for 2023 med verknad frå 1. mai. Omlegginga inneber at fastlegane får betre betalt for pasientar som treng meir omfattande oppfylging. Det vil fylgje meir tilskot med eldre pasientar, kvinner, dei som går mykje til fastlegen, og pasientar som bur i desentrale kommunar (sentralitetsnivå 5 og 6) og i bydelar og kommunar med lågt utdanningsnivå. Slik legg regjeringa til rette for at fastlegar kan ha kortare lister utan å tape inntekt, eller dei kan velje å tilsetje personell i praksisen. Styrkinga skal medverke til eit betre medisinsk tilbod, spesielt for dei som har meir omfattande trong for oppfylging.

Kommunane organiserer fastlegeordninga ulikt. Dei fleste fastlegar er næringsdrivande, mens andre er fast tilsette i kommunen eller har ein avtale om at kommunen stiller med kontor, utstyr og hjelpepersonell og anna (8.2-avtale). Dei næringsdrivande fastlegane mottek basistilskot frå kommunane. I 2023 vert kommuneramma styrkt fordi basistilskotet til dei næringsdrivande fastlegane aukar. Styrkinga av kommuneramma kan kommunane bruke til å dekkje dei auka utgiftene til basistilskot for næringsdrivande fastlegar eller til å støtte opp om andre avtaleformer for fastlegar i kommunane. Kommunane får gjennom styrkinga av kommuneramma større økonomisk handlingsrom til å velje andre avtaleformer med legane. I distriktskommunar er det mange legar med desse avtaleformene. Regjeringa har òg sett ned eit ekspertutval som skal føreslå konkrete forbetringar for å styrkje fastlegeordninga og gjere ordninga berekraftig over tid. Utvalet leverte sin rapport i april 2023 og gjer mellom anna framlegg om endringar i organiseringa og finansieringa av fastlegeordninga som skal gje betre rekruttering av legar til kommunar og samstundes gje legane økonomisk tryggleik og von om å kunne leve eit liv med fritid og tid til familien. Utvalet gjer òg framlegg om endringar i legevaktordninga, og kompetansekrav for legar og utdanninga i allmennmedisinspesialiteten. Vidare føreslår utvalet å leggje til rette for fleire profesjonar og meir samarbeid ved allmennlegekontora. Regjeringa vil gjere ei nøye vurdering av desse forslaga.

3.5.3 Psykisk helsehjelp

Eit av dei ti måla til ungdomens distriktpanel er eit betre tilbod om psykisk helsehjelp. Psykisk helse er eit viktig satsingsområde for regjeringa. Regjeringa la fram ein opptrappingsplan for psykisk helse 9. juni 2023. Planen gjeld for ti år framover, og med satsinga fylgjer minst 3 mrd. kroner. Planen har særleg merksemd retta mot born

¹³ Meld. St. 24 (2022–2023). Helse- og omsorgsdepartementet.

¹⁴ Avtaler for legar som spesialiserer seg i allmennmedisin.

Boks 3.5 Legevaktsatelitt i Balestrand

I Balestrand har det vore eit pilotprosjekt for å prøve ut nye måtar å organisere legevakta på, mellom anna med ein nyskapande «legevaktsatelitt». Satellitten gjev ei meir berekraftig og forsvarleg lokal akuttmedisinsk teneste for innbyggjarane og medverkar til ei betre utnytting av tilgjengelege ressursar og lokale. Fordelen for innbyggjarar som har lang veg til legevakt eller sjukehus, er at dei saman med ein sjukepleiar på satellitt kan kommunisere med vakt-havande lege via videokonferanse. I mange tilfelle kan vakthavande lege ordinere behandling lokalt for pasientane, slik at dei unngår den lange reisa til legevakta i Førde.

Ved å bruke sjukepleiarar som er lokalt tilsette på sjukeheimen og i heimesjukepleia, har ein auka kompetansen til alle desse. Det er ein kompetanse som har kome heile tenesta til gode. Før oppstart på satellitt må alle sjukepleiarar gjennomgå kurs i akuttmedisin og valds- og overgrepshandtering, i tillegg til to dagar hospitering på legevakta i Førde og opplæring på lokal satellitt. Alle sjukepleiarar som

har vakt på satellitt, gjer enkle pasientrelaterte eller administrative oppgåver i rolege periodar.

Den lokale satellitten nyttar eit legekontor på sjukeheimen som er utstyrt med telemedisinsk kommunikasjon til den sentrale legevakta. Satellitten er oppdatert på akuttmedisinsk utstyr. Nokre situasjonar kan løysast ved å gje pasienten naudsynt hjelp i eigen heim eller ved at pasienten møter opp på satellitten. I andre situasjonar vil ein måtte frakte pasienten til legevakta for undersøking. I alle møte med pasient gjer satellittsjukepleiaren ei gradering av sjukdomsbiletet og tek enkle prøver om mogleg. Dette vert meldt tilbake til sjukepleiaren på legevakt eller via radio med vakthavande lege. Satellittsjukepleiaren administrerer medikament etter ordinasjon frå vakthavande lege. Legevaktsatelitt er ei teneste som gir tryggleik i pasientoppdrag, ikkje minst i påvente av ambulanse eller luftambulanse. Kompetent og fagleg helsepersonell kan roe situasjonar ved hjelp av medisinsk utstyr og medikament og ved å vere til stades.



Figur 3.2 Legevaktsatelitt i Balestrand

Foto: Eivor Hofstad

og unge. Det er naudsynt å styrkje tilbodet av lågterskeltenester i kommunane og å auke kapasiteten og kvaliteten i psykisk helsevern. Det er også viktig å styrkje det førebyggjande og helsefremjande feltet, slik at innbyggjarane har kunnskap om psykisk helse, og for å hindre at psykiske plager utviklar seg. Det er òg naudsynt med meir kunnskap om årsaker til auken i sjølvrapporterte psykiske plager. Opptappingsplanen har tre satsingsområde: helsefremjing og førebygging, gode tenester der folk bur, og eit betre tilbod til dei med langvarige og samansette behov. Målet med opptappingsplanen er at fleire skal oppleve god psykisk helse og livskvalitet, og at dei som har psykiske helseplager eller lidningar, skal få god og lett tilgjengelig hjelp.

Helse- og omsorgstenestelova pålegg kommunane å sørge for naudsynnte helse- og omsorgstenester til alle som oppheld seg i kommunen. Fleire rapportar, mellom anna frå Riksrevisjonen,¹⁵ peiker på svært ulik tilgang til psykisk helseteneste og rustenester i kommunane. Mange med psykiske plager og lidningar får ikkje hjelp når dei treng det, og ungdom med psykiske lidningar og rusmiddelproblem får ikkje god nok hjelp. Det har vore ein stor auke i tilvisingar til psykisk helsevern, særleg for born og unge.

Fleire kommunar har utfordringar med å rekruttere psykologer, sjukepleiarar, helsesjukepleiarar, vernepleiarar og sosionomar.¹⁶ For å møte kapasitets- og personellutfordringane treng kommunane løysingar der ressursane vert brukte meir effektivt. Bruk av teknologi og nye digitale løysingar vil stå sentralt i den vidare tenesteutviklinga. Studiar viser at digitale tilbod kan senke terskelen for å søkje hjelp for psykiske plager, og at det kan gje gode resultat.¹⁷

3.5.4 Akuttmedisinske tenester

Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om det prehospitale området etter at Nasjonal helse- og samhandlingsplan er lagt fram. Sentrale tema i meldinga vil vere korleis ein kan halde oppe beredskap og eit godt akuttmedisinsk tenestetilbod i heile landet.

Det er dei regionale helseføretaka og kommunane som har ansvaret for den akuttmedisinske

¹⁵ Riksrevisjonen (2020–2021). *Riksrevisjonens undersøkelse av psykiske helsetjenester* (dokument 3: 13).

¹⁶ Ibid.

¹⁷ Teknologirådet (2021). *Digitale muligheter for psykisk helsehjelp*. <https://teknologiradet.no/publication/digitale-muligheter-for-psykisk-helsehjelp/>.

Boks 3.6 Døme på tenesteinnovasjon i ein distriktskommune

Lebesby kommune har sidan 2015 satsa på helse- og velferdsteknologi. Kommunen har få brukarar og store avstandar. Digital heimeoppfølging, medisinsk avstandsoppfølging og digitale tryggleiksalarmar har skapt meirverdi for brukarane, tilsette og organisasjonen. Dei digitale systema har auka effektiviteten i kvardagen til dei tilsette. Dei tilsette har fått meir tid til brukarane. For fleire eldre har teknologien gjort det mogleg å bu lenger heime.

Det er to hovudgrep som har vore viktige for innovasjonsarbeidet i kommunen. Det fyrste er eit planverk som er forankra administrativt og politisk. Medverknad i planprosessar har sikra eigarskap og felles forplikting til utviklingsarbeid. Det andre grepet er frikjøp av tida til nøkkelpersonar. Lebesby kommune har identifisert interesserte tilsette og øyremerkt delar av tida deira til å arbeide med utviklingsoppgåver.

beredskapen. Dei akuttmedisinske tenestene utanfor sjukehusa inkluderer kommunal legevaktordning og ansvaret fastlegane har for strakshjelp på dagtid, bil-, båt- og luftambulans og naudmeldetenesta (akuttmedisinsk kommunikasjonsentral og legevaktsentralane) og andre kommunale strakshjelp-tenester. Legevaktene er viktige for å sikre rask helsehjelp og medverke til tryggleik for god hjelp ved akutte hendingar og sjukdom hos innbyggjarane. Den kommunale helse- og omsorgstenesta med heimesjukepleia er òg viktig i den akuttmedisinske kjeda. Andre naudetatar og frivillige organisasjonar spelar òg ei rolle i akuttberedskapen. Ei god akuttmedisinsk teneste føreset at alle ledda i kjeda fungerer.

3.6 Tryggleik i kvardagen

Regjeringa vil gje folk i heile landet tryggleiken tilbake. Dette skal mellom anna skje gjennom betre samarbeid mellom dei ulike naudetatane og andre beredskapsorganisasjonar.

Regjeringa har sett ned ein *totalberedskapskommissjon* for å sjå på korleis dei samla beredskapsressursane kan nyttast best mogleg. Kommi-

sjonen har vurdert styrkar og manglar ved det noverande beredskapssystemet og føreslått korleis dei samla ressursane i samfunnet kan og bør innrettast for å styrkje samfunnstryggleiken og beredskapen og sikre størst samla nytte av beredskapsressursane. Kommisjonen har gjeve tilrådingar om kva som bør prioriterast i beredskapsarbeidet. Kommisjonen har konsentrert innsatsen om det han sjølv ser som dei mest sentrale utfordringane for Noreg i eit totalberedskapsperspektiv, anten det er særskilde sektorutfordringar eller tverrsektorielle problemstillingar. Av mandatet går det fram at kommisjonen bør vurdere særskilde utfordringar og løysingar i område prega av lågt folketal og store avstandar. Kommisjonen leverte si innstilling til Justis- og beredskapsdepartementet den 5. juni 2023 i form av NOU 2023: 17 *Nå er det alvor – rustet for en usikker fremtid*. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med si vurdering av tilrådingane etter at rapporten har vore på høyring.

Forslag om å gjeninnføre strukturen for domstolane frå før domstolsreforma 2021 har vore på høyring. Saka er no til handsaming i Justis- og beredskapsdepartementet. Regjeringa er i den vidare oppfølginga opptatt av å sikre ein berekraftig og desentralisert domstolsstruktur også i framtida.

3.6.1 Samarbeid mellom naudetatane

Noreg har eit desentralisert brann- og redningsvesen der lokalkunnskap og kort responstid har vore sentrale omsyn. Dette er viktig for beredskapen i heile landet. For å vere rusta for framtida og mellom anna konsekvensar av klimaendringar treng vi meir kunnskap om utfordringsbiletet og korleis brann- og redningsvesenet best kan arbeide for å levere dei tenestene samfunnet treng. Regjeringa starta hausten 2022 arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av brann- og redningsområdet. Ei breitt samansett arbeidsgruppe skal medverke i dette arbeidet og mellom anna føreslå alternative løysingar som skal sikre at dei samla ressursane til brann- og redningsvesenet vert brukte på ein god måte og i samarbeid med andre naudetatane og beredskapsaktørar. Løysingane skal vere forankra i utfordringsbiletet, i samfunnsoppdraget til brann- og redningsvesenet og i målsetjinga om heilskapleg førebygging og beredskap. Løysingane skal ta utgangspunkt i at brann- og redningsvesenet framleis skal ha kort responstid og god lokalkunnskap i heile landet. Gjennomgangen til arbeidsgruppa skal ende i ei melding til Stortinget som etter planen vert lagd fram ved utgangen av 2023.

Regjeringa har vedteke å etablere ein offentleg toårig fagskule for utdanning av brann- og redningspersonell. Fagskulen skal ligge i Tjeldsund kommune i Troms, der den nasjonale brannskulen ligg i dag. Delar av utdanninga er planlagt lagd til kurs- og øvingssenteret til Justissektoren i Stavern. Den nye fagskulen vil sikre at grunnutdanninga av heiltidstilsett brann- og redningspersonell vert ein del av det ordinære skulesystemet. Fagskulen vil vere ei open utdanning som alle kan søkje seg til, i motsetnad til dagens utdanning, som krev at ein må vere tilsett i eit brann- og redningsvesen før ein kan starte utdanninga. Den nye fagskulen skal gje heiltidstilsette i brann- og redningsvesenet naudsynt kompetanse til å kunne handtere risikobiletet og utfordringane i framtida. Døme på slike utfordringar er knytte til nye energiformer, meir ekstremvær og andre samfunnsendringar som urbanisering og fleire eldre innbyggjarar.

I mange distriktsområde med spreidd busetting er det avgjerande med frivillige rednings- og beredskapsorganisasjonar som mobiliserer dei lokale ressursane, og som er til stades i lokalsamfunna med kunnskap, kompetanse og rett utstyr. Kvar dag er det vanlege folk som utfører livreddande fyrstehjelp på sjøen, som søker etter sakna personar i terrenget eller rykkjer ut når eit snøskred har teke med seg ein skiløpar. Regjeringa oppmodar kommunane til å støtte opp under dei frivillige rednings- og beredskapsorganisasjonane og deira arbeid i distrikta. Det er viktig at kvar einskild kommune er godt kjend med kva for ressursar dei kan spele på dersom ulykka er ute. Felles øvingar med naudetatane og samordna beredskapsplanar der dei frivillige organisasjonane er inkluderte, er døme på tiltak som vil styrkje den lokale beredskapen.

3.6.2 Politiet skal vere til stades

Regjeringa vil styrkje det lokale politiet i heile landet for å sikre betre førebygging og for å oppnå raskare respons ved alvorlege hendingar. Regjeringa vil gjere politiet meir tilgjengeleg for folk og styrkje polititenestene mellom anna gjennom lokalt tilpassa tiltak som skal utformast i samarbeid mellom kommune og politidistrikt.

Stortinget vedtok nærpolitireforma i 2015. Evalueringa av reforma viser mellom anna at målet om auka lokalt nærvær ikkje er nådd.¹⁸ Særleg små kommunar og kommunar som har

¹⁸ DFØ (2021). *Evaluering av nærpolitireforma* (statusrapport 2020).

mista lensmannskontoret, meiner at nærværet og lokalkunnskapen til politiet er svekt. Vurderinga til DFØ er at skiljet mellom små og større stader har auka. Sjølv om samarbeidet mellom politiet og kommunane har vorte meir formalisert og strukturert, opplever særleg innbyggjarar i kommunar med lågt folketal og stor avstand til sentera at det samla tenestetilbodet har vorte dårlegare.

I tillegg til hovudoppdraget om å sikre tryggleiken til folk medverkar politiets lokale nærvær også til statlege arbeidsplassar og det offentlege tenestetilbodet der folk bur. Mange kommunar opplever heldigvis lite alvorleg kriminalitet. Det er likevel viktig at kvardagskriminaliteten vert handtert på ein god måte. Her kan kommunar, innbyggjarar og politi ha ulike prioriteringar. Utviklinga i digitale tenester og nettpatruljen vil gjere politiet meir tilgjengeleg også i distrikta, men mange innbyggjarar er meir opptekne av at politiet er fysisk til stades for å handtere den samla beredskapen ved ulykker, kvardagskriminalitet, førebyggjande innsats retta mot born og unge, og tilgang på sivile tenester som pass, våpenlisens, utlendingsforvaltning og anna.

I fleire kommunar har politiet vore mindre tilgjengeleg enn det som er ynskjeleg, og fleire lokalsamfunn skulle ha vore fylgde opp på ein betre måte med førebyggjande arbeid og meir tilgjengelege tenester. Fysiske tenestestader medverkar til trygge og levande lokalsamfunn og kan gje betre førebygging og beredskap.

Politiet opprettar i 2023 nye tenestestader i Engerdal, Hvaler, Meråker, Oslo (Mortensrud), Salangen (Sjøvegan), Sandefjord (Torp), Sigdal, Steigen og Stranda (Geiranger). Nye tenestestader er viktige for å sikre at politiet er til stades lokalt og bidreg mellom anna til at politiet kan drive meir førebyggjande arbeid og vere meir synleg for innbyggjarane i mange distriktskommunar. Justis- og beredskapsdepartementet arbeider med ein lokalpolitiplan som vil bli lagd fram i løpet av 2023.

3.6.3 Raskare respons ved alvorlege hendingar

Politiet har sidan 2015 hatt forpliktande krav til responstid. Kravet gjeld ved ekstraordinære hendingar, det vil seie hendingar der liv og helse er direkte trua eller som krev omgåande innsats frå politiet. Krava om responstid er differensiert i tre kategoriar ut frå folketalstettleik (over 20 000 innbyggjarar, tettstad mellom 2000 og 19 999 innbyggjarar og tettstad med under 2000 innbyggjarar).

Justis- og beredskapsdepartementet har gjeve Politidirektoratet i oppdrag å greie ut ulike modelar for krav til responstid i heile landet. Det er viktig for å sikre betre beredskap og raskare respons i område med låg folketalstettleik eller store avstandar mellom patruljane. Føremålet er å styrkje politiberedskapen og sikre raskare respons ved alvorlege hendingar. Rapporten skal vere ferdig i august 2023, og den vil vere eit viktig underlag til det vidare arbeidet til regjeringa med å sikre rask respons ved alvorlege hendingar, og med å vidareutvikle eit politi som er lokalt til stades i heile landet.

3.7 Beredskap i Nord-Noreg

Nordområda er det viktigaste strategiske satsingsområdet til Noreg, og regjeringa vil gje ny giv til nordområdepolitikken. Regjeringa legg vekt på samarbeid med andre land og auka aktivitet på land. Det er viktig å sikre norsk eigarskap til infrastruktur og eigedom og nasjonal kontroll over naturressursar i nordområda.

Russlands åtak på Ukraina i februar 2022 har skapt ein ny tryggleikspolitisk situasjon som også får konsekvensar for det sivile samfunnet i Noreg, og som påverkar Noregs tilhøve til Russland som nabo i nord. I dag vert det normalt ikkje innvilga turistvisum til personar frå Russland. Det er riktig å ha streng kontroll på grensa mot Russland, og norske styresmakter fylgjer godt med på grensa og trafikken over Storskog og vil gripe inn om det vert naudsynt.

Tradisjonelle skiljelinjer mellom fred, krise og væpna konflikt vert stadig mindre tydelege. Vi må ta høgd for at statar kan prøve å påverke politiske avgjerder, meiningsdanninga og ordskiftet i Noreg. Statlege aktørar driv gjerne aktivitet som i utgangspunktet kan vere lovleg verksemd for å fremje eigne strategiske mål. Dette framstår som ein del av normalbiletet, men samstundes kan aktiviteten skade den nasjonale tryggleiken vår.

Statlege verkemiddel for å medverke til nasjonal tryggleik i nordområda bør vurderast i lys av den strategiske rolla til regionen. Eigedomar, infrastruktur, naturressursar og verksemdar som er viktige for nasjonal tryggleik bør derfor vurderast særskilt med tanke på den geografiske plasseringa langs kysten og i grenseområda.

Regjeringa meiner det er viktig med ei styrking av Forsvaret i Noreg, og spesielt viktig å styrkje det militære nærværet i Nord-Noreg. Politiet og PST er styrkt gjennom Prop. 78 S (2021–2022), mellom anna for å sikre auka lokalt

nærvær i nord. Satsinga er vidareført i 2023 med totalt 120,5 mill. kroner.

Regjeringa har allereie sett i verk tiltak som styrkjer nærværet til Forsvaret gjennom auka aktivitet og forbetra evne til kontinuerlege operasjonar i nord. Auka evne til samhandling med allierte og nordiske partnarar vert prioritert, medrekna mottak av og hjelp frå allierte i nord. I tillegg er den nasjonale forsvarsevna under oppbygging, mellom anna gjennom regjeringas forsvarsstrategi,¹⁹ innføring av nye kampfly, maritime patruljefly, maritime helikopter og ny maritim Special Operations Task Group, vidareutvikling av Finnmark landforsvar, artilleri, stridsvogner, kampluftvern og nye kystvaktfartøy, nye ubåtar og oppgradering av fleire militære installasjonar og øvingsfelt i regionen. Ytterlegare styrking av forsvarsevna i Nord-Noreg vil bli vurdert som ein del av neste langtidsplan for forsvarssektoren.

Det pågår eit arbeid med etablering av dedikert helikopter til Hæren som skal stasjonert i ein eigen skvadron med base på Bardufoss. For-

svaret har fått i oppdrag på kort sikt å etablere ei skvadronsleiing på Bardufoss for å sikre samvirkekompetanse og tydelegare prioritering av helikopterkapasiteten til Hæren. Forsvaret skal også etablere to Bell 412-vedlikehaldsdokkar på Bardufoss som skal sikre auka flytimeproduksjon for Bell 412 og auka helikopteraktivitet på Bardufoss. Dette vil medverke til å halde oppe styrkeproduksjon av lærlingar til Luftforsvaret og halde på og vidareføre kritisk kompetanse lokalt. Det er viktig å rekruttere personar med lokal forankring til beredskapseiningane i nordområda. Det vil sikre stabil bemanning og rekruttering med lokalkunnskap og kulturforståing. I dette ligg også samisk språk- og kulturforståing.

I nordlege havområde er Noreg ein leiande rednings- og beredskapsaktør med stort ansvarsområde. Regjeringa har styrkt Hovudredningssentralen gjennom auka grunnbemanning. Styrkinga vil òg betre samvirket i den norske redningstenesta ved å sikre at utviklinga vert forankra i kva aktørane i redningstenesta faktisk treng, og ved betre erfaringsdeling frå hendingar og øvingar. Innbyggjarane i Nord-Noreg har over lengre tid hatt lågare kapasitet på redningshelikopter enn innbyggjarane i resten av landet. For å styrkje redningsberedskapen i Nord-Noreg vart det etablert ein ny redningshelikopterbase i Tromsø frå 1. juli i 2022.

¹⁹ Prop. 78 S (2021–2022) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Kunnskapsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Finansdepartementet og Forsvarsdepartementet (økonomiske tiltak som følge av krigen i Ukraina)*. Finansdepartementet.

4 Transport og infrastruktur bind landet saman

Infrastruktur som veg, jernbane, hamner, ferjer og hurtigbåtar, lufthamner, breiband og mobilnett er avgjerande for busetjing og arbeidsplassar i heile landet. Det er viktig for samarbeid og tryggleik og for tilgang på tenester og aktivitetar. God infrastruktur og gode transporttenester styrkjer integrasjonen i arbeidsmarknaden, kortar ned reisetider og gjev tenestetilbod større rekkjevidde. Gode transporttilhøve er derfor viktig for utviklinga i og mellom regionar.

Noreg har gjennom fleire tiår gjennomført store investeringar i infrastruktur som har gjeve eit godt utbygd transportnett. Den norske topografien med fjordar og fjell og store avstandar mellom bustadområde gjer utbygging av ny infrastruktur svært kostnadskrevjande. Det er viktig å ta godt vare på denne infrastrukturen, slik at vi får eit trygt og påliteleg transportnett i heile landet. Distriktsdemografiutvalet¹ peiker på at det er minst like viktig å fjerne flaskehalsar på det lokale vegnettet som å utvikle nye vegprosjekt. Det er derfor gode argument for å styrkje innsatsen på vedlikehald og tiltak for å sikre at transporttilhøva er trygge og føreseielege.

Ettersom transport er ein føresetnad for produksjon og levering av varer og tenester, kan spart transporttid verke inn på lønsemda og samarbeidsrelasjonane til verksemdene. Men det kan òg påverke marknadsstrukturen gjennom meir konkurranse og føre til ei sentralisering av aktivitet. Potensialet for vekst varierer med lokale geografiske tilhøve og særtrekk ved dei næringane og verksemdene som held til i eit område. Infrastrukturinvesteringar medverkar i mange høve til å skape vekst og utvikling, men også mindre forbetringar og drift og vedlikehald er viktige for å skape eit godt transporttilbod. Regjeringa vil bruke ressursane slik at transport vert trygt, påliteleg og føreseieleg. Dette har stor nytte for folk og for næringsliv.

4.1 Arbeidet med nasjonal transportplan

Stortingsmeldinga om nasjonal transportplan (NTP) er det sentrale dokumentet for samferdselssektoren og for utviklinga av infrastruktur og mobilitet i heile landet. Det langsiktige planarbeidet gjennom NTP fungerer som ein arena for samordning, utgreiing, styring og prioritering. Stortingsmeldinga vert jamleg rullert for å fange opp endringar i transportbehov og vilkåra for transportsektoren. Inneverande melding om NTP vart lagd fram av regjeringa Solberg i mars 2021 og gjeld for perioden 2022–2033. Framlegginga av neste NTP er framskunda med eitt år til våren 2024. Planen vil gjelde for perioden 2025–2036.

Det er utfordringar nasjonalt og internasjonalt som gjer det riktig og naudsynt med ei tidlegare framlegging av NTP. Det vil truleg ikkje vere mogleg innanfor eit trongare økonomisk handlingsrom å fylgje opp dei økonomiske planrammene for inneverande NTP i dei årlege statsbudsjetta. Ein vesentleg intensjon med å framskunda planen er å leggje til rette for sterkare prioriteringar i åra framover og dermed styrkje transportplanen som eit truverdig styringsinstrument. Transportplanen skal vere oppdatert og tilpassa dei framtidige transportbehova, samstundes som det skal vere mogleg å fylgje opp dei økonomiske rammene. Regjeringa vil utarbeide ein realistisk NTP som svarer på utfordringane i framtida for transportsystemet, og som legg vekt på samfunnsøkonomisk lønsemd. Transportplanen omfattar statlege samferdselstiltak og skal gje transportverksemdene eit godt utgangspunkt for å planleggje drift, vedlikehald, investeringar og andre tiltak i transportsystemet i eit langsiktig perspektiv.

Før utløpet av planperioden for neste NTP skal klima- og omstillingsmålet til regjeringa for 2030 vere oppfylt, og vi skal vere på god veg mot lågutsleppssamfunnet 2050. Framover bør ressursbruken i større grad rettast inn mot å ta vare på og utnytte betre den infrastrukturen og det transporttilbodet vi har, framfor nye, store utbyggingsprosjekt. Dette gjer at drift og vedlikehald av infrastrukturen vert viktig framover og er fornuftig ut

¹ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

frå eit klima- og miljøperspektiv. Ny teknologi og betre bruk av data/stordata vil også stå sentralt i den framtidige utviklinga av transportsektoren.

Transportverksemdene har svart på eit utgreiingsoppdrag og eit prioriteringsoppdrag som skal gje regjeringa eit godt fagleg avgjerdsgrunnlag for NTP 2025–2036. Regjeringa vil leggje vekt på involvering av og innspel frå brukarane av transportsystemet, lokale aktørar og andre bidragsytarar.

4.2 Vedlikehald og rassikring av fylkesvegane

Standarden på vegar og annan infrastruktur er viktig for at lokalsamfunna skal vere trygge. Privatbilen er naudsynt i mange lokalsamfunn der kollektivtilbodet er lite utbygd. Fylkesvegane er sentrale for folk og næringsliv i heile landet og viktige for utviklinga av større bu- og arbeidsmarknadsregionar. Fylkesvegnettet omfattar om lag 45 000 km veg, om lag fire gonger lengda på riksvegnettet. Talet på køyrde kilometer er fordelt med om lag 53 prosent på riksveg og 47 prosent på fylkesveg. Fylkesvegnettet er sentralt for å nå måla for transportsektoren, og det er viktig med god samanheng mellom transportnetta uavhengig av kven som eig infrastrukturen. Dette krev god samordning mellom forvaltingsnivåa.

Ansvar for det offentlege vegnettet i Noreg er delt mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Fylkeskommunane er etter veglova ansvarlege for fylkesvegane og skal finansiere, drifte og halde ved like fylkesvegnettet. I samband med regionreforma vart administrasjonen av fylkesvegane overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunane den 1. januar 2020. Det inneber at fylkeskommunane har bygd opp organisasjonar for å fylgje opp ansvaret for mellom anna forvaltning, byggherrefunksjonar og administrasjon av vegane.

Finansieringa av fylkesvegane kjem frå frie inntekter (rammetilskot og skatteinntekter), brukarbetaling (bompengar) og øyremerkte tilskot. Hovuddelen av finansieringa er frie inntekter gjennom inntektssystemet for fylkeskommunane. I 2021 var dei fylkeskommunale investeringsutgiftene til fylkesveg 10,1 mrd. kroner, og utgiftene til drift (ekskl. avskrivningar) var 9,8 mrd. kroner.

Fylkeskommunane får i 2023 fordelt i overkant av 3 mrd. kroner av rammetilskotet etter særskilt fordeling på tre ordningar knytte til fylkesveg. Desse ordningane² gjeld opprusting og fornying av fylkesveg (1 680 mill. kroner), ras- og skred-

sikring av fylkesveg (903 mill. kroner) og kompensasjon for forskrift om tunneltryggleik (579 mill. kroner). Midlane er inkludert i rammene for nasjonal transportplan 2022–2033,³ men er også rekna som frie midlar som fylkeskommunane sjølve avgjer bruken av.

Det er i 2023 også løyvd øyremerkte tilskot til fylkesveg på fire ordningar over budsjettet til Samferdselsdepartementet på til saman 847 mill. kroner, som er inkludert i rammene for NTP 2022–2033. Dette gjeld ordningar for rentekompensasjon for transporttiltak i fylka (414 mill. kroner), utbetring av fylkesvegar for tømmertransport (21 mill. kroner), tilskot til fylkesvegar (389,6 mill. kroner) og tilskot til tryggare skulevegar (22,1 mill. kroner).

I samband med NTP 2022–2033 vart det oppretta ei ny øyremerkt ordning for tilskot til fylkesvegar. Gjennom ordninga løyver ein midlar til vedlikehald, fornying og utbetring på viktige næringsvegar og vegar som utvidar bu- og arbeidsmarknadsregionar på fylkesvegnettet. Fylkeskommunane prioriterer sjølve kva tiltak dei ynskjer å setje i gang innanfor desse rammene. Statens vegvesen har ansvar for ordninga, både for fordeling av midlane og for oppfylgning av prosjekta.

Ei anna viktig ordning er tilskot til utbetring av fylkesvegar for tømmertransport, som er særleg retta mot flaskehalsar for tømmervogntog på fylkesvegnettet. Midlane skal medverke til ein funksjonell og effektiv tømmertransport. Tiltak for å forsterke bruar som ikkje toler 60 tonn totalvekt, skal prioriterast. Programmet for ordninga vart utarbeidd i samarbeid med fylkeskommunane og skog- og trenæringa.

Regjeringa vil utarbeide ein heilskapleg og forpliktande plan for å redusere vedlikehaldsetterselepet på fylkesvegane. Statens vegvesen skal i samarbeid med fylkeskommunane koordinere arbeidet med å oppdatere kunnskapen om tilstanden på fylkesvegnettet. Regjeringa tek sikte på å kunne leggje fram det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget våren 2024, som ein del av komande nasjonal transportplan 2025–2036.

Regjeringa har òg teke initiativ til at det saman med fylkeskommunane vert utarbeidd ein nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksvegar og fylkesvegar med høg og midtels skredfaktor. Delar av planen vil vere ferdig i 2023. Regjeringa tek sikte på å leggje fram planen

² Ordningane går fram av tabell C i Grønt hefte, beregnings-teknisk vedlegg til statsbudsjettet.

³ Meld. St. 20 (2021–2022) *Nasjonal transportplan 2022–2033*. Samferdselsdepartementet.

våren 2024, som ein del av NTP 2025–2036. Samferdselsdepartementet har bede Statens vegvesen om å koordinere ei samstilling av ein gjennomføringsplan for skredsikring på fylkesvegar. Saman med tilsvarande gjennomføringsplan for skredsikring på riksvegar vert det levert ein heilskapleg plan for gjennomføring av ras- og skredsikring på riks- og fylkesvegar. Regjeringa planlegg å leggje fram dette arbeidet som ein del av komande NTP 2025–2036. Som ein del av dette arbeidet skal Statens vegvesen, i dialog med fylkeskommunane, gå gjennom reknemodellen for skredfaktor. Arbeidet med å revidere modellen har vore diskutert med fylkeskommunane.

4.3 Raskare utbygging av ladeinfrastruktur

Dei fleste som køyrer elektrisk personbil, har høve til å lade heime, og varebilar og bybussar ladar ved depot. Utviklinga i elbilparken hadde likevel ikkje vore mogleg utan offentleg tilgjengelege ladarar langs vegane. Slike ladarar var ikkje eksisterande i Noreg for ti år sidan, men ved utgangen av 2022 hadde vi meir enn 5 600 offentleg tilgjengelege hurtigladarar (over 50 kW) for personbilar og varebilar. Berre om lag 700 av alle hurtigladarar er etablerte med offentleg støtte. Dei fleste er sette opp av kommersielle aktørar utan tilskot.

I Hurdalsplattforma varsla regjeringa auka tempo i utbygginga av ladeinfrastruktur i dei delane av landet der slik infrastruktur ikkje er godt bygd ut. Enova har tidlegare støtta hurtiglade-stasjonar i kommunar med færre enn to stasjonar og hatt konkurransebaserte stønadsordningar for heilskapleg utbygging av hurtigladarar i utvalde område. Dette har gjeve ei rekkje utbyggingar i Finnmark, Nord-Troms, Nordland og Namdalen.

I 2022 vart Enova løyvd ytterlegare 100 mill. kroner for å støtte etablering av hurtigladarar i område utan tilstrekkeleg grunnlag for kommersiell utbygging. Gjennom denne satsinga har Enova gjeve støtte til 58 hurtigladarar og 12 normalladarar. Med denne tildelinga vert talet på kommunar i Noreg utan hurtigladar redusert frå 70 til 15. Hurtigladarar vil då vere tilgjengelege over heile landet, også i område med lågt folketal og lite trafikk. Det er venta at vidare utbygging av hurtigladarar for lette køyretøy vil skje på kommersielt grunnlag. Statens vegvesen har fått i oppdrag å vidareføre arbeidet med å kartleggje behov og potensial for å etablere ladeinfrastruktur langs riksvegnettet, for både lette og tunge køyretøy.

Når det gjeld tungtransporten, er det fyrst og fremst dei køyretøya som køyrer over relativt korte avstandar, som er elektrifiserte. Køyretøy i langdistansetransport vil vere avhengige av å kunne lade undervegs. Få tilgjengelege ladarar er eit hinder for at nullutsleppskøyretøy vert tekne i bruk. Samstundes gjer få køyretøy det lite attraktivt å byggje ut ladeinfrastruktur. Meir tilgjengeleg ladeinfrastruktur vil gjere det meir attraktivt å velje nullutsleppskøyretøy, noko som igjen vil gjere det meir lønsamt å tilby lading. For å få fart på utsleppskutta i tungtransporten er det derfor naudsynt med offentleg støtte til ladeinfrastruktur i ein tidleg fase.

Som det går fram i ladestrategien til regjeringa, skal Statens vegvesen i dialog med Nye Veier AS og Enova lage ein plan for å etablere ladestasjonar for tunge køyretøy langs riksvegnettet. Planen skal vere ferdig innan 1. juli 2023, og han skal oppdaterast ved jamne mellomrom i tråd med utviklinga i marknaden. Statens vegvesen, Nye Veier AS og Enova skal også samarbeide om etablering av dei fyrste offentleg tilgjengelege ladestasjonane for tunge køyretøy på døgnkvileplassar og rasteplassar. Strategien presenterer også tiltak som vil gjere hurtiglading meir brukarvenleg.

4.4 Halverte ferjeprisar

Regjeringa meiner det er viktig å sørgje for eit godt ferjetilbod for reisande og næringsliv. Ferje er livsnerven til mange samfunn. Regjeringa har som målsetjing å gjere det enklare å bu og drive næring i samfunn som er avhengige av ferjer.

Distriktsdemografiutvalet⁴ meiner det er sløsing med ressursar å krevje inn pengar for billetter på ferjesamband som har ledig kapasitet sjølv utan brukarbetaling. Utvalet meiner det er mogleg på kort sikt å auke nytten av ferjetilbodet ved å senke prisane eller ved å fjerne billettering på samband med ledig kapasitet, utan store proveny-tap.

I Hurdalsplattforma er det målsetjingar om å redusere ferjetakstar og å gjere ferjer til ein del samfunn gratis. Målsetjinga er å halvere ferjetakstane i fireårsperioden. Dette er regjeringa godt i gang med. Takstane er i dag reduserte med 30 prosent jamført med takstnivået ved inngangen til 2021. I det vedtekne budsjettet for 2023 ligg det

⁴ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

inne midlar til å halvere takstane i riksvegferjedrift frå 16. august 2023, jamført med takstnivået ved inngangen til 2021. Det er dessutan sett av midlar til fylkeskommunane slik at dei kan redusere takstane tilsvarande som i riksvegferjedrift.

Frå andre halvår 2022 vart det løyvd midlar slik at trafikksvake ferjesamband (under 100 000 passasjerar årleg) og delstrekningar til øyar og veglause samfunn på samband med over 100 000 passasjerar vart gratis frå 1. juli 2022. I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd ytterlegare midlar slik at ferjesamband til øyar og veglause samfunn med over 100 000 passasjerar kan gjerast gratis frå 16. august 2023. Fylkeskommunane er takststyresmakt og vurderer innføringa av ordninga etter lokale omstende og prioriteringar. Statens vegvesen er i tildelingsbrevet for 2023 bede om å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag om passasjer- og hurtigbåt for å kartleggje kostnaden ved å innføre tilsvarande ordningar for desse båttrutene.

Det er også ei ferjeavløysingsordning som legg til rette for ein alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer. Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Det er Kommunal- og distriktsdepartementet som fastset storleiken og utbetalingslengda på ferjeavløysingsmidlane.

4.5 Effektive hamner og farleier

Effektive og sikre hamner og farleier er viktige for å leggje til rette for ein effektiv og konkurransedyktig sjøtransport, verdiskaping og busetjing langs kysten og utvikling av fiskeriavhengige kystsamfunn. Noreg har ein desentralisert hamne- og kaistruktur som sikrar tilgangen til sjøtransporttilbod for det kystnære næringslivet i Noreg. Kommunane har verkemiddel i plan- og bygningslova til å avgjere kva for areal som bør regulerast til hamneføremål. I mange tilfelle kan det vere føremålstenleg at næringsareal blir regulert i eller i direkte tilknytning til hamna. Statlege og regionale styresmakter kan påverke avgjerda på ordinært vis gjennom verkemidla i plan- og bygningslova dersom det er behov for det.

Regjeringa har gjeninnført eit statleg ansvar for fiskerihamnene. Bakgrunnen for dette er regionreforma, som medførte at fiskerihamneanlegga til Kystverket i Vestland, Rogaland, Agder, Vestfold og Telemark og Viken fylkeskommunar blei overført til desse fylkeskommunane etter avtale, med verknad frå 1. januar 2020. Dei andre fylkeskommunane gjekk ikkje med på ein avtale på dei vilkåra som gjaldt for dette. Konsekvensen har vore at Noreg ikkje har hatt ei heilskapleg fiskerihamneforvaltning dei tre siste åra. Gjeninnføringa av det statlege ansvaret har skjedd i dialog med fylkeskommunane. Kystverket har på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet under teikna avtalar om tilbakeføring av fiskerihamne-

Boks 4.1 Smart mobilitet for små transportmarknader

Små transportmarknader og låg etterspurnad i distriktsområde gjev eit skinnare grunnlag for ordinære, kollektive transporttilbod. Mangel på kollektivtilbod gjer at ungdomar og andre utan bil er avhengige av skyss, eller vert utestengde frå å delta på aktivitetar og sosiale møteplassar.¹ Særleg ungdom er opptekne av at tilgjengeleg transport er viktig for trivsel og for å hindre utanforskap.²

Kollektivtransport er eit fylkeskommunalt ansvarsområde. Dei seinare åra har det fleire stader i landet vore døme på lokal utvikling av innovative, smarte mobilitetstilbod i distrikta. Bestillingstenester som «Heim for ein 50-lapp» viser at ein med enkle løysingar kan skape eit godt mobilitetstilbod for unge. Andre døme kan vere god innfartsparkering for bil og sykkel, som gjer det mogleg for fleire å nytte det eksis-

terande kollektivtransporttilbodet sjølv om det er eit stykke til busshaldeplassen, jernbanestasjonen eller hurtigbåtkaia. Statens vegvesen har nyleg gjennomført ei kartlegging av dei ulike tiltaka fylkeskommunane har sett i verk for å styrkje kollektivtilbodet i distriktsområda. Ulike former for bestillingstransport er eit satsingsområde for dei fleste fylkeskommunane i desse områda. Dei arbeider òg med betre samordning av ulike former for offentleg betalt transport, slik at ein kan få meir ut av ressursane og transportkapasiteten.

¹ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

² Distriktsenteret (2021). *10 råd frå ungdommens distriktspanel*. <https://distriktsenteret.no/ungdommens-distriktspanel/>.

anlegg med alle fylkeskommunar som overtok dette ansvaret i 2020. Avtalane gjeld med verknad frå 1. januar 2023. Dette gjev Kystverket ansvar for statlege fiskerihamneanlegg som moloar og kaifrontar langs heile kysten.

Staten har etter hamne- og farvasslova ansvar for utbetring i alt farvatn. Konkrete prioriteringar av moglege prosjekt vert fylgde opp i nasjonal transportplan og dei årlege budsjetta. Kommunar og private har også høve til å utbetre innseglingar til eigne hamner.

4.6 Drosjetenester er ein viktig del av transporttilbodet

Drosje er ein viktig del av transporttilbodet, ikkje minst i distrikta der det ikkje alltid er gode transporttilbod til dei som ikkje køyrer eigen bil. Regjeringa vil sikre ei drosjenæring der kundane er trygge og sjåførane kan leve av arbeidet sitt. Regjeringa vil ha trygg pasient- og skuletransport og eit godt drosjetilbod i distrikta og vil derfor stanse frisleppet i drosjenæringa.

Det er fylkeskommunane som har verktøy for å sikre drosjetilbodet lokalt. Før endringane i drosjereguleringa i november 2020 var det fylkeskommunen som fastsette talet på løyve i løyvedistriktet, og som kunne avgjere at løyvehavarar skulle vere knytte til ein drosjesentral. Løyvehavarane hadde plikt til å halde løyvet i drift og sikre at det var tilgjengelege drosjer heile døgnet. Fylkeskommunane hadde også heimel for å stille krav til løyvehavarar og drosjesentralar for å sikre kvaliteten på tilbodet. Etter regelendringane i 2020 kan fylkeskommunane sikre drosjetilbodet gjennom å lyse ut kontraktar om drosjekøyring på stader og til tider der næringa ikkje tilbyr tilstrekkelege tenester på kommersielle vilkår. Fylkeskommunane kan gje einerett og eventuelle tilskot som kompensasjon for at tenestene vert utførte.

Regjeringa har i Hurdalsplattforma meldt at behovsprøvinga og plikta til å vere knytt til ein drosjesentral skal gjeninnførast. Stortinget har i oppmodingsvedtak i budsjetthandsaminga for 2023 bede om at regjeringa i løpet av 2023 kjem med naudsynte lov- og forskriftsendringar for å gjeninnføre driveplikt, avgrensing av talet på drosjeløyve og plikt til å vere knytt til ein drosjesentral. Regjeringa har sett ned eit utval som skal gjere ei heilskapleg vurdering av drosjenæringa, vurdere handlingsrommet etter EØS-avtalen og utarbeide framlegg til regulering på området. Det er viktig å sikre eit godt drosjetilbod i heile landet,

Boks 4.2 Distriktsmobilen i Vevelstad

Vevelstad kommune i Nordland har etablert *Distriktsmobilen*, som er ei ordning for bestillingstransport organisert gjennom frivilligsentralen i kommunen. Nordland fylkeskommune finansierer hovuddelen av arbeidet, og kommunen tek ansvar for det administrative. Dette er eit tilbod som gjev innbyggjarane eit meir tilpassa og fleksibelt transporttilbod som er høgt verdsett, særleg av dei eldre i kommunen. Passasjerane betaler vanleg bussbillett. Ordninga har nokre regulatoriske utfordringar, mellom anna knytte til krav om køyresetel for sjåførane. Nordland fylkeskommune vurderer korleis tilbodet kan utviklast vidare, og om det kan utvidast til fleire kommunar.

særleg for sårbare grupper. Utvalet vil levere utgreiinga innan september 2023.

Med verknad frå 1. januar 2023 har Samferdselsdepartementet innført krav om obligatorisk taklykt på drosja og plikt til å dokumentere at taksameter er installert i drosja, og at drosja er riktig registrert i køyretøyregisteret. Samferdselsdepartementet har gjeninnført kravet om løyvegaranti for løyvehavaren frå same dato og fremja forslag for Stortinget om å gjeninnføre kravet om fagleg kompetanse. Føremålet med krava er mellom anna å sikre at løyvehavaren har tilstrekkeleg kunnskap og tilfredsstillande økonomisk evne til å stå ved forpliktingane sine, og å lette kontrollen med næringa. Krava skal medverke til ei seriøs drosjenæring.

4.7 Eit styrkt flytilbod i distrikta

Regjeringa vil redusere billettprisane og styrkje rutetilbodet på dei regionale FOT-rutene.⁵ Dei regionale flyrutene er ein viktig del av samferdselstilbodet i distrikta. Det er mange som er avhengige av kortbanenettet, anten det er verksemder, pendlarar eller folk som skal treffe familie. Regjeringa vil redusere prisane for dei som bruker fly og kortbanenettet i kvardagen, og har vedteke ei auka satsing for å styrkje flyrutetilbodet i distrikta.

⁵ FOT står for «forpliktingar til offentleg tenesteyting».

Luftfart er avgjerande for å sikre innbyggjarane i heile landet tilgang til helsetenester, utdanning og andre offentlege tenester. Det er viktig for effektive arbeidsreiser, privatreiser, frakt av post og tidskritiske varer og for utvikling av reiselivsnæringa. Noreg har eit omfattande nettverk av store, mellomstore og lokale lufthamner som det statlege

selskapet Avinor AS eig, driv og utviklar. Staten kjøper ei rekkje flyruter i distrikta som ikkje kan drivast med eit tilfredsstillande rutetilbod på kommersielle vilkår. Det samla flyrutetilbodet i Noreg sørger for at alle delar av landet har effektive reise- måtar til sjukehus og andre offentlege tenester, til regionale senter og hovudstaden og til utlandet.

Boks 4.3 Interregprosjektet Green Flyway testar elfly og dronar

Luftfarten står overfor store utfordringar for å lykkest med grøn omstilling. Ikkje nokon plass i verda finst det i dag null- eller lågutsleppsfly som er godkjende og tilgjengelege for å trafikere kommersielle flyruter. Eit etablert kortbanenett og relativt få passasjerar per flyging

gjev Noreg ein unik posisjon for å vere med på å utvikle elektrifisering av luftfarten. Når teknologien er moden, vil låg- og nullutsleppsfly kunne medverke til å gjere luftfart til ei av dei mest miljøvenlege transportformene i Noreg.



Figur 4.1 Green Flyway testar elfly og dronar

Foto: Green Flyway

Det har vore svært få område der testing og utvikling av autonome luftfartøy er mogleg, og område der ein kan fly frå ein stad til ein annan, er endå sjeldnare. Prosjektet *Green Flyway* har lagt til rette for testing av elfly og dronar i luftkorridoren mellom Røros og Östersund. Gjennom å byggje opp teststasjonar med endepunkt i to ulike land, opna dei ein internasjonal testarena. Prosjektet gjer det mogleg å prøve ut luftfartstrafikk over lengre avstandar og i internasjonalt luftrom, og effektane kan på lengre sikt vere store. Arbeidet som er gjort ved fly-

plassane, vil også få ringverknader for andre flyplassar.

Prosjektet gjennomførte 18. februar 2020 verdas fyrste vinterflyging med elfly, med landing på Røros lufthamn. Som del av prosjektet prøvde Tine vinteren 2022 ut dronetransport av mjølkeprøver frå Haltdalen til laboratoriet ved meieriet på Heimdal. Prosjektet vert no vidareført gjennom ein avtale mellom droneoperatøren Aviant og St. Olavs hospital om å sende biologisk materiale (som blodprøver) til laboratorietesting med drone.

Der marknaden åleine ikkje gjev eit tilfredsstillande flyrutetilbod, kan Samferdselsdepartementet kjøpe flyrutetenester for å sikre eit godt flytilbod over heile landet. Desse flyrutetenestene vert kjøpte etter offentleg konkurranse mellom flyselskapa, og dei vert pålagde såkalla *forpliktingar til offentleg tenesteyting* (FOT) på flyruter, der det er krav til billettpris, kapasitet, frekvens og ruter. Flyrutekjøpet knyter seg i hovudsak til ruter til/frå Bergen og Oslo frå den nordlege delen av Vestlandet og internt i Nord-Noreg.

I FOT-utlysingane vil regjeringa gjennomføre fleire tiltak. For å gjere det lettare og billigare å reise langs kysten på Vestlandet og i Nord-Noreg vil regjeringa redusere billettprisane i FOT-utlysingane med avtaleoppstart i 2024. Billettprisane på FOT-flyrutene vert halverte frå 1. april 2024, og for helikopterruta Værøy–Bodø vert maksimal billettpris halvert frå 1. august 2024. Dette vil redusere avstandskostnadene for innbyggjarar og næringsliv som er avhengige av kortbanenettet. For å ta omsyn til ein mogleg vekst i etterspurnaden vil regjeringa auke krava til setekapasitet der talet på reisande er venta å stige mest.

For å sikre eit føreseieleg flyrutetilbod vil regjeringa ta flyruta Stord–Oslo inn i FOT-ordninga. Ruta vert ein del av utlysinga med avtaleoppstart 1. april 2024. Regjeringa vil også etablere ei ny FOT-rute mellom Kirkenes og Tromsø. Målet i Hurdalsplattforma om fleire avgangar vil regjeringa kome tilbake til i dei komande flyruteinnkjøpa, i fyrste omgang for avtaleperioden frå 1. april 2024 for FOT-rutene i Sør-Noreg og Nord-Noreg, og frå 1. august 2024 for helikopterruta Værøy–Bodø.

Regjeringa vil også leggje til rette for betre framkomst frå Helgeland og nordover. Det har over fleire år vore eit lokalt ynske om tidlegare landing i Bodø for rutene frå Helgeland, for å kunne gjennomføre dagsreiser til universitetssjukehuset i Tromsø. Vidare legg regjeringa opp til å styrkje transporttilbodet mellom Aust-Finnmark og Tromsø gjennom styrkte korrespondansekrav, færre krav til samband og ny FOT-rute mellom Kirkenes og Tromsø.

Geografisk berekraft er eit av dei fire berekraftsmåla i den nyleg framlagde stortingsmeldinga om ein berekraftig og trygg luftfart.⁶ Dei andre berekraftsmåla rettar seg mot økonomi, klima, miljø og sosiale tilhøve. Geografisk berekraft er i luftfartsstrategien definert som at innbyggjarar og næringsliv i heile landet har god til-

gang til lufthamner med eit tilstrekkeleg rutetilbod til ein akseptabel pris. Dei viktigaste verkemidla til regjeringa for å ta vare på og styrkje den geografiske berekrafta i luftfarten vil framleis vere å halde oppe eit statleg desentralisert lufthamnett med mange små lokale lufthamner, kombinert med offentleg kjøp av flyrutetenester til og frå lokale lufthamner der det er behov for dette.

4.8 Utgreiing av transportsystemet i Nord-Noreg

Regjeringa vil arbeide vidare med konseptval-utgreiinga (KVU) om den framtidige utviklinga av transportsystemet i Nord-Noreg. Det vert lagt opp til at utgreiinga skal vere ferdig sommaren 2023. Transportsystemet i Nord-Noreg har utfordringar som er særskilde for denne landsdelen. Vintersesongen er særleg lang i nord, og på fjellovergangane er det krevjande å halde oppe god regularitet for vegtransporten. Landsdelen er kjenneteikna av lange avstandar og ein topografi som gjer transport med fly spesielt effektivt. KVU-en vurderer prinsipielle transportløyningar som skal leggje til rette for ein infrastruktur som bind landet meir effektivt saman, gjev god utnytting av ressursgrunnlaget i landsdelen og fremjar verdiskaping og regional utvikling. Samfunnstryggleik, beredskap og klimaomsyn vil òg vere sentrale tema i KVU-en.

Regjeringa har bede Jernbanedirektoratet om å gjennomføre ein KVU om Nord-Noregbana. Direktoratet skal vurdere ulike konsept på strekninga Fauske–Narvik–Tromsø, med mogleg sidebane til Harstad. Arbeidet skal vurderast i samband med Nordlandsbana og Ofotbana. Sentralt i utgreiinga står samfunnstryggleik og beredskap, klima, miljø og verdiskaping og bruk av ressursgrunnlaget i landsdelen. Utgreiinga skal vurdere konsekvensane for reindriftsnæringa og samiske interesser. Utgreiinga vil gje regjeringa viktig informasjon om framtidig utvikling og mogleg vidare planlegging av ny jernbaneinfrastruktur i Nord-Noreg. KVU Nord-Noregbana skal ferdigstillast i august 2023.

4.9 Ein forsterka digital grunnmur

Digital infrastruktur som mobilnett, breibandsnett og datasenter er avgjerande for å byggje landet i framtida. Det kan gje utvikling i offentlege og private tenester, eit meir innovativt, effektivt og miljøvenleg næringsliv og transportsystem, og

⁶ Meld. St. 10 (2022–2022) *Berekraftig og sikker luftfart – Nasjonal luftfartsstrategi*. Samferdselsdepartementet.

samarbeid mellom aktørar over store avstandar. Regjeringa har som mål at alle husstandar og verksemdar i Noreg skal ha tilgang til høghastigheitsbreiband.

Noreg er det landet i Europa som har den høgaste internettbruken blant innbyggjarane, og bruken av digitale tenester i kommunal sektor og innanfor helse, skatt og velferd er høg. Det same gjeld løysingar på tvers av sektorar og forvaltingsnivå, som Altinn og digital post. Ny teknologi gjev gode høve til desentralisering og styrking av busetnad og næringsutvikling i heile landet. For å lykkast med dette er det viktig med ein god digital grunnmur i botnen. Saman med dei digitale tenestene kan det leggje til rette for auka produktivitet, ny velferdsteknologi og teknologi for å redusere klimaavtrykket i ei rekkje næringar. Slik er teknologien viktig for å løyse nokre av dei største utfordringane samfunnet står overfor.

4.9.1 Alle skal ha tilbod om godt og framtidsretta breiband


Noreg har gode og sikre breibandsnett i internasjonal målestokk, og tilbodet er godt for landet sett under eitt. Men tilbodet er betre i byar og tettstader enn i distrikta. Regjeringa ynskjer derfor ei kraftig styrking av breibands- og mobildekninga i heile landet. Ein god digital infrastruktur kan

ifylgje distriktsnæringsutvalet⁷ kompensere for avstandsurempene i distrikta.

Skilnaden i tilbodet mellom byane og distrikta kjem av at det er så få kundar i distrikta at det er vanskeleg å forsvare investeringane i nett på kommersielt grunnlag. I spreiddbygde strom hadde meir enn 70 prosent av husstandane og verksemdene tilbod om høghastigheitsbreiband⁸ per 30. juni 2022. Det var ein auke frå 66 prosent i fyrste halvår 2021, men likevel er skilnaden framleis for stor. I område utan kommersielt grunnlag for utbygging er det naudsynt med tilskot for å oppnå auka dekning. Regjeringa fordelte 362 mill. kroner til breiband i januar 2023. Fordelinga er basert på ein analyse av status for dekninga i 2022 og kva vidare utbygging vil koste i dei ulike fylka. Alle fylke fekk auka løyving samanlikna med 2022, og fylke med mange distriktskommunar og få innbyggjarar på store areal er i sterkare grad enn før prioriterte. Dette gjev ein klar distriktsprofil i fordelinga (sjå tabell 4.1). Fylkeskommunane har ansvar for forvaltninga av tilskota til breiband og har ei viktig oppgåve med å koordinere og plan-

⁷ NOU 2020: 12 *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet.

⁸ 100 megabit per sekund – Mbit/s.



Figur 4.2 Dekning for breiband med ulike hastigheiter (husstandar)

Kjelde: Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Tabell 4.1 Fylkesvis fordeling av breibandstilskot

Fylkeskommune	2023 Løyving
Agder	16 164 838
Innlandet	69 626 686
Møre og Romsdal	17 568 185
Nordland	41 917 732
Oslo	2 050 403
Rogaland	16 227 421
Troms og Finnmark	26 404 562
Trøndelag	49 100 943
Vestfold og Telemark	20 491 943
Vestland	33 151 627
Viken	69 981 507

Kjelde: Kommunal- og distriktsdepartementet

leggje bruken av midlane og sørge for at kommunane tek aktiv del i planane.

Regjeringa har som mål at alle husstandar og verksemdar skal ha tilbod om breiband med minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit innan utgangen av 2025. Gjennomsnitt per fyrste halvår 2022 for norske privatabonnement var 268 Mbit/s, samanlikna med 47 Mbit/s ved utgangen av 2016. Historia har vist at det må vere kapasitet i netta før tenestene kan utviklast og innovasjonen kan skje.

4.9.2 God mobildekning i heile landet

Regjeringa arbeider for at alle skal ha tilgang til mobiltenester der dei bur, arbeider og ferdast, og der næringsliv og offentleg og frivillig sektor driv verksemd. Sjølv om situasjonen i Noreg er god samanlikna med dei fleste land i verda, har regjeringa som mål at mobildekninga skal verte endå betre, ikkje minst i distriktsområde med svakare dekning. Tilgang til velfungerande mobiltenester er viktig for busetjing og næringsverksemd i distrikta og for å sikre eit godt grunnlag for innovasjon og næringsutvikling i heile landet.

Noreg har svært godt utbygde mobilnett, trass i topografiske og klimatiske tilhøve som gjer utbygging og drift av mobilnett utfordrande og kostnadskrevjande. Netta er i verdsklasse med tanke på tenestekvalitet og utbreiing. Auka konkurranse i mobilmarknaden gjennom framvekst av ein tredje mobilnettilbydar gjev høgt investeringsnivå og stor utbygging. Resultatet er auka

dekning og kapasitet, eit breiare tenestetilbod og redusert sårbarheit i den digitale grunnmuren.

Basisdekninga for fjerde generasjons mobilnett (4G) er svært god. Nesten alle bustader har utandørs 4G-dekning med handhalden mobiltelefon.⁹ Det skjer ei rask utbygging av femte generasjons mobilnett (5G). Frå fyrste halvår 2021 til fyrste halvår 2022 har landsdekninga auka frå å gjelde 23 prosent til å gjelde 81 prosent av folkesetnaden.¹⁰ For 5G er skilnadene mellom by og land førebels større enn for 4G. Dekninga for tilgang til mobildatahastigheit på 100 Mbit/s over 5G-netta er estimert til 53,4 prosent for tettbygde strok og 6,5 prosent for spreiddbygde strok.

Vinnarane av auksjonen av 5G-frekvensar i september 2021 – Altibox, Ice, Telenor og Telia – fekk rabatt på provenyet dei skulle betale for frekvensressursane, mot ei plikt til å byggje ut nett og etablere fast trådløst breiband med datahastigheit på minst 100 Mbit/s til identifiserte bygg som mangla eit slikt tilbod. Tiltaket kan utløyse investeringar i mobilnett for minst 560 mill. kroner og vil kunne styrkje den vanlege mobildekninga. Tiltaket rettar seg mot tusenvis av husstandar og næringsbygg som ligg i spreiddbygde strok, og har ein klar distriktsprofil. Forpliktinga skal oppfyllest innan 1. juli 2025.

Det er gjennomført ei kartlegging av manglande mobildekning (såkalla dekningshol) langs det norske riksvegnettet. Dette arbeidet vert sett i samheng med at det i ein frekvensauksjon i 2019 vart definert dekningskrav langs europavegnettet og kystvegen frå Mo i Rana til Bodø. Dette førte til at Telenor tok på seg å utbetre dekninga langs desse vegstrekningane innan utgangen av 2025. Resultata av dette omfattande kartleggingsarbeidet vil danne grunnlag for forslag til korleis dekningshol langs riksvegnettet kan tettast i framtida.

Det er òg sett i verk tiltak for styrkt tilgang til mobiltenester for togreisande, og dei skal realisere i fyrste seksårsperiode i inneverande NTP. Utvida nettdækning langs jernbana gjev auka verdiskaping gjennom betre utnytting av reisetid. Telia har i samband med frekvensauksjonen forpliktet seg til å styrkje dekninga for mobilt breiband langs jernbanestrekningane Skien–Oslo S, Lillehammer–Oslo S, Halden–Oslo S, Stavanger–

⁹ Dekningsundersøkinga til Nasjonal kommunikasjonsorgan (Nkom) med tal per fyrste halvår 2022.

¹⁰ Ein av tilbydarane vil etter planen ferdigstille 5G-utbygginga og ha eit landsdekkjande nett allereie i løpet av 2023. Andre tilbydarar fylgjer tett på, og det uttala målet til tilbydarane er at 5G-dekninga skal verte like god som 4G-dekninga i dag.

Egersund–Kristiansand, Melhus–Trondheim–Steinkjer og Flåmsbana. Kravet skal innfriast innan utgangen av 2025.

I tillegg til god dekning er det viktig med valfridom og prisar som gjer det mogleg å ta i bruk tenestene. Regjeringa er oppteken av å styrkje konkurransen. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har ei viktig oppgåve med å leggje til rette for konkurranse og rimelege prisar i marknaden for fast og mobilt breiband.

4.9.3 Datasenter er ein del av den digitale grunnmuren

Det er viktig å styrkje datalagrings- og prosesseringskapasiteten i heile landet. Digitalisering og digital innovasjon handlar i stor grad om betre utnytting av data basert på innhenting, deling og vidareforedling av stordatasett, til dømes gjennom *tinginternettet*,¹¹ sensorikk, tungrekning, kunstig intelligens og maskinlæring. Betre utnytting av data er sentralt for grøn omstilling og vekst. Alle digitale tenester vert i dag køyrde frå datasenter, og digitale løysingar som kan bidra til å kutte utslepp og til grøn industriutvikling, er avhengige av datasentertenester. Datasenter kan medverke til energieffektivisering ved at datalagrings- og prosesseringsbehov til fleire verksemdar kan dekkjast gjennom eit enkelt og meir energieffektivt anlegg. Datasenter gjer digitalisering mogleg og medverkar slik til effektivisering av andre næringar og offentlege tenester. Datasenter genererer også store mengder overskotsvarme som kan gjenbrukast til andre føremål, og etablering av datasenter kan inngå i ein større samanheng der overskotsvarmen vert gjenbrukt til nytte for husstandar eller næringsverksemdar der dette er samfunnsøkonomisk lønsamt.

Datasenternæringa har vakse kraftig i Noreg dei siste åra, og mange av datasentera er lokaliserte i distrikta. Regjeringa meiner at datasentertableringar kan medverke til å styrkje næringsutvikling og eksisterande næringsverksemdar, og vil at datasenternæringa skal ha gode vilkår for vekst i Noreg. Regjeringa meiner at det er viktig med betre oversikt over og kontroll med næringa, og at etableringar skal gjennomførast på ein måte som skaper gode synergieffektar i vertskommunen. Regjeringa har i ny ekomlov føreslått å innføre krav om forsvarleg tryggleik i datasenter og

ei registreringsplikt for datasenteraktørar i Noreg, slik at aktøren må opplyse kor stor prosentdel av kraftforbruket som skal brukast til utvinning av kryptovaluta. Regjeringa er også i gang med å revidere og vidareutvikle den nasjonale datasenterstrategien, mellom anna som fylgje av den tryggleikspolitiske situasjonen og situasjonen i kraftmarknadene. I tillegg har regjeringa utarbeidd ein rettleiar som skal gjere det enklare for kommunane å vurdere kva som er ei føremålstenleg avgjerd når ein datasenteraktør ynskjer å etablere seg i kommunen. Datasenter med anonym utleige kan misbrukast av kriminelle og statlege aktørar. Regjeringa vil greie ut aktuelle tiltak for å avdekke og motverke utleige og bruk av datasenter til kriminelle og sikringstrugande føremål.

4.9.4 Tryggleik og sikre nett

Tilgang til mobil- og breibandsnett med god dekning legg til rette for digitalisering i alle delar av samfunnet. Det har mange positive sider og medverkar til effektivisering, verdiskaping og auka produktivitet, men skaper òg nye typar sårbarheit. God tryggleik og beredskap i nett og tenester er derfor viktig.

Det er kommersielle aktørar som byggjer mobil- og breibandsnett i Noreg. Det vert stilt krav om forsvarleg tryggleik gjennom lover og forskrifter, mellom anna ekomlova og tryggleikslova, som styresmaktene fylgjer opp med tilsyn, pålegg og rettleiing. I 2022 oppretta regjeringa *Strategisk tryggleiksforum*, som samlar toppleiarar i teleselskap som er underlagde tryggleikslova, for å planleggje øvingar og diskutere tryggleik og beredskap på strategisk nivå.

I nokre område med færre husstandar og kundar er det ikkje bygd nett med tilstrekkeleg overlapping og alternative føringsveggar. Det gjer at folk og verksemdar i slike område kan oppleve hyppigare og meir langvarige bortfall av digitale tenester enn det som er tilfellet i sentrale strom. Regjeringa gjev derfor tilskot til auka digital tryggleik og beredskap i distrikta.

Det vert gjennomført tiltak i fleire regionar for å redusere sårbarheitene gjennom alternative digitale føringsveggar og utbetring av sårbare punkt i infrastrukturen. Regjeringa har fylgt opp tiltak for nær 70 mill. kroner i Finnmark og sett i verk tiltak for 50 mill. kroner i Troms. I 2023 vil regjeringa bruke 25 mill. kroner på å styrkje den digitale infrastrukturen i Nordland. Regjeringa vil halde fram dette arbeidet og har bede Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit om å gjennomføre analysar for andre relevante distrikt.

¹¹ Tinginternettet (*internet of things*) er nettverket av identifiserbare gjenstandar som er utstyrte med elektronikk, programvare, sensorar, aktuatorar og nettverk som gjer gjenstandane i stand til å kople seg til kvarandre og utveksle data.

Staten påla i 2014 mobilnetteigarane å ha 2–4 timar reservestraum i mobilnetta i heile landet. Kommunar som er sårbare for ekstremvær og andre hendingar får i programmet *Forsterka ekom* forsterka mobilberedskapen ytterlegare med tre døgn reservestraum og alternative føringsvegar inn til basestasjonane. Dette gjer at innbyggjarane og lokal kriseleiing kan vere trygge på at dei har eit område i kommunen der dei kan kommunisere, også ved langvarig straumbrot. Så langt har det vore løyvd midlar til forsterking i meir enn 80 kommunar, og i 2023 gjev regjeringa midlar til utbygging i nye kommunar, slik at meir enn 90 kommunar vil få forsterka ekom.

Sjøfibernablar er avgjerande for å sikre digital dekning for fleire distriktsområde. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har gjeve tilskot til infrastruktureigarar for å setje i verk tiltak som styrker tryggleiken for sjøfibernablar. Det vert i 2023 sett i verk tiltak for 43 mill. kroner for å auke tryggleiken og beredskapen for undersjøisk digital infrastruktur som understøttar norsk olje- og gassproduksjon. I tillegg vidarefører regjeringa arbeidet med å styrkje samarbeidet mellom ekom- og kraftsektoren.

5 Ein aktiv næringspolitikk for heile landet

Føresetnadene for næringsverksemd varierer mellom ulike delar av landet. Noreg treng næringar som gjev landet verdiskaping og eksportinntekter, som gjev arbeidsplassar og skatteinntekter til kommunane, og som tek klimaomsyn og nyttar ressursane på ein berekraftig måte. Landet treng utdanning som kvalifiserer folk til dagens og framtidas næringsliv, og infrastruktur som legg til rette for velfungerande arbeidsmarknader, transport og digitale løysingar.

Noreg er rikt på menneskelege ressursar og naturressursar. Regjeringa fører ein aktiv og framtidretta næringspolitikk for å leggje til rette for aktivitet i heile Noreg. Ressursbaserte næringar er ein sentral del av norsk økonomi og har over tid gjeve grunnlag for store inntekter og positive ringverknader for lokalsamfunn og for Noreg som nasjon. Desse næringane er viktige for sysselsetjing, verdiskaping og busetjing i distrikta. Næringane skaper ringverknader gjennom tilknytt industri, lokale innkjøp, forskning og utvikling og gjennom samarbeid med utdanningssektoren.

Fordi naturressursane er spreidde, vil gjerne arbeidsplassane òg liggje spreidd. Verdiskaping basert på berekraftig utnytting av naturressursar må kome lokalsamfunna der verdiane ligg, til gode. Regjeringa vil derfor sikre at lokalsamfunn som stiller naturressursane sine til disposisjon for utbygging, får meir igjen for det og vert sikra ein rettmessig del av verdiskapinga.

Gjennom planlegging og verkemiddelbruk har kommunane og fylkeskommunane ei sentral rolle i å leggje til rette for næringsutvikling. Ein aktiv offentleg innkjøpspolitikk kan leggje til rette for å skape lokale og regionale ringverknader.

Gjennom eit grønt industriløft vil regjeringa leggje til rette for kutt i klimagassutslepp, fleire arbeidsplassar og auka verdiskaping basert på lange verdikjeder i Noreg. Strategiske investeringar, samordning av tiltak på tvers av sektorar og etablering av ny industri som privat sektor kan utvikle vidare, er viktig. Denne industriutviklinga vil gje store moglegheiter i distrikta.

Privat eigarskap og initiativ er sentralt for utvikling av næringslivet. Regjeringa vil føre ein politikk som byggjer opp under og styrkjer grunn-

laget for å etablere, drive og vidareutvikle eiga verksemd.

5.1 Forvaltning av naturressursar skal kome fellesskapet til gode

Framsente folkevalde har sørgd for at rikdomen frå dei felles naturressursane våre i stor grad hamnar hos fellesskapet, mellom anna gjennom skattlegging av vasskraftproduksjon og petroleumsnæringa og offentleg eigarskap.

Prinsippet om at fellesskapet skal ha ein del av avkastinga ved å nytte naturressursane til fellesskapet, har tent Noreg godt. Utan dette ville vi i dag ikkje hatt Statens pensjonsfond utland. Også skattlegginga av vasskraftverk har medverka til store skatteinntekter til staten og kommunesektoren, ikkje minst den siste tida. Det har vore brei semje om at ein stor del av grunnrenta frå petroleums- og kraftnæringa skal gå til fellesskapet. Ekstraordinært høg avkasting (grunnrente) gjev skatteevne, og skattlegging av grunnrente verkar derfor omfordelende. Ein riktig utforma grunnrenteskatt verkar nøytralt på investeringane. Det vil seie at verksemd som er lønsam før grunnrenteskatt, også vil være lønsam etter grunnrenteskatt. For stadbundne grunnrentenæringar er det mogleg å ha eit høgt skattenivå utan at investeringar vert flytta ut av landet.

I Hurdalsplattforma er regjeringa tydeleg på at lokalsamfunn og fellesskapet bør få ein rettfærdig del av verdiane som vert skapte ved å utnytte naturressursane til fellesskapet. Vertskommunar for vasskraft skil seg ut ved at dei får ein stor del av skatteinntektene i sektoren. Dei siste åra har også vertskommunar for havbruk fått store inntekter frå sal av havbruksløyve og produksjonsavgift. Kommunane kan også skrive ut eigedomsskatt innanfor rammene av eigedomsskattelova.¹

¹ Verk og bruk er fasa ut som kategori i eigedomsskatten, sidan produksjonsutstyr og -installasjonar som hovudregel ikkje lenger skal inngå i eigedomsskattegrunnlaget. Vasskraftanlegg, kraftnett, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleumsskatt vart likevel vidareførte som tidlegare i ein eigen regel.

Til liks med petroleums- og vasskraftressursane er sjø- og vindkraftressursar skatteobjekt som ikkje kan flyttast, og som bør utnyttast i ei tid då mange skattegrunnlag vert meir mobile. Regjeringa varsla i statsbudsjettet for 2023 at ho vil innføre grunnrenteskatt på havbruk og vindkraft på land. Ein sentral del av forslaget er at lokalsamfunn som stiller naturressursar til disposisjon, skal sikrast ein del av grunnrenta. Forslag til grunnrenteskattar på havbruk og vindkraft på land har vore på høyring. I Prop. 78 LS (2022–2023) la regjeringa fram lovforslag om grunnrenteskatt på havbruk med ein effektiv skattesats på 35 prosent og eit botnfrådrag på 70 mill. kroner. Det vart òg føreslått ein auke i produksjonsavgifta til 90 øre per kilo frå 1. juli 2023. Regjeringa har vidare føreslått å auke den delen vertskommunar og -fylkeskommunar får av inntektene frå sal av ny løyvekapasitet, frå 40 prosent til 55 prosent. Dessutan har regjeringa føreslått at kommunesektoren skal få inntekter tilsvarande halvparten av provevnyet frå grunnrenteskatten. Det skal sikrast ved å gje ei ekstraløyving til kommunesektoren i år der grunnrenta er høg. Saken vart handsama i Stortinget 31. mai 2023 med vedtak om ein effektiv skattesats på 25 prosent, og innretning og fordeling elles som føreslått av regjeringa.

Eit høyringsnotat om grunnrenteskatt for landbasert vindkraft vart sendt ut 16. desember 2022 med frist 15. mars 2023. I høyringsnotatet var det i utgangspunktet lagt opp til at grunnrenteskatten skulle få verknad frå 2023, men det vart omtalt at dette skulle vurderast nærare. I lys av mellom anna innspel frå høyringa og tidsomsyn tek regjeringa no sikte på å gjere framlegg om grunnrenteskatt på landbasert vindkraft for Stortinget i løpet av haustsesjonen 2023, med verknad frå inntektsåret 2024.

5.2 Distrikta står sentralt i det grønne skiftet

Mange av klimagassutsleppa kan reduserast gjennom løysingar i og frå industrien. I tråd med måla i Parisavtalen skal Noreg innan 2030 kutte minst 55 prosent av dei norske klimagassutsleppa samanlikna med utslippsnivået i 1990. Regjeringa vil gjennom eit grønt industriløft arbeide for utvikling av reine energikjelder, mellom anna ved å utvikle og ta i bruk teknologi for karbonfangst og -lagring. Regjeringa vil arbeide for det grønne skiftet gjennom gode rammevilkår og målretta risikoavlasting og ved å bruke den statlege innkjøpsmakta for å leggje til rette for grønne aktørar.

Eit grønt skifte kan gje store positive ringverknader for Distrikts-Noreg. Her finst ressursar som er viktige for å gjennomføre regjeringa sitt vegkart for grønt industriløft. Norske industrimiljø har særleg spisskompetanse innanfor olje og gass, fornybar energi, metallurgi, prosess- og vareproduksjon og maritim og marin sektor. Kompetanse og kapasitet i eksisterande næringar er viktig for å utvikle nye næringar. Kombinasjonen av store fornybare ressursar og industriell, teknologisk og vitenskapleg kompetanse gjev Noreg gode føresetnader for å lykkast i den grønne omstillinga.

Innovasjonsprosjekt på norsk sokkel gjev ringverknader og kompetanseutvikling til næringar over heile landet. Leverandørindustrien til petroleumsnæringa har ein sterk posisjon internasjonalt og medverkar til verdiskaping og industriutvikling i distrikta. Industrien har i fleire år vore i omstilling, med stor merksemd på fornybar energi og lågkarbonløysingar. Særleg havvind har mange fellestrekk med offshore petroleumsverksemd. Leverandørindustrien vil derfor vere viktig i arbeidet med grønt omstilling.

Regjeringa vil leggje til rette for god dialog med fylkeskommunane og regionale aktørar om arbeidet med grønt industriløft, slik at den samla innsatsen støttar opp om regionale potensial og føremonar. Regjeringa har også oppretta eit dialogforum for batterikommunar. Føremålet er å leggje til rette for ein meir effektiv dialog og erfaringsutveksling mellom vertskommune og dei aktuelle fylkeskommunane, statsforvaltarane, departementa og etatane. Det er etablert gode samarbeid mellom fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, Siva og Noregs forskingsråd i alle fylke, og det vert jobba i regionale partnerskap for regional næringsutvikling. Regjeringa har starta arbeidet med å utvikle regionvekstavtalar som eit nytt verktøy i distrikts- og regionalpolitikken (sjå kap. 5.8), og det er allereie innleidd dialog om avtalar med Nordland og Rogaland fylkeskommunar. Avtalane vil mellom anna kunne vere verktøy for grønt omstilling og næringsutvikling i ulike delar av landet.

5.2.1 Vegkart for grønt industriløft

Eit grønt skifte kan gje store ringverknader for Distrikts-Noreg. Her finst ressursar som er viktige for å gjennomføre regjeringas *Vegkart for grønt industriløft*. Vegkartet frå juni 2022 har som mål å gjere Noreg til ein grønt industri- og energigigant basert på våre naturressursar, kunnskapsmiljø, industrielle kompetanse og historiske føremonar. Vegkartet inneheld i alt 100 tiltak og omfat-

Boks 5.1 Green Yard Kleven

Skipsverftet Green Yard Kleven i Ulsteinvik tilbyr nybygg, reparasjonar, ombygging og resirkulering av fartøy og er det einaste livsløpsverftet i Noreg. Green Yard Kleven tilbyr alle typar verftstenester, også spesialoppdrag for skipsinteriør og hybridisering av skip. Verftet har stor kapasitet for robotisert stålproduksjon. Verftet finn gode løysingar i samarbeid med reiarane når noko skal byggjast eller endrast om bord i fartøyet. Verftet står i ein lang skipsbyggjartradisjon og har god leveringspresisjon.

Alt arbeid vert gjort med ein sterk miljøprofil, med vektlegging av restverdiar og gjen-

bruk i aktuelle prosjekt. Verftet er ISO-sertifisert innanfor miljø og kvalitet. Green Yard Kleven held til i Ulsteinvik, midt i den maritime klyngja på Søre Sunnmøre. Verftet er saman med systemverftet Green Yard Feda i Kvinesdal ein del av Green Yard Group. Green Yard Feda er det einaste verftet i verda som gjennomfører resirkulering av skip innandørs. I tillegg tilbyr Green Yard Feda verftstenester og riggservice. For begge verfta står utvikling av berekraftige tenester og arbeidsmetodar sentralt.



Figur 5.1 Green Yard Feda tilbyr verftstenester og riggservice.

Foto: Green Yard Feda

tar satsingsområde som byggjer på ressursar og kompetansmiljø i heile landet: havvind, batteri, hydrogen, CO₂-handtering, prosessindustri, maritim industri, skog- og trenæringa og bioøkonomi. Dette er distriktsnæringar med viktige bidrag til grøn omstilling. Næringane legg til rette for berekraftig produksjon i framtida, og det er venta stor vekst i etterspurnaden etter berekraftige produkt i åra framover.

Havvind har gode føresetnader for vekst i ein marknad der etterspurnaden etter fornybar kraft

veks raskt. Dette gjev nye moglegheiter for norsk leverandørindustri. Globalt har etterspurnaden etter *batteri* auka sterkt. Batteri er ein kjerne-teknologi i det grøne skiftet, og i Noreg kan batteri produserast med låge utslepp og på ein effektiv måte, noko som gjev gode føresetnader for verdiskaping og arbeidsplassar i distrikta. I juni 2022 lanserte regjeringa Noregs fyrste batteristrategi² for å utvikle ei samanhengande og lønsam batteri-verdikjede. *Hydrogen* produsert med ingen eller låge utslepp er ein energiberar med stort poten-

sial til å redusere klimautslepp frå fleire sektorar. Regjeringa vil gjennom støtte til FoU, infrastruktur og krav i offentlege innkjøp stimulere til parallell utvikling av produksjon, distribusjon og bruk av hydrogen, og over heile landet er fleire prosjekt i startfasen. *CO₂-fangst og -lagring* kan redusere utslepp frå fleire industriprosessar, og regjeringa vil vidareføre satsinga på teknologiutvikling. Kompetanse frå petroleumsverksemda er viktig for å utvikle CO₂-lagring på norsk kontinentalsokkel.

Norsk *maritim industri* ligg i front i omstillinga til låg- og nullutsleppsfartøy og skaper verdiar nasjonalt og i mange lokalsamfunn. For å stimulere til auka aktivitet og ringverknader i samfunnet vil regjeringa greie ut det rettslege handlingsrommet innanfor EØS-avtalen for å plassere offentlege oppdrag hos norske verft. Som ein del av utgreiinga har det på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet vorte utarbeidd ein ekstern rapport om moglegheitene for å stille krav i offentlege innkjøpsprosessar som kan medverke til at norske verft effektivt kan konkurrere om desse oppdraga.

Prosessindustrien har fleire verksemdar som er verdslende i sin bransje på klima- og ressurs-effektivitet, og som har eit stort potensial for auka verdiskaping i heile landet. Noreg har store *bioressursar* som kan gje grunnlag for auka verdiskaping og nye arbeidsplassar, gjennom berekraftig skogbruk, foredlingsindustri og utnytting av restråstoff frå mellom anna marin sektor. Bruk av tre i bygg har stort marknadspotensial, og det er aukande etterspurnad etter berekraftig produsert biodrivstoff, cellulose og andre treforedlingsprodukt. Det statleg eigde investeringsselskapet *Investinor* har øymerkt 500 mill. kroner til investeringar i skog- og trenæringa.

Mineralnæringa er i stor grad lokalisert i distrikta. Næringa vil spele ei viktig rolle i det grøne skiftet, og gjev grunnlag for berekraftig økonomisk vekst og nye arbeidsplassar. Regjeringa vil leggje til rette for utvinning av kritiske mineral, og planlegg å leggje fram ein mineralstrategi.

5.2.2 Statleg kontaktpunkt for store industrietableringar i nord

Det er store investeringsprosjekt under planlegging i fleire delar av landet. Store industrietableringar krev tilrettelegging og handling frå mange ulike aktørar, både offentlege og private. Investe-

ringane kan utfordre den sektoriserde staten, ved at mange avgjerder må samordnast i tid og trekkje i same retning. Kommunane kan finne det vanskeleg å få ein samla og målretta dialog med staten om utfordringar og behov lokalt.

Fleire av dei aktuelle industriprosjekta er store og det er lange byggeperiodar. Det skal rekrutterast kompetent personell. Nyetableringane vil truleg rekruttere frå eksisterande næringsliv og skape kompetansebehov også der. Tilflyttarar treng bustader og medflyttarar skal ha arbeid, gå på skule og få kommunale tenester. Store private investeringar kan gjere det naudsynt med offentlege investeringar i infrastruktur. Utbyggingane må ta godt omsyn til klima, natur og miljø. For at etableringane skal gje positive lokale verknader, krev det innsats frå mange ulike offentlege aktørar, koordinert og på same stad.

Regjeringa vil vurdere om det er føremålsteneleg å etablere eit statleg kontaktpunkt for store industrietableringar i Nord-Noreg. Det er allereie oppretta eit dialogforum for batterikommunar.

5.3 Meir kraft, meir nett og meir effektiv bruk av kraft

God tilgang på rein og rimeleg kraft har i tiår vore ein viktig føremon for norsk industri. Regjeringa vil at dette også i framtida skal vere ein føremon for industrien. Elektrifisering og utvikling av ny grøn industri kan innebere at nytt stort forbruk vert etablert raskt. Regjeringa vil leggje til rette for fornybar kraft og nettkapasitet gjennom ny kraftproduksjon, energieffektivisering og utvikling av nettet.

Det er mange planar om elektrifisering og ynske om ny grøn industri i distrikta. Derfor treng vi å få raskt på plass meir nett. Samstundes er nye kraftleidningar ofte omfattande tiltak som kan vere konfliktfylte og innebere store naturinngrep. Det er viktig med gode demokratiske prosessar i handsaminga av desse sakene.

Regjeringa vil leggje til rette for at kapasiteten i straumnett vert forsterka i heile landet, og at konsesjonshandsamingstida vert korta ned. Straumnettutvalet leverte sin rapport til regjeringa juni 2022.³ Utvalet tilrår ei rekkje tiltak, med mål om å korte ned tida det tek å utvikle og konsesjonshandsame nye nettanlegg, for å sikre ei samfunnsøkonomisk utvikling av straumnett og for å styrkje prosessen for tilknytning til straumnett.

² Nærings- og fiskeridepartementet (2022) *Norges batteri-strategi*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/norges-batteristrategi/id2921424/>

³ NOU 2022: 6 *Nett i tide – utvikling av strømmettet*. Olje- og energidepartementet.

Som oppfylging av tilrådingane har regjeringa sett i gang fleire tiltak for å få raskare nettutbygging og betre utnytting av nettet, og regjeringa har styrkt energistyresmaktene. For å redusere køen av konsesjonssaker og leggje til rette for ei effektiv handsaming av nye konsesjonssøknader, er sakshandsamingskapasiteten i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) vesentleg styrkt. Arbeidet NVE gjer med digitalisering av konsesjonsprosessane og kraftsystemutgreiingar som vert brukte til planlegging av straumnettet, er også styrkt.

Regjeringa publiserte i april 2023 *Regjeringens handlingsplan for raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av nettet*. Med dette vert det teke fleire viktige grep for å medverke til raskare konsesjonshandsaming hos styresmaktene, meir effektiv tilknytning til straumnettet og betre utnytting av nettkapasiteten i dag. Eit konkret tiltak for raskare konsesjonshandsaming er å auke grensa for når eit nettselskap må melde nye 132 kV kraftleidningar, frå 15 km til 50 km. Nettselskapa kan i slike tilfelle gå rett på konsesjonssøknad utan å melde prosjektet fyrst. Samstundes skal nettselskapa få velje om dei vil melde slike leidningar dersom dei til dømes ser at ein kraftleidning kan føre til fleire konflikhtar.

NVE har i tillegg vidareutvikla eit hurtigspor for konsesjonshandsaming av små og enkle saker. Hurtigsporet inneber at søknader vert handsama raskt og får høg prioritet. NVE har oppdatert retteliarar for å få betre kvalitet på konsesjonssøknadene og er i gang med å utarbeide ein sektorretteliar for samfunnsøkonomisk analyse av nettanlegg. Dette er for å heve kvaliteten på dei samfunnsøkonomiske analysane og for å utarbeide ein felles metodikk i bransjen.

Nokre av tiltaka som blir varsla i handlingsplanen er ei tydeleggjering av føringar for korleis nettselskapa skal fordele kapasitet til aktørar. I dei nye kriteria for tildeling av nettkapasitet som skal inn i forskrift, vil prosjekt med stor grad av gjennomføringsevne få prioritet. I tillegg til gjennomføringsevne skal også bruk av kapasiteten (tidspunkt og volum) og tidspunkt for førespurnaden vektleggjast. Dersom to prosjekt vert vurderte likt med omsyn til gjennomføringsevne og framdrift, legg regjeringa til grunn at eksisterande verksemd skal prioriterast.

«Vanleg forbruk», som hushald, mindre næringar og forbruk til naudsynte samfunnsfunksjonar, skal ikkje risikere å ikkje få tilknytning til straumnettet som fylgje av manglande kapasitet i regional- og transmisjonsnettet. Regjeringa vil gje nærare føringar om kva som skal inngå i omgre-

pet «vanleg forbruk». Regjeringa vil vurdere ytterlegare verkemiddel, mellom anna endringar i anleggsbidragsreglane, innføring av reservasjonsgebyr og andre prissignal som kan medverke til å sikre god allokering av tilgjengeleg nettkapasitet.

Regjeringa sette ned *Energikommisjonen* i februar 2022, og den overleverte sin rapport i februar 2023.⁴ I utgreiinga går kommisjonen gjennom fleire tilhøve ved det norske kraftsystemet. Kommisjonen meiner den langsiktige utviklinga på energiområdet er prega av fleire usikre moment, særleg det som driv forbruksveksten i åra fram mot 2030 og 2050. Hovudvurderinga er at Noreg treng ei stor satsing på kraftproduksjon, nettutvikling og energieffektivisering. Kommisjonen har vurdert potensial og utfordringar knytte til dette. Eit fleirtal i kommisjonen meiner Noreg må oppskalere kraftproduksjonen med 40 TWh innan 2030 og gjennomføre energieffektiviseringstiltak tilsvarande 20 TWh. For å nå desse måla føreslår kommisjonen fem hovudkategoriar av tiltak: for ein meir effektiv og fleksibel energibruk; fjernvarme, bioenergi og varmepumper; auka kraftproduksjon; raskare og betre saksgang; og auka nettkapasitet.

Energieffektivisering er viktig for kraftsystemet. Elektrifiseringa av samfunnet og etablering av ny grøn industri vil auke kraftbehovet og føre til ein meir krevjande kraftbalanse i tida framover. Energieffektivisering kan medverke til betre kraftbalanse og redusere behovet for auka kraftproduksjon, effektutvidingar og meir straumnett. Verknaden av energieffektivisering er ofte størst om vinteren, når presset på kraftsystemet er størst og prisane er høgast. Energieffektiviseringstiltak vil ofte kunne gjennomførast raskare enn utbygging av ny kraftproduksjon og nytt straumnett.

Rapporten frå Energikommisjonen har vore på høyring fram til mai 2023. Regjeringa har allereie sett i verk fleire av tiltaka kommisjonen fremjar. Mellom anna har regjeringa opna opp konsesjonshandsaminga for vindkraft på land og lyst ut fyrste fase av Sørlege Nordsjø II og Utsira Nord. Ei lovfesting av ansvaret produsentane har for å medverke til forsyningstryggleiken, er ein sentral del av styringsmekanismen regjeringa føreslo i januar 2023, og ei konkret tilråding frå Energikommisjonen. Regjeringa arbeider òg med ein handlingsplan for energieffektivisering i alle delar av norsk økonomi som vil verte presentert seinast saman med statsbudsjettet hausten 2023. Den vidare oppfylginga av rapporten frå Energikommisjonen vil

⁴ NOU 2023: 3 *Mer av alt – raskere*. Olje- og energidepartementet.

Boks 5.2 Smart Senja

Senja er lokalisert i enden av kraftnettet, med eit relativt stort forbruk av straum på grunn av stor utvikling i næringslivet på øya. Det har vorte etablert anlegg med avansert robotikk i prosesseringa av fisk, og desse anlegga treng ikkje berre kraft, men også stabil spenning. Reiselivsnæringane er i vekst, og med det fylgjer eit aukande kraftbehov. Kapasiteten i det eksisterande straumnettet er sprengd, og nettet kan ikkje støtte auka forbruk. Ny overføringslinje er planlagt, men vil ta tid å få på plass. Det er periodar med mange feil i nettet, spesielt når det er dårleg vær.

Det er derfor naudsynt med smarte løysingar som kan gje meir stabil kraftsituasjon i påvente av ny linje. I prosjektet *Smart Senja* vert det brukt fleksibelt forbruk gjennom aktivt å styre belastningar som kjøleanlegg i industrien og varmtvassstankar hos hushald. Slik kan ein flytte forbruk til tider då nettet er mindre pressa.

Prosjektet har òg installert to batteri i distribusjonsnettet. Batteriet på Husøy er det største i landet. Batteria vert ladde når det er ledig kapasitet i nettet, og gjev spenningsstøtte og leverer ekstra effekt lokalt i timane med høg belastning. Prosjektet greier ut potensialet for lokal energi-produksjon, som solkraft og vindkraft.

Smart Senja er eit samarbeidsprosjekt mellom nettselskapet Arva, Universitetet i Tromsø, teknologiverksemder, innbyggjarar og næringsliv på Nord-Senja, med støtte frå Enova. Prosjektet utviklar ny teknologi og kunnskap lokalt. Målet er, i tillegg til å løyse dei lokale utfordringane, å identifisere og utvikle løysingar som kan ha nytte andre stader i landet og globalt. Partnerar i prosjektet er Arva AS (prosjektleiar), Br. Karlsen, Nergård AS, Tromskraft Produksjon AS, Ishavskraft, UiT Noregs arktiske universitet, Enfo, Nodes AS, Powel AS, Rolls-Royce Solutions Berlin GmbH og Solbes AS.



Figur 5.2 Noregs største batteri vart heist på plass på Husøy i november 2021.

Foto: Johannes Fjell Hojem/Smart Senja

regjeringa sjå i lys av høyringsinnspela etter høyringsfristen.

5.3.1 Planlegging og utbygging av vindkraft på land

Regjeringa har igjen opna for konsesjonshandsaming av vindkraft på land der vertskommunane samtykkjer til dette. Regjeringa jobbar no med å innlemme planlegging av vindkraftanlegg i plan- og bygningslova. Dette vil gje kommunane større formell styresmakt over arealbruken i vindkraftsaker. Det er fremja ein lovproposisjon om endringar i energilova og plan- og bygningslova som inneber at vindkraftanlegg må greiast ut i område-regulering etter plan- og bygningslova før ein kan gje konsesjon etter energilova. Slik områderegulering skal vere overordna, og detaljane i utforminga av vindkraftanlegget skal greiast ut i konsesjonsprosessen etter energilova. Kommunane kan be utbyggjarar om å utarbeide utkast til område-regulering, men det er opp til kommunen om ein slik plan skal fremjast eller ikkje. Det vert ikkje kravd at planprosessen og konsesjonsprosessen vert samordna, men slik samordning kan medverke til meir effektive prosessar der det ligg til rette for det. Då kan også NVE få ei samordnande rolle i konsekvensutgreiingsprosessen, dersom kommunen ynskjer dette.

5.3.2 Petroleumsnæringa gjev Noreg store inntekter

Petroleumsnæringa har ein tydeleg distriktsprofil og ei sterk lønsevne som kjem mange lokalsamfunn til gode. Olje- og gassførekomstane på norsk sokkel er ein avgrensa naturressurs som tilhøyrrer fellesskapet. Petroleumsressursane er verdifulle og gjev grunnlag for særleg høg avkastning ved utvinning – såkalla grunnrente. Fellesskapet får inntekter frå olje- og gassnæringa gjennom petroleumsskatten og inntektene frå dei direkte eigardelane til staten. Regjeringa vil at ringverknader frå petroleumsvirksemda skal kome heile landet til gode. I samband med planlegginga av nye sjølvstendige feltutbyggingar skal operatøren leggje til rette for positive lokale og regionale ringverknader, der det er mogleg.

Oljeselskapa og tilknytte leverandørar og verdikjeder sysselset om lag 169 000 personar over heile landet.⁵ I tillegg er om lag 35 000 knytte til eksport til den internasjonale petroleumsindu-

Boks 5.3 Konsultasjonar med Sametinget og andre samiske interesser

Arealbruk i samband med ny næringsverksemd kan nokre gonger få konsekvensar for samiske interesser. Då er det viktig å leggje til rette for avgjerdsprosessar der kunnskap og dialog mellom alle involverte partar dannar grunnlaget for dei vedtaka som vert gjorde.

Som urfolk har samar rett til å verte konsulerte i saker som kan få direkte fylgje for dei, jf. ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar og FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar artikkel 27. Konsultasjonar skal sikre at samiske interesser kjem tidleg inn i prosessane og har høve til å påverke avgjerda. Når Sametinget og offentlege styresmakter går inn i konsultasjonar om ei sak, skal semje vere eit mål, men det er styresmaktene som skal ta den endelege avgjerda i saka.


Stortinget vedtok 7. juni 2021 å lovfeste reglar om konsultasjonar i samelova. Dei nye lovføresegnene vart sette i verk 1. juli 2021. Lovføresegnene skal leggje til rette for meir effektive og betre konsultasjonar mellom offentlege styresmakter og Sametinget eller andre samiske interesser. Lova forankrar konsultasjonsplikta for alle forvaltingsnivåa.

strien. Skiftordningane gjer det mogleg å bu og pendle over heile landet. Dei 53 100 direkte sysselsette som er knytte til aktiviteten på kontinentalsokkelen har bustad i 330 kommunar og gjev gode skatteinntekter i sine respektive bustadkommunar.⁸¹ Dei samla nettoinntektene til staten frå petroleumsvirksemda i 2022 vart i nysaldert budsjett utrekna til om lag 1 316 mrd. kroner. Nettoinntektene frå petroleumsvirksemda vert overført til Statens pensjonsfond utland.

5.4 Næringsretta verkemiddel

Regjeringa vil utvikle dei næringsretta verkemidla gjennom målretta ordningar for å utløyse nyskaping og styrkje konkurranseevna. Små og mellomstore verksemdar sysselset om lag 70 prosent av dei tilsette. Dei er særleg viktige i Distrikts-Noreg. I dei minst sentrale distriktskommunane

⁵ Menon Economics 2023. Menon-publikasjon nr 10/2023.



Figur 5.3 Tilsette etter storleik og sentralitet, 2020. Tal i prosent av alle tilsette etter sentralitetsnivå

Kjelde: Regionale utviklingstrekk 2021

(sentralitetsnivå 5 og 6) (sjå boks 1.2) er om lag 85 prosent av dei tilsette innanfor små- og mellomstore verksemder, jf. figur 5.3.

Verksemdene i distrikta bruker verkemiddelapparatet i større grad enn verksemder i meir sentrale delar av landet. I tillegg finst det supplerande ordningar retta mot verksemder i distrikta, avgrensa til konkrete geografiske område og særskilde næringspolitiske utfordringar, som redusert kapitaltilgang, store avstandar og tynne næringsmiljø.⁶

Fylkeskommunane har eit særskilt ansvar for ordningar som kan mobilisere og kvalifisere verksemder til å ta del i større nasjonale og internasjonale ordningar. Fleire av desse ordningane gjeld berre for verksemder i distriktsområda. Det gjeld til dømes distriktsretta risikolån og garantiar, og tilskot til etablering, investering og utvikling. Det finst også andre ordningar som gjeld verksemder i heile landet, som landsdekkjande etablerartilskot, næringshageprogrammet, inkubasjonsprogrammet, bedriftsnettverk og mentortenenesta for grunderar. Sametinget forvaltar fleire næringsretta verkemiddel og har i 2023 sett av i overkant av 46 mill. kroner til ulike næringsføremål.

Regjeringa vil gjere det enklare for verksemdene å ta i bruk dei ulike tiltaka og ordningane og vurdere korleis ansvaret for ordningar og pro-

gram er organisert, og korleis aktørane samarbeider. Målet er å utvikle eit tilbod som forsterkar og ikkje overlappar, og det er sett i verk fleire initiativ for å forenkle. Innovasjon Noreg skal opprette ein digital inngang til verkemiddelapparatet saman med Forskningsrådet, Eksportfinansiering Noreg og Siva. Det er sett i gang ei løysing der mellom anna Agder og Vestland fylkeskommunar deltek.

Regjeringa ynskjer ei dreiging i forskings- og innovasjonsaktiviteten i næringslivet mot meir klima- og miljøvenlege løysingar. Regjeringa vedtok i statsbudsjettet for 2023 å omprioritere delar av midlane i det næringsretta verkemiddelapparatet til ei grøn nærings- og eksportomstillingsspakke. Grøn omstilling og ein meir effektiv og sirkulær økonomi med auka gjenbruk kan gje framvekst av ny industri, oppretting av nye arbeidsplassar og redusert press på naturressursane. For å stimulere til grøn omstilling i næringslivet, prioriterer regjeringa grønne innovasjonsprosjekt, mellom anna i dei målretta ordningane *Grøn plattform*, *Grøne vekstlån* og *Investeringsstilskot for store grønne investeringar*. Det sistnemnde tilskotet medverka i 2022 til etablering av resirkuleringsanlegg hos Forestia AS i Våler som vil gje 100 nye arbeidsplassar, og til igangsetjing av eit investeringsprosjekt for algeproduksjon i regi av Finnfjord AS på Senja.

Regjeringa vil vurdere korleis erfaringane frå dette og andre prosjekt kan brukast til å støtte opp om samarbeid der verksemder og forskingsmiljø kan utvikle og prøve ut innovativ teknologi i eit industrielt miljø. Bruk og vidareutvikling av eksis-

⁶ NOU 2020: 12 *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet.

Boks 5.4 Finnjord smelteverk utviklar nye løysingar

Finnjord smelteverk er eit døme på ei satsing som utviklar nye løysingar som kan brukast av andre verksemdar, og som både reduserer utslipp og gjev grunnlag for lønsam næringsverksemd. I tilknytning til Finnjord smelteverk har det sidan 2015 vore arbeidd med kiselalgeproduksjon ved hjelp av CO₂ frå fabrikkkrøyk. No vert det utvikla eit anlegg for produksjon av grøn metanol.

terande offentlege og private kompetansemiljø i Nord-Noreg kan gje ny næringsvekst. Nord-Noreg har styrkar og potensial mellom anna inn- anfor sjømat, petroleum, fornybar energi, sjøfart og turisme.

5.4.1 Differensiert arbeidsgjevaravgift tryggjer sysselsetjinga

Regjeringa vil vidareføre ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift. Arbeidsgjevaravgift er avgifta på lønskostnader som arbeidsgjevaren skal betale til staten. Avgifta er geografisk differensiert og satsen varierer etter kvar verksemda er lokalisert. I spreiddbygde område betaler verksemdene avgifta med lågare satsar enn verksemdar i sentrale strom. Målet med differensieringa er å redusere og hindre nedgang i folketalet i distrikta ved å stimulere til sysselsetjing.

Differensiert arbeidsgjevaravgift er eit av dei viktigaste verkemidla i distriktspolitikken. Næringslivet i sonene for differensiert arbeidsgjevaravgift får om lag 10,7 mrd. kroner i lågare arbeidsgjevaravgift kvart år. Kommunar og andre offentlege instansar får lågare arbeidsgjevaravgift for om lag 6,8 mrd. kroner. Samla avgiftslette i 2022 var om lag 17,6 mrd. kroner. Ei evaluering frå Samfunnsøkonomisk analyse i 2018⁷ viser at ordninga stimulerer til sysselsetjing gjennom lågare pris på arbeidskraft i sonene med lågare sats, og slik har ei rolle i å redusere eller hindre nedgang i folketalet. ESA har godkjent ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift for perioden 2022–2027. Norske styresmakter må notifisere

⁷ Samfunnsøkonomisk analyse AS (2018) *Evaluering av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift* (rapport).

ordninga til ESA på nytt med verknad frå og med 1. januar 2028.

Ved førre revisjon av verkeområdet for differensiert arbeidsgjevaravgift vart avgifta i dei fleste høve vidareført. Hovudprinsippet er at avgifta skal vere den same i heile kommunen. Unntaket er i samanslåtte kommunar der avgifta frå før var ulik, og der det framleis er trong for å differensiere avgifta.

5.4.2 Omstilling og vekst krev tilgang på kapital

Investeringar i verksemdar i vekst og omstilling krev ein velfungerande kapitalmarknad. Distriktsnæringsutvalet⁸ viste til, i likskap med Finansmarknadsmeldinga,⁹ at kapitalmarknaden i hovudsak fungerer bra for næringslivet, men at det også er trong for offentlege ordningar som kan utfylle dei private finansieringstilboda. Distriktsnæringsutvalet peikte på at kapitaleigarar kan vegre seg for å investere i distriktsområde, fordi dei ikkje har god nok informasjon om verksemdene eller fordi andrehandsverdien er for låg, slik at risikoen for utlån vert for høg. Det kan gjere at kapitaltilgangen for nokre bransjar og distriktsområde vert vanskelegare.

Regjeringa vil føre ein næringspolitikk som sikrar verksemdene god tilgang på kapital og finansiering av samfunnsøkonomisk lønsame investeringar. I revidert nasjonalbudsjett for 2021 vart det sett av midel til eit nytt investeringsfond i Nord-Noreg, men det har ikkje lykkast å få på plass den private kapitaldelen i fondet. I sitt framlegg til revidert nasjonalbudsjett foreslo derfor regjeringa at midlane skal knyttast til Investinors fonds- og matchingmandat, øymerka investeringar i forvaltingsmiljø og verksemdar i Nord-Noreg. Forslaget inneber at midlane raskt kan brukast for å forbetre kapitaltilgangen i Nord-Noreg, gjennom Investinor.

I sitt framlegg til revidert nasjonalbudsjett foreslo regjeringa å avvike Investeringsfondet for Nordvest-Russland og Øst-Europa. Fondet gjer få investeringar i året og har hatt liten effekt på næringsamarbeidet mellom Noreg og mandatområdet. Samstundes er det relativt store kostnader knytt til å drive investeringsverksemd i

⁸ NOU 2020: 12 *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet.


⁹ Meld. St. 18 (2022–2023) *Finansmarkedsmeldinga 2023*. Finansdepartementet.

Boks 5.5 Distriktsindeksen

Kommunar på sentralitetsnivå 4, 5 og 6 vert i kapittel 1 omtala som distriktskommunar. Samstundes er det ikkje slik at alle distriktskommunar har svak utvikling og dermed ein særskilt trong for statleg ekstrainsats. Distriktsindeksen er eit verktøy for å peike ut distriktskommunar som treng distriktpolitiske verkemiddel, og gjev ei rangering av kommunane etter grad av distriktsutfordringar. Kommunane med dei lågaste verdiane har dei største distriktsutfordringane. Distriktsindeksen inneheld fire indikatorar (vektning i parentes): 1) sentralitetsindeksen til SSB (40 prosent), 2) folketalsvekst siste ti år (40 prosent), 3) sysselsetjingsvekst

siste ti år (10 prosent) og 4) ein-sidig næringsstruktur (10 prosent).

Distriktsindeksen vert brukt i fastsetjinga av differensiert arbeidsgjevaravgift og verkeområdet for investeringsstøtte, og han vert nytta i fordelinga av distriktpolitiske verkemiddel til fylkeskommunane. I distriktstilskot Sør-Noreg og distriktstilskot Nord-Noreg i inntektssystemet for kommunane i 2023 er distriktsindeksen frå 2017 brukt. Kommunal- og distriktsdepartementet vil vurdere utforminga av desse tilskota i samanheng med oppfylginga av tilrådingane til Inntektssystemutvalet.



Figur 5.4 Kart over arbeidsgjevaravgift inndelt i soner

Kjelde: Kommunal- og distriktsdepartementet

Boks 5.6 Innovasjon Noreg har fått eit tydelegare distriktsoppdrag

Innovasjon Noreg har ei viktig rolle i å leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling. Innovasjon Noreg har strategisk samhandling med fylkeskommunane for å fremje regional næringsutvikling, og medverker i utviklinga og gjennomføringa av regionale planar og strategiar. For å reflektere arbeidet til selskapet knytt til næringsutvikling i distrikta, forstått som det distriktpolitiske verkeområdet, har staten som eigar fremja forslag om vedtektsendring.

På føretaksmøte 22. mai 2023 vart derfor § 5 i vedtektene om Utviklingsrolla for regionar og distrikt endra til fylgjande: «Selskapet skal fremme næringsutvikling i regionene og distriktene innenfor rammene av regionale og nasjonale oppdrag. Selskapet skal bidra i utviklingen og gjennomføringa av regionale planer/strategier, og arbeidet skal skje i samspill med de utviklingsaktører som fylkeskommunene finner det formålstjenlig å samarbeide med.»

Boks 5.7 Stabil og kompetent arbeidskraft er viktig

Sentrale faktorar for å lykkast som ei kompetanseverksemd i ein distriktskommune er tilgang på stabil arbeidskraft og kompetente medarbeidarar. For å oppnå dette, spelar kommunen og staten ei viktig rolle som leverandør av attraktive bustadmiljø, offentlege tenester, tilgang på energi, infrastruktur og anna.

Duett AS har sidan etableringa i 1982 hatt fotfeste i Nord-Østerdal, frå byrjinga i Folldal til etablering av hovudkontor på Tynset tre år seinare. Verksemda har 126 tilsette fordelt på kontor i Folldal, Tynset, Elverum, Stjørdal, Trondheim og Oslo. Verksemda utviklar og leverer Duett Økonomi, der det vert ført over 90 000 rekneskapar kvart år. Rekneskapssystemet er

eit av dei mest brukte i rekneskapsbransjen, med funksjonalitet utvikla særskilt for dei profesjonelle rekneskapsførarane og deira kundar. I tillegg har verksemda eit eige datasenter lokalisert på Tynset. Verksemda har tilsette med svært ulik kompetanse som til saman dekkjer eit breitt spekter av fagområde, som utvikling, testing, rådgjeving, sal, marknad, støtte, IT-drift, tryggleik, økonomi, HR og administrasjon. Blandinga av erfarne og unge medarbeidarar skaper ein god dynamikk der det er rom for innovasjon og nytenking. Verksemda har eit mål om å vere tilgjengeleg der kundane er. Ein base i ein distriktskommune er minst like praktisk som å vere lokalisert i ein av dei store byane.

mandatområdet. Regjeringa vil vurdere å overføre midla til andre kapitalverkemiddel eller fond.

I nord held Nordland fylkeskommune og Troms og Finnmark fylkeskommune fram arbeidet med å greie ut moglegheitane for ei felles plattform for risikokapital for nordlege regionar i Noreg, Finland og Sverige, gjennom *Arctic Investment Platform*.

5.4.3 Enklare tilgang til testfasilitetar og industrikompetanse

I statsbudsjettet for 2022 vart det løyvd 40 mill. kroner til testfasilitetar i distrikta. Føremålet er å medverke til auka omstilling og eit meir berekraftig norsk næringsliv, gjennom å gje verksemdar over heile landet enklare tilgang til testfasili-

tetar og industrikompetanse. Satsinga er forvalta av Siva (Selskapet for industrivekst) på vegner av Nærings- og fiskeridepartementet, i tett samarbeid med Innovasjon Noreg og Forskningsrådet. Siva vil etablere åtte katapultnodar frå Halden i sør til Båtsfjord i nord. Katapultnodane vil gjere vegen frå konsept til marknad enklare. Nodane skal knytast til ein eksisterande struktur av fem nasjonale katapultsenter under ordninga Norsk katapult, og dei skal medverke til å forsterke og vidareutvikle ordninga. Katapultsenter gjer det enklare for innovative verksemdar å utvikle prototypar, teste, simulere og visualisere, slik at idear vert utvikla raskare, betre og med mindre risiko. Katapultsenter får offentleg støtte for å hjelpe små og mellomstore verksemdar over heile landet.

Boks 5.8 Sápmi Næringshage utviklar levedyktige verksemder i Sápmi

Sápmi Næringshage er lokalisert i Tana, Nesseby, Karasjok, Porsanger og Kautokeino, i eit område med svært lange avstandar, låg formalkompetanse og einseitig næringsstruktur. Næringshagen er eigd av dei fem kommunane og 14 regionale verksemder og kom inn på Sivas næringshageprogram i 2016. Næringshagen kom med i ny programperiode for næringshageprogrammet i 2023–2032, med ein søknad som Siva rangerte som den beste i Noreg. Strategien er kompetansebygging på tvers av kommunegrensene, slik at verksemdene får den tenesteleveransen og kompetansen dei treng til kvar tid.

Det er i overkant av 13 000 innbyggjarar og 2613 registrerte verksemder i dei fem kommunane. Næringshagen kan levere innovasjonstenester til alle små og mellomstore verksemder i indre Finnmark. Kvart år får rundt 50 målverksemder hjelp til innovasjons- og utviklingsprosjekt. Næringshagen arbeider òg med prosjekt innanfor reisemålsutvikling og utvikling av leverandørar til Forsvaret.

Næringshagen har samisk kulturell spesialkompetanse og kan levere innovasjonstenester til små og mellomstore verksemder med vekstambisjonar som definerer seg som samisk næringsliv, og som er innanfor verkeområdet for

distriktsretta næringsstøtte. Det er stor vilje til etablering og innovasjon i mange bransjar. Dei største bransjane er jordbruk, reindrift og fiske, reiselivs- og besøksnæring, bygg og anlegg, med lovande aktørar innanfor industriteknologi og tenesteyting.

For å forstå kva verkemiddel verksemdene treng for å auke verdiskapinga, må ein òg forstå kva som skil gründerar og verksemder i regionen frå andre delar av landet. Ifylgje Sápmi Næringshage handlar det om kva motiv ein har for å starte for seg sjølv. Grunnverdien hos dei næringsdrivande er at ein skal «klare seg», både i kjernefamilien, i storfamilien og på tvers av generasjonar. Sjølv verksemder som omset for titals millionar og har mange tilsette, ynskjer å byggje verksemda stein for stein. Det samiske uttrykket *birgejupmi* handlar om grunnlaget for livsopphald og er ein økonomisk drivar som ein må forstå og respektere for å utløyse verdiskaping. I eit nordområde- og urfolksperspektiv og eit samisk perspektiv er det viktig å byggje kapasitet og kompetanse i det eksisterande næringslivet. Det er viktig å byggje eit sterkt næringsmiljø gjennom Sápmi Næringshage som kan arbeide fagleg for å skape verdiar ut frå drivarane som finst i den regionale økonomien.

5.4.4 Forsvarsindustrikyngje i Nord-Noreg

Etablering av ei forsvarsindustrikyngje i Nord-Noreg kan stimulere til utvikling av teknologi og kompetanse som kan nyttast på tvers av sektorar og under krevjande klimatiske tilhøve. Ei strategisk satsing rundt basane til Forsvaret kan gje lokale leveransar, kompetansetilgang, sterkare fagmiljø, arbeidstakarmobilitet og auka attraktivitet som bustad for familiar. Utviklinga innanfor klima, geopolitikk og teknologi betyr auka militært nærvær i nord. Sivil–militær samordning kan gje styrkt attraktivitet og rekruttering. Som leverandørar til Forsvaret vil næringslivet kunne få tilgang til arenaer med internasjonal relevans. Regjeringa vil vurdere korleis ein kan utvikle ambisjonane om ein forsvarsindustrikyngje i Nord-Noreg.

Lokale og nasjonale næringslivsaktørar vurderer no å etablere ein innovasjonsarena i Ofotenregionen. Dei lokale aktørane viser stor interesse for eit sivilt–militært samarbeid om teknologiske

løysingar for å styrkje forsvarsevna i nord. Ein innovasjonsarena i Nord-Noreg vil kunne gje nærings- og kompetanseutvikling og verdifulle bidrag til totalforsvaret.¹⁰ Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) har fått i oppdrag å greie ut alternativ for ei utvida innovasjonsatsing i Nord-Noreg som skal gje eit grunnlag for heilskapleg innretting av innovasjonsatsinga til forsvarssektoren. Målet er å stimulere til meir innovasjon og utvikling der forsvarssektoren, utdanningsinstitusjonar og næringsliv skaper gjensidig fordelaktige resultat.

5.4.5 Næringsretta digitalisering for auka verdiskaping

Regjeringa vil leggje til rette for at bruk av teknologi og data gjev auka verdiskaping, innovasjon og

¹⁰ Meld. St. 17 (2020–2021) *Samarbeid for sikkerhet – Nasjonal forsvarsindustriell strategi for et høyt teknologisk og fremtidsrettet forsvar*. Forsvarsdepartementet.

berekraftig utvikling. Det er viktig å ha gode rammevilkår som støttar utvikling og bruk av digitale tenester, som deling av offentlege data for innovasjon og nye forretningsmodellar i næringslivet og sivilsamfunnet. Regjeringa vil arbeide for at kompetansen i små og mellomstore verksemdar vert styrkt, slik at dei kan ta del i den datadrivne økonomien.

Digitalisering gjev høve til auka verdiskaping og nye arbeidsplassar, ikkje minst i distrikta. Ei omstilling til eit meir grønt og digitalt samfunn er naudsynt dersom Noreg skal kunne møte utfordringane i framtida. Digital og grønt omstilling er to parallelle gjennomgripande samfunnsendingar. Digitalisering vert driven fram av krav om auka effekt frå færre ressursar, forenkla og meir effektive prosessar og teknologiske nyvinningar. Slik vert digitalisering også eit verktoy for å nå klimamåla og kutte utslepp. For å lykkast med den grøne omstillinga må Noreg derfor også lykkast med digitalisering i næringslivet.

Det er teikn på at næringslivet, og særleg dei minste verksemdene, ikkje i tilstrekkeleg grad nyttar det potensialet som ligg i digitalisering og ny teknologi. Mange verksemdar manglar kompetanse i eigen bransje og eiga verksemd for å kunne forstå og nytte digitale teknologiar til forretningsutvikling og effektivisering.¹¹ Utan den rette kompetansen vil ikkje verksemdene ha gode nok føresetnader for å lykkast i det digitale skiftet og nytte potensiala som ligg i ny teknologi og data. Saman med rask teknologiutvikling kan dette skape risikoaversjon: verksemdar fryktar feilinvesteringar og opplever at dei manglar kompetanse til å setje i verk digitaliseringsprosessar.¹²

Regjeringa prioriterer norsk deltaking i viktige EU-program som Horisont Europa og DIGITAL, slik at næringsliv og academia skal få høve til å nytte internasjonale nettverk, digital infrastruktur og testfasilitetar. Det er viktig at nasjonale verkemiddel vert innretta slik at norske aktørar best kan nytte samspelet med dei store europeiske programma Noreg deltek i, inkludert dei finansieringshøva som finst. Til dømes vil kapasitet og verktoy som vert bygde opp under DIGITAL-programmet, kunne støtte opp om nasjonale mål om deling av data, auka digital tryggleik og kompetanse, og måla i den nasjonale strategien for kunstig intelligens. Norske verksemdar har stort potensial til å nytte dei mekanismane som ligg i

desse programma. DIGITAL er det viktigaste verktøyet til EU for å byggje digital kapasitet, sikre digital suverenitet og byggje digital infrastruktur. Programmet er særleg retta inn mot små og mellomstore verksemdar. Konkrete døme på prosjekt i DIGITAL-programmet er etablering av eit nasjonalt koordineringssenter for cybertryggleik, finansiering av senter for tryggare internett og etablering av digitale innovasjonsnav for næringsliv og offentleg sektor, særleg retta mot små og mellomstore verksemdar. Dei digitale innovasjonsnava skal støtte verksemdene med kunnskap og kompetanse om potensialet som ligg i digitalisering og ny teknologi, testmiljø og skalering og vekst. Noreg har to godkjende innovasjonsnav, med verksemdar frå Finnmark i nord til Agder i sør, som får 50 prosent av finansieringa frå programmet.

5.5 Regional næringsretta forskning og utvikling

Kunnskap er viktig for utvikling av nye, grøne og lønsame arbeidsplassar og ein betre og meir effektiv offentleg sektor. Dette er ramma for den reviderte *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning*,¹³ som har eit perspektiv på ti år (2023–2032). Dei fleste tematiske prioriteringane i planen er viktige for næringslivet i distrikta, særleg satsingane på hav og kyst, klima, miljø og energi. I handsaminga av planen slutta Stortinget seg til regjeringsvedtaket om to nasjonale målretta samfunnsoppdrag, om berekraftig fôr og om å inkludere fleire born og unge i utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Regjeringa arbeider med å utforme dei to samfunnsoppdraga, som etter planen skal setjast i gang i 2024.

Noreg har ein godt utbygd infrastruktur for forskning og høgare utdanning. Samanlikna med mange andre land er strukturen relativt desentralisert, og FoU-institusjonar er lokaliserte i alle fylka i landet. Dette er viktig for tilgangen til kompetent arbeidskraft i ulike regionale arbeidsmarknader. Universitet og høgskular tilbyr forskning til regionale næringsmiljø og medverkar til å kople desse til nasjonalt og internasjonalt forskingsamarbeid. Kunnskapsdepartementet har laga utviklingsavtalar med universitet og høgskular som skal leggje til rette for at institusjonane kan gjennomføre samfunnsoppdraget sitt og svare på nasjonale, regionale og lokale behov (sjå kap. 6).

¹¹ KPMG (2021). *Status og hindre for digitalisering i næringslivet* (rapport).

¹² Samfunnsøkonomisk analyse AS (2020). *Midtveisevaluering av Digital kompetanseløft* (rapport 07-2020).

¹³ Meld. St. 5 (2023–2032) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning*. Kunnskapsdepartementet.

Forskinsinstitutta leverer forskning og utgreiingar til næringslivet og offentleg sektor i alle delar av landet og internasjonalt. Delar av instituttsektoren er viktige støttespelarar og samarbeidspartnarar for nærings- og arbeidslivet i distrikta. Dei fleste av dei fem regionale forskingsinstitutta har sentrale roller ved å medverke i regionale utviklingsprosessar, som nettverksbyggjarar og koordineringsorgan. Fleire av dei regionale institutta har eit omfattande samarbeid med dei respektive fylkeskommunane. Dei seinare åra har mange regionale forskingsinstitutt på eige initiativ valt å fusjonere med andre institutt eller med universitet og høyskular. FoU-aktiviteten og den regionale profilen er vidareført i dei fusjonerte institusjonane.

Regjeringa er oppteken av eit godt samarbeid mellom forskingsinstitutta, høgare utdanningsinstitusjonar og nærings- og samfunnsliv i alle delar av landet. Næringslivet treng kompetanse som er dynamisk og fleksibel og med kapasitet til raskt å tene verksemdene der verdiskapinga skjer. Sterk kopling mellom næringsliv og FoU-institusjonar vil medverke til å mobilisere og kvalifisere fleire verksemdar til å delta i forskning og utvikling på nasjonale og internasjonale arenaer. Dette er viktig for å lykkast med omstilling og for å overleve i internasjonal konkurranse.

Regjeringa skal utarbeide ein strategi for å fylgje opp målet i Hurdalsplattforma om at forskning og utvikling i næringslivet skal utgjere 2 prosent av BNP innan 2030. Arbeidet med strategien vert leidd av Kunnskapsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet i samarbeid med andre relevante departement. Ein auke i næringsretta forskning og utvikling er avgjerande for omstilling i eksisterande næringar og som eit grunnlag for nye, framtidige næringar i heile landet.

Regionale forskingsfond (RFF) gjev fylkeskommunane høve til å prioritere forskingsinnsats ut frå føresetnadene og føremonane til regionen. Kunnskapsdepartementet fordeler tilskotet til fylkeskommunane, som lyser ut forskingsmidlane ut frå regionale FoU-behov dei sjølve definerer i eigne planar og strategiar. Ordninga vart oppretta i 2009, og frå 2010 til og med 2023 er det løyvd om lag 2,8 mrd. kroner til dei regionale fonda. Sidan starten har om lag 60 prosent av dei samla tildelingane gått til næringslivet. Dei siste åra har mest midlar gått til forskingsfelt miljø, bioteknologi og IKT. Resten av midlane fordeler seg på forskingsinstitusjonar (universitet, høyskular, forskingsinstitutt og offentlege verksemdar).

Dei regionale forskingsfonda skal styrkje forskning for regional innovasjon og utvikling gjen-

nom å medverke til at private og offentlege verksemdar oppnår auka kompetanse, innovasjonsevne og verdiskaping. Fonda skal mobilisere private og offentlege verksemdar til å delta i nasjonal og internasjonal forskning.

RFF-finansierte prosjekt fører i mange høve til nye prosjekt både nasjonalt og internasjonalt og dekkjer eit viktig trinn i «forskningstrappa» ved å tilby finansiering av innleiande og avklarande forskingsarbeid (kvalifiseringsprosjekt). Ordninga med regional kvalifiseringsstøtte retta mot forskingsprosjekt er for dei fleste fagområde unik i norsk samanheng og tilfredsstillar eit behov som Forskringsrådet og andre ikkje møter.

FORREGION er ei ordning som skal få fleire verksemdar til å bruke forskning i innovasjonsarbeidet sitt. Programmet skal mobilisere næringslivet til å nytte regionale forskingsfond, dei nasjonale programma til Forskringsrådet eller internasjonale ordningar. Fylkeskommunane fekk frå 2022 ansvaret for mobiliseringsdelen av FORREGION, og programmet skal sjåast i samanheng med regionale forskingsfond og i tråd med regionale mål og planar. Fylkeskommunane skal koordinere arbeidet med mobilisering til forskingsbasert innovasjon med Forskringsrådet og andre verkemiddelaktørar. I statsbudsjettet for 2023 er det sett av 58,5 mill. kroner til ordninga.

For å styrkje den strategiske rolla til nordområda innanfor forsvar, beredskap, matproduksjon og busetnad er det naudsynt med forskingsbaserte data til støtte for forvaltinga. Klimaendringane i nordområda er meir omfattande enn lenger sør i landet. Dette gjev utfordringar for biobaserte næringar, men det gjev òg nye potensial. Regjeringa vil vurdere styrking av FoU-miljø i Nord-Noreg som er viktig for næringsutvikling i regionen, mellom anna i Aust-Finnmark.

5.6 Omstillingsordninga

Frå tid til anna oppstår situasjonar som råkar ein kommune eller ein arbeidsmarknadsregion særleg hardt. I små arbeidsmarknader kan nedlegging av verksemdar få store konsekvensar. Dette er alvorleg for kommunen som mistar skatteinntekter, og for den einskilde og familiane som vert råka. Når kommunar eller regionar opplever brå eller særleg stor nedgang i sysselsetjinga, kan dei få bistand til omstilling frå staten og fylkeskommunen. Det er lagt opp til at programma vert samfinansierte mellom stat, fylkeskommune og kommune. Målet med omstillingsarbeidet er betre utviklingsevne, etablering av nye arbeidsplassar og styrkt næringsgrunn-

lag. Til kvar tid er det om lag 25–30 kommunar som har status som omstillingsområde.

Fylkeskommunane har sidan 2004 hatt ansvaret for denne type omstilling i eige fylke. Det inneber ansvar for å prioritere kva område som skal få økonomisk bistand, kor mykje og over kor lang tid. Det er kommunen som har ansvar for gjennomføringa av det konkrete omstillingsprogrammet. Innovasjon Noreg er nasjonalt kompetanseorgan for arbeidet. Det inneber at dei på oppdrag frå fylkeskommunane kan hjelpe omstillingskommunar med råd, verktøy, rettleiing og kvalitetssikring. Regjeringa legg vekt på samordna innsats av dette arbeidet mellom ulike aktørar og forvaltingsnivå.

Ei evaluering frå Telemarksforskning viser at Innovasjon Noreg har utvikla gode verktøy som styrkjer utviklingsevna i dei kommunane som deltek i omstillingsordninga. Ordninga har ikkje gjeve effekt i form av varig vekst i arbeidsplassar, og evalueringa peiker på at det er andre typar kommunar som treng omstilling no enn før. Kommunane med dei største utfordringane er dei som har hatt langvarig nedgang i arbeidsplassar og folketal. Slike kommunar er også kjenneteikna av ein sterkt aldrande folkesetnad og vanskar med å rekruttere tilsette. Forskarane meiner derfor at omstillingsordninga i større grad bør rette seg mot andre typar utfordringar enn nedlegging av verksemdar, og derfor til dels ta i bruk andre typar verktøy.

Regjeringa meiner at staten må stille opp for kommunar som har særleg negativ utvikling i selsksetjinga. Omstillingsordninga skal kome i tillegg til, og må sjåast i samheng med, andre verkemiddel som fylkeskommune og kommune rår over. Ordninga har tidlegare vore innretta mot å skape nye arbeidsplassar der mange brått har

mista arbeidet. Utfordringane i dag er meir samansette. Regjeringa vil revidere og utvikle målkriteria i ordninga, slik at ein kan setje inn ressursane der dei gjev best resultat. Mellom anna bør målet om betre utviklingsevne få større vekt enn i dag. Regjeringa vil fremje forslag om endringar i budsjettproposisjonen for 2024.

Fylkeskommunane er godt skikka til å forvalte ordninga, mellom anna i kraft av rolla som regional utviklingsaktør. Dei skal vurdere omstillingsprogrammet i samheng med andre verkemiddel og i ein større geografisk samheng. Fylkeskommunane kjenner dei lokale utfordringane og potensiala og kan hjelpe til med å tilpasse programma i den einskilde kommunen. Derfor bør fylkeskommunen ha ansvaret for å forvalte ordninga som i dag. Kommunal- og distriktsdepartementet vil vidareføre Innovasjon Noreg som nasjonalt kompetanseorgan. Distriktsenteret utviklar metodar for rådgjeving om arbeid med samfunnsutvikling i kommunar, og dette kan vere eit nyttig verktøy for fylkeskommunane i arbeidet med omstillingsprogrammet.

5.7 Målretta innkjøp kan gje ringverknader og berekraft

Stat og kommunesektor kjøper kvart år varer og tenester for om lag 650 mrd. kroner. Det er eit stort potensial for å nytte desse kjøpa for meir målretta å skape lokale og regionale ringverknader og for å stimulere til innovasjon og nyskaping og klima- og miljøvenleg marknads- og næringsutvikling.

Det fylgjer av reglane for offentlege innkjøp at oppdragsgjevaren skal vurdere oppdeling av kontraktar, for slik å opne for tilbod frå mindre verk-

Boks 5.9 Innovative innkjøp skaper utvikling og ringverknader

Leverandørutviklingsprogrammet (LUP)¹ skal få fleire offentlege verksemdar til å gjennomføre innovative innkjøp. Offentleg sektor kjøper årleg inn for meir enn 650 mrd. kroner og utgjer ein viktig marknad for lokale og regionale leverandørar. LUP er eit partnerskap med 30 kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemdar som arbeider for at det offentlege skal etterspørje innovasjon for å løyse dei store samfunnsutfordringane. Ved å bruke og gjere innovative innkjøp kan kommunar i heile landet stimulere

til betre løysingar for innbyggjarane, meir effektive tenester, lågare utslepp og lokal og regional næringsutvikling. LUP er etablert av KS, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), Innovasjon Noreg, Forskringsrådet og NHO og får tilskot frå staten. LUP dekkjer heile landet og er tilgjengeleg for fylkeskommunar og kommunar.

¹ <https://innovativeanskaffelser.no/om-oss/>

semder. Til dømes jobbar forsvarssektoren med å utvikle innkjøp etter eit nærleiksprinsipp, slik at innkjøpa i større grad vert gjorde hos regionalt og lokalt næringsliv på dei stadene der Forsvaret er lokalisert. Dette kan gje større ringverknader i lokalsamfunna. Forsvarssektoren er oppteken av korleis innkjøp kan innrettast slik at dei små og mellomstore verksemdene lettare kan nå fram i innkjøpsprosessane. Mange verksemdar i Nord-Noreg har tidlegare hatt utfordringar med å tilby og levere til Forsvaret, mellom anna fordi det er vanskeleg å nå opp i konkurransen om oppdrag. Forsvarsdepartementet har gjeve oppdrag til Forsvaret, Forsvarsbygg og Forsvarsmateriell om å styrkje samarbeida med dei små og mellomstore verksemdene.

Regjeringa har sett ned eit lovutval som skal gå gjennom innkjøpsregelverket. Eit av hovudmåla er å gjere regelverket enklare og å styrkje klima- og miljøsyn. Utvalet skal mellom anna vurdere endringar som sikrar at offentlege innkjøp har ei utforming og ein storleik som gjer det mogleg for lokale og regionale aktørar å delta i konkurransen om heile eller delar av oppdraget. Utvalet skal vurdere korleis ein kan gjere det enklare å velje lokale og regionale leverandørar innanfor det EØS-rettslege handlingsrommet. Forslaga frå utvalet og innspel i høyringa vil gje grunnlag for vurderingar av korleis innkjøpsreglane kan endrast. I oppfylginga av høyringa vil regjeringa vurdere korleis regelverket betre kan leggje til rette for innkjøp frå lokale leverandørar.

5.8 Regionvekstavtalar for samordna innsats mot felles mål

Som oppfylging av ambisjonane i Hurdalsplattforma har regjeringa sett i gang eit arbeid med å utvikle regionvekstavtalar som eit nytt verktøy i regionalpolitikken og ynskjer å prøve dette ut i Rogaland og Nordland. Manglande sektorsamordning og regional tilpassing av statlege prioriteringar og innsats vert ofte framheva som ei utfordring frå kommunal sektor. Ressursar og prioriteringar støttar ikkje opp om kvarandre. Det er dette regjeringa ynskjer å gjere noko med gjennom regionvekstavtalar. Målet er å utvikle dette til eit verktøy for meir målretta og samordna offentleg innsats i ulike delar av landet og å få fram ei avtaleordning som kan rullast ut i alle fylka.

Målet med utviklingsarbeidet som no er sett i gang i Nordland og Rogaland, er å få fram ein avtale mellom regjeringa og fylkeskommunen om

samordna innsats mot felles mål og utfordringar som krev innsats på tvers av nivå og sektorar. Det er fylkeskommunen som vil vere avtalepart for staten i regionvekstavtalane.

Regjeringa har medvite valt å ikkje avgjere på førehand kva utfordringar regionvekstavtalane skal «løyse». Det er eit mål at avtalane skal medverke til utvikling i kvart einskilt fylke ut frå regionale utfordringar og potensial. Avtalane vil dermed vere ulike frå fylke til fylke. Det er fylkeskommunen sjølv som legg fram forslag til temattikk, mål og avgrensing, slik at avtalane kan byggje på regionale føremonar og medverke til betre handtering av komplekse utfordringar i fylket. Samstundes skal måla og tiltaka i avtalane støtte opp om ambisjonane og målsetjingane til regjeringa. Dette må derfor endeleg fastsetjast i dialog mellom sektorar og mellom staten og den ein-skilde fylkeskommunen. Avtalane vert retta mot område der samarbeid og samordna innsats på tvers av forvaltingsnivå og sektorar vil medverke til betre måloppnåing.

Målet no er å få fram ein intensjonsavtale mellom regjeringa og fylkeskommunen som fastset felles mål og innsatsområde som regionvekstavtalen skal vere organisert rundt. Det er ikkje sett av eigne midlar på statsbudsjettet til tiltak i regionvekstavtalane. Avtalane vil innebere auka samarbeid og samordning om felles mål mellom staten og fylkeskommunane og mellom sektorar.

5.9 Trygg mat og levande lokalsamfunn

Nokre næringar har større gjensidig innverknad på lokalsamfunna enn andre. Det gjeld ikkje minst fiskeri, havbruk, reindrift, jordbruk, skogbruk og reiseliv, som også er viktige distriktsnæringar. Fiskeri, havbruk og landbruk skaper mat, arbeidsplassar og aktivitet i heile landet. Desse næringane er òg viktige for reiselivsnæringa. Eit levande kulturlandskap med aktiv bruk er ein viktig innsatsfaktor for attraktive lokalsamfunn og reisemål i Noreg.

Regjeringa vil sikre nok og trygg mat produsert på norske naturressursar. Både landbruk og havnæringane er viktige for matsikkerheit og berekraftige matsystem, som grunnlag for inntekt og som kjelde til mat med viktige næringsstoff. Matsikkerheit inneber å ha tilgang til nok, trygg og sunn mat. Arbeidet til regjeringa med matsikkerheit omfattar mellom anna å leggje til rette for reine og rike hav, berekraftig hausting og produksjon, og berekraftige førkjelder. Samfunnsopp-

Boks 5.10 Samfunnsoppdrag om berekraftig fôrproduksjon

Matsikkerheiten er under press som fylgje av vekst i folketalet, auka press på areal og ressursar, klimaendringar og meir usikre forsyningslinjer. Ein berekraftig vekst i matproduksjonen krev tilgang på godt og trygt fôr med låge klimagassutslepp. I havbruksnæringa står til dømes fôret for over 70 prosent av klimagassutsleppa, og over 90 prosent av råvarene vert importerte. Regjeringa har i langtidsplan for forskning og høgare utdanning lansert samfunnsoppdrag som eit nytt verkemiddel i forskingspolitikken. Dette er målretta, nyskapande og ambisiøse prosjekt der forskning og innovasjon vert kopla saman med andre verkemiddel for å løyse konkrete problem innan ein gjeven tidsfrist. Samfunnsoppdraget om berekraftig fôr har mål

om at alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr skal kome frå berekraftige kjelder og medverke til redusert klimagassutslepp i matsystema. Fem departement¹ skal samarbeide om samfunnsoppdraget, for å oppnå semje om forskingsbehov og betre kunne vurdere korleis rammevilkåra på tvers av sektorane kan utviklast og medverke til produksjon av meir berekraftig fôr, auka verdiskaping og fleire grøne arbeidsplassar i heile landet. Samfunnsoppdraget skal vidareutviklast i 2023 i samarbeid med relevante aktørar.

¹ Nærings- og fiskeridepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

draget om berekraftig fôr til oppdrettsfisk og i husdyrproduksjon, som lansert i Langtidsplan for forskning og høgare utdanning, skal mellom anna medvirke til å utvikle nye og berekraftige løysingar for å nytte ressursane betre.

5.9.1 Fisken i havet skal gje aktivitet på land

Fiskeri- og havbruk er viktige distriktsnæringar og sentrale drivkrefter i norsk økonomi. Næringane medverker til å sikre verdiskaping, busetnad og arbeidsplassar langs kysten. Fisk og andre akvatiske matressursar tilhøyrrer det norske folket i fellesskap. Regjeringa vil sikre framleis nasjonal råderett og kontroll over fiskeressursane, og forvalte desse til det beste for noverande og framtidige generasjonar.

Regjeringa vil sikre at maten vi haustar i havet, også i framtida skal tilhøyre fellesskapet. Dette er forankra i havressurslova, som skal sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna. Regjeringa vil sjå til at havressurslova, fiskesalslagslova og deltakarlova held fram med å vere viktige pilarar i fiskeripolitikken.

Ifylgje Riksrevisjonen¹⁴ har endringane i kvotesystemet i perioden 2004–2018 medverka til auka lønsemd i fiskeflåten, men også til auka kvoteprisar, og det har ført til høgare barrierar for

å etablere seg som fiskar på heiltid. Det har òg ført til redusert fiskeriaktivitet i mange kystsamfunn. Regjeringa vil leggje fram ei kvotemelding som sikrar busetnad, aktivitet og lønsemd langs heile kysten. Regjeringa vil sjå til at flåten under elleve meter har gode rammevilkår, og at breidda og mangfaldet i kystfiskeflåten vert sikre.

Regjeringa har store ambisjonar for utviklinga av norsk sjømatindustri og ynskjer å auke tilverkinga av sjømat i Noreg. Ambisjonane for villfanga sjømat vert mellom anna fylgde opp gjennom arbeidet knytt til rapporten *Grønn verdiskaping og økt bearbeiding i sjømatindustrien* (Bearbeidingsutvalet).¹⁵ Rapporten gjev eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om sjømatindustrien og eksisterande rammevilkår og ser på viktige drivarar som vil påverke industrien i tida framover. Utvalet føreslår 32 tiltak som kan medverke til grønn omstilling og auka tilverking av berekraftige sjømatprodukt i Noreg. Tiltrådingane frå utvalet handlar om tilgang på råstoff, styrkt marknadsadgang, berekraft i heile verdikjeda og sterke regionar og kystsamfunn.

Utforming av kvotesystemet og rammevilkåra for sjømatindustrien verkar inn på busetjingsmønster og tilvekst av arbeidsplassar langs kysten. Prosessane knytte til kvotemeldinga og oppfylginga av rapporten frå Bearbeidingsutvalet kan medverke til å styrkje distriktspolitikken på fleire

¹⁴ Riksrevisjonen (2019–2020). *Undersøkelsen av kvotesystemet i kyst- og havfiske* (Dokument 3:6).

¹⁵ Utvalg oppnevnt av Nærings- og fiskeridepartementet (2022). *Grønn verdiskaping og økt bearbeiding i sjømatindustrien* (rapport). Nærings- og fiskeridepartementet.

måtar, mellom anna gjennom eit kvotesystem som framleis skal leggje til rette for ein differensiert fiskeflåte, og gjennom å stimulere til auka foredling av fisk på land, med fleire heilårlege arbeidsplassar langs kysten. Tilrettelegging for auka næringsverksemd innanfor fiskeri vil kunne skape ringverknader i lokalsamfunn gjennom tilvekst av tilknytte næringar.

5.9.2 Havbruk er viktig for matproduksjon og verdiskaping i distrikta

Regjeringa vil leggje til rette for ei produktiv og miljøvenleg havbruksnæring som kan produsere mat til ein veksande verdsmarknad. Oppdrettsnæringa har lågt klimagassutslepp samanlikna med annan animalsk matproduksjon. Noreg er i dag verdas største produsent og eksportør av atlantisk laks og regnbogeaure og har i tillegg oppdrett av torsk, kveite, røye, blåskjel, tang og tare. Dei klimatiske tilhøva i fjordar og kystnære strok gjev norsk havbruksnæring ein føremon som regjeringa vil byggje opp under. Over fleire år har det vore auke i produksjonsvolum og sysselsetting. I 2021 var det om lag 62 500 sysselsette i akvakulturnæringa, inkludert fiskeindustri, leverandørar og sal.¹⁶ Om lag halvparten av arbeidsplassane er knytte til investeringar i næringa eller kjøp av varer og tenester. Leverandørnæringa inkluderer fôrprodusentar, fiskehelseverksemd, verft og utstyrsprodusentar. Regjeringa vil leggje til rette for vidare vekst i havbruksnæringa for å skape fleire arbeidsplassar, meir tilarbeiding, større verdiskaping og auka eksportinntekter.

Havbruksnæringa medverkar til arbeidsplassar i og inntekter til distrikta, og vekst i næringa er derfor viktig for busetnad og utvikling i mange lokalsamfunn. Ein føresetnad for vidare vekst i havbruksnæringa er at veksten er berekraftig. Regjeringa har vidareført utvalet som skal sjå på løyvesystemet for akvakultur og korleis det bør innrettast for framtida, mellom anna for å leggje til rette for størst mogleg verdiskaping og ei berekraftig utvikling. Utvalet skal levere rapport hausten 2023.

Opne merdar i sjø har vore den rådande produksjonsforma i havbruksnæringa, men teknologiutviklinga gjev nye potensial for vekst og auka berekraft. Regjeringa vil leggje til rette for innovasjon, nye produksjonsformer og berekraftige løy-

singar. Det er eit mål å utvikle eit konsesjonsregime for havbruk til havs med strenge krav til berekraft og sameksistens mellom ulike havnæringer. Regjeringa vil utarbeide næringsplanar for Nordsjøen, Barentshavet og Norskehavet. Teknologiutvikling i leverandørindustrien er også viktig for å redusere påverknaden på miljøet frå havbruksnæringa og auke matproduksjonen på berekraftig vis. Til dømes kan lukka teknologi redusere utslepp av slam og påverknaden av lakselus på vill laksefisk. Teknologi som kan nyttast til produksjon av fisk på land eller til havs, kan medverke til auka vekst. Leverandørane sel i hovudsak produkt til aktørar i Noreg, men eksporterer i aukande grad til den internasjonale marknaden.

I tillegg til lokale arbeidsplassar og verdiskaping gjev havbruksnæringa direkte inntekter til kommunane og fylkeskommunane. Havbruksfondet, som vart oppretta i 2016, fordeler ein del av inntektene frå næringa til kommunar og fylkeskommunar som har oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjø. Sidan havbruksfondet vart etablert, har det vore utbetalt over 9 mrd. kroner. Midlane kan disponerast fritt av dei lokale styresmaktene. Kommunar og fylkeskommunar med havbruk vil òg få auka inntekter gjennom den føreslåtte grunnrenteskatten på havbruk (sjå kap. 5.1).

5.9.3 Innlandsfiske er ei næring med potensial for vekst

Nokre få aktive næringsutøvarar driv næringsfiske på ferskvassfisk, og berre ein liten del av innlandsfiskeressursen vert nytta. Ei meir aktiv forvaltning av sjøar og vassdrag kan gje ein auke i produksjon og verdiskaping. Tiltak som støttar opp om marknadsføring er viktig for å lykkast med satsing på ferskvassfisk, slik at produkta blir tilgjengelege for forbrukarane. Det same gjeld produktutvikling og investeringsstøtte til fangsttreiskapar, foredlingsutstyr og anlegg. Forsking på utnytting av heile fiskeråstoffet er òg viktig.

Innlandsfiske gjev gode høve til resultatoppnåing innanfor fleire av samfunnsmåla til regjeringa, anten det er berekraftig verdiskaping, grøne arbeidsplassar, utvikling av sirkulærøkonomi eller mattryggleik. Det er eit stort potensial for å auke fisket i innlandssjøane innanfor berekraftig rammer og slik oppnå betre kondisjon og raskare vekst for fiskestammene i desse vatna. Denne typen fiske gjev også auka attraktivitet for sportsfiske i dei same vatna og vassdraga og støttar slik opp under satsinga på turistnæringa i distrikta.

Ferskvassoppdrett er ei marginal næring samanlikna med produksjon av fisk i og i tilknytning

¹⁶ Menon Economics, Nofima, Norce (2022). *Ringvirkninger i sjømatnæringen 2021* (Rapport). <https://www.menon.no/wp-content/uploads/2022-126-Ringvirkninger-av-sjomatnæringen-2021-1.pdf>

Boks 5.11 Femundmat frå unike fiskeressursar i kalde innsjøar

Femundmat AS har mål om å byggje ei lønsam heilårsverksemd basert på innlandsfiske i Femunden, som er den nest største naturlege innsjøen i Noreg. Den vesle verksemda i Innlandet vart etablert i 2016. Foredling av innlandsfisk som sik, røye og andre råvarer skjer ved anlegget i Hylleråsen i Engerdal kommune. Verksemda har òg ein kafé med lokalmatbutikk i Engerdal sentrum.

Med merkevara FeMUND fokuserer verksemda spesielt på å lage Premium sikkaviar, som står for størstedelen av omsetninga. Produktutvikling og andre initiativ for å nå nye marknader står på agendaen. Verksemda sysselset 12 årsverk og har ambisjonar om vekst. Femundmat medverkar som samfunnsaktør gjennom initiativ for å integrere innvandrarar og ved å tilby jobb til lokale ressursar der kompetanseutvikling står i sentrum.

Sik er ei delikatesse på kontinentet, men framleis relativt ukjent i Noreg. Fangst av sik i

distriktskommunar rundt om i landet har vore organisert på frivillig basis, fyrst og fremst som matfisk for å spe på i hushalda. Fyrst dei seinare åra har ambisjonane om å revitalisere innlandsfiske og skape ei ny næring slått rot hos nokre dedikerte små aktørar. Femundmat er ein av aktørane som satsar langsiktig, heilskapleg og målretta. For å lykkast treng initiativtakarane bidrag og samarbeid mellom private og offentlege interessentar.

Femundmat har oppnådd anerkjenning for kvaliteten i fiskeprodukta og vunne *Det norske måltid* og *Sjømat foredlet* for sin sikkaviar. I rakkfisk-NM har Femundmat fått eitt gull, to sølv og ein bronse for rakauren frå FeMUND. I tillegg til desse og andre eigenproduserte fiskeprodukt, som sikkburgar, varmrøykt sik og graven sik, vert det selt lokalmat frå inntil 30 andre lokalmatprodusentar i Femund café & lokalmat i Engerdal sentrum.



Figur 5.5 Femundmat har oppnådd anerkjenning for kvaliteten i fiskeprodukta.

Foto: Knut Holmset

Boks 5.12 Bionova

Regjeringa har fylgt opp ambisjonane frå Hurdalsplattforma og frå 2023 oppretta Bionova, som er den nye satsinga til regjeringa på bioøkonomi og klimatiltak for landbruk, skogbruk og havbruk. Bionova skal vere eit verktøy for å nå klimamåla gjennom å stimulere til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring. Bionova skal medverke til verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi som tek utgangspunkt i fornybare biologiske ressursar frå land og hav. Bionova vert etablert som ein del av Innovasjon Noreg og skal halde til i regionkontoret til Innovasjon Noreg i Brumunddal.

I 2020 utgjorde utslepp frå jordbruk 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalenter, 9,1 prosent av dei totale klimagassutsleppa i Noreg. Staten har inngått ein avtale med jordbruksorganisasjonane om å arbeide for å redusere klimagassutsleppa og

auke opptak av karbon, tilsvarande 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar samla for perioden 2021–2030. Bionova skal gjennom sine verkemiddel medverke til å stimulere til reduksjon av klimagassutslepp og auka opptak og lagring av karbon i jord på gardsnivå. Omlegging til meir bruk av fornybar energi, biogassanlegg og teknologiutvikling er nokre av dei relevante tiltaka. Til dette føremålet er særskilt verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket sentralt.

Det er vidare naudsynt med ein meir ressurseffektiv og sirkulær bioøkonomi for å nå klima-, miljø- og berekraftsmåla. Omstilling til ein sirkulær bioøkonomi vil i tillegg kunne auke verdiskapinga og skape nye arbeidsplassar. Til dette føremålet er særskilt bioøkonomiordninga under Bionova eit viktig verktøy.

til sjø. I ferskvassoppdrett har fisken heile livsløpet i ferskvatn. I dag er det regnbogeaure, brunaure og røye som er dei vanlegaste oppdrettsartane. Akvakultur i ferskvatn er avgrensa i omfang og variert i produksjonsform. Mens nokre produsentar har moderne resirkuleringsanlegg, driv andre småskala i mindre kar eller jorddammar i tilknytning til gardsdrift. I motsetnad til oppdrett av fisk i sjø har mange av ferskvassoppdrettarane heile livssyklusen til fisken, eigne slakteri og fasilitetar for vidareforedling og utsal av det ferdige produktet.

5.9.4 Matsikkerheit og berekraftig landbruk

Landbruket – både jordbruk og skogbruk – er viktige distriktsnæringar. Dei 140 000 landbrukseigedomane med bustadhus utgjer også eit viktig grunnlag for sysselsetjing og busetnad og for utvikling og produksjon av ei rekkje varer og tenester. Mykje av det biologiske mangfaldet i Noreg er avhengig av aktiv bruk, mellom anna av beiteområde og slåttemark. Her spelar landbruket ei viktig rolle.

Hurdalsplattforma slår fast at samfunnsoppdraget til jordbruket er å sikre innbyggjarane nok og trygg mat produsert på norske naturressursar. Då må maten produserast på ein effektiv og berekraftig måte. Regjeringa vil arbeide for auka sjølvforsyning og reduserte klimagassutslepp frå land-

bruket. Ein variert bruksstruktur som er tilpassa ulike naturressursar og geografi, gjev gode høve til å produsere mat på ein berekraftig og klimavenleg måte. Det er òg viktig for å sikre god dyrevelferd, auka matsikkerheit og styrkt beredskap.

For å leggje til rette for landbruk over heile landet, for auka verdiskaping og redusert klimaavtrykk, må lønsemda i bruken av jordbruksareala aukast. Dette skal skje gjennom eit sterkt importvern, gjennom årlege jordbruks- og reindriftsforhandlingar og ved å ta vare på landbrukssamvirka som marknadsregulatorar. Næringsutøvarane i landbruket skal ha same høve til inntekt som andre grupper, og regjeringa har store ambisjonar og er godt i gang med å løfte inntektene i jordbruket.

I framtida må maten produserast med redusert bruk av innsatsfaktorar og med lågast mogleg klima- og miljøavtrykk. Matproduksjonen må vere tilpassa klimaendringane og konsekvensar av desse, som tørke, ekstremnedbør og flaum. Digitalisering, teknologiutvikling, presisjonsjordbruk og naturbaserte løysingar er viktig for å møte desse utfordringane.

Samstundes skal vi ta vare på konkurranseføremonane i norsk landbruk. Noreg er i verds toppen når det gjeld dyrevelferd, dyrehelse og mattryggleik, med lite bruk av antibiotika og plantevernemiddel. Norskutvikla agriteknikk-løysingar

dannar grunnlag for eit meir effektivt og berekraftig landbruk. Utvikling av norsk landbruksteknologi gjev grunnlag for nye forretningsidear og produkt med eksportpotensial. Sektoren har FoU-miljø lokaliserte i fleire delar av landet. Det vert mellom anna drive fôrutvikling og avl med dyr som gjev mindre klimautslepp. Mykje av dette arbeidet går føre seg i distrikta, noko som gjev synergjar og arbeidsplassar i lokalmiljøa.

Jordbruksavtalen er det viktigaste verktøyet for å fylgje opp dei politiske ambisjonane for jordbrukspolitikken. Mange av tilskota til jordbruket har differensierte satsar etter produksjonsomfang (strukturdifferensiering) og lokalisering (distriktdifferensiering). Det gjer at til dømes eit lite mjølkebruk i Finnmark får vesentleg meir i produksjonstilskot per ku enn eit stort mjølkebruk på Jæren.

Ved jordbruksoppgjere i 2023 vidareførte avtalepartane prioriteringa av distriktslandbruket, mellom anna gjennom høgare tilskotssatsar enn for resten av landet, og gjennom ei sterk prioritering av mjølkeproduksjon. Partane prioriterte små og mellomstore bruk, ikkje berre gjennom tilskotsordningane, men også gjennom styrking av investeringsverkemidla i landbruket. Det er stort behov for å oppgradere driftsapparatet i jordbruket, særskilt innan mjølkeproduksjon som fylgje av tilpassing til lausdriftskravet som trer i kraft

Boks 5.13 Landbruksteknologi frå Flesberg til verdsmarknaden

Innovasjon i form av teknologiutvikling i landbruket er naudsynt for å lykkast med grøn omstilling, meir matproduksjon og redusert utslepp av klimagassar. Verksemda N2 Applied i Flesberg kommune har til dømes utvikla ein maskin som kan forbetre gjødning ved hjelp av luft og straum, inspirert av lysboge-prosessen til Kristian Birkeland som la grunnlaget for Norsk Hydro (seinare Yara). Maskinen lager ei aktivisert luft som vert blåst inn i gjødninga. Dette reduserer klimagassutsleppa og stopper ammoniakkutsleppa (luftforureining), og den auka nitrogenverdien gjer kunstgjødning overflødig.

Gjennom støtte frå mellom anna Innovasjon Noreg og private investorar har verksemda ikkje berre Noreg som marknad, men er allereie godt i gang med å etablere seg i Norden, Storbritannia, Irland og Sør-Afrika.

i 2034. Investeringsverkemidla har ein tydeleg distriktsprofil, der nærare 70 prosent av tilskota i 2022 gjekk til prosjekt i kommunar lokalisert i det distriktspolitiske verkeområdet. Andre område som vart særskilt prioriterte i jordbruksoppgjere 2023 var miljø- og klimaarbeidet i landbruket, auka konkurransekraft for grøntnæringa, satsing på landbruket i Nord-Noreg, unge bønder og velferdsordningane i landbruket.

Vidare slår plattformen fast at regjeringa vil prioritere arbeidet med å betre inntektsmoglegheitene i landbruket. Føreseielege rammevilkår og inntektsutvikling er grunnleggjande føresetnader for at jordbruksproduksjonen skal oppnå tilstrekkeleg økonomisk berekraft og sikre god rekruttering til næringa i heile landet. Avtalen legg samla sett til rette for ei auke i inntektsmoglegheitene på om lag 23 prosent, eller vel 110 000 kroner per årsverk frå 2023, før oppgjer, til 2024.

5.9.5 Felles satsing på landbruket i Nord-Noreg

Det er avgjerande for nasjonal matforsyning, beredskap, sysselsetjing og busetjing at vi har matproduksjon i alle delar av landet. Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for verdiskaping og sysselsetjing i mange kommunar i nord. Landbruksnæringa i nord er likevel sårbar med få kompetansmiljø, små produsentmiljø og store avstandar. Samstundes har næringa i landsdelen stort potensial knytt til omdømet og merkevara arktisk kvalitet på landbruksprodukt.

I jordbruksoppgjere i 2022 vart det sett i gang ei særskilt satsing på 17 mill. kroner for å mobilisere næring, kompetansmiljø og verkemiddelapparat til å bremse den negative utviklinga i landbruket i nord, og medverke til auka utnytting av regionale føremonar og moglegheiter knytt til det arktiske landbruket. Dette er ei felles satsing saman med fylkeskommunane i Troms og Finnmark og Nordland som har styrkt satsinga ytterlegare ved å leggje inn 4 mill. kroner kvar. Det er viktig at jordbruksavtalepartane og fylkeskommunane kan gå saman om eit felles løft for eit berekraftig landbruk og auka verdiskaping for landbruket i nord.

I jordbruksoppgjere i 2023 er det semje om å føre vidare satsinga på 17 mill. kroner til det nordnorske landbruket for å synleggjere regional innsats med utgangspunkt i potensial og utfordringar i nord. I tillegg er avtalepartane einige om å forsterke satsinga på landbruket i Nord-Noreg, mellom anna gjennom styrkte tilskot for å forbetre produsentøkonomien i lands-

delen, og forbetra vilkår for investeringstilskot for Nord-Noreg.

5.9.6 Samisk reindrift

Samisk reindrift er ei familiebasert distrikts- og kulturnæring som byggjer på eit unikt levesett. Reindrift er eit viktig grunnlag for samisk kultur, og som urfolksnæring har reindriften eit særleg vern i kraft av folkeretten. Det største trugsmålet for ei berekraftig reindrift er tap av beiteareal.

Reindriftslova og reindriftsavtalen er dei viktigaste verkemidla for ei berekraftig reindrift. Staten og Norske Reindriftssamers Landsforbund forhandlar årleg om ein reindriftsavtale, og i 2023/2024 har avtalen ei ramme på 200 mill. kroner. Hovudprioriteringar i avtalen er direkte tilskot, trygging av reindriftsareal, klimatilpassing og beredskap i reindriften og tilleggsnæringar.

Reindriftsavtalen omfattar direkte tilskot basert på produksjon og tilskot til tilleggsnæringar som reiseliv, lokalmat og kulturopplevingar.

Boks 5.14 Birgejupmi, reindrift og klimaendringar

Reindriften er ei livsform og ei næring som har halde oppe den grunnleggjande samiske tenkje- og veremåten, og som har *birgejupmi* som hovudmål. *Birgejupmi* er ein verdi som fannar vidare enn berekraftsomgrepet. Omgrepet stammar frå det samiske ordet *birget*, som tyder å klare eller berge seg. Eit grunnleggjande vilkår for å klare seg og vere sjølvberga er å ta vare på naturen, tenkje langsiktig, leve med måtehald og ikkje leggje igjen spor. Reinen flyttar seg over store område og kan klare seg med mindre mat om vinteren, og slik er han tilpassa til å leve i

arktiske strok. Samstundes er reindriften ei av dei næringane som vert hardt ramma av klimaendringane. Beitekriser dei siste åra gjev indikasjonar på kva konsekvensar endringar i klimaet kan ha for reindriftnæringa. Vinteren og våren 2020 og våren 2022 opplevde reindriften ei svært omfattande beitekrise. Det vart erklært beitekrise i dei fleste distrikt i Troms og Finnmark og Nordland, og det var vanskelege beitetilhøve også i reinbeiteområdet Sør-Trøndelag/Hedmark.

Boks 5.15 Internasjonalt reindriftssenter

For å styrkje det internasjonale reindriftsamarbeidet og ei berekraftig reindrift i nordområda vart Internasjonalt reindriftssenter etablert i 2005. Senteret fremjar kunnskap om og forståing av reindriften og den tradisjonelle reindriftskompetansen. Saman med Verdsforbundet for reindriftsfolk og University of the Arctic har senteret starta prosjekt for folk-til-folk-samarbeid, lokal kompetansebygging og regional utvikling. Senteret samarbeider med reindriftsutøvarar, institusjonar og organisasjonar i Norden, Kina, Mongolia og Nord-Amerika.

I Arktisk råd har senteret hatt ei leiarrolle i prosjektet EALLU,¹ som skal dokumentere matkulturen og dei tradisjonelle kunnskapane til urfolk som grunnlag for lokal økonomisk utvikling, resiliens og tilpassing til klimaendringar. Med støtte frå Kommunal- og distriktsdepartementet har senteret etablert og teke i bruk Boaššu / NOMAD Indigenous FoodLab – Ark-

tiske urfolks matlaboratorium. Dette er eit samarbeid med Verdsforbundet for reindriftsfolk, Bocuse d'Or, Gourmand International og FN/FAO. Senteret har ei ungdomssatsing som skal formidle matkultur og styrkje samisk kokkeutdanning og medverke til at samisk ungdom kan etablere nye matprodukt og verksemdar i distrikta.

I samarbeid med Harvard University og Fletcher School of Law and Diplomacy i USA har senteret utvikla eit internasjonalt leiar kursprogram (Training of Future Arctic Indigenous Leaders) som vert støtta av Utanriksdepartementet. Programmet gjev ungdom kompetanse innanfor leiing, resiliens, klimatilpassing, krisehandtering, innovasjon og lokalt diplomati. Som del av miljøprogrammet til FN leier senteret også eit større prosjekt om nomadisk resiliens og tradisjonell kunnskap.

¹ Indigenous youth, food knowledge and Arctic change.

Slike tilleggsnæringar er sentrale for å vidareutvikle næringsgrunnlaget for reindrifta. Det fylgjer av reindriftslova at ho skal sikre reindriftsareala i det samiske reinbeiteområdet. Vern av areal til reindrift er avgjerande for at reindrifta skal vere berekraftig.

5.9.7 Landbruket treng god tilgang på veterinærtenester

Utfordringar med å rekruttere veterinærar gjeld mange område av landet, og er særleg knytt til dyrehelsehjelp hos produksjonsdyr. Hurdalsplattforma slår fast at veterinærtenesta i heile landet skal styrkjast. Landbruks- og matdepartementet sette i august 2022 ned ei arbeidsgruppe for å greie ut utviklingstrekk og årsaksfaktorar for veterinærmangelen, og føreslå tiltak. Arbeidsgruppa vart leidd av KS med representantar frå statsforvaltarane, Landbruksdirektoratet, Den norske veterinærforening, NMBU Veterinærhøgskolen, Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Arbeidsgruppa leverte rapporten sin 10. mars 2023.¹⁷ Rapporten peiker på ein generell mangel på veterinærar i Noreg, og at utfordringsbiletet er samansett. Rekrutteringsutfordringar er ikkje noko ein opplever berre i produksjonsdyrpraksis, men også i kjæledyrklinikkar og i offentleg forvaltning. Samstundes er inntektsgrunnlaget for veterinærar i produksjonsdyrpraksis minkande i store delar av landet fordi det er færre jordbruksverksemder med husdyr i tillegg til betre dyrehelse. Redusert inntektsgrunnlag i produksjonsdyrpraksis fører i sin tur til at det trengst færre praktiserande veterinærar på dagtid enn den bemanninga som er naudsynt for å gje ei akseptabel vaktbelasting utanom ordinær arbeidstid. Fleirtalet av dei praktiserande veterinærane søkjer seg til stillingar i føretak/klinikkar som gjev eit fagleg og kollegialt fellesskap og ordna arbeidstid.

Arbeidsgruppa har i tråd med mandatet lagt fram 21 ulike tiltak som dei meiner kan medverke til å redusere utfordringane med å rekruttere veterinærar i klinisk produksjonsdyrpraksis i distrikta. Tiltaka er grupperte innanfor fylgjande kategoriar: rekruttering og mentorordningar, arbeidsoppgåver for veterinærar, endringar i vaktområde/vaktorganisering, endra eller auka statlege tilskot, forvaltingsmessige forbetringar og

lovendringar. Rapporten er no til vurdering i Landbruks- og matdepartementet.

5.9.8 Skogbruk er viktig for busetjing og sysselsetjing

Eit aktivt og lønsamt skogbruk og konkurranse-dyktig skogindustri er viktig for busetjing, sysselsetjing og næringsutvikling i store delar av landet. Ei ansvarleg og berekraftig forvaltning av skogen er grunnlaget for langsiktig forsyning av råstoff til industrien. Regjeringa vil satse på tiltak som kan medverke til betre lønsemd i skogbruket.

Dei siste åra har det vore auka hogst i Noreg. Dette gjev potensial for auka industriell verdiskaping. Målet til regjeringa er at tømmer frå norsk skog skal gje mest mogleg verdiskaping gjennom lønsam vidareforedling og eksport av ferdigvarer. Ein offensiv politikk for skog- og trenæringa er god nærings-, distrikts- og klimapolitikk. Regjeringa vil leggje til rette for industriell vidareforedling av skog ved å utvikle ressursgrunnlaget og forbetre infrastrukturen i skogbruket.

Skog i vekst tek opp CO₂. Aktiv skogskjøtsel, med hogst, planting, gjødsling og ungskogpleie, gjev klimavinst. Regjeringa vil satse på skogplanting, ungskogpleie og andre skogkulturtiltak, mellom anna gjennom skogfond og tilskot til nærings- og miljøtiltak. Gode avvegingar mellom aktivitet og miljøomsyn, mellom natur og klima og mellom bruk og vern skal stå sentralt i ein berekraftig skogpolitikk. Regjeringa vil leggje til rette for å skape større verdiar av norske skogressursar, fremje ei berekraftig skogforvaltning og kombinere auka skogbruksaktivitet med styrkte miljøomsyn i skogbruket.

5.9.9 Ei berekraftig forvaltning av rovvilt

Noreg har ei todelt målsetjing om å ta vare på både levedyktige rovdyrbestandar og beiteinteresser. I utforminga av rovviltpolitikken gjennom rovviltforlika av 2004 og 2011, og i fleirtalsvedtaket om ulv i 2016, har det vore ein premiss at omsynet til å sikre at dei store rovviltartane overlever i norsk natur, må kombinerast med ei forvaltning som totalt sett medverkar til å dempe konfliktane og motverke utryggleik innanfor den todelte målsetjinga. Regjeringa byggjer på rovviltforlika, den todelte målsetjinga, naturmangfaldlova og Bernkonvensjonen. Innanfor desse rammene vil regjeringa føre ein meir restriktiv rovdyrpolitikk, og vil styrkje rolla til dei regionale rovviltnemndene.

I tråd med Hurdalsplattforma vil regjeringa sikre at bestandmåla faktisk vert fylgde opp. Når

¹⁷ Rapport fra en arbeidsgruppe nedsatt av Landbruks og matdepartementet (2023) *Tilgang på veterinærtjenester i Norge*. <https://www.regjeringen.no/contentassets/1807e0e77eb443fbbdf53cf24a7132a9/rapport-om-tilgang-pa-veterinartjenester-i-norge-10.03.23.pdf>

ein bestand ligg over eller under bestandsmålet, skal han forvaltast i tråd med det målet som til kvar tid er vedteke av Stortinget. Det fylgjer også av Hurdalsplattforma at regjeringa vil innrette praktiseringa av rovviltforliket slik at kvotar på lisensfelling vert tekne ut i samsvar med vedtak, og slik at beiteprioriterte område vert respekterte ved at skadegjerarar vert felte utan ugrunna opphald. Regjeringa vil greie ut ein reduksjon av gjeldande bestandmål for ulv og bjørn med mål om å redusere ulempene for beitenæringar og lokalsamfunn. Det skal òg gjennomførast ei betre og sikrere teljing av dei ulike rovdyrbestandane.

Utmarksbeite er ei viktig næring i fleire utmarkskommunar og viktig i eit ressursnytteperspektiv. For utøvarane i desse næringane vil rovdyrsituasjonen kunne ha innverknad på livskvalitet og busetnad, og påverke avgjerder om investeringar og vidare drift. Då er det vesentleg å ha føreseieleg og konsekvent forvaltning av rovvilt.

Denne regjeringa har flytta fram lisensfellingsperioden for jerv frå 10. september til 20. august. Endringa vart sett i verk den 20. august 2022. Rovviltneemdene kan som tidlegare fastsetje ein kortare lisensfellingsperiode dersom dei meiner det er grunnlag for dette. Klima- og miljødepartementet har endra forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta) med verknad straks.

5.10 Reiseliv er ei viktig distriktsnæring

Reiselivsnæringa er viktig for mange distriktsområde på fleire måtar. Lokalsamfunn over heile landet har natur, kulturmiljø og kultur som gjev grunnlag for rike opplevingar og høve til verdiskaping og sysselsetjing. Dei siste åra har det særleg vore vekst i sysselsetjinga i reiselivsnæringane i distrikta.¹⁸ Næringa var i vekst før pandemien og vart hardt ramma av nedstengingar og restriksjonar. Overnattingsstatistikk frå SSB viser at talet på kommersielle overnattingar er tilbake på same nivå som i 2019, med meir enn 36 millionar overnattingar ved kommersielle overnattingsverksemdar i Noreg i 2022. Fleirtalet av dei sysselsette i næringa arbeider i sentrale område, men den relative verknaden av næringa er likevel større i dei minst sentrale kommunane.

Mange stader i Noreg er reiselivstilboda avgjerande for å skape levande og attraktive lokalsamfunn. Reiselivet og deltidsinnbyggjarar gjev vekst

og arbeidsplassar. For ungdom kan reiselivsverksemdene vere det fyrste møtet med arbeidslivet, og verksemdene kan òg vere viktige for å rekruttere og integrere tilflyttarar. Utvikling av heilårlege reiselivsprodukt kan gje auka kvalitet og mangfald i tilbodet og gjere det enklare å rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft.

Eit reisemål er eit geografisk avgrensa område med ulike reiselivstilbod. Det er det samla tilbodet som avgjer val av reisemål. Også innbyggjarane nyttar tenestene som reiselivsnæringa tilbyr. Det gjev utgangspunkt for å sjå utvikling av reiselivet og lokalsamfunna i samanheng. Gode stader å leve er gode stader å reise til. Mange verksemdar i og kring reiselivsnæringa veks fram og gjev lokalsamfunnet betre tenester, opplevingar og tilbod, til dømes i form av restaurantar og kafear, handel, kultur og andre tenestetilbod for lokalsamfunna. Samstundes er det også lokalsamfunna som legg til rette for reiselivet, gjennom til dømes opparbeiding av turstiar, friluftsområde og torg, frivillig innsats på kulturarrangement og ikkje minst i kraft av å vere levande lokalmiljø.

Noreg har ein mangfaldig kulturarv, sterke mattradisjonar, kulturmiljø, kulturhistoriske byggverk og ein unik urfolkskultur. Her er kunstnarar og musikarar i verdsklasse. Eit fleirtal av dei tilreisande til Noreg ser på kultur som ein viktig del av ferien. Det er eit stort potensial for å bruke kultur, reiseliv og opplevingar meir strategisk i samfunnsutviklinga. Kultur styrkjer lokalsamfunna gjennom felles opplevingar og møteplassar og medverkar til lengre opphald og auka betalingsvilje hos gjestene.

Reisemålsutvalet leverte sin rapport¹⁹ til regjeringa 30. mars. Utvalet har gjennomgått og vurdert rammevilkåra for lokal reisemålsutvikling. Utvalet føreslår ein ny modell for organiseringa av berekraftige norske reisemål, med utgangspunkt i etablering av ei reisemålsleiing som er tilpassa lokale tilhøve og forankra i kommunane. Reisemålsleiinga skal drive strategisk besøksforvaltning og handtere utvikling og drift av fellesgode basert på ein breitt forankra besøksstrategi. Utvalet tilrår at arbeidet skal finansierast gjennom eit besøksbidrag som vert henta inn nasjonalt, men forvalta regionalt og lokalt.

Ein viktig del av det norske reiselivsproduktet er naturopplevingar. Dei fleste reiselivsverksemdene innanfor naturbasert reiseliv er små, med éin til tre tilsette. Dei er ofte sesongbaserte og held til i distrikta. Ein auka og ukontrollert

¹⁸ Samfunnsøkonomisk analyse (2020) Verdikjeder i Norge (Rapport).

¹⁹ NOU 2023: 10 *Leve og oppleve – Reisemål for en bærekraftig fremtid*. Nærings- og fiskeridepartementet.

ferdsel i naturen kan føre til nedbygging og tap av naturmangfald og natur. Betre styring av besøk er viktig for å fordele belastinga på naturen på fleire område. Slik kan ein også medverke til at innbyggjarane blir meir tilfredse med reiselivsnæringa, og styrkje gjesteopplevinga og kvaliteten på reiselivstilbodet. For at reiselivet skal kunne ta del i den grønne omstillinga, er det naudsynt med eit systematisk arbeid med reisemålsutvikling og kvalitet på fellesgoda.

Reiselivet er med på å skape verdiar og identitet, men kan òg leggje press på areal og lokalsamfunn. Reisemålsutvalet meiner at reiselivet må utviklast på ein måte som skaper attraktive lokalsamfunn for innbyggjarar og tilreisande. Då må arbeidet ta utgangspunkt i det lokalsamfunnet ynskjer. Utvalet understrekar at den vidare utviklinga av reisemål krev samarbeid mellom fleire aktørar frå privat, offentleg og frivillig sektor, og frå lokalsamfunnet. Strategiar og prioriteringar for ei berekraftig reisemålsutvikling må forankrast i planverket til kommunen og gjennom god medverknad frå alle interessentar og aktørar.

Reiselivsnæringa tilbyr opplevingar gjennom bruk av natur- og kulturgode og infrastruktur som er tilgjengeleg for alle. Dette vert kalla fellesgode. Auka ferdsel gjer det naudsynt å tilretteleggje meir. Samstundes kan meir tilrettelegging føre til fleire tilreisande. Verken dei tilreisande eller næringsaktørane som nyt godt av fellesgoda, har kvar for seg insentiv til å ta det økonomiske ansvaret for å ta vare på, utvikle og drifte fellesgoda.

I Europa har 21 av 30 land innført ei form for fellesgodefinansiering. Reisemålsutvalet skreiv at ei slik løysing, der tilreisande i større grad medverkar i finansieringa av utvikling, drift og vedlikehald av fellesgode, vil vere viktig for ei berekraftig utvikling av lokalsamfunna og næringa framover. Både fylkeskommunar og kommunar ynskjer i aukande grad å sjå reiselivsutvikling i samanheng med stad- og samfunnsutvikling, og å leggje meir vekt på berekraftig besøksforvaltning, for å unngå overbelastning av natur, kulturmiljø og lokalsamfunn. Til dømes har Nordland fylkeskommune arbeidd systematisk for at reiselivet skal vere ei positiv kraft i lokalsamfunnet, gjennom besøksforvaltingsprosjektet frå 2018 som omfattar reiselivsregion Lofoten, reisemål Vega og besøkspunkt Svartisen/Meløy. Kompetansen og løysingane som er utvikla i prosjektet er lagde til grunn i ny strategi for reiseliv og opplevingar i Nordland 2023–2027.

Regjeringa vil vurdere korleis tilrådingane til reisemålsutvalet²⁰ kan fylgjast opp. Rapporten

Boks 5.16 Matnasjonen Noreg

Matnasjonen Noreg er ei felles ramme for arbeid med næringsutvikling og verdiskaping i verdikjeda for mat frå både hav og land. Både Innovasjon Noreg og fylkeskommunane forvaltar verkemiddel for å fylgje opp regjeringa si satsing på lokalmat og -drikke. Arbeidet med å byggje heilskaplege mat- og reiselivskonsept blir særskilt fylgt opp gjennom tiltak forvalta av Innovasjon Noreg og gjennom nasjonale og regionale samarbeidsarenaer og verkemiddel for vekst i landbruksbasert reiseliv, lokalmatproduksjon og andre tilleggsnæringar i landbruket. På regionalt nivå er fylkeskommunen og det regionale partnerskapet for landbruk ein viktig drivar for arbeidet.

gjev eit godt grunnlag for innretting av satsingar på reisemålsutvikling i norske kommunar.

Regjeringa arbeider med ulike tiltak for å skape ei konkurransedyktig, heilårleg reiselivsnæring som er meir berekraftig og lønsam enn tidlegare, og som skaper aktivitet i heile landet. Regjeringa har i Hurdalsplattforma varsla ein nasjonal plan for reiselivsnæringa, med vekt på berekraftig utvikling, heilårlege arbeidsplassar, kompetanse, marknadsføring, reisemålsutvikling og verdiskaping i heile landet. Det går fram av Hurdalsplattforma at regjeringa vil gje kommunar høve til å innføre besøksbidrag. Regjeringa har motteke forslag til pilotprosjekt frå Nordkapp, Beitostølen, Verdsarvfjordane og Lofoten. Modelane utfordrar dagens lovverk, og det må gjerast juridiske vurderingar for å finne gode løysingar.

Regjeringa har i samarbeid med friluftsansjonane starta arbeidet med å utvikle ei nasjonal godkjenningsordning for lokale og regionale guidar, turleiarar og fjellførarar. Regjering har sett i gang Reiseliv 2030²¹ for å stimulere til kunnskapsbasert utvikling av heile reiselivsnæringa, og føreslå prioritering av forskings- og innovasjonsaktivitetar for å gjere reiselivsnæringa meir heilårleg, oppnå auka verdiskaping og medverke til grøn omstilling.

²⁰ NOU 2023: 10 *Leve og oppleve – Reisemål for en bærekraftig fremtid*. Nærings- og fiskeridepartementet.

²¹ Same som Reis21 i Hurdalsplattforma.

Boks 5.17 Verdsarv og attraktive lokalsamfunn

Bergstaden Røros blei innskrevet på verdsarvlista til Unesco¹ i 1980. I 2010 blei området utvida som Røros bergstad og Circumferensen.¹ Utvidinga omfatta eit større område med areal i Holtålen, Røros, Os og Engerdal. Verdsarvstatusen forpliktar staten og lokale styresmakter til å ta vare på og utvikle verdsarvverdiane. Godt samspel mellom huseigarar, grunneigarar, næringsliv, kommune, fylkeskommune og musea er sentralt for å lykkast med dette. Det er også mange lokalt sysselsette innanfor handverk, formidling og forvaltning som er direkte knytte til arbeidet med å ta vare på og formidle verdsarven. Det var gruvedrift og landbruk som la grunnlaget for utviklinga av Røros, og Røros koparverk var eit av dei viktigaste bergverka i Noreg i 250 år. Røros har teke vare på mykje av det opphavelige preget frå gruvetida, med hus frå 1700- og 1800-talet og eit gatemønster frå 1600-talet.

Røros er i dag ein stor reiselivsdestinasjon. Kulturmiljøturismen står for meir enn ein tredel av verdiskapinga i reiselivet på Røros og for 9 prosent av talet på sysselsette. Rørosmartnan er eit populært arrangement med tradisjonar frå 1854. Merkevara «Røros» vert òg nytta i sal av lokal mat og andre lokale produkt. Røros er sertifisert som eit berekraftig reisemål, gjennom merkeordninga til Innovasjon Noreg. Det inneber at reisemålet Røros over tid skal verte endå meir berekraftig, og at destinasjonen må arbeide kontinuerleg for å nå krava i ordninga og vise forbetring kvart tredje år. Resultatet er at gjester og innbyggjarar får auka medvit om berekraft, og at det vert stadig viktigare for reiselivsaktørane å redusere det økologiske fotavtrykket.



Figur 5.6 Frå Rørosmartnan

Foto: Anders Wittrup

- ¹ UNESCO er FNs organisasjon for utdanning, vitskap og kultur.
- ² *Circumferensen* kjem av det latinske «circum», som tyder omkrins eller omfang. Ein sirkumferens vart gjerne fastsett rundt bergverka frå midten av 1600-talet og innebar at alle som eigde skog innanfor sirkumferensen var pliktinge til å køyre ved og anna til gruvene som var eigde av privilegiehaldarane – i dette høvet eigarane i Røros Kobberverk.

Regjeringa legg til rette for ei berekraftig besøksforvaltning. Miljødirektoratet har utvikla rettleiing for besøksforvaltning for verneområde. Nasjonalparkstyra utarbeider besøksstrategiar som skal sikre naturverdiane og leggje til rette for aktivitet og verdiskaping. Merkevara *Noregs nasjonalparkar* samlar alle verneområde, besøksenter, nasjonalparklandsbyar og -kommunar under ein felles paraply. Den felles overbygningen gjer det mogleg å leggje til rette for at fleire skal kunne

oppsokje nasjonalparkane der naturen toler det. Reisemålsutvalet meiner rettleiinga bør utvidast til også å omfatte besøksforvaltning utanfor verneområda.

Miljødirektoratet forvaltar ordninga med nasjonale turiststiar, som skal medverke til ei berekraftig forvaltning av mykje besøkte naturattraksjonar, mellom anna gjennom å redusere forsøpling og gje mindre slitasje på naturen og færre ulykker.

5.10.1 Samiske mattradisjonar, kultur og reiseliv

Samiske område er rike på råvarer frå primærnæringane. Det er eit stort potensial for auka verdiskaping og vidareforedling av reinkjøt, lammekjøt, fisk, tang og tare og andre marine artar. Sametinget samarbeider med urfolk i andre delar av verda om mattryggleik. Det er etablert ei samanslutning av urfolk om matsystem som FN-organisasjonen for ernæring og landbruk (FAO) har ansvar for.

Samisk mat og opplevingar knytte til reiseliv og samisk kultur har eit stort potensial for vidare utvikling. Reiselivet etterspør i større grad lokalprodusert mat. Det er mogleg å utvikle dei samiske områda til attraktive matdestinasjonar og kople samisk reiseliv, kreative næringar og mat tettare saman. Næringsaktørane er små og avhengige av samarbeid med kvarandre eller med andre aktørar. Ein måte å lykkast på er at produsentane dannar nettverk og samarbeid seg imellom eller nyttar eksisterande nettverk slik at dei kan verte meir synlege på marknaden.

Ei sterk samisk reiselivsnæring, med aktørar som er sterke nok til å leve av næringa, er viktig for å styrkje samisk språk, kultur og levesett. Verksemdene knytte til kreative næringar er ofte små, og eit fåtal har dette som heiltidsjobb. Dei har gjerne lite kapitaltilgang, og mange treng meir kompetanse om forretningsdrift. Kraftsenter og organisasjonar som kunstnarkollektivet *Dáiddádallu* er viktige for å styrkje samiske kreative næringar.

Samisk reiseliv og samiske kreative næringar omfattar kulturelement som utgjør ein sentral del av verksemda. Samisk reiseliv spelar ofte ei nøkkelrolle i vekst og verdiskaping i samiske område, samstundes som det viser fram og lærer bort samisk tradisjon og kultur til resten av Noreg og verda. Kreative næringar i samiske område omfattar eit breitt spekter av verksemdar, med koplingar til *duodji* innanfor formgiving og design og til andre delar av samisk kultur, som joik, folketru, forteljetradisjonar og matkultur. At samiske kunstnarar har fått innpass på større internasjonale arenaer, medverkar til å løfte samisk kunst og kultur.

6 Utdanning og arbeidskraft for framtida

Tilstrekkeleg arbeidskraft med rett kompetanse er ein føresetnad for utvikling og verdiskaping i alle lokalsamfunn. God tilgang på kompetanse er avgjerande for at verksemdar skal kunne skape verdiar i alle delar av landet, og for at det offentlege skal kunne levere gode og likeverdige tenester til innbyggjarane. Utdanning er viktig for å skape eit godt liv for den einskilde og eit godt samfunn for alle. Ungdom treng utdanning og flyttar dit tilboda er gode og der omdømet til institusjonane er godt.¹ Kompetansepolitikken til regjeringa er nyleg lagd fram i ei stortingsmelding om kompetansebehovet i Noreg.² Målet er høg sysselsetjing og å dekkje dei viktigaste kompetansebehova i arbeids- og samfunnslivet framover. Utdanning og kompetanse er ein av nøklane til god samfunnsutvikling, til høg kvalitet i offentleg velferdsproduksjon og til innovasjon i næringslivet. Utdanning og opplæring må gjerast tilgjengeleg for alle, uavhengig av bustad og livssituasjon, og innrettast og dimensjonert meir i tråd med det arbeidslivet treng og studentane etter spør. Finansieringa av universitet og høyskolar må gje rom for å prioritere framtidige kompetansebehov. Det må i samråd med partane leggjast betre til rette for læring i arbeidslivet, og det må satsast på kvalifisering av arbeidskraftreserven og godkjenning av utdanning og kvalifikasjonar frå utlandet.

Distriktsdemografiutvalet³ stadfestar at distriktskommunar har vedvarande utfordringar knytte til å rekruttere arbeidskraft med høgare utdanning. Fire store grupper av yrke står for 60 prosent av mangelen på arbeidskraft: helse-, pleie- og omsorgsyrke, bygg og anlegg, industriarbeid og ingeniør- og IKT-yrke. Tala har vore relativt stabile over tid. Mangelen på arbeidskraft er særleg stor i Nord-Noreg, Møre og Romsdal, Vestfold og Telemark. Kompetansebarometeret til NHO

viser at to av tre NHO-verksemdar manglar folk med rett kompetanse. Heile 46 prosent av NHO-verksemdene har prøvd å rekruttere utan å få tak i ynskt kompetanse. Når verksemdene manglar folk med rett kompetanse, kan det føre til tap av kundar, skrinlagde prosjekt og lågare verdiskaping.

Dette kapittelet handlar om politikken for å løyse dei mest sentrale kompetanse- og rekrutteringsutfordringane distrikta står overfor. Det handlar om desentralisert og fleksibel utdanning, om ei forsterka satsing på yrkesfagleg utdanning, om ein betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter utdanning, om rekruttering av arbeidskraft til distrikta og om å inkludere fleire i arbeidslivet, særleg unge vaksne. Politikken for å medverke til at innvandrarak skal kome i arbeid, er omtala i kapittel 2.4.

6.1 Desentralisert og fleksibel utdanning der folk bur

Innbyggjarane i dei minst sentrale distriktskommunane har lågare utdanningsnivå enn i resten av landet. Innlandet, Nordland, Troms og Finnmark har relativt mange sysselsette med grunnskule som høgaste gjennomførte utdanning og relativt få med lang høgare utdanning (sjå figur 6.1). I distrikta er arbeidsmarknadene små, og fleire stader er det lang avstand til utdanningsinstitusjonar.


Utdanningsinstitusjonane ligg i dei større byane, og mange unge går ut i arbeid i dei arbeidsmarknadene der institusjonane ligg. Distriktsdemografiutvalet⁴ meiner det er større potensial for å sikre høgt utdanna arbeidskraft til distrikta dersom ein satsar på å utdanne dei som allereie bur der, framfor å søkje å trekkje til seg høgt utdanna folk som bur andre stader. Derfor er det viktig med eit desentralisert og fleksibelt utdanningstilbod. Eit av forslaga også frå ungdomens distriktspanel er at universitet, høyskular

¹ NIFU (2022). *Studenters motiver for valg av studiested* (rapport).

² Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Kunnskapsdepartementet.

³ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

⁴ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*.



Figur 6.1 Prosentvis del av innbyggjarar med høgare utdanning (etter sentralitet)

Kjelde: SSB. Utrekning: Kommunal- og distriktsdepartementet

og fagskular bør utvikle desentraliserte og samlingsbaserte studiemiljø.

Distriktsnæringsutvalet⁵ meiner at distrikta treng fleksible etter- og vidareutdanningstilbod for å kunne tilby lokalt og regionalt næringsliv den kompetansen dei treng. Her har universiteta, høgskolane og fagskulane ei viktig rolle, og utvalet meiner det er naudsynt at finansieringa og insentiva stimulerer til ein desentralisert studie-stadstruktur. Utvalet trekkjer òg fram regionale læreordningar som eit viktig tilskot for å styrkje rekrutteringa.

NIFU⁶ har evaluert ordningane for fleksibel og desentralisert utdanning til *Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse* (HK-dir). Evalueringa viser at studietilboda er relevante for det arbeidslivet treng, og at dei medverkar til at utdanning og kompetanse vert tilgjengeleg der folk bur, og i ulike livssituasjonar. Heile 84 prosent av studentane som tek fleksible og desentraliserte studietilbod, er fornøgde med relevansen for arbeidslivet, og 69 prosent rapporterar at dei ikkje ville ha fullført studiet utan den fleksibiliteten programmet gav for studiekvardagen. Regjeringa vil leggje til rette for fleksibel utdanning i heile landet, slik at utdanning og opplæring skal vere til-

gjengeleg for alle. Dette er nærare omtala i *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*.⁷

Kunnskapsdepartementet tydeleggjer i tildelingsbrevet til universiteta og høgskulane for 2023 ei forventning om at institusjonane «vidarefører samarbeidet med fylkeskommunane og andre relevante aktørar for å styrkje det desentraliserte tilbodet og møte regionale kompetansebehov. Universitet og høgskular skal prioritere livslang læring og fleksible og desentraliserte tilbod slik at utdanning og kompetanseheving vert tilgjengeleg og uavhengig av bustad og livssituasjon».⁸ Kunnskapsdepartementet vil fylgje opp føringane i tildelingsbrevet i styringsdialogen med institusjonane.

Fleksibilitet er avgjerande for at utdannings-systemet skal kunne svare raskt på det arbeidslivet etterspør av kompetanse. Regjeringa vil arbeide for eit utdanningssystem som svarer endå betre på etterspurnaden etter kompetanse, både frå arbeidslivet og frå dei som søker utdanning. Regjeringa meiner det er viktig å utvikle arbeidslivsnære tilbod i samarbeid med partane i arbeidslivet. I 2022 vart det løyvd 184 mill. kroner til fleksibel og desentralisert utdanning, midlar som utdanningsinstitusjonane og studiesentera kunne

⁵ NOU 2020: 12 *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet.

⁶ NIFU (2022). *Utdanning uavhengig av bosted og livssituasjon?* (rapport).

⁷ Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Kunnskapsdepartementet.

⁸ Tildelingsbrev for 2023 – Universitetet i Agder. Kunnskapsdepartementet. tildelingsbrev-2023-universitetet-i-agder.pdf (regjeringen.no)

søkje på. 150 mill. kroner vart tildelt fagskular, høgskular og universitet til arbeid med fleksibel utdanning, og 34 mill. kroner vart tildelt studiesenter ulike stader i landet. For 2023 har regjeringa auka summen til 200 mill. kroner, og inntil 50 mill. kroner av desse midlane går til studiesenter. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse forvaltar ordninga. Etablering av studiesenter gjev høve til at fleire kan få tilgang til utdanning i nærleiken av der dei bur (sjå meir om dette i kap 6.3.2).

6.1.1 Styrkt helsefagutdanning og fleire praksisplassar

Det er viktig å sikre ein stabil og god tilgang på personell med helsefagleg kompetanse. Studium i helsefag er etterspurde av studentane, og det er for få studieplassar til at alle kan få oppfylt fyrstevalet. Regjeringa vil gjennom dimensjoneringa av utdanningssystemet særleg prioritere kompetanse som er naudsynt for å ha gode velferds-tenester i heile landet, for å skape eit høgproduktivt og konkurransedyktig næringsliv og for å gjennomføre det grønne skiftet.

Regjeringa har styrkt sjukepleiarutdanninga. I 2022 tildelte Kunnskapsdepartementet 300 studie-plassar til sjukepleiar- og spesialsjukepleiarutdanningane. Universitet og høgskular er også bedne om å auke kapasiteten i grunnutdanninga i sjukepleie med 200 studieplassar innanfor eiga rammeløyving. Til saman gjev dette auka opptak tilsvarende 500 studieplassar. Desentraliserte og fleksible studietilbod i sjukepleie vil forenkle tilgangen på kompetanse i mindre sentrale stork. Det vil også gjere det mogleg å studere for dei som av ulike årsaker ikkje kan flytte. Hausten 2022 vart det inngått ein avtale mellom KS og regjeringa med mål om å auke kvalitet og kapasitet i praksisordningane i kommunane for helse- og sosialfagstudentar. Avtalen skal styrkje samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og kommunane for å sikre fleire praksisplassar i helse- og omsorgstenesta.⁹ I 2022 har regjeringa prioritert 50 mill. kroner til bu- og reisetilskot for at studentar kan ha praksis i kommunar i heile landet. Midlane vart fordelte gjennom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Regjeringa legg desentraliserte studiemodellar til grunn for ambisjonane for medisintutdanninga. Utdanning av legar i Noreg er kostnads-

krevjande og stiller krav om best mogleg bruk av eksisterande ressursar. Det vert i aukande grad lagt opp til desentraliserte modellar for utdanning av legar, der studentane bur, slik at dei får undervisning og gjennomfører praksis utanfor dei store studiebyane. I 2022 og 2023 har regjeringa styrkt medisintutdanninga ved UiT – Noregs arktiske universitet med 45 studieplassar. Regjeringa vil fylgje opp helsefagutdanninga og vurdere tilrådingane om utdanning frå Helsepersonellkommissjonen i arbeidet med stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane, som blir lagd fram våren 2024.

Spesialistutdanninga for legar er nyleg lagd om slik at legar som spesialiserer seg, får ei tilknytting til det helseføretaket eller den kommunen dei er tilsett i eller har avtale med. I helseføretaka vert legane primært tilsette i faste stillingar for legar i spesialisering, og dei skal få utarbeidd ein heilskapleg plan for utdanningsløpet fram til ferdig spesialisering. Innanfor planen kan dei ha kortare opphald ved dei store sjukehusa for å få meir spesialisert kompetanse medan dei framleis har den faste stillinga i det lokale helseføretaket. Ordninga skaper insentiv til at helseføretak og mindre sjukehus i distrikta kan halde på dei legespesialistane som dei utdannar, i motsetnad til tidlegare, då legane sjølve søkte på stillingar ved ulike sjukehus for å få tilstrekkeleg praksis. Allmennlegar i spesialisering (ALIS) (sjå kapittel 3) har eit tilsvarende opplegg med fast tilknytting til ein kommune.

I *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032*¹⁰ kjem det fram at regjeringa vil prioritere relevante profesjonsutdanningar med underdekning, og særleg barnevern, lærarar i distrikta og lærarar med samisk språkkompetanse.

6.1.2 Kommunane treng fleire kvalifiserte lærarar

Det viktigaste for at born og unge i skulen skal lære, føle meistring og trivast, er at dei møter kvalifiserte lærarar som har tid til å sjå den einskilde eleven. Som barnehage- og skuleeigarar er det avgjerande at kommunar og fylkeskommunar samhandlar med universitet og høgskular for å sikre samsvar mellom kva utdanningar som vert tilbydd, og kva type arbeidskraft som trengst. Nokre regionar i landet har vedvarande eller tilbakevendande rekrutteringsutfordringar. Dette gjeld særleg i Nord-Noreg og Oslo og Viken. Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar arbei-

⁹ <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-vil-ha-flere-praksisplasser-for-helse-og-sosialfagsstudener/id2926992/>

¹⁰ Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2022–2023*. Kunnskapsdepartementet.

der for å skape attraktive arbeidsplassar med gode arbeidsvilkår og fagleg stimulerande profesjonsfelleskap.

Regjeringa vil møte lærarmangelen med ei brei satsing på å rekruttere, utdanne og halde på kvalifiserte lærarar. Kunnskapsdepartementet har ei rekkje verkemiddel som kvar for seg og saman medverkar til at lærarar i barnehage og skule kan vidareutvikle kompetansen sin, og som gjer det attraktivt både å velje og å bli verande i læraryrket.

Kunnskapsdepartementet finansierer ulike tiltak for å auke talet på søkjarar til lærarutdanningane, kvalifisere søkjarar som ikkje oppfyller krava, skape større studentmangfald og mangfald blant lærarar i barnehage og skule, og kvalifisere tilsette som ikkje har fullført lærarutdanninga som dei har starta på. Det er oppretta ulike ordningar gjennom Lånekassa som skal stimulere til fleire søkjarar til dei skuleretta lærarutdanningane og til at nyutdanna skal busetje seg i kommunar i Nord-Noreg, der det er stor trong for lærarar.

Regjeringa styrkjer lærarprofesjonen gjennom mellom anna tillitsreforma, ordningane for vidareutdanning, tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling, rettleiing av nyutdanna nytilsette, og ei ny partsforankra ordning for karrierevegane for lærarane. Tillitsreforma, som regjeringa har sett i gang saman med partane i sektoren, inneber å gje dei tilsette større innverknad på eige arbeid. Auka tillit vil medverke til sterkare profesjonsfelleskap.

Det er stor mangel på samisklærarar og andre samiskspråklege tilsette i barnehage og skule. Regjeringa la våren 2023 fram ei melding til Stortinget om *Samisk språk, kultur og samfunnsliv*.¹¹ I meldinga blir det gjort greie for pågåande prosessar og prioriterte innsatsområde for å styrkje samisktilbodet på alle nivå, i barnehagar og skular og høgare utdanning, og for å styrkje fagmiljøa og rekruttere fleire til samiskspråkleg høgare utdanning og forskning. I statsbudsjettet for 2023 har regjeringa løyvd eit tilskot til Sametinget på 6,6 mill. kroner.

Regjeringa skal leggje fram ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane våren 2024, som byggjer vidare på *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*.¹² Profesjonsmeldinga vil leggje vekt på lærar-, ingeniør-, helse- og sosialfagutdan-

¹¹ Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høgere utdanning*. Kommunal- og distriktsdepartementet.

¹² Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Kunnskapsdepartementet.

Boks 6.1 Noreg tek del i eit globalt urfolksnettverk for utdanning

World Indigenous Nations Higher Education Consortium (WINHEC) er eit globalt urfolksnettverk som skal medverke til å styrkje urfolks utdanning og rett til utdanning. WINHEC vart etablert i 2002 og gjaldt i utgangspunktet berre høgare utdanning. No har det akkreditering på fleire utdanningsnivå. Akkreditering i WINHEC er eit teikn på at ein utdanningsinstitusjon eller eit utdanningsprogram byggjer på språket, kulturen og verdssynet til eit urfolk og oppfyller føremålet sitt med tilfredsstillande kvalitet. Målet til nettverket er mellom anna å

- dele kunnskap gjennom utveksling og teknologi
- verne og styrkje urfolks tru, kultur, filosofi, kunnskap og språk gjennom utdanning
- halde ved like tradisjonskunnskapen og anerkjenne retten urfolk har til utdanning
- verne og fremje dei kulturelle og intellektuelle rettane til eigedom som urfolk har

Akkrediterte urfolksinstitusjonar i nettverket er Samisk høgskule (frå 2008), Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino (frå 2016) og Samisk vidaregåande skule i Karasjok (frå 2022). Samisk høgskule var vertskap for generalforsamlinga til WINHEC i 2018.

ningane. Det er avgjerande for det framtidige velferdstilbodet i kommunane at desse utdanningane har høg kvalitet og rett kapasitet, og at dei rekrutterer frå heile befolkninga.

Meldinga skal mellom anna drøfte utfordringar med praksisplassar og rekruttering til utdanningane. Praksis er ein viktig rekrutteringsarena for kommunane. Rekrutteringa til lærarutdanningane er låg. Desse utfordringane gjer seg særleg gjeldande i Nord-Noreg.

Som del av arbeidet med stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane vil regjeringa derfor vurdere tiltak for å auke talet på praksisplassar for helse- og sosialfagstudenter i distriktskommunar. Regjeringa vil også vurdere tiltak for å auke rekrutteringa i heile landet.

6.2 Ei forsterka satsing på yrkesfagleg utdanning

Arbeidsmarknaden og næringslivet i distrikta treng folk med yrkesfagleg utdanning. Fagskular og læreplassar er ei prioritert satsing for regjeringa. Distriktssenteret stadfestar i ein rapport¹³ at ungdom i distrikta vel yrkesfaglege studieretningar i større grad enn dei som veks opp i dei mest sentrale regionane. Yrkesfagleg utdanning har jamt over lågare grad av gjennomføring enn studieførebuande utdanningsprogram. Dermed er det relativt fleire unge i distrikta enn i sentrale strok som ikkje fullfører vidaregåande skule på normert tid, eller som ikkje fullfører vidaregåande opplæring i det heile teke. Rapporten peiker på at det trengst vidare forskning på utdanningskarrieren til distriktssentrumane, dei regionale og lokale kunnskapsbehova, demografiske utfordringar, kjønn og sosial bakgrunn for å kunne utforme gode tiltak for å auke graden av fullføring.

6.2.1 Læreplassar i vidaregåande opplæring

Stadig fleire søkjarar får læreplass, men det er framleis for mange som står utan. I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd om lag 460 mill. kroner til arbeidet med kvalifisering og formidling til læreplass. Trepertssamarbeidet er viktig for å lykkast med fag- og yrkesopplæringa, ikkje minst i arbeidet med å skaffe fleire læreplassar for ei brei og mangfaldig elevgruppe. Gjennom *Samfunnskontrakt for fleire læreplassar* vert det utvikla eit systematisk og godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet, fylkeskommunane og nasjonale styresmakter. Samarbeidet forpliktar aktørane til å arbeide målretta med å rekruttere fleire læreverksemder og styrkje det lokale arbeidet for læreplassar. Arbeidet mot diskriminering og for mangfald i rekrutteringa til læreplassar står sentralt.

Alle verksemder i staten har også, i 2023, fått ei fellesføring om at statlege verksemder skal ha lærlingar knytte til seg der talet på lærlingar skal stå i eit rimeleg høve til storleiken på verksemda. Verksemder med meir enn 75 tilsette skal til kvar tid ha minst ein lærling, og større verksemder bør ha ambisjon om fleire enn ein lærling. For meir informasjon om fellesføringar, sjå kapittel 7.3.1.

Det er særleg viktig med ein ekstra innsats retta mot elevar som arbeidslivet ikkje oppfatar som kvalifiserte for læreplass sjølv om dei har full-

ført det andre året i det vidaregåande løpet og er formelt kvalifiserte. Det er naudsynt med tettare individuell oppfølging og innsats gjennom heile det yrkesfaglege opplæringsløpet for å lykkast med formidling til læreplass. Satsinga til regjeringa skal styrkje fylkeskommunane i deira eige arbeid med lokale læreplassgarantiar, og i arbeidet med kvalifisering og formidling av elevane til læreplassar.

Boks 6.2 Lærlingar i forsvarssektoren

Forsvaret er den etaten i staten som har flest lærlingar. I slutten av 2022 hadde Forsvaret kontrakt med 588 lærlingar i 24 ulike fag. 45 prosent av lærekontraktane er i Nordland, Troms og Finnmark. Opplæringskontoret for Forsvaret, som har ansvar for læreordninga, har inngått ein samarbeidsavtale med Nordland fylkeskommune, etter at fylkeskommunen i februar 2019 vedtok å innføre ein læreplassgaranti for elevar i vidaregåande opplæring. Liknande avtalar vert fortløpande gjorde med andre fylkeskommunar. Forsvarsdepartementet har utvikla ein handlingsplan for lærlingar i forsvarssektoren. Handlingsplanen varslar ein ambisjon om at talet på læreplassar skal auke, og at kompetansen hos Opplæringskontoret for Forsvaret skal brukast til å utvikle læreordninga i sektoren.

Boks 6.3 Auka bortebruarstipend

Det er viktig å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring for å sikre gode levekår for dei unge i framtida. I delar av Noreg, og særleg i Nord-Noreg, er det så store avstandar og lang reisetid at elevar må flytte frå foreldreheimen for å ta vidaregåande opplæring. For å dekkje buutgifter kan desse elevane få eit månadleg bortebruarstipend frå Lånekassa. For at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere til hinder for at unge får den opplæringa dei ynskjer seg, har regjeringa i statsbudsjettet for 2023 styrkt bortebruarstipendet. Frå og med skuleåret 2023–2024 er det månadlege stipendet auka nominelt med 17 prosent.

¹³ Rye, J.F. (2021). *Distriktssentrum og utdanning: Studievalg, forløp og arbeidsmarkeder* (rapport). Distriktssenteret.

6.2.2 Fagskular er viktige leverandørar av kompetanse i distrikta

Fagskuleutdanningar eller høgare yrkesfaglege utdanningar er korte, yrkesretta utdanningar på inntil tre år (heiltid). Studentane vert tekne opp på grunnlag av fullført vidaregåande opplæring (generell studiekompetanse, fullført fag- eller sveinebrev) eller tilsvarende realkompetanse. Fagskuleutdanningane legg vekt på praktiske oppgaver knytte opp mot arbeidslivet og vert derfor kalla utdanninga til arbeidslivet. Hausten 2022 var det 58 fagskular i landet, og av desse var fire statlege, 12 fylkeskommunale og 42 private. Det har vore ein markant auke i talet på studiestader dei siste åra frå 155 i 2019 til 183 i 2020. Samstundes er talet på fagskular redusert, mellom anna som fylgje av fylkessamanslåingar.

Fagskulane, med fylkeskommunen som forvaltar og eigar, er ein viktig del av regionalpolitikken. Skulane leverer relevante utdanningstilbod som er lett tilgjengelege over heile landet. 60 prosent av fagskuleutdanningane er samlings- og nettbaserte tilbod, og 70 prosent er deltidsutdanningar som er godt tilrettelagde for livslang læring. Fylkeskommunane har ansvar for å dimensjonere fagskuleutdanninga slik at kapasiteten er tilpassa dei faga som arbeidslivet etterspør. Fagskulane kan raskt svare på nye behov for kompetanse i arbeidslivet, til dømes gjennom vidareutdanningstilbod for fagarbeidarar som treng ny kompetanse som fylgje av grøn omstilling. Ved framtidige tildelingar til fagskulane vil regjeringa prioritere studieplassar innanfor teknologi, helse og fagområde som er viktige for det grønne skiftet. Regjeringa vil ha dialog med fylkeskommunane om korleis desse prioriteringane kan fylgjast opp i forvaltninga av sektoren.

Samfunnsøkonomisk analyse¹⁴ skriv i ein rapport om dimensjonering av utdanningstilbodet at det å styrkje fagskulane er det viktigaste tiltaket for næringsrelevansen i utdanningssystemet. Derfor er det avgjerande at fylkeskommunane har dette ansvaret. Fylkeskommunane har den lokale kunnskapen om arbeidsmarknaden og kompetansebehova og kan sørgje for eit treffsikkert yrkesfagleg utdanningstilbod som medverkar til å løyse kompetanseutfordringane i fylket.

Det er NOKUT¹⁵ som har ansvar for godkjenning av fagskuletilboda. Talet på søknader om godkjenning har auka dei siste åra, og det er ei

utfordring å få raskt fram yrkesfaglege tilbod av god kvalitet som er tilpassa etterspurnaden. Regjeringa vil vurdere korleis ein kan leggje til rette for at fagskulane etter godkjenning kan opprette og endre studietilbod utan å måtte søkje NOKUT om dette. Ein slik institusjonsakkreditering vil krevje endring i fagskulelova, og Kunnskapsdepartementet tek sikte på å sende eit lovforslag om dette på høyring.¹⁶

Regjeringa har starta arbeidet med ei melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning, som vil ta for seg tiltak for å sikre kvalitet og relevans i utdanningane, treffsikker støtte til drift og utvikling, og rett dimensjonering av tilboda.

6.3 Betre balanse mellom tilbod og etterspurnad av kompetanse

Regjeringa meiner det er naudsynt å jobbe for ein større heilskap i kompetanse- og utdanningspolitikken. Det inneber å sjå ulike utdanningsnivå i samanheng, men også å kunne få ein god balanse mellom utdanningstilboda og kompetansebehova i alle delar av samfunnet. Fleksibilitet er naudsynt for at utdanningssystemet raskt skal kunne tilpasse tilboda etter kva kompetanse arbeidslivet treng. Regjeringa vil arbeide for eit utdanningssystem som er dimensjonert slik at kapasiteten fylgjer etterspurnaden, både frå dei som søker utdanning og frå arbeidslivet.

Fylkeskommunen har ansvaret for å dimensjonere utdanningstilbodet i vidaregåande opplæring og fagskular og for karriererettleiing for vaksne. Med regionreforma fekk fylkeskommunane også eit større kompetansepolitisk oppdrag og ansvar for å medverke til betre samsvar mellom etterspurnaden etter arbeidskraft og tilbodet om utdanning og kompetanse. Fylkeskommunane medverkar gjennom dette også til å mobilisere og leggje til rette for utdanning og etter- og vidareutdanning. Alle fylkeskommunane har etablert regionale kompetanseforum der utdanningsinstitusjonar i regionen er representerte, i tillegg til Nav og partane i arbeidslivet.¹⁷ Partnerskapa jobbar mellom anna med å få fram felles kunnskapsgrunnlag om regionale kompetansebehov som grunnlag for regionale prioriteringar og tiltak. Regionale kompetanseplanar og -strategiar

¹⁶ Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Kunnskapsdepartementet.

¹⁷ Samfunnsøkonomisk analyse AS (2022). *Fylkeskommunenes regionale kompetansepolitikk og forvaltning av fagskoler* (rapport).

¹⁴ Samfunnsøkonomisk analyse (2021). *Dimensjonering av utdanningstilbudet* (rapport nr. 25-2021).

¹⁵ Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga.

Boks 6.4 Mobilisering til utdanning og kompetanseutvikling

Kompetansepilotar blei etablerte i 2020 som eit pilotprosjekt i alle fylkeskommunar (utanom Oslo). Målet med pilotane var å prøve ut ulike modellar for å mobilisere små verksemdar til etter- og vidareutdanning og å kople og leggje til rette for skreddarsydde utdannings- og kompetansetilbod i distrikta. Fylgjeevalueringa viser at kompetansepilotane treffer behova til dei minste verksemdene i distrikta.¹ Evalueringa viser også at det er krevjande å mobilisere små føretak i distrikta som ofte manglar tid, kapasitet og ressursar til å finne fram til relevante kompetansehevande tilbod til eigne tilsette. Fylkeskommu-

nane har valt å løyse oppgåva på ulikt vis og engasjert ulike aktørar i arbeidet. Samla gjev pilotane erfaring med ulike tilnærmingar til korleis ein kan mobilisere til utdanning og kompetanseutvikling i distrikta. Kompetansepilotane har også medverka til at fylkeskommunane har utvikla og forsterka den kompetansepolitiske rolla si og i større grad vurderer ulike utdannings-, kompetanse-, arbeids- og næringsretta verkemiddel i samanheng.

¹ Samfunnsøkonomisk analyse AS (2021). *Følgjeevaluering av kompetansepiloter* (rapport).

vert forankra i dei regionale partnerskapa. Kommunal- og distriktsdepartementet vil, i dialog med fylkeskommunane, sjå nærare på korleis partnerskapa kan medverke til betre koordinering og meir forpliktande samarbeid om å møte utfordringane i regionale arbeidsmarknader.

Fylkeskommunane har i fellesskap utvikla eit indikatorsett¹⁸ som skal få fram kompetansebehova i dei regionale arbeidsmarknadene. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har frå 2023 ansvaret for drift av ein ny digital portal for dei regionale indikatorane, i nært samarbeid med analyseiningane i fylkeskommunane. Denne systematiske kunnskapsinnhentinga kan verte av stor verdi for arbeidet til kompetansepartnerskapa med prioritering av tiltak og dimensjonering av utdanningstilbod på ulike nivå, og i nasjonale prioriteringar og dimensjoneringar av studie-plassar. Det styrkte regionale kunnskapsgrunnlaget bør sjåast i samanheng med det nasjonale kunnskapsgrunnlaget for kompetansebehov. Slik kan det bli brukt i universiteta og høgskulane når dei skal setje saman og dimensjonere etterspurde fagområde i eigen region.

Regjeringa forventar at utdanningsinstitusjonane samarbeider godt med fylkeskommunane om tilrettelegging for utdanning i lys av regionale kompetansebehov, mellom anna gjennom *Råd for samarbeid med arbeidslivet* (RSA), eller gjennom deltaking i regionale kompetansepartnerskap i regi av fylkeskommunane. Regjeringa la fram for-

slag til ny opplæringslov våren 2023. Der er det føreslått at fylkeskommunen skal leggje stor vekt på kva samfunnet treng av kompetanse i dimensjoneringa av vidaregåande opplæring.

6.3.1 Innsats for å styrkje rekrutteringa til utdanning i Nord-Noreg

Det er store avstandar i Nord-Noreg, og det er viktig å sikre eit tilstrekkeleg utdanningstilbod i ulike delar av landsdelen. Dette gjeld særleg i Aust-Finnmark, der trongen for arbeidskraft er stor. Når elevar og studentar tek utdanning eller har ein lære- eller praksisplass i Nord-Noreg, er det større sjanse for at dei tek arbeid i nord etter avslutta utdanning. Derfor er det viktig å etablere gode samarbeidsarenaer mellom tilbydarar av kompetanse, arbeidsgjevarar og utdanningssøkjjarar. Opplæringstilbod må tilpassast slik at ein kan kombinere studium med familie og jobb.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse tildelte i 2022 4 mill. kroner til etablering av studiesenteret *Aust-Finnmark kunnskapssenter*. Studiesenteret legg opp til å ha tre fysiske studie-stader, i Tana, Kirkenes og Vadsø. Dei skal saman arbeide for å mobilisere etterspurnad og auka tilgang på utdanning i heile regionen. Saman med fylkeskommunen går kommunane Tana, Sør-Varanger og Vadsø inn med midlar og sit i styret for Aust-Finnmark kunnskapssenter.

For at fagskular, høgskular og universitet kan finne betre løysingar for dimensjonering, tilrettelegging og rekruttering, er det viktig å byggje på samarbeid som studiesenter og fylkeskommunar har med arbeidslivet og relevante søkjarar. Regje-

¹⁸ Regionale kompetanseindikatorer (2022). *Kunnskapsgrunnlag for regional kompetansepolitikk* (rapport). Trøndelag fylkeskommune m.fl.

Boks 6.5 Namdalen studiesenter og kompetansepilot

Namdalen studiesenter har fått nasjonale midlar til utdanningstilbod. Namdalen utgjer med sine 11 spreiddbygde kommunar ein tredel av arealet i Trøndelag. Namdalen regionråd er prosjektleiar for studiesenteret og kompetansepiloten i regionen.

Studiesenteret tilbyr fleksibel utdanning og kompetanseutvikling, frå vidaregåande opplæring for vaksne til høgare utdanning og korte kurs som den regionale arbeidsmarknaden etterspør. Studiesenteret har møteplassar ved dei vidaregåande skulane i regionen. I 2023 er

det mellom anna tilbod om desentralisert fagskuleutdanning i bygg, sjukepleiarutdanning, sørsamisk språkopplæring og vidareutdanning i demensomsorg og omsorg for eldre med psykiske problem. Kompetansepilot Namdalen har mobilisert verksemdar til utdanning og kompetanseheving som Namdalen studiesenter tilbyr. Andre samarbeidspartnarar i prosjektet er Nord universitet, Trøndelag høgare yrkesfaglege skule, andre opplæringsaktørar og lokalt arbeids- og næringsliv.

Boks 6.6 Insentiver for rekruttering

Ei kartlegging frå 2022¹ viser at heile 75 prosent av kommunane i Noreg har personrette insentivordningar for å rekruttere, tiltrekke seg innflyttarar og halde på unge innbyggjarar. Kartlegginga viser også at det er distriktskommunar og kommunar i Nord-Noreg som i størst grad har slike ordningar. Rekruttering av spesielt etterspurd arbeidskraft er den mest nemnde årsaka til å ha eigne insentivordningar. Heile 95 prosent av kommunane har ordningar for å rekruttere helsepersonell. Halvparten av kommunane rettar ordningane også mot pedagogisk personell. Høgare løn er det vanlegaste verketmiddelet som kommunane tek i bruk. Det er

også vanleg å nytte ordningar som betalt utdanning, leigebustad, flyttetilskot, subsidierte tenester og arbeidstidsordningar. Utfordringa er at ordningane slår negativt ut når fleire kommunar gjer det same. Heile 67 prosent av kommunane meiner det er negativt at andre kommunar har slike ordningar. Det er stor konkurranse om fagpersonell, og to av tre kommunar rekrutterer i størst grad arbeidstakarar frå nabokommunane.

¹ Kommunal- og distriktsdepartementet (2022) *Kommunale insentivordningar for å rekruttere arbeidskraft, tiltrekke seg innflyttere og beholde unge i kommunen* (Rapport).

ringa vil vurdere korleis ein betre kan dimensjonere og leggje til rette for utdannings- og kompetansetilbod innanfor yrkesgrupper der etterspurnaden etter kompetent arbeidskraft er særleg kritisk, mellom anna i Aust-Finnmark.

6.3.2 Styrking av regionale studiesenter

Regionale studiesenter skal leggje til rette for utdanningstilbod i område som ikkje vert dekte av tilbodet ved etablerte campus og lærestader. Dei har vakse fram frå initiativ frå anten kommunar, fylkeskommune eller næringsliv. Studiesenter kartlegg lokale kompetansebehov i offentleg og privat sektor, mobiliserer etterspurnad etter utdanning og kompetansetilbod og får fram og formidlar tilbod i tråd med lokale behov. I samarbeid med fylkeskommune, kommunar og verksemdar,

mobiliserer studiesenter etterspurnad etter utdanning og deltakarar til konkrete utdanningstilbod på ulike nivå og i ulike former. I samarbeid med utdanningsinstitusjonar gjer dei utdanningstilbod tilgjengelege i distrikta. Studiesentera fungerer som bindeledd mellom lokalmiljøet og utdanningstilbydarar. Innanfor helse- og omsorgsutdanningane har studiesentera ein særskild viktig funksjon i dag.

Studiesentera medverkar til å gjere utdanning tilgjengeleg for ei gruppe som elles ikkje ville teke utdanning.¹⁹ Oxford Research tilrår i ei undersøking å prioritere ressursar til studiesenter som fyller eit geografisk område som tydeleg er utan-

¹⁹ Oxford Research (2022). *Studiesentres betydning og utviklingsmuligheter for å møte lokale og regionale kompetansebehov* (rapport).

Boks 6.7 Frå barnehage til arbeidsliv i Nordfjord

I Nordfjord vert det jobba systematisk for å få fleire unge til å busetje seg i regionen. *Jakta på superkreftene* er eit banebrytande pilotprosjekt som skal ta i bruk nye metodar for at born og ungdom skal verte kjende med alle yrke i regionen og få ein relasjon til verksemdene og kommunane. Piloten skal fylgje born og ungdom gjennom heile opplæringsløpet frå barnehagen til yrkeslivet. Med utgangspunkt i det lokale yrkeslivet, og ved å bygge opp kompetansen til kvar og ein kring dei vala dei gjer, vil ein la borna finne sine «superkrefter» gjennom noko dei brenn for, gjere borna kjende med lokalt næringsliv og arbeidspotensial, og førebu dei unge til å ta sikrare og meir sjølvstendige val av skule, utdanning og arbeid. Nordfjord-piloten set søkjelys på alle yrke og utviklar gode system slik at samarbeid og kontakt mellom skule og næringsliv ikkje vert tilfeldig eller ulikt ut frå kvar i regionen ein bur. I tillegg blir det arbeid med gode system for læreplassar, slik at det blir mindre frávær og fråfall i skulen, færre feilval og færre unge uføre. Eit viktig mål på sikt er at fleire vil velje å bu i ein distriktskommune.



Figur 6.2 Pilotprosjekt i Nordfjord

Kjelde: Shutterstock.com

for verkeområdet til eksisterande campus/studiestader, og som har potensial til å ta ei større regional rolle. Oxford Research vurderer vidare at mangel på stabil finansiering og låg administrativ kapasitet medverkar til at potensialet til studiesentera ikkje vert utnytta fullt ut. Samarbeidet med universitets- og høgskulesektoren kan ifylgje studiesentera by på nokre utfordringar, mellom anna fordi sektoren manglar økonomiske insentiv til å prioritere desentraliserte utdanningar og etter- og vidareutdanning. Oxford Research tilrår at fylkeskommunen bør kome inn som forvaltar av meir føreseielege rammer for studiesentera. Distriktsdemografiutvalet²⁰ peiker på at regjeringa bør vurdere ei meir heilskapleg organisering av studiesentera, og sikre lik tilgang til utdanningstilbod uavhengig av bustad.

²⁰ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I 2022 etablerte regjeringa ei søknadsbasert ordning for studiesentera. Ordninga vert forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), som i 2022 tildelte 34 mill. kroner til studiesentera. Målet med ordninga er at studie-tilboda skal verte meir tilgjengelege for folk som av ulike årsaker ikkje kan fylgje ordinær undervisning. Ordninga skal støtte opp om regionale kompetansestrategiar og mål. Fylkeskommunane har frå 2023 derfor fått ei formell rolle ved at alle søknader må innehalde ei fråsegn frå fylkeskommunen om at det er behov for studiesenteret. HK-dir har for 2023 lyst ut inntil 50 mill. kroner til studiesenter med sikte på tildeling i løpet av våren 2023.

Som del av det kompetansepolitiske oppdraget har fylkeskommunane etablert regionale kompetanseforum der kompetansebehov blir kartlagde og prioriteringar forankra, med deltaking frå universitet, høgskular, fagskular, næringsliv, Nav, statsforvaltar og andre. Regjeringa vil også vurdere korleis den statlege tilskotsordninga for stu-

diesentera skal forvaltast framover. Regional forvalting av støtte til studiesenter vil kunne leggje til rette for å utvikle og styrkje strukturen for og tilbodet av desentralisert utdanning i distrikta ytterlegare.

6.3.3 Samfunnsoppdraget til universitets- og høgskulesektoren

I høgare utdanning har institusjonane og styresmaktene delt ansvar for å dimensjonere tilboda. Regjeringa har som mål å dekkje etterspurnaden frå studentane og kompetansebehova til arbeidslivet. Utviklingsavtalar er innførte som verkemiddel for styringa mot felles sektormål.²¹ Avtalane skal synleggjere at universiteta og høgskulane er ulike og komplementære institusjonar med faglege profilar som byggjer på eigne føremonar. Avtalane skal medverke til å gjennomføre og utvikle samfunnsoppdraget til institusjonane knytt til dei ulike regionale og lokale behova for utdanning og kompetanse. Hausten 2022 vart det forhandla fram nye utviklingsavtalar for alle institusjonane, og dei skal gjelde fram til 2026. Mange institusjonar har definert mål for arbeidet med fleksibel og desentralisert utdanning. Kunnskapsdepartementet vil bruke styringsdialogen for å fylgje opp institusjonane og arbeidet med måla.

Regjeringa endrar og forenkler finansierings-systemet slik at universiteta og høgskulane betre kan gjennomføre det breie samfunnsoppdraget og dei samla prioriteringane frå regjeringa, og for effektivt å leggje til rette for høg kvalitet i sektoren. Den noverande indikatoren for uteksaminerte kandidatar vert erstatta av ein indikator for fullføring av studieprogram som skal sikre omsynet til fullføring av gradstudningane, men som ikkje gjev disinsentiv for tilbodet av vidareutdanning. Endringane fjernar ei hindring for tilbodet av ikkje-gradsgjevande utdanning og gjer det meir attraktivt å tilby vidareutdanning og fleksibel og desentralisert utdanning.²² Eit hovudmål med forenklingane er betre måloppnåing gjennom tydelegare styring som gjev institusjonane meir tillit, handlingsrom og ansvar. Endringane fylgjer opp tilrådingane frå eit ekspertutval som har vurdert finansieringa av universitet og høgskular.²³

6.4 Tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms

Tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms er ein sentral del av den statlege innsatsen for Nord-Noreg. Tiltakssona vart oppretta i 1990, i etterkant av ei negativ utvikling i folketal og næringsliv på slutten av 1980-talet. Målet med tiltakssona er å skape ein attraktiv region å bu, arbeide og drive næringsverksemd i. Tiltakssona omfattar dei 18 kommunane i Finnmark og sju kommunar i Nord-Troms (Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen, Karlsøy, Lyngen og Storfjord). Det bur vel 90 000 personar i tiltakssona (per 31.12.2022). Om lag halvparten bur i dei fire senterkommunane Alta, Hammerfest, Sør-Varanger og Vadsø. Desse fire kommunane har samla sett ei stabil utvikling i folketalet, mens dei andre kommunane har nedgang i folketalet.

Låge fødselstal er ei utfordring for heile tiltakssona, men nedgangen er størst i dei minst sentrale kommunane. Dei låge fødselstala kjem av at det er relativt få busette i fruktbar alder, noko som også forklarar mangelen på arbeidskraft. Mangel på arbeidskraft med rett kompetanse hemmar vekstkrafta i næringslivet og gjer offentlege velferdstilbod og tenester sårbare. Det kan også gå ut over tryggleik og beredskap i nord. Regjeringa meiner derfor at vi treng tiltak som kan gje tilflytting og rekruttering av arbeidskraft i tiltakssona. Frå 1. august 2023 blei det innført gratis barnehage i sona, og i 2023 er ordninga med gjeldslette av utdanningslån styrkt. Tiltaka skal medverke til auka rekruttering og tilflytting av unge vaksne og barnefamiljar. Regjeringa vil vurdere nærare korleis ho kan leggje til rette for at fleire unge og vaksne tek del i arbeidsmarknaden.

I 2023 utgjer dei ulike verkemidla i tiltakssona vel 4 mrd. kroner. Lågare arbeidsgjevaravgift er det største tiltaket, med eit provenytap for staten på nær 2,4 mrd. kroner. Dei personretta tiltaka på vel 1,6 mrd. kroner omfattar redusert personskatt (ekstra frådrag i inntekt, lågare skattesats på alminneleg inntekt og lågare trinnskatt), fritak for avgift på elektrisk kraft, sletting av studielån og ekstra sletting av studielån for kvalifiserte lærarar i grunnskulen, i tillegg til gratis barnehage frå 1. august 2023.


Evalueringa av dei personretta ordningane i tiltakssona²⁴ viser at dei ikkje er tilstrekkelege for å halde oppe busetjinga i Finnmark og Nord-Troms. Vista Analyse peiker på at det vil vere viktig å

²¹ Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlege universiteter og høyskoler*. Kunnskapsdepartementet.

²² Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Noreg*. Kunnskapsdepartementet.

²³ Ekspertutval (2022). *Finansiering av universiteter og høyskoler* (rapport). Kunnskapsdepartementet.

²⁴ Vista analyse AS (2022). *Evaluering av personrettede virkemidler i tiltakssonen for Finnmark og Nord-Troms* (rapport).



Figur 6.3 Kart over kommunane i tiltakszona etter sentralitet

Kjelde: SSB (2020) Kart: Kommunal- og distriktsdepartementet

Boks 6.8 Forsvaret treng fleire folk som tenestegjer i distrikta

Brigade Nord og *Finnmark landforsvar* utgjer kjernen i den mobile landmilitære strukturen. Regjeringa har planlagt ein bemannings- og kompetanseauke i Finnmark og Troms og har mål om at forsvarssektoren har tilstrekkeleg personell med rett kompetanse til rett tid. Forsvaret har med bakgrunn i eigenarten knytt til den militære verksemda ein omfattande løns- og insentivstruktur. Forsvarsdepartementet har

sett ned eit nytt løns- og insentivprosjekt for å sjå heilskapleg på korleis sektoren kan lykkast betre med å rekruttere, utvikle og halde på kompetanse. Prosjektet skal mellom anna vurdere korleis løns- og insentivsystemet betre kan stimulere til at arbeidstakarar vel å busetje seg i eller tenestegjere ved distriktsavdelingane til Forsvaret.

gjere ordningane betre kjende og meir kraftfulle. Finnmarksfrådraget og sletting av studielån er dei to mest kjende ordningane. Effektane er størst når verkemidla er retta mot unge under 30 år, som er den mest mobile aldersgruppa. Regjeringa har i oppfølginga av evalueringa hatt dialog med dei sentrale aktørane i tiltakszona om utfordringar og grep for å styrkje busetjinga. Regjeringa vil vidareføre måla og den geografiske avgrensinga og prioritere tiltak retta mot barnefamiljar og unge

vaksne. Regjeringa vil mellom anna vurdere endringar i gjeldslette av studielån og finnmarksfrådraget i samband med statsbudsjetta.

6.5 Meir geografisk utjamning gjennom personskatten

Inntekt og formue er geografisk skeivfordelte. For å jamne ut skilnader har regjeringa som mål at

Tabell 6.1 Estimerte geografiske fordelingsverknader av skatteendringar for alle personar 17 år og eldre.

Sentralitets- sone	Tal skatt- ytarar	Gjennom- snittleg brutto- inntekt. Kroner	Gjennomsnittleg estimert netto- formue. Kroner	Gjennom- snittleg skatt i referanse- alternativet. Kroner	Gjennom- snittleg endring i skatt. Kroner	Av dette inntekts- skatt. Kroner	Av dette formues- skatt. Kroner
S01	873 400	667 400	3 765 400	184 900	2 000	500	1 500
S02	1 160 100	590 100	2 334 700	148 500	500	-100	600
S03	1 162 000	549 400	1 766 000	129 100	0	-400	400
S04	736 600	536 700	1 429 100	121 800	-200	-600	300
S05	423 600	534 500	1 388 800	121 000	-200	-600	400
S06	201 200	516 700	1 428 300	114 700	0	-500	500
I alt	4 556 900	577 500	2 189 600	142 200	500	-200	600

Note: Negative tal er skattelette. Samanlikna med referansen for 2023-budsjettet.

Kjelder: Finansdepartementet og SSBs skattemodell, LOTTE-skatt.

skatte- og avgiftssystemet skal medverke til geografisk omfordeling. Statistisk sentralbyrå har på oppdrag frå Finansdepartementet utvida skattemodellen LOTTE-skatt slik at han også kan brukast til å kalkulere geografiske fordelingsverknader av endringar i personskatten. Gjennomsnittleg skatteendring blir estimert i seks sentralitetssoner, der sone 1 er den mest sentrale (Oslo og nokre nabokommunar) og sone 6 den minst sentrale (sjå figur 1.1 i kapittel 1). Tabell 6.1 viser estimerte geografiske fordelingsverknader av budsjettet for 2023.

Skatteopplegget for 2023 omfordeler frå sentrale til mindre sentrale delar av landet. Det er estimert at skattytarar i dei to mest sentrale sonene får ein samla skatteauke (netto) på om lag 2,4 mrd. kroner, medan skattytarar i dei fire minst sentrale sonene får ein samla lette (netto) på om lag 0,3 mrd. kroner. Skattytarar i sone 1 får i gjennomsnitt høgare inntektsskatt, medan dei i sone 2 til 6 får lågare inntektsskatt. Sone 1 får også den største auken i formuesskatten.

6.6 Arbeid til alle i eit inkluderande arbeidsliv

Arbeidskrafta er den viktigaste ressursen Noreg har. Arbeid er naudsynt for å kunne drive næringsverksemd og levere gode tenester. Arbeid utjamnar økonomiske og sosiale skilnader, motverkar fattigdom og gjev høve til økonomisk sjølvstende. Regjeringa legg vekt på eit ope og inklude-

rante arbeidsliv der alle som kan og vil arbeide, skal få høve til det.

Situasjonen i arbeidsmarknaden er prega av låg arbeidsløyse og høg sysselsetjing. Arbeidsløysa i distrikta er svært låg og klart lågare enn før koronapandemien. Framleis er det likevel for mange i yrkesaktiv alder som ikkje deltek i arbeidsmarknaden, og talet på personar med nedsett arbeidsevne har auka under pandemien. Mange av dei som har vore utan arbeid lenge, treng arbeidsretta oppfølging for å kome i jobb. Kombinasjonen av høg etterspurnad etter arbeidskraft og ein aldrande folkesetnad gjer at tiltak for å få fleire utanfor arbeidslivet i jobb, vil vere særleg viktig i distrikta framover.

6.6.1 Individuelt tilpassa tiltak for å få fleire i jobb

Målet til regjeringa er eit inkluderande arbeidsliv. Regjeringa vil styrkje satsinga på individuell og tilrettelagd oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten, særleg retta mot unge og personar med psykiske lidningar og/eller rusproblem. Unge som søker seg til Arbeids- og velferdsetaten, er ei samansett gruppe. Mange av dei som treng arbeidsretta bistand, har lite arbeidserfaring og svake grunnleggjande ferdigheiter. Fleire har også helseproblem som psykiske lidningar og andre tillegg utfordringar.

Regjeringa ynskjer eit løft i satsinga på unge som står utanfor utdanning og arbeid, og har i statsbudsjettet for 2023 sett av 175 mill. kroner til

ein ny ungdomsgaranti i regi av Arbeids- og velferdsetaten. Målet er å redusere tida utanfor arbeid og utdanning og gje ei varig tilknytning til arbeid. Den nye ungdomsgarantien skal sørge for at unge under 30 år som treng hjelp frå Arbeids- og velferdsetaten for å kome i arbeid, får tidleg innsats og tett oppfølging. Ein fast kontaktperson og individuelt tilpassa oppfølging skal gje rom for å finne fram til moglege løysingar i dialog med den unge, arbeidsgjevarar og andre tenesteytarar, som helse- og utdanningssektoren. Dette skal også gje betre koordinering av bistanden mellom ulike aktørar og hjelpeinstansar.

For å motverke at ungdom og unge vaksne fell på utsida av skule og arbeid, vil regjeringa leggje til rette for betre samordning av helsetenester, arbeidsretta tenester og utdanningssystemet.

Satsinga på individuell jobbstøtte (IPS) skal gje fleire med moderate til alvorlege psykiske lidingar og/eller rusproblem innpass i arbeidslivet, gjennom eit integrert tilbod om helsemessig og arbeidsretta oppfølging. Ein særleg innsats for unge under 30 år skjer gjennom forsøket IPS ung, der også oppfølging i utdanning vert vektlagt.

Regjeringa ynskjer å leggje til rette for at fleire kan kombinere arbeid og trygd. Regjeringa vil derfor prøve ut ei aktivitetsreform for nye mottakarar av uføretrygd gjennom eit avgrensa forsøk med arbeidsorientert trygd for nye uføre under 30 år som elles ville fått 100 prosent uføretrygd. Forsøket kombinerer to nye verkemiddel: Dei som har fått vedtak om (arbeidsorientert) uføretrygd, skal få tett oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten, og det skal avtalast mellom partane i arbeidslivet at løna i desse tilfella kan vere lågare enn løn fastsett på ordinære vilkår (trygdejustert løn). Regjeringa har dialog med partane i arbeidslivet om korleis ein kan avgrense forsøket og utforme ordninga. Det er i statsbudsjettet for 2023 sett av 35 mill. kroner for å dekkje dei administrative kostnadene ved å førebu forsøket.

6.6.2 Initiativ for at fleire kan fullføre utdanninga

Vaksne med låg utdanning står oftare utanfor arbeidslivet enn andre. Fullført vidaregåande opplæring som kvalifiserer for arbeid og vidare studium, legg grunnlag for deltaking i arbeids- og samfunnslivet. Derfor vil regjeringa sørge for eit meir fleksibelt utdanningssystem for vaksne som treng vidaregåande opplæring, og gjere det mogleg for fleire Nav-brukarar å kvalifisere seg til arbeid.

Som oppfølging av Fullføringsreforma²⁵ skal modulstrukturert opplæring innførast som hovud-

modell for opplæring for vaksne. Regjeringa har også lagt fram forslag til ny opplæringslov.²⁶ I lova blir det foreslått mellom anna utvida rettar til opplæring for vaksne, noko som skal gjere det enklare for fleire å opparbeide seg ny kompetanse eller fullføre tidlegare avbroten opplæring. Dette gjev eit meir tilrettelagt tilbod gjennom fleksible og tilpassa opplæringsløp. Modulane skal gjere det enklare å tilby opplæring på ulike arenaer, til dømes gjennom Arbeids- og velferdsetaten, i introduksjonsprogrammet for flyktingar eller i arbeidslivet. Ei modulstrukturert organisering gjer det mogleg å starte opplæringa på det trinnet som byggjer på tidlegare skulebakgrunn eller realkompetansevurdering, og som leier fram mot ynskt sluttkompetanse. Modellen skal gjelde for nivået under vidaregåande skule, i utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa og som ein kombinasjon av desse nivåa. Dette skal gjelde for alle vaksne, både dei som kjem frå eit anna land og skal gå vidare i opplæringssystemet i Noreg, og dei som skal fullføre avbroten opplæring. Det gjeld også for dei som skal møte omstilling i arbeidslivet, eller dei som ynskjer meir kompetanse på eit nytt område. Trinn éin vert sett i gang frå skuleåret 2024/2025. På sikt vil regjeringa vurdere om dette skal utvidast til fleire lærefag eller studieførebuande utdanningsprogram. Saman med forslaga i ny opplæringslov, som utvida rett til vidaregåande opplæring og rett til å ta eit fagbrev nummer to, skal dette medverke til at fleire vaksne skal fullføre vidaregåande opplæring og få sterkare tilknytning til arbeidslivet.

Regjeringa vil også styrkje samarbeidet mellom Arbeids- og velferdsetaten og den fylkeskommunale oppfylgingstenesta. For at fleire Nav-brukarar skal kunne ta fag- og yrkesopplæring, vil regjeringa setje i gang eit forsøk med ei tilskotsordning som skal stimulere til lokalt samarbeid om tilrettelagd vidaregåande opplæring. Føremålet er å stimulere til eit utvida lokalt samarbeid om meir tilpassa gjennomføring av fag- og yrkesopplæring som inkluderer verkemidla frå Arbeids- og velferdsetaten og frå fylkeskommunen. Tilskotsordninga skal medverke til å dekkje tenester som kjem i tillegg til det som til vanleg er omfatta i ordinære skuleløp, men som mange arbeidsøkjarar treng for å kunne fullføre opplæringa. Døme kan vere avklaring og karriererettleing,

²⁵ Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*. Kunnskapsdepartementet.

²⁶ Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Kunnskapsdepartementet.

realkompetansevurdering, tilpassingar i sjølve opplæringstilbodet, naudsynt norskopplæring og tettare oppfølging gjennom skule- og læringsløpet. Forsøksmidlane skal også kunne dekkje administrative kostnader ved tverrsektorielt samarbeid. Forsøket har ei tentativ ramme på fem år og vil bli evaluert.

Det finst mange lokale samarbeidsmodellar mellom Arbeids- og velferdsetaten, fylkeskommunane og arbeidsgjevarar om fag- og yrkesopplæring, mellom anna *Trøndelags-modellen* og *Gloppen-modellen*. Erfaringar frå desse ulike modellane kan brukast for å vidareutvikle tilbod i heile landet, med Arbeids- og velferdsetaten i ei nøkkelrolle. Det er viktig at Nav-kontora motive-

rer arbeidssøklarar til å styrkje kompetansen sin. Tilgjengelege praksisplassar og lære-plassar vil vere avgjerande, og Arbeids- og velferdsetaten kan mellom anna bruke sitt nettverk av arbeidsgjevarar til dette. Arbeidet bør byggje på ein lokal analyse av kompetansebehov og arbeidsplassar i området. I nokre tilfelle kan det også vere føremålstenleg å involvere andre aktørar, som helse- eller flyktingteneste.

Regjeringa vil vurdere korleis ein kan stimulere til betre samarbeid mellom Nav, fylkeskommunane, kommunane og arbeidslivet, med sikte på å få fleire som står utanfor arbeidslivet, ut i arbeid.

7 Politikk har geografiske konsekvensar

Distriktsdemografiutvalet¹ skriv at endringar i statleg verksemd i mange distriktsområde har ført til uro og ei kjensle av at staten trekkjer seg tilbake frå distrikta. Det er fleire mekanismar bak denne utviklinga. Utvalet meiner at sterk sektorstyring og spesialisering i sum har vore til skade for distrikta, som ofte har teke kostnadene ved reformer gjennom lengre avstand til tenester og færre arbeidsplassar. Vidare meiner utvalet at stadige reduksjonar i tilgang til tenester har ein sjølvforsterkande negativ verknad. Det fører til mindre variasjon i arbeidsplassane i distrikta og lågare attraktivitet og bulyst for moglege innflyttarar. I tillegg tek statlege verksemdar ofte avgjerder med konsekvensar for distrikta utan formelle prosessar eller dialog seg imellom. Større avgjerder vert tekne på nasjonalt nivå for den einskilde sektoren. Dette kan ha utilsikta konsekvensar for distrikta.

Utvikling av sektorpolitikken er viktig for utviklinga i distrikta. Distriktpolitiske omsyn må liggje til grunn i all politikktutvikling. Distriktpolitiske konsekvensar av sektorpolitikken må derfor synleggjerast for at alternativ og løysingar kan sikre omsyna både til sektorinteresser og til samfunnet som heilskap.

Utgreiingsinstruksen² er det fremste verktøyet til staten for utgreiing av konsekvensar av statlege tiltak. Den gjeld for tiltak som blir utførte i eller på oppdrag for statlege forvaltingsorgan. Utgreiingsinstruksen skal leggje eit godt grunnlag for avgjerder om statlege tiltak, som reformer, regelendringar og investeringar. Sidan sektorpolitikk har geografiske konsekvensar, er regjeringa oppteken av å få fram distriktsmessige konsekvensar av alle reformer og at all offentleg forvaltning skal vurdere distriktpolitiske omsyn. Det inneber at ein ikkje berre skal styre ut frå økonomien til sektoren isolert sett, men ut frå ein større heilskap der ein tek omsyn til at innsparingar i éin sektor kan ha kostnader for andre område i sam-

funnet. I slike tilfelle meiner regjeringa det er naudsynt å vege ulike omsyn opp mot kvarandre for å få fram eit best mogleg og heilskapleg kunnskapsgrunnlag.

Som oppfølging av ambisjonane i Hurdalsplattforma har regjeringa gjort det klart at kravet om distriktpolitiske konsekvensanalysar der det er relevant, skal vere del av avgjerdsgrunnlaget når regjeringa, departementa og anna statleg verksemd tek avgjerder. Rettleiinga om krav om utgreiing av distriktpolitiske konsekvensar i sektorpolitikken er styrkt. Det er også sett krav om at Kommunal- og distriktsdepartementet skal involverast i større saker som kan ha distriktpolitiske konsekvensar, for at departementet skal sjå til at distriktsmessige konsekvensar blir utgreidde, og medverke med rettleiing og utforming av løysingar og alternativ.

7.1 Styrkt satsing på forskning på distriktsutfordringar

Forskning er viktig for å byggje eit godt kunnskapsgrunnlag for utforming og gjennomføring av distrikts- og regionalpolitikken. Frå starten, då kjerne i distriktpolitikken var å skape arbeidsplassar, har regionalforskning på næringsutvikling og regional innovasjon vore ein vesentleg kunnskapsbase. Det er regionalforskningsmiljø fleire stader i landet som leverer viktige analysar til nasjonale, regionale og lokale styresmakter. Samstundes er ikkje forskingsinnsatsen og merksemda om distriktsutfordringar og regional utvikling like stor som tidlegare.

Distriktsutfordringane har også endra karakter. Både distriktsnæringsutvalet og distriktsdemografiutvalet peikte på at ein distriktpolitikk som berre vektlegg arbeidsplassar, i avgrensa grad vil ha effekt på utviklinga i distrikta. Vi har gått frå ein situasjon med mangel på arbeidsplassar til mangel på arbeidskraft. Distriktpolitikken må derfor omfatte fleire politikkområde og sjå desse i samanheng. Dette må også vere reflektert i forskinga på distriktsutfordringar og regional utvikling.

¹ NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvensar av demografiutfordringar i distriktene*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

² Utredningsinstruksen (2016). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/instruks-om-utredning-av-statlige-tiltak-utredningsinstruksen/id2476518/>.

Det er viktig med ei styrkt satsing på forskning på distriktsutfordringar og regional utvikling på tvers av ulike fagdisiplinar. Satsinga bør inkludere ei stor breidde av ulike fagfelt og disiplinlar med det territorielle som eit tverrgående perspektiv. Ei undersøking frå Sverige identifiserer forskarar som studerer landsbygder og regional utvikling ved 23 ulike institusjonar innanfor 34 ulike vitenskaplege disiplinlar.³ Sidan 2019 har Sveriges lantbruksuniversitet (SLU) hatt i oppdrag å arbeide for å forsterke forskinga på Sveriges landsbygder gjennom å forbetre samordninga og samarbeidet mellom aktørar som utfører slik forskning i Sverige.⁴ Som i Sverige, finst det i Noreg allereie relevant forskning på fleire område, men det er viktig med nettverk og samarbeid mellom relevante fagmiljø. Det kan òg vere naudsynt å stimulere interesse for distriktspolitiske problemstillingar innanfor fagmiljøa, og forskning på nye distriktspolitiske utfordringar. Kommunal- og distriktsdepartementet har starta ein dialog med Forskningsrådet om korleis ei slik styrking kan skje i praksis.


³ Cras, P. (2022). *Forskare med fokus på landsbygder och regional utveckling*. https://www.slu.se/globalassets/ew/org/instit/sol/samverkan/oppdrag-landsbygd/dokument/sammanstallning-av-forskarenkat-2022_slutversion.pdf.

⁴ SLU (2019–). *Oppdrag landsbygd*. <https://www.slu.se/institutioner/stad-land/samverkan/oppdrag-landsbygd/>.

7.2 Statlege arbeidsplassar er viktige for distrikta

Ein forsterka statleg lokaliseringpolitikk er ein del av innsatsen til regjeringa for ei meir balansert utvikling i landet. Den statlege lokaliseringpolitikken skal medverke til god fordeling av statlege arbeidsplassar og til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle delar av landet. Statleg lokaliseringpolitikk er også viktig for å sikre heile folket god tilgang til statlege tenester. Statlege verksemdar kan medverke til eit større mangfald av kompetansesarbeidsplassar i regionane dei tilhøyrrer. Sterke regionale arbeidsmarknader og kunnskapsmiljø vil styrkje rekrutteringsgrunnlaget for offentlege og private verksemdar og gje fleire karriereveggar for arbeidstakarar. Det vil styrkje verdiskaping og attraktivitet for busetting og tilflytting i området. Ny statleg verksemd, anten det er nyoppretting eller større utvidingar, må derfor kome fleire delar av landet til gode.

Staten er i stor grad lokalisert i sentrale område. Etter 2013 har staten vorte endå meir sentralisert. Dei minst sentrale kommunane har fått vesentleg færre statleg sysselsette, medan veksten har vore sterkast i dei mest sentrale kommunane. Ulike regjeringar har dei siste 20 åra flytta ut og etablert fleire tusen statlege arbeidsplassar rundt om i landet. Desse er for det meste lokalisert til store og middels store byar. I same periode har staten vakse med om lag 72 000 stillingar. Mykje av veksten er knytt til auka tenesteproduksjon i område med folketalsauke. Dette har forsterka sentraliseringa.



Figur 7.1 Statleg sysselsette som prosent av total sysselsetjing etter sentralitet og næringskode (2022)

Kjelde: SSB. Utrekning: Kommunal- og distriktsdepartementet

Samstundes veks staten også i verksemder som ikkje er retta mot publikum.

Statlege arbeidsplassar utgjer under 3 prosent av sysselsetjinga i halvparten av kommunane i landet. Statleg arbeid som finst i relativt mange kommunar er politiet, Nav og skatteetaten. Figur 7.1 viser prosentvis statleg sysselsetjing av total sysselsetjing, fordelt etter sentralitet og næringsgrupper. Staten utgjer om lag 14 prosent av dei sysselsette i dei mest sentrale kommunane, og berre 4–6 prosent i dei minst sentrale kommunane.

Det er tre store næringsgrupper i statleg sektor. Innanfor *offentleg administrasjon* er det særleg mange sysselsette i sentralforvaltninga i Oslo (sentralitetsnivå 1). Sjukehusa i helsesektoren står for ein særleg stor del av staten i storbyane og små og mellomstore byar. Universitet og høgskular er også lokaliserte i store og mellomstore byar (sentralitetsnivå 2 og 3). Til samanlikning er prosentdelen av arbeidsplassar i kommunal sektor relativt høg i mindre sentrale strok, slik at offentlig sektor samla sett har ei geografisk fordeling som er relativt jamn.

7.2.1 Skjerpa retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar

Regjeringa meiner at statlege arbeidsplassar bør vere spreidde geografisk og kome heile landet til gode. Regjeringa ynskjer sterke kompetansemiljø i heile landet gjennom ei jamnare fordeling av statlege arbeidsplassar. Regjeringa vil derfor styrkje innsatsen for lokalisering utanfor dei største byane og lokalisere meir av staten til kommunar der arbeidsplassane utgjer eit større bidrag til variasjon i dei lokale fagmiljøa. Statlege verksemder medverkar til å skape meir solide arbeidsmarknader i regionane dei ligg i, noko som gjev auka attraktivitet for tilflytting. Regjeringa ynskjer derfor at nye og omlokaliserte statlege verksemder i hovudsak blir lokaliserte utanfor Oslo, sentrale kommunar i Oslo-området eller andre av dei største byane.

Stortinget har vedtatt følgjande anmodningsvedtak (nr. 383, jamfør 667, jamfør Innst. 326 S (2022–2023) Innst. 95 S (2022–2023)): «*Stortinget ber regjeringa vurdere utflytting og lokalisering av egnede statlige arbeidsplasser til Finnmark*». Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget om oppfølging av dette vedtaket i budsjettproposisjonen for 2024.

Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon er den fremste reiskapen til regjeringa for å gjennomføre måla og ambisjonane på området. Regjeringa har

derfor revidert og styrkt retningslinjene. Statleg verksemd som er omfatta av retningslinjene, gjeld i underkant av 30 prosent av alle statleg sysselsette.⁵

Dei nye retningslinjene stadfestar at veksten i eksisterande verksemder, og som har ein regional struktur, i hovudsak skal skje utanfor dei største byane. I tillegg inneheld retningslinjene eit nytt krav om at ein alltid skal vurdere minst eitt lokaliseringalternativ i ein middels eller lite sentral kommune (sentralitetsnivå 3 til 6) når ein skal vurdere kvar ei verksemd skal lokaliserast. For å kunne oppnå ei jamnare fordeling av statlege arbeidsplassar enn det som er utviklinga i dag, er føresetnaden at arbeidsmarknader også utanfor dei største byane vert vurderte når nye verksemder eller verksemder i endring skal lokaliserast.

Ved endring i budsjett og oppgåver til statlege verksemder kan det vere naudsynt å leggje ned tenestestader, mellom anna for å halde oppe ei fagleg forsvarleg bemanning, effektivitet og robuste fagmiljø. For regjeringa er det viktig at val av attverande tenestestader, og fordeling av tilsette mellom desse, byggjer på ei god vurdering mellom sektor- og lokaliseringspolitiske omsyn, og at det støttar opp om dei overordna måla til regjeringa.

Kva som vert definert som dei største byane, må avklarast i kvar einskild lokaliseringssak. Retningslinjene utelukkar ikkje at statlege arbeidsplassar kan lokaliserast i byar som Bergen og Trondheim. Dette vil avhenge av kva type statleg verksemd og arbeidsplassar det gjeld. I kvar einskild sak skal sektoromsyn og lokaliseringspolitiske omsyn vurderast og sjåast i samheng. Retningslinjene skal leggje grunnlag for at den endelege løysinga i kvar einskild sak støttar opp om lokaliseringspolitiske og sektorpolitiske mål.

Retningslinjene gjeld altså berre for 30 prosent av statleg sysselsette. Ein stor sektor som er unntekte, er universitets- og høgskulesektoren. Universitets- og høgskulelova legg til grunn at institusjonane skal ha stor grad av autonomi. Samstundes kan avgjerder om nedlegging av studiestader ha konsekvensar for busetjing og sysselsetjing i distriktsområde. Dersom ein institusjon vil leggje ned ein studiestad kan dette få stor konsekvens for arbeidsplassar og innbyggjarar i området. Slik avgjerd kan også hindre regjeringa i å nå målet om god tilgang til utdanning i heile landet. I sam-

⁵ Retningslinjene gjeld ikkje for stiftingar, statsforetak, særlovsselskap, statsselskap eller andre foretak som staten eiger, den operative verksemda til Forsvaret eller den delen av Arbeids- og velferdsetaten (Nav) som er regulert gjennom avtale mellom Nav og kommunane.

Boks 7.1 Ei vellykka etablering av Norec i Førde

Avgjerder om å flytte statlege verksemdar ramar arbeidstakarane og kan skape motstand og offentlig debatt. Tilbod om og tilrettelegging for å vere med på flyttinga er eit viktig grep for å ta vare på dei tilsette og halde på kritisk kompetanse.

Då Norec¹ (dåverande Fredskorpset) vart flytta frå Oslo til Førde i 2018, valde om lag tre firedeler av dei 40 tilsette å slutte. Ei evaluering² viser likevel at verksemda har same nivå på utskifting av tilsette i dag som før regjeringsvedtaket om flytting.

Evalueringa viser også at Norec i dag har stabilt god måloppnåing på sentrale mål som talet på utvekslingar, talet på samarbeidspartnarar og talet på samarbeidsprosjekt. Utanriksdepartementet har frå april 2021 delegert til Norec forvaltingsansvaret for ordningar som rekruttering til norske juniorekspertar og FN-frivillige og stipendordningane til praktikantar i FN-systemet. Rapporten peiker på at ei slik overføring av

oppgåver er ei tillitserklæring frå eigardepartementet.

Sjølv om berre ti prosent av dagens tilsette i Norec jobba der før etableringa i Førde, konkluderer likevel rapporten med at verksemda har lykkast med å få med seg naudsynt kompetanse. Heile 83 prosent av dei tilsette er anten einige eller heilt einige i at organisasjonen har tilstrekkeleg kompetanse til å levere på samfunnsoppdraget. Rapporten forklarar dette med at dei verkemidla Norec tok i bruk for å sikre at naudsynt kompetanse fylgde med i etableringsperioden, og opplæring av nye medarbeidarar, verka etter siktemålet. Rapporten forklarar dette med evna til å utnytte handlingsrommet med å forme overgangspakker på ein føremålstenleg måte.

¹ NOREC står for: The Norwegian Agency for Exchange Cooperation.

² <https://www.norec.no/wp-content/uploads/2023/02/ETABLERING-AV-NOREC-I-FORDE.pdf>.



Figur 7.2 Tilsette hos Norec i Førde

Foto: Kristine Folland

svar med maktfordelinga mellom Storting og regjering, bør det vere opp til regjeringa å ta avgjerder om organisering av forvaltingsorgan som statlege universitet og høgskular. Dette bør også gjelde nedlegging av studiestader. Derfor vil

regjeringa at avgjerder om nedlegging av studiestader vert lagd til Kongen i statsråd. Proposisjonen om ny univserts- og høgskulelov skal etter planen leggjast fram i juni 2023.

7.3 Desentralisert arbeid i staten

Regjeringa vil leggje betre til rette for desentralisert arbeid i statlege verksemdar. Auka bruk av desentralisert arbeid i staten kan styrkje lokale kompetansmiljø og auke tilgangen til kompetansesarbeidsplassar i distrikta.

Utbygging av god mobildekning og høg-hastighetsbreiband i stadig nye område, saman med auka bruk av digitale løysingar, har lagt til rette for at mange statlege arbeidsoppgåver kan utførast kvar som helst i landet. Tilrettelegging for desentralisert arbeid kan betre rekrutteringa av etterspurd kompetanse i staten og gjere det enklare å halde på kritisk arbeidskraft dersom arbeidstakarar flyttar, og det gjev fleire tilgang til kompetansesarbeidsplassar i staten utan at det krev endra lokalisering av statleg verksemd. Tilrettelegging for desentralisert arbeid kan òg gjere det meir attraktivt for familiar å velje å flytte til ein distriktskommune. Ofte kan den eine parten ha fått jobb lokalt, men ikkje den andre. Dersom ein legg til rette for desentralisert arbeid, kan den andre parten halde på arbeidet sjølv om dei flyttar.

Regjeringa har som ambisjon å auke bruk av stillingar i staten som vert lyste ut med høve til desentralisert arbeid, eller som arbeidsgjevar vel å tilby tilsette som alternativt ville ha slutta i verksemda. Det vil seie at statlege arbeidsplassar som i dag er lokaliserte i dei største byane eller dei mest sentrale områda av landet, i større grad kan gjerast tilgjengelege for arbeidstakarar i distriktskommunar ulike stader i landet. Målet er å styrkje lokale fagmiljø for å oppnå distriktpolitisk vinst.

Desentralisert arbeid er ordningar der arbeidstakaren anten arbeider frå eit kontorfellesskap med høve til fjernarbeid, frå ein annan kontorstad innanfor kontorstrukturen til verksemda og/eller frå heimen når arbeidstakaren er busett så langt frå den ordinære kontorstaden at dagpendling ikkje er realistisk. Val av kontorløyning for arbeidstakarar som arbeider desentralisert, må vurderast i kvart tilfelle.⁶

7.3.1 Fellesføring til statlege verksemdar

Ei fellesføring er ein instruks til alle departement og etatar om ein aktivitet på eit prioritert felles og overordna mål. Alle statlege verksemdar har i 2023 fått ei fellesføring om at verksemda skal vurderast auka bruk av desentralisert arbeid. Dette er

⁶ Instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor dannar rammeverket for å skaffe lokale i staten.

særleg aktuelt ved utlysing av stillingar, men kan også vere aktuelt for tilsette som ynskjer dette. Desentralisert arbeid bør kombinerast med tilknytting til eit kontorfellesskap der det er tilgjengeleg. Dersom auka bruk av desentralisert arbeid ikkje lèt seg gjennomføre i verksemda, skal dette grunnjevast særskilt.

Kommunal- og distriktsdepartementet har utdjupa fellesføringa i rundskriv.⁷ Verksemdene skal i årsrapportane gjere greie for si vurdering av potensialet for desentralisert arbeid, for omfang og bruk av desentralisert arbeid i verksemda og for erfaringane dei har med dette. Rapporteringa vil gje kunnskap om bruk av desentralisert arbeid i staten, som grunnlag for vidareutvikling av politikk og praksis. Arbeidet med fellesføringa er ein del av styringsdialogen mellom departementet og den einskilde verksemd. Departementa bør også leggje til rette for erfaringsdeling mellom sine underliggjande verksemdar, mellom anna ved å vidareformidle gode døme.

Bruken av og erfaringane med desentralisert arbeid i staten er lite dokumenterte. I den årlege kartlegginga til DFØ⁸ av talet på tilsette i staten blei det i 2022 stilt spørsmål til statlege verksemdar om bruken av desentralisert arbeid.⁹ Mange hadde ikkje uttømmende oversikter, og låg datakvalitet gjorde at resultatane frå undersøkinga ikkje vart offentleggjorde. Intern gjennomgang av dei dataa som finst, kan likevel tyde på at bruk av fjernarbeid er lite utbreidd. Dei fleste som utførte desentralisert arbeid, gjorde det frå heimen, og berre eit fåtal arbeidde frå kontorfellesskap utanfor verksemda. Den viktigaste årsaka til at verksemdene brukte fjernarbeid, var for å rekruttere eller halde på kritisk kompetanse.

Kommunal- og distriktsdepartementet gjorde ei intern kartlegging i 2022 som viser at det finst mange kontorfellesskap i alle delar av landet, organisert av både næringsliv, kommunar og fylkeskommunar. Det er særleg næringslivsaktørar og tilsette i privat sektor som nyttar seg av kontorfellesskapa, men mange kontorfellesskap ynskjer statleg tilsette velkomne.

⁷ Regjeringen.no (2023). *Fellesføringar i tildelingsbrev for 2023*. Rundskriv H-1/23 Fellesføringar i tildelingsbrev for 2023 – regjeringen.no.

⁸ DFØ (2020–2021). <https://dfo.no/nokkeltall-og-statistikk/organisering-og-ansatte-i-staten/utviklingen-i-antall-ansatte-i-staten#:~:text=De%20er%20derfor%20att%20ut,arbeidsforhold%20i%20staten%20som%20helhet>.

⁹ DFØ (2021). *Statsansattundersøkinga*. <https://dfo.no/undersokelser/statsansatteundersokelsen-2021>. I undersøkinga er det omtala som «fjernarbeid».

Boks 7.2 Pilot Statens hus

I pilot *Statens hus* samarbeider statlege etatar, kommune, fylkeskommune og statsforvaltar om å skape større statlege fagmiljø. Eit anna mål med piloten er å få kunnskap for å vidareutvikle statleg lokaliseringsspolitikk for mindre stader. Kommunane Stad, Orkland, Narvik og Lyngdal har fått midlar frå regjeringa til å utvikle pilotane. Arbeidet starta opp i 2021 og vil vare ut 2024.

Dei fire pilotane har konkretisert måla sine gjennom ulike lokale delprosjekt. Pilotane har mellom anna mål om samlokalisering, kontor-fellesskap for desentralisert arbeid, teneste-innovasjon, førebyggjande innsats retta mot unge, tiltak som kan redusere digitalt utanfor-skap, og samarbeid om analyse, kompetanse-utvikling og rekruttering.

Oxford Research fylgjeevaluerer pilotane og har levert ein midtvegsrapport.¹ Dei har valt ulike mål som tek utgangspunkt i lokale kvalite-tar og utfordringar. Det er ein styrke at pilotane har fått fridom til å velje lokale utfordringar og ambisjonar, men ulempa er at mange problem-stillingar innanfor same pilot gjer at ressursane vert spreidde framfor å vere samla om priori-terte satsingar.

Kommunal- og distriktsdepartementet har det nasjonale ansvaret for pilotordninga. Depar-temmentet er i dialog med pilotane om korleis arbeidet deira kan medverke til å styrkje lokale fagmiljø og leggje til rette for statleg tilsette som jobbar desentralt.

¹ Oxford Research (2023). *Følgjevaluering av Statens hus* (rapport).

Kommunal- og distriktsdepartementet har nyleg lansert ein rettleiing for dei statlege arbeids-gjevarane som tek i bruk desentralisert arbeid. Den skal vere eit praktisk arbeidsrettsleg verktøy for dei statlege arbeidsgjevarane som tek i bruk desentralisert arbeid. Rettleiinga omtaler mellom anna kva arbeidsgjevar bør vere særskilt merk-sam på, korleis tillitsvalde skal involverast og kva krav som vert stilte til individuelle avtalar om desentralisert arbeid. Hovudsamanslutningane i staten har vore involverte i arbeidet.

7.4 Ein nærverande stat

Av dei statlege etatane som er lokaliserte på fleire stader, var det tidlegare vanleg med ei geo-grafisk basert organisering av det regionale apparatet. I dag er hovudtendensen ei funksjons-basert organisering med innslag av geografisk basert oppgåveløysing på eit lågare nivå i organi-sasjonen. I tillegg har mange verksemder gått frå ein fylkesbasert regionstruktur til ein struktur med færre regionar. Staten organiserer seg dess-utan i færre og større einingar på lokalt og regio-nalt nivå.¹⁰

Ny teknologi gjer at ein del manuelle arbeids-oppgåver fell bort. Samstundes møter statlege verksemder krav om effektivisering gjennom bud-sjettkutt eller omprioriteringar av budsjettmidlar. Frå ståstaden til etatane kan ei organisering etter likearta og landsdekkjande funksjonar gje betre og meir effektiv oppgåveløysing internt i etaten enn ved regional organisering. Til dømes kan funksjonsorganisering gje høve til meir heilskap i etaten og enklare styringslinjer, meir einsarta praksis og likebehandling og sterkare fagmiljø som kan gje betre kvalitet. Dette kan medverke til at geografisk plassering vert mindre viktig for oppgåveløysinga til dei verksemdene som ikkje har publikumstenester. Mange verksemder har hatt ei utvikling mot større einingar på færre plas-sar, med sterkare spesialisering, oppgåvedifferen-siering og etablering av fellestenester. Ein aktiv og medviten statleg lokaliseringsspolitikk vert der-for stadig viktigare.

Ei endring frå geografisk til funksjonell organi-sering kan ha konsekvensar for den rolla og sam-handlinga etatane har i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Sjølv om ein framleis har stillingar ved regionale kontorstader, forsvinn eit definert regionalt kontaktpunkt for den samla porteføljen til etaten. Medan dei tidlegare regiondirektørane hadde ein posisjon der dei representerte breidda av fagområdet til etaten, er ansvaret for å ta vare på heilskapen av ansvarsområdet til etaten plassert

¹⁰ DFØ (2022). *Hvor går regional stat? Erfaringer med funk-sjonsbasert organisering i statlige etater* (rapport).

meir sentralt og høgare oppe i ein funksjonsdelt etat. Det at fleire etatar går over til funksjonsbasert organisering, kan svekkje rolla til statsforvaltaren i regional samordning. Det svekkjer også høvet etatane har til å delta i regionale planprosessar og samhandlingsforum. Kommunal- og distriktsdepartementet vil sjå nærare på korleis ein kan handtere utfordringar for regional samordning og samhandling som fylgje av funksjonsbasert organisering i statlege etatar.

7.5 Ein distriktpolitikk som peiker framover

Om ein skal lykkast med distriktpolitikk, er det viktig at styringa av statlege verksemder også tek utgangspunkt i dei samansette behova til innbyggjarane for fleire og ofte samordnande tenester. Nærleik er også ein viktig dimensjon ved kvalitet, som distriktsdemografiutvalet peiker på.

Regjeringa meiner det er til det beste for heile landet at politikken tek utgangspunkt i at ulike stader i landet har kvar sine utfordringar og grunnlag for utvikling. Ein god distriktpolitikk må ha dette som utgangspunkt i mellom anna den nasjonale utdanningspolitikken, i infrastruktursatsinga, i lokaliseringssyn, i tenesteorganisering, i skatte- og avgiftssystemet, i innovasjons- og næringspolitikken. Ein god distrikts- og regionalpolitikk skal vere tilpassa samtida og gjere oss rusta for framtida.

Det overordna målet for distriktpolitikken er *at folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auke i distrikts-*

kommunar. Folketalet i distriktskommunar vil ikkje auke utan ein politikk som verkar inn på alle dei områda som er viktige for at folk skal kunne leve eit godt liv. Derfor er distrikts- og regionalpolitikken ei brei og langsiktig oppgåve for regjeringa. Med ein aktiv og målretta politikk meiner regjeringa at vi har gode føresetnader for auka busetjing i distrikta, fordi:

- Nærleik til natur, opplevingar og tette lokalsamfunn gjer distriktsområda attraktive og unike. Erfaringar frå koronaepidemien viser at fleire har endra bustadpreferansar og ynskjer seg eit liv utanfor storbyane. Det er gjennom å utvikle og byggje vidare på lokale særpreg at distrikta kan verte attraktive stader for busetjing og aktivitet i framtida.
- Den digitale utviklinga gjer at mange arbeidsoppgåver og tenester vert staduavhengige, og det kan gje nye tenesteløysingar.
- Innovasjon i offentleg sektor, tillitsreform og forsøk kan medverke til å halde oppe tenestekapasiteten og tenestetilbodet i små kommunar.
- Det grøne skiftet tek i stor grad utgangspunkt i ressursar i distrikta, noko som kan innebere ein ny giv for mange distriktskommunar, både fordi det gjev større inntekter, og fordi det fører til større breidde i arbeidsmarknaden.
- Desentralisert og fleksibel utdanning gjer det enklare for ungdom å busetje seg i distrikta, og det kan trekkje til seg unge studentar frå fleire stader i landet. Ungdomen er framtida. Det aller viktigaste for framtidig utvikling i Distrikts-Noreg er at ungdomen trivst og har eit godt liv i distrikta.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Nye tiltak i denne stortingsmeldinga vert dekte innanfor dei til kvar tid gjeldande budsjett-rammene. Utvikling og gjennomføring av konkrete tiltak må vurderast i lys av budsjettsituasjonen. Gjennomføringa av tiltak som på sikt har konsekvensar for løyvingar, set som vilkår at det økonomiske handlingsrommet tillèt det.

Nokre av tiltaka i meldinga har økonomiske konsekvensar. Felles for desse tiltaka er at dei allereie er avklart i budsjettprosessar eller stadfestar gjeldande politikk.

Der tiltak eventuelt inneber omprioritering av ressursar innanfor andre sektorar, er det ein føresetnad at dette er omtalt av ansvarleg fagdepartement i tilhøyrande dokument.

På mange område vil distriktsmeldinga derfor vise til meir konkret oppfølging frå andre departement, og til andre dokument som blir lagd fram for Stortinget, både parallelt med denne meldinga og seinare i perioden.

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 20. juni 2023 om Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida blir send Stortinget.

Referanseliste

- Angell, E. (2021). *Regionale myndigheters veiledning av distriktskommuner* (rapport nr. 3-2021). NORCE samfunn.
- Asplan Viak AS (2018). *Kommunen som aktiv boligpolitisk aktør* (rapport).
- Cras, P. (2022). *Forskare med fokus på landsbygder og regional utveckling*. https://www.slu.se/globalassets/ew/org/inst/sol/samverkan/oppdrag-landsbygd/dokument/sammanstallning-av-forskarenkat-2022_slutversion.pdf.
- Deloitte (2022). *Evaluering av fagskolemeldingen – finansieringssystemet* (rapport).
- DFØ (2020–2021). <https://dfo.no/nokkeltall-og-statistikk/organisering-og-ansatte-i-staten/utviklingen-i-antall-ansatte-i-staten#:~:text=De%20er%20derfor%20att%20ut,arbeidsforhold%20i%20staten%20som%20helhet>.
- DFØ (2021). *Evaluering av nærpolitireforma* (statusrapport 2020).
- DFØ (2021). *Statsansattundersøkinga*. <https://dfo.no/undersokelser/statsansatteundersokelsen-2021>.
- DFØ (2022). *Hvor går regional stat? Erfaringer med funksjonsbasert organisering i statlige etater* (rapport).
- Distriktssenteret (2021). *10 råd frå ungdommens distriktspanel*. <https://distriktssenteret.no/ungdommens-distriktspanel/>.
- Distriktssenteret (2020). *Næringslivets betydning for stedsutvikling, boligutvikling og inkludering i distriktskommunar* (notat til Distriktsnæringsutvalet).
- Distriktssenteret (2020). *Tilflyttings- og rekrutteringsarbeid i distriktene – en oppsummering av kunnskap* (notat til Demografiutvalet). <https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2020/05/Tilflyttings-og-rekrutteringsarbeid-i-distriktene.pdf>.
- Ekspertutval (2022). *Finansiering av universiteter og høyskoler* (rapport). Kunnskapsdepartementet.
- Grünfeld, L. A, Grønvik, O, Foseid, H.M, Winther-Larsen, S, Angell, E. (2021). *Gjennomgang av Merkur-Programmet* (rapport nr. 131). Menon Economics.
- Høyland, K, Denizou, K, Halvorsen, T, Moe, E. (2020). *Bo hele livet. Nye bofellesskap og nabolag for gammel og ung* (rapport). SINTEF Fag. Kommunal- og distriktsdepartementet (2022). *Kommunale insentivordninger for å rekruttere arbeidskraft, tiltrekke seg innflyttere og beholde unge i kommunen* (rapport).
- KPMG (2021). *Status og hindre for digitalisering i næringslivet* (rapport).
- Knekk Samhandlingskoden (2023). <https://samhandlingskoden.no/utvikle-frivillighetspolitikk>.
- KS (2022). *Samstyringsstrukturen for digitaliseringsområdet*. <https://www.ks.no/fagomrader/digitalisering/styring-og-organisering/samstyringsstruktur/samstyringsstrukturen-for-digitaliseringsområdet/>.
- KS (2022). *Kommunenettverk for velferdsteknologi og digital hjemmeoppfølging*. <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/velferdsteknologi3/kommunenettverk-for-velferdsteknologi-og-digital-hjemmeoppfolging/>.
- KS. *Digihjelpen*. <https://www.ks.no/digihjelpen/>.
- Lebesby kommune. *Kommunal tilbakekjøpsavtale* (2022–2025). <https://www.lebesby.kommune.no/kommunal-tilbakekjopsavtale.569341.no.html>.
- Meld. St. 30 (2019–2020) *En innovativ offentlig sektor – Kultur, ledelse og kompetanse*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Meld. St. 9 (2020–2021) *Mennesker, muligheter og norske interesser i nord*. Utenriksdepartementet.
- Meld. St. 17 (2020–2021) *Samarbeid for sikkerhet – Nasjonal forsvarsindustriell strategi for et høyteknologisk og fremtidsrettet forsvar*. Forsvarsdepartementet.
- Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlege universiteter og høyskoler*. Kunnskapsdepartementet.
- Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Kunnskapsdepartementet.
- Meld. St. 10 (2021–2022) *Prioriterte endringer, status og tiltak i forsvarssektoren*. Forsvarsdepartementet.

- Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032*. Kunnskapsdepartementet.
- Meld. St. 9 (2022–2023) *Nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å ivareta nasjonal sikkerhet*. Justis- og beredskapsdepartementet.
- Meld. St. 10 (2022–2022) *Berekraftig og sikker luftfart – Nasjonal luftfartsstrategi*. Samferdselsdepartementet.
- Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnsopplæring og høgere utdanning*. Kommunal- og distriktsdepartementet.
- Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Kunnskapsdepartementet.
- Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*. Helse- og omsorgsdepartementet.
- Meld. St. 18 (2022–2023) *Finansmarkedsmeldingen 2023*. Finansdepartementet.
- Meld. St. 24 (2022–2023) *Fellesskap og meistring – Bu trygt heime*. Helse- og omsorgsdepartementet.
- Menon Economics, Nofima, Norce (2022). *Ringvirkninger i sjømatnæringen 2021* (rapport). <https://www.menon.no/wp-content/uploads/2022-126-Ringvirkninger-av-sjomatnæringen-2021-1.pdf>.
- NIFU (2022). *Studenters motiver for valg av studie- sted* (rapport).
- NIFU (2022). *Utdanning uavhengig av bosted og livssituasjon?* (rapport).
- NIFU (2022). *NHOs Kompetansebarometer* (rapport).
- NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- NOU 2020: 12 *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Nærings- og fiskeridepartementet.
- NOU 2022: 6 *Nett i tide – utvikling av strømmettet*. Olje- og energidepartementet.
- NOU 2022: 10 *Inntektssystemet for kommunene*. Kommunal- og distriktsdepartementet.
- NOU 2022: 18 *Mellom mobilitet og migrasjon – Arbeidsinnvandreres integrering i norsk arbeids- og samfunnsliv*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet.
- NOU 2023: 3 *Mer av alt – raskere*. Olje- og energidepartementet.
- NOU 2023: 8 *Fellesskapets sykehus. Styring, finansiering, samhandling og ledelse*. Helse- og omsorgsdepartementet.
- NOU 2023: 9 *Generalistkommunesystemet – Likt ansvar – ulike forutsetninger*. Kommunal- og distriktsdepartementet.
- NOU 2023: 10 *Leve og oppleve – Reisemål for en bærekraftig fremtid*. Nærings- og fiskeridepartementet.
- Nortug, H. (2021). *Unges motivasjon til å bo i distriktene*. (rapport). Distriktsenteret.
- Nærings- og fiskeridepartementet (2022) *Norges batteristrategi*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/norges-batteristrategi/id2921424/>.
- Oxford Research (2022). *Studiesentres betydning og utviklingsmuligheter for å møte lokale og regionale kompetansebehov* (rapport).
- Oxford Research (2023). *Følgeevaluering av Statens hus* (rapport).
- Lysø, R., Carlsson, E., Sletterød, N.A., Øyrum, L. (2022). *Følgforskning av Veiledningspiloten* (sluttrapport). SINTEF.
- Prop. 78 S (2021–2022) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Kunnskapsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Finansdepartementet og Forsvarsdepartementet (økonomiske tiltak som følge av krigen i Ukraina)*. Finansdepartementet.
- Prop. 1 S (2022–2023) *Statsbudsjettet 2023, vedlegg 1*. Kommunal- og distriktsdepartementet.
- Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den videregående opplæringa (opplæringslova)*. Kunnskapsdepartementet.
- Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet under Landbruks- og matdepartementet (jordbruksoppjøret m.m.)*. Landbruks- og matdepartementet.
- Rapport fra en arbeidsgruppe nedsatt av Landbruks og matdepartementet (2023) *Tilgang på veterinærtjenester i Norge*. <https://www.regjeringen.no/contentassets/1807e0e77eb443fbbdf53cf24a7132a9/rapport-om-tilgang-pa-veterinartjenester-i-norge-10.03.23.pdf>
- Regionale kompetanseindikatorer (2022). *Kunnskapsgrunnlag for regional kompetansepolitikk* (rapport). Trøndelag fylkeskommune m.fl.
- Regionale utviklingstrekk (2021). rapport. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Regjeringen.no (2023). *Fellesføringar i tildelingsbrev for 2023*. Rundskriv H-1/23 Fellesføringar i tildelingsbrev for 2023 – regjeringen.no.

- Regjeringens handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfold (2023–2026). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/regjeringens-handlingsplan-for-kjonns-og-seksualitetsmangfold-20232026/id2963172/>
- Riksrevisjonen (2020–2021). *Riksrevisjonens undersøkelse av psykiske helsetjenester* (dokument 3: 13).
- Riksrevisjonen (2019–2020). *Undersøkelsen av kvotesystemet i kyst- og havfiske* (dokument 3: 6).
- Rom for deltakelse – regjeringens kulturfrivillighetsstrategi (2023–2025). Kultur- og likestillingsdepartementet.
- Ruralis (2020). *Beiteressurs, rovdyr og lokal-samfunn* (rapport).
- Rye, J.F. (2021). *Distriktsungdom og utdanning: Studievalg, forløp og arbeidsmarkeder* (rapport). Distriktsenteret.
- Samfunnsøkonomisk analyse AS (2018) *Evalueringsanalyse av ordningen med differensiert arbeidsgiveravgift* (rapport).
- Samfunnsøkonomisk analyse AS (2020) *Tilgang på boliger i distriktene og rekruttering av arbeidskraft* (rapport 35-2020). Oslo.
- Samfunnsøkonomisk analyse AS (2020) *Midtveis-evaluering av Digital kompetanseløft* (rapport 07-2020). Oslo.
- Samfunnsøkonomisk analyse (2020) *Verdikjeder i Norge* (rapport 16-2020).
- Samfunnsøkonomisk analyse AS (2021) *Dimensjonering av utdanningstilbudet* (rapport nr. 25-2021). Oslo.
- Samfunnsøkonomisk analyse AS (2021) *Følgeevaluering av kompetansepiloter* (rapport).
- Samfunnsøkonomisk analyse AS (2022) *Kartlegging av tilgang og pris på boligfinansiering i distriktene*. (rapport 2-2022). Oslo.
- Samfunnsøkonomisk analyse AS (2022) *Fylkeskommunenes regionale kompetansepolitikk og forvaltning av fagskoler* (rapport).
- SLU (2019–) *Uppdrag landsbygd*. <https://www.slu.se/institutioner/stad-land/samverkan/uppdrag-landsbygd/>.
- SSB (2017) *Framtidens eldre i by og bygd* (rapport 2017/32).
- SSB (2020). *Sentralitetsindeksen*. <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/sentralitetsindeksen.oppdatering-med-2020-kommuner>.
- SSB (2021). *Ansatte i skulen*. <https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/ansatte-i-barnehage-og-skole/artikler/vel-1-av-6-laerersverv-i-grunnskolen-uten-laererutdanning>.
- SSB (2023). *Statistikkbanken – Boliger*. <https://www.ssb.no/bygg-bolig-og-eiendom/bolig-og-boforhold/statistikk/boliger>.
- Søholt, S., Tronstad, K., Rose, Vestby, G.M. (2015). *Sysselsetting av innvandrere – regionale muligheter og barrierer for inkludering* (rapport). NIBR, HiOA. Oslo.
- Sørvoll, J., Løseth, G.K. (2017) *Samfunnsvirkninger av boligpolitikk. Boligsatsinger og samfunnsutvikling i ti norske distriktskommuner* (rapport). NOVA.
- Sørli K., Aure, M., Langset, B. (2012). *Hvorfor flytte? Hvorfor bli boende? Bo- og flyttemotiver de første årene på 2000-tallet* (rapport). NIBR.
- Rambøll (2022). *Evalueringsanalyse av kompetansetiltak innen etter- og videreutdanning i offentlig planlegging, kart og geodata* (rapport). Rambøll Management Consulting. Oslo.
- Teknologirådet (2021). *Digitale muligheter for psykisk helsehjelp*. <https://teknologiradet.no/publication/digitale-muligheter-for-psykisk-helsehjelp/>.
- Telemarksforskning (2020). *Små distriktskommuners deltakelse i innovasjonsvirkemidler* (rapport 540). Telemarksforskning. Bø.
- Tildelingsbrev for 2023 – Universitetet i Agder. Kunnskapsdepartementet. [tildelingsbrev-2023-universitetet-i-agder.pdf](https://www.regjeringen.no/dokumenter/tildelingsbrev-2023-universitetet-i-agder.pdf) (regjeringen.no).
- Tønnessen, M. (2022). *Innvandrerens bo- og flyttemønstre i Norge* (rapport 2022:12). NIBR.
- UDI (2023). <https://www.udi.no/aktuelt/regnermed-40.000-ogsa-i-2023/>.
- UDI (2023). *Oppmodning om busetting for 2023*. <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/bosettingsprosessen/imdis-anmodning/>.
- Utredningsinstruksen (2016). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/instruks-om-utredning-av-statlige-tiltak-utredningsinstruksen/id2476518/>.
- Utval oppnevnt av Nærings- og fiskeridepartementet (2022). *Grønn verdiskaping og økt bearbeiding i sjømatindustrien* (rapport). Nærings- og fiskeridepartementet.
- Vista analyse AS (2022). *Evalueringsanalyse av personrettede virkemidler i tiltakssonen for Finnmark og Nord-Troms* (rapport).
- Wollebæk & Sivesind (2010). *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997–2009* (rapport). Institutt for samfunnsforskning.
- Zhiyang, J., Kolstad T., Stølen, N.M., Hjemås, G. (2023). *Arbeidsmarkedet for helsepersonell fram mot 2040* (rapport 2023/2). SSB.

Vedlegg 1

Oppsummering av tiltak i distriktsmeldinga

Distrikts- og regionalpolitikken er ei brei og langsiktig oppgåve for denne regjeringa. Distriktsmeldinga viser tiltak som allereie er sett i verk og prosesser som er under arbeid i dei ulike departementa. Meldinga er lagt fram tidleg i regjeringssperioden fordi den skal vise retning for det tverrsektorielle arbeidet med å utvikle ein politikk som er bra for distrikta. Meldinga gjev rom for at kvart departement i oppfølginga vil kunne presentere nye tiltak i samband med budsjetthandsamingar.

Kapittel 2 Eit godt liv i distriktskommunen

- Regjeringa vil fylgje opp ordninga med bygdevekstvtalar gjennom eit forpliktande samarbeid i avtaleperioden, som både inneber statlege midlar til gjennomføring av tiltak for å supplere lokale bidrag, i tillegg til andre statlege bidrag og samarbeid (kompetanse, deltaking i erfaringsnettverk osv.).
 - Regjeringa vil vidareutvikle Merkur-programmet.
 - Regjeringa har lagd fram ei stortingsmelding om Fellesskap og meistring – Bu trygt heime. Som ein del av reforma, vil regjeringa mellom anna leggje fram eit eige eldrebustadprogram.
 - Regjeringa vil våren 2024 leggje fram ei stortingsmelding om ein heilskapleg bustadpolitikk. I arbeidet med bustadmeldinga vil regjeringa gå gjennom verkemidla vi har i dag, og undersøkje om dei svarer på breidda i utfordringsbiletet til kommunane.
 - Regjeringa vil vurdere om ein større del av låna frå Husbanken skal gå til bustadetablering i distriktskommunar, særleg på sentralitetsnivå 6.
 - For å få fart på bustadbygginga i distrikta la regjeringa i tilleggsproposisjonen for 2022 inn at inntil 1 mrd. kroner kan prioriterast til lån til utleigebustader og lån til bustadkvalitet i distriktskommunar på sentralitetsnivå 5 og 6. Samstundes vart utlånsramma i Husbanken auka til 21 mrd. kroner.
 - Husbanken har fått i oppdrag å forsterke informasjons- og rettleiingsarbeidet overfor distriktskommunane. I tildelingsbrevet for 2023 har regjeringa ytterlegare styrkt oppdraget og bede Husbanken om å prioritere å gje bustadpolitisk støtte til distriktskommunar.
 - I statsbudsjettet for 2023 har regjeringa løyvd midlar til ei ny ordning for bustadtiltak i distrikta. Føremålet er å utvikle nye samarbeidsformer og forsøk med nye bustadkonsept og verkemiddel, mellom anna i distriktskommunar i Nord-Noreg som treng å styrkje tilbodet av eigna bustader.
 - Kommunal- og distriktsdepartementet har endra byggjereglane for å leggje betre til rette for investeringar i industri, jordbruk, turisme
- Regjeringa vil leggje til rette for god samfunnsplanlegging og samarbeid for å nytte ressursane betre. Kommunal- og distriktsdepartementet ynskjer meir samarbeid mellom distriktskommunar. Departementet oppfordrar til dialog og erfaringsutveksling mellom fylkeskommunane, statsforvaltarane, Distriktsenteret og KS, slik at dei kan opptre meir koordinert overfor kommunane og dei samla ressursane vert betre utnytta.
 - Regjeringa arbeider med ei tydelegare differensiering av statlege planretningslinjer mellom tettbygde og spreiddbygde område. Arealpolitikken må tilpassast dei lokale tilhøva.
 - Regjeringa vil ha ei meir differensiert forvaltning av strandsona, med auka handlefridom og betre høve for næringsutvikling og busetjing i spreiddbygde strok langs kysten i sone 3 av strandsona.
 - Regjeringa vil vurdere særskilde tiltak for å styrkje planleggings- og utviklingskapasiteten og planleggingskompetansen i område der det vert identifisert utfordringar.
 - Regjeringa vil leggje til rette for at ordinær utdanning og meir praksisnær og fleksibel etter- og vidareutdanning kan møte utfordringane, og eventuelt prøve ut nye løysingar.
 - Regjeringa har invitert distriktskommunar til å søkje om å utvikle bygdevekstvtalar med staten for å styrkje utviklinga i kommunane.

- og bustadbygging i fleire kommunar på Vestlandet og i Nord-Noreg.
- Regjeringa ynskjer at busetjinga av flyktningar skal skje styrt og spreidd.
 - Regjeringa har gjennomført fleire tiltak for å få busett flyktningar på ein rask og effektiv måte, og mange kommunar i distrikta har busett flyktningar.
 - Regjeringa vil sikre frivillig sektor ein sentral plass i samfunnet og medverke til gode rammevilkår.
 - Regjeringa vil støtte opp om og medverke til at det vert oppretta lokal frivilligheitspolitikk og enkle regelverk og ordningar som gjer det lett å finne fram for frivillig sektor i kommunane.
 - Regjeringa vil styrkje innsatsen for at fleire frivillige skal få høve til å utvikle aktivitet i eigna lokale til idrett, kultur og frivillig arbeid generelt.
 - Regjeringa vil stimulere til meir kunst- og kulturaktivitet i lokalsamfunna gjennom å utvikle regionale kulturfond.
 - Regjeringa vil styrkje det nordiske samarbeidet mellom dei regionale aktørane i nord, og særleg mellom Noreg, Finland og Sverige.

Kapittel 3 Trygge samfunn og tenester nær folk

- Regjeringa varsla i Hurdalsplattforma ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane og fylkeskommunane. Regjeringa la fram forslag til endringar i inntektssystemet for fylkeskommunane i kommuneproposisjonen 2024. Regjeringa vil leggje fram ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i ei eiga melding til Stortinget våren 2024, med sikte på at eit nytt inntektssystem vil få verknad frå 2025.
- Regjeringa vil vurdere forsterka tiltak for å stimulere til samarbeid mellom kommunar. Føremålet er å styrkje kapasiteten og kompetansen i oppgåveløysinga, også i eit tverrsektorielt perspektiv.
- Regjeringa vil invitere kommunar til eit pilot-samarbeid med samlokalisering av statlege og kommunale publikumstenester, slik at innbyggjarane får ein stad der dei kan møte representantar for offentlege etatar fysisk. I revidert nasjonalbudsjett føreslår regjeringa at det blir løyvd 10 mill. kroner til pilotar med nærtene-senter. Ordninga skal etter planen vare i tre år.
- Regjeringa har sett i gang ei tillitsreform i offentleg sektor. Større handlingsrom for kom-munar og fylkeskommunar og meir fagleg fri-dom for fyrstelinja på lokalt nivå kan gje meir velferd og betre tenester til innbyggjarane. Målet er å gje innbyggjarane betre velferd og betre tenester til rett tid.
- Kommunal- og distriktsministeren har på vegner av regjeringa invitert kommunar og fylkeskommunar til å søke om forsøk (frikommune-forsøk), og med det bli forsøkskommunar. Forsøksordninga er eit av tiltaka som skal med-verke til å nå måla i tillitsreforma.
- Kommunal- og distriktsdepartementet vil sam-arbeide med KS om vidare utvikling av modell(ar) for innføring av nasjonale felles-løysingar og -tenester til bruk i kommunal sektor.
- Regjeringa har laga ein handlingsplan for auka inkludering i eit digitalt samfunn.
- For 2023 har Kommunal- og distriktsdeparte-mentet tildelt 8 mill. kroner i eingongsstøtte til 27 søkjarar i 45 kommunar som ynskjer å heve den digitale kompetansen til innbyggjarane.
- Det blir varsla i Folkehelsemeldinga at regje-ninga vil leggje fram ein livskvalitetsstrategi i 2024.
- Regjeringa vil leggje fram for Stortinget ein Nasjonal helse- og samhandlingsplan for utvik-linga av vår felles helse- og omsorgsteneste.
- Regjeringa vil vurdere korleis finansierings-ordningane betre kan leggje til rette for sam-handling mellom dei ulike delane av helse- og omsorgstenesta.
- Regjeringa vil byggje vidare på helsefelles-skapa og sørgje for verktøy som gjer at dei vert ein arena for felles tenesteutvikling og plan-legging til beste for pasientane.
- Regjeringa vil sikre ein sterk offentleg, felles helseteneste. Framvekst av privatfinansierte tilbod kan gje auka sosial og geografisk skilnad i tilgangen på helse- og omsorgstenester.
- Helse- og omsorgsdepartementet vil vurdere ulike modellar for oppgåvedeling og bruk av helsepersonell på tvers av spesialisthelse-tenesta og dei kommunale tenestene.
- Regjeringa vil vidareutvikle det gode samarbei-det med ideelle aktørar innanfor helse- og omsorgssektoren.
- Regjeringa har styrkt allmennlegetenesta med 920 mill. kroner i 2023.
- Regjeringa har oppretta eit nytt legevakttilskot i 2022 på 50 mill. kroner, som skal styrkje lege-vaktordninga i dei mest rekrutteringsvake områda.
- For at pasientane skal få eit betre tilbod, og fast-legane ein betre arbeidskvardag med meir tid

- til pasientane, vart basistilskotet i fastlegeordninga endra og styrkt i statsbudsjettet for 2023.
- Regjeringa vil gjere ei nøye vurdering av forslaga til ekspertutvalet for fastlegeordninga.
 - Regjeringa la fram ein opptrappingsplan for psykisk helse 9. juni 2023. Planen gjeld for ti år framover, og med satsinga fylgjer minst 3 mrd. kroner.
 - Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om det prehospitale området. Sentrale tema vil vere korleis ein kan halde oppe beredskap og eit godt akuttmedisinsk tenestetilbod i heile landet.
 - Regjeringa vil gje folk i heile landet tryggleiken tilbake. Dette skal mellom anna skje gjennom betre samarbeid mellom dei ulike naudetatane og andre beredskapsorganisasjonar. Regjeringa har sett ned ein totalberedskapskommissjon for å sjå på korleis dei samla beredskapsressursane kan nyttast best mogleg. Kommisjonen leverte si innstilling 5. juni 2023.
 - Regjeringa starta hausten 2022 arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av brann- og redningsområdet.
 - Regjeringa har vedteke å etablere ei offentleg toårig fagskule for utdanning av brann- og redningspersonell. Fagskulen skal ligge i Tjeldsund kommune i Troms.
 - Regjeringa vil styrkje det lokale politiet i heile landet for å sikre betre førebygging og for å oppnå raskare respons ved alvorlege hendingar. Regjeringa vil styrkje polititenestene mellom anna gjennom lokalt tilpassa tiltak som skal utformast i samarbeid mellom kommune og politidistrikt.
 - Regjeringa vil at Politiet opprettar ni nye tenestestader i 2023. Det er viktig for å sikre at politiet er til stades lokalt.
 - Justis- og beredskapsdepartementet arbeider med ein lokalpolitiplan som vil bli lagd fram i løpet av 2023.
 - Justis- og beredskapsdepartementet har gjeve Politidirektoratet i oppdrag å greie ut ulike modellar for krav til responstid. Rapporten vil vere eit viktig underlag til det vidare arbeidet med å sikre rask respons ved alvorlege hendingar, og med å vidareutvikle eit politi som er lokalt til stades i heile landet. Rapporten skal vere ferdig i august 2023.
 - Regjeringa meiner det er viktig med ei styrking av Forsvaret i Noreg, og spesielt viktig å styrkje det militære nærværet i Nord-Noreg. Politiet og PST er styrkt for mellom anna å sikre auka lokalt nærvær i nord. Satsinga er vidareført i 2023 med totalt 120,5 mill. kroner.
 - Statlege verkemiddel for å medverke til nasjonal tryggleik i nordområda bør vurderast i lys av den strategiske rolla til regionen. Eige-domar, infrastruktur, naturressursar og verksemder som er viktige for nasjonal tryggleik bør derfor vurderast særskilt med tanke på den geografiske plasseringa langs kysten og i grenseområda.
 - Det pågår eit arbeid med etablering av dedikert helikopter til Hæren som skal stasjonast i ein eigen skvadron med base på Bardufoss.
 - Regjeringa har styrkt Hovudredningsentralen gjennom auka grunnbemanning.
 - For å styrkje redningsberedskapen i Nord-Noreg vart det etablert ein ny redningshelikopterbase i Tromsø frå 1. juli i 2022.

Kapittel 4 Transport og infrastruktur bind landet saman

- Regjeringa vil utarbeide ein realistisk nasjonal transportplan (NTP) som svarar på utfordringane i framtida for transportsystemet, og som legg vekt på samfunnsøkonomisk lønsemnd. Transportplanen skal vere oppdatert og tilpassa dei framtidige transportbehova, samstundes som det skal vere mogleg å fylgje opp dei økonomiske rammene.
- Regjeringa vil utarbeide ein heilskapleg og forpliktande plan for å redusere vedlikeholdsetter-slepet på fylkesvegane.
- Regjeringa vil ta initiativ til at det saman med fylkeskommunane vert utarbeidd ein nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksvegar og fylkesvegar med høg og middels skredfaktor. Deler av planen vil vere ferdig i 2023. Regjeringa tek sikte på å leggje fram planen våren 2024, som ein del av NTP 2025–2036.
- Fylkeskommunane får i 2023 fordelt i overkant av 3 mrd. kroner av rammetilskotet etter særskild fordeling på tre ordningar knytte til fylkesveg. Desse ordningane gjeld opprusting og fornying av fylkesveg (1 680 mill. kroner), ras- og skredsikring av fylkesveg (903 mill. kroner) og kompensasjon for forskrift om tunneltryggleik (579 mill. kroner).
- Det er i 2023 løyvd øymerka tilskot til fylkesveg på fire ordningar over budsjettet til Samferdselsdepartementet på til saman 847 mill. kroner, som er inkludert i rammene for NTP 2022–2033.
- I 2022 vart Enova løyvd ytterlegare 100 mill. kroner for å støtte etablering av hurtigladarar i

- område utan tilstrekkeleg grunnlag for kommersiell utbygging. Med denne tildelinga vert talet på kommunar i Noreg utan hurtigladar redusert frå 70 til 15.
- I ladestrategien til regjeringa kjem det fram at Statens vegvesen i dialog med Nye Veier og Enova skal lage ein plan for etablering av lade-stasjonar for tunge køyretøy langs riksvegnettet. Planen skal vere ferdig innan 1. juli 2023.
 - I regjeringserklæringa er det målsetjingar om å redusere ferjetakstar og å gjere ferjer til ein del samfunn gratis. Målsetjinga er å halvere ferjetakstane i fireårsperioden. Dette er regjeringa godt i gang med. Takstane er i dag redusert med 30 prosent jamført med takstnivået ved inngangen til 2021. I det vedtekne budsjettet for 2023 ligg det inne midlar til å halvere takstane i riksvegferjedrift frå 15. august 2023, jamført med takstnivået ved inngangen til 2021. Det er dessutan sett av midlar til fylkeskommunane slik at dei kan redusere takstane tilsvarende som i riksvegferjedrift.
 - Frå andre halvår 2022 vart det løyvd midlar slik at trafikksvake ferjesamband (under 100 000 passasjerar årleg) og delstrekningar til øyar og veglause samfunn på samband med over 100 000 passasjerar vart gratis frå 1. juli 2022. I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd ytterlegare midlar slik at ferjesamband til øyar og veglause samfunn med over 100 000 passasjerar kan gjerast gratis frå 16. august 2023. Fylkeskommunane er takststyresmakt og vurderer innføringa av ordninga etter lokale omstende og prioriteringar.
 - Ferjeavløsningsordninga for fylkesvegferjer legg til rette for ein alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer.
 - Regjeringa har gjeninnført eit statleg ansvar for fiskerihamnene. Dette gjev Kystverket ansvar for statlege fiskerihamneanlegg som moloar og kaifrontar langs heile kysten.
 - Regjeringa vil ha trygg pasient- og skuletransport og eit godt drosjetilbod i distrikta og vil derfor stanse frisleppet i drosjenæringa.
 - Regjeringa har i Hurdalsplattforma meldt at behovsprøvinga og plikta til å vere knytt til ein drosjesentral skal gjeninnførast. Regjeringa har sett ned eit utval som skal gjere ei heilskapleg vurdering av drosjenæringa, vurdere handlingsrommet etter EØS-avtalen og utarbeide framlegg til regulering på området.
 - Samferdselsdepartementet har gjeninnført kravet om løyvegaranti for løyvehavaren og fremja forslag for Stortinget om å gjeninnføre kravet om fagleg kompetanse.
 - Regjeringa vil redusere billettprisane og styrkje rutetilbodet på dei regionale FOT-flyrutene.
 - For å gjere det lettare og billigare å reise langs kysten på Vestlandet og i Nord-Noreg vil regjeringa redusere billettprisane i FOT-utlysingane med avtaleoppstart i 2024. Billettprisane på FOT-flyrutene vert halverte frå 1. april 2024, og for helikopterruta Værøy–Bodø vert maksimal billettpris halvert frå 1. august 2024. Dette vil redusere avstandskostnadene for innbyggjarar og næringsliv som er avhengige av kortbanenettet. Regjeringa vil auke krava til setekapasitet der talet på reisande er venta å stige mest.
 - For å sikre eit føreseieleg flyrutetilbod vil regjeringa ta flyruta Stord–Oslo inn i FOT-ordninga. Ruta vert ein del av utlysingane med avtaleoppstart 1. april 2024. Regjeringa vil etablere ei ny FOT-rute mellom Kirkenes og Tromsø.
 - Regjeringa vil leggje opp til å styrkje transporttilbodet mellom Aust-Finnmark og Tromsø, gjennom styrkte korrespondansekrav, færre krav til samband og ny FOT-rute mellom Kirkenes og Tromsø.
 - Regjeringa vil arbeide vidare med konseptvalutgreiinga (KVU) som ser på den framtidige utviklinga av transportsystemet i Nord-Noreg. Det vert lagd opp til at utgreiinga skal vere ferdig sommaren 2023.
 - KVU Nord-Noregbana skal ferdigstillast august 2023.
 - Regjeringa har som mål at alle husstandar og verksemdar skal ha tilbod om breiband med minst 100 Mbit/s per sekund nedlastingshastigheit innan utgangen av 2025.
 - Regjeringa fordelte 362 mill. kroner til breiband i januar 2023. Alle fylke fekk auka løyving samanlikna med 2022, og fylke med mange distriktskommunar og få folk på store areal vart prioriterte i sterkare grad enn før.
 - Regjeringa arbeider for at alle skal ha tilgang til mobiltjenester der dei bur, arbeider og ferdast, og der næringsliv og offentleg og frivilleg sektor driv verksemd.
 - Auksjonen av 5G-frekvensar som vart gjennomført i september 2021, vart tilrettelagt slik at auksjonsvinnarane forplikta seg til å byggje ut nett og etablere fast trådløst breiband med datahastigheit på minst 100 Mbit/s til identifiserte bygg som mangla eit slikt tilbod. Tiltaket kan utløyse investeringar i mobilnett for minst 560 mill. kroner og vil kunne styrkje den vanlege mobildekninga. Tiltaket rettar seg mot tusenvis av husstandar og næringsbygg som

ligg i spreiddbygde strok. Forpliktinga skal oppfyllest innan 1. juli 2025.

- Regjeringa meiner at datasenteretableringar kan medverke til å styrkje næringsutvikling og eksisterande næringsverksemd, og vil at datasenternæringa skal ha gode vilkår for vekst i Noreg, og at etableringar gjennomførast på ein måte som skaper gode synergieffektar i vertskommunen.
- Regjeringa har i ny ekomlov føreslått å innføre krav om forsvarleg tryggleik i datasenter og ei registreringsplikt for datasenteraktørar i Noreg.
- Regjeringa er i gang med å revidere og vidareutvikle den nasjonale datasenterstrategien, mellom anna som fylgje av den tryggleikspolitiske situasjonen og situasjonen i kraftmarknadane.
- Regjeringa har utarbeidd ein rettleiar som skal gjere det enklare for kommunane å vurdere kva som er ei føremålstenleg avgjerd når ein datasenteraktør ynskjer å etablere seg i kommunen.
- I nokre distriktsonråde er det ikkje bygd nett med tilstrekkeleg overlapping og alternative føringsvegar. Regjeringa gjev derfor tilskot til auka digital tryggleik og beredskap i distrikta.
- Det vert gjennomført tiltak i fleire regionar for å redusere sårbarheitene gjennom alternative digitale føringsvegar og utvikling av sårbare punkt i infrastrukturen. Regjeringa har fylgt opp tiltak for nær 70 mill. kroner i Finnmark og sett i verk tiltak for 50 mill. kroner i Troms. I 2023 vil regjeringa bruke 25 mill. kroner på å styrkje den digitale infrastrukturen i Nordland.
- I programmet Forsterka ekom får kommunar som er sårbare for ekstremvær og andre hendingar forsterka mobilberedskapen ytterlegare med tre døgn reservestraum og alternative føringsvegar inn til basestasjonane. Så langt har det vore løyvd midlar til forsterking i meir enn 80 kommunar, og i 2023 gjev regjeringa midlar til utbygging i nye kommunar, slik at meir enn 90 kommunar vil få forsterka ekom.
- Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har gjeve tilskot til infrastruktureigarar for å setje i verk tiltak som styrkjer tryggleiken for sjøfiberkablar. Det vert i 2023 sett i verk tiltak for 43 mill. kroner for å auke tryggleiken og beredskapen for undersøisk digital infrastruktur som understøttar norsk olje- og gassproduksjon. Regjeringa vidarefører arbeidet med å styrkje samarbeidet mellom ekom- og kraftsektoren.

Kapittel 5 Ein aktiv næringspolitikk for heile landet

- Regjeringa vil sikre at lokalsamfunn som stiller naturressursane sine til disposisjon for utbygging, får meir igjen for det og vert sikra ein rettmessig del av verdiskapinga.
- Regjeringa har lagt fram lovforslag om grunnrenteskatt på havbruk. Saka vart handsama i Stortinget 31. mai 2023 med vedtak om ein effektiv skattesats på 25 prosent og eit botnfrådrag på 70 mill. kroner. Den delen vertskommunar og -fylkeskommunar får av inntektene frå sal av ny løyvekapasitet, vert auka frå 40 prosent til 55 prosent.
- Gjennom eit grønt industriløft vil regjeringa leggje til rette for kutt i klimagassutslepp, fleire arbeidsplassar og auka verdiskaping basert på lange verdikjeder i Noreg.
- Regjeringa vil arbeide for ei vidare utvikling av reine energikjelder, mellom anna ved å utvikle og å ta i bruk teknologi for karbonfangst og -lagring. Regjeringa vil arbeide for det grøne skiftet gjennom gode rammevilkår og målretta risikoavlasting og ved å bruke den stlege innkjøpsmakta for å leggje til rette for grøne aktørar.
- Regjeringa vil leggje til rette for god dialog med fylkeskommunane og regionale aktørar om arbeidet med grønt industriløft, slik at den samla innsatsen støttar opp om regionale potensial og føremonar. Regjeringa har også oppretta eit dialogforum for batterikommunar, for å leggje til rette for ein meir effektiv dialog og erfaringsutveksling mellom vertskommune og dei aktuelle fylkeskommunane, statsforvaltarane, departementa og etatane.
- Regjeringa har starta arbeidet med å utvikle regionvekstavtalar som eit nytt verktøy i distrikts- og regionalpolitikken, og det er innleidd dialog om avtalar med Nordland og Rogaland fylkeskommunar.
- Regjeringa vil vurdere om det er føremålstenleg å etablere eit statleg kontaktpunkt for store industrietableringar i Nord-Noreg.
- Regjeringa vil vurdere styrking av FoU-miljø som er særskilt viktige for næringsutvikling, mellom anna i Aust-Finnmark.
- Regjeringa tek sikte på å gjere framlegg om grunnrenteskatt på landbasert vindkraft for Stortinget i løpet av haustsesjonen 2023, med verknad frå inntektsåret 2024.
- Regjeringa vil leggje til rette for fornybar kraft og nettkapasitet gjennom ny kraftproduksjon, energieffektivisering og utvikling av nettet.

- Regjeringa vil leggje til rette for at kapasiteten i straumnettet vert forsterka i heile landet, og for at konsesjonshandsamingstida vert korta ned.
- Med regjeringas handlingsplan for raskere nettutbygging og betre utnytting av nettet vert det teke fleire grep for å medverke til raskare konsesjonshandsaming hos styresmaktene, meir effektiv tilknytning til straumnettet og betre utnytting av nettkapasiteten.
- NVE har vidareutvikla eit hurtigspor for konsesjonshandsaming av små og enkle saker.
- Regjeringa har opna opp konsesjonshandsaminga for vindkraft på land, og lyst ut fyrste fase av Sørlege Nordsjø II og Utsira Nord.
- Regjeringa arbeider med ein handlingsplan for energieffektivisering i alle delar av norsk økonomi som vil verte presentert seinast saman med statsbudsjettet hausten 2023. Den vidare oppfylginga av rapporten frå Energikommisjonen vil regjeringa sjå i lys av høyringsinnspel.
- Regjeringa har igjen opna for konsesjonshandsaming av vindkraft på land der vertskommunane samtykkjer til dette. Regjeringa arbeider med å innlemme planlegging av vindkraftanlegg i plan- og bygningslova. Dette vil gje kommunane større formell styresmakt over arealbruken i vindkraftsaker. Det er fremja ein lovproposisjon om endringar i energilova og plan- og bygningslova som inneber at vindkraftanlegg må greiast ut i områderegulering etter plan- og bygningslova før ein kan gje konsesjon etter energilova.
- Regjeringa vil at ringverknader frå petroleumsverksemda skal kome heile landet til gode. I samband med planlegginga av nye sjølvstendige feltutbyggingar skal operatøren leggje til rette for positive lokale og regionale ringverknadar, der det er mogleg.
- Regjeringa vil gjere det enklare for verksemdene å ta i bruk dei ulike næringsretta tiltaka og ordningane og vurdere korleis ansvaret for ordningar og program er organisert, og korleis aktørane samarbeider.
- Regjeringa ynskjer ei dreining i forskings- og innovasjonsaktiviteten i næringslivet mot meir klima- og miljøvenlege løysingar, og vedtok i statsbudsjettet for 2023 å omprioritere delar av midlane i det næringsretta verkemiddelapparatet til ei grøn nærings- og eksportomstillingspakke.
- Regjeringa vil vidareføre ordninga med differensiert arbeidsgjeveravgift. Verdien av dette er estimert til om lag 18,3 mrd. kroner for 2023.
- I statsbudsjettet for 2022 vart det løyvd 40 mill. kroner til testfasilitetar i distrikta for å medverke til auka omstilling og eit meir berekraftig norsk næringsliv. Siva vil etablere åtte katapultnodar frå Halden i sør til Båtsfjord i nord.
- Regjeringa meiner at staten må stille opp for kommunar som har særleg negativ utvikling i sysselsetjinga. Omstillingsordninga har tidlegare vore innretta mot å skape nye arbeidsplassar der mange brått har mista arbeidet. Utfordringane i dag er meir samansette. Regjeringa vil revidere og utvikle målkriteria i ordninga, slik at ein kan setje inn ressursane der dei gjev best resultat. Mellom anna bør målet om betre utviklingsevne få større vekt enn i dag. Regjeringa vil fremje forslag om endringar i budsjettproposisjonen for 2024.
- Regjeringa har sett ned eit lovutval som skal gå gjennom innkjøpsregelverket, som mellom anna skal vurdere endringar som sikrar at offentlege innkjøp har ei utforming og storleik som gjer det mogleg for lokale og regionale aktørar å delta i konkurransen om heile eller delar av oppdraget. Regjeringa vil vurdere korleis regelverket betre kan leggje til rette for innkjøp frå lokale leverandørar.
- Regjeringa vil arbeide for at kompetansen i små og mellomstore verksemdar vert styrkt, slik at dei kan ta del i den datadrivne økonomien.
- Regjeringa skal utarbeide ein strategi for å fylgje opp målet i Hurdalsplattforma om at forskning og utvikling i næringslivet skal utgjere 2 prosent av BNP innan 2030.
- Regjeringa vil vurdere korleis ein kan utvikle ambisjonane om ein forsvarsindustrikyngje i Nord-Noreg.
- Regjeringa vil sikre nok og trygg mat produsert på norske naturressursar.
- Regjeringa vil sikre framleis nasjonal råderett og kontroll over fiskeressursane, og forvalte desse til det beste for noverande og framtidige generasjonar.
- Regjeringa vil sikre at maten vi haustar i havet, også i framtida skal tilhøyre fellesskapet.
- Regjeringa vil leggje fram ei kvotemelding som sikrar busetnad, aktivitet og lønsemd langs heile kysten. Regjeringa vil sjå til at flåten under elleve meter har gode rammevilkår, og at breidda og mangfaldet i kystfiskeflåten vert trygga.
- Regjeringa ynskjer å auke tilverkinga av sjømat i Noreg. Regjeringa vil leggje til rette for ei produktiv og miljøvenleg havbruksnæring som kan produsere mat til ein veksande verdsmarknad.
- Regjeringa har vidareført utvalet som skal sjå på løyvesystemet for akvakultur og korleis det bør innrettast for framtida, mellom anna for å

leggje til rette for størst mogleg verdiskaping og ei berekraftig utvikling. Utvalet skal levere rapport hausten 2023.

- Regjeringa vil leggje til rette for innovasjon, nye produksjonsformer og berekraftige løysingar. Det er eit mål å utvikle eit konsesjonsregime for havbruk til havs med strenge krav til berekraft og sameksistens mellom ulike havnæringer.
- Regjeringa vil utarbeide næringsplanar for Nordsjøen, Barentshavet og Norskehavet.
- Ved jordbruksoppgjæret i 2023 vidareførte avtalepartane prioriteringa av distriktslandbruket, mellom anna gjennom høgare tilskotsatsar enn for resten av landet, og gjennom ei sterk prioritering av mjølkeproduksjon. Partane prioriterte små og mellomstore bruk, ikkje berre gjennom tilskotsordningane, men også gjennom styrking av investeringsverkemidla i landbruket.
- Investeringsverkemidla har ein tydeleg distriktsprofil, der nærare 70 prosent av tilskota i 2022 gjekk til prosjekt i kommunar lokalisert i det distriktspolitiske verkeområdet.
- Regjeringa har saman med Troms og Finnmark og Nordland fylkeskommunar sett i gang ei felles satsing på landbruket i Nord-Noreg.
- Regjeringa vil satse på tiltak som kan medverke til betre lønsemd i skogbruket.
- Regjeringa vil føre ein meir restriktiv rovdyrpolitikk, og vil styrkje rolla til dei regionale roviltnevdene.
- Regjeringa vil sikre at bestandmåla faktisk vert fylgde opp.
- Regjeringa vil innrette praktiseringa av rovviltforliket slik at kvotar på lisensfelling vert tekne ut i samsvar med vedtak, og slik at beiteprioriterte område vert respekterte ved at skadegjerarar vert felte utan ugrunna opphald.
- Regjeringa vil greie ut ein reduksjon av gjeldande bestandmål for ulv og bjørn med mål om å redusere ulempene for beitenæringer og lokalsamfunn. Det skal òg gjennomførast ei betre og sikrare teljing av dei ulike rovdyrbestandane.
- Regjeringa arbeider med ulike tiltak for å skape ei konkurransedyktig, heilårleg reiselivsnæring som er meir berekraftig og lønnsam enn tidlegare, og som skaper aktivitet i heile landet.
- Regjeringa vil vurdere korleis tilrådingane til reisemålsutvalet kan fylgjast opp.
- Regjeringa har sett igang Reiseliv 2030 for å stimulere til kunnskapsbasert utvikling av heile reiselivsnæringa, og føreslå prioritering

av forskings- og innovasjonsaktivitetar for å gjere reiselivsnæringa meir heilårleg, oppnå auka verdiskaping og medverke til grøn omstilling.

Kapittel 6 Utdanning og arbeidskraft for framtida

- Kompetansepolitikken til regjeringa er nyleg lagd fram i ei stortingsmelding om kompetansebehovet i Noreg.
- Regjeringa vil at universitet og høgskular skal prioritere livslang læring og fleksible og desentraliserte tilbod slik at utdanning og kompetanseheving vert tilgjengeleg og uavhengig av bustad og livssituasjon.
- Regjeringa vil arbeide for eit utdanningssystem som svarer enda betre på etterspurnaden etter kompetanse, både frå arbeidslivet og frå dei som søker utdanning.
- Regjeringa meiner det er viktig å utvikle arbeidslivsnære tilbod i samarbeid med partane i arbeidslivet. I 2022 vart det løyvd 184 mill. kroner til fleksibel og desentralisert utdanning, midlar som utdanningsinstitusjonane og studiesentera kunne søkje på. For 2023 har regjeringa auka summen til 200 mill. kroner, og inntil 50 mill. kroner av desse midlane går til studiesenter.
- Regjeringa vil gjennom dimensjoneringa av utdanningssystemet særleg prioritere kompetanse som er naudsynt for å ha gode velferds-tenester i heile landet, for å skape eit høgproduktivt og konkurransedyktig næringsliv og for å gjennomføre det grønne skiftet.
- Regjeringa har styrkt sjukepleiarutdanninga. I 2022 tildelte Kunnskapsdepartementet 300 studieplassar til sjukepleiar- og spesialsjukepleiarutdanningane. Universitet og høgskular er bedne om å auke kapasiteten i grunnutdanninga i sjukepleie med 200 studieplassar innanfor eiga rammeløyving.
- Regjeringa legg desentraliserte studiemodellar til grunn for ambisjonane for medisikutdanninga.
- Regjeringa vil prioritere relevante profesjonsutdanningar med underdekning, og særleg barnevern, lærarar i distrikta og lærarar med samisk språkkompetanse.
- Regjeringa vil møte lærarmangelen med ei brei satsing på å rekruttere, utdanne og halde på kvalifiserte lærarar.
- Regjeringa styrkjer lærarprofesjonen gjennom mellom anna tillitsreforma, ordningane for

- vidareutdanning, tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling, rettleiing av nyutdanna nytilsette, og ei ny partsforankra ordning om karriereveggar for lærarane.
- Regjeringa la våren 2023 fram ei stortingsmelding om samisk språk, kultur og samfunns- liv som gjer greie for pågåande prosessar og prioriterte innsatsområde for å styrkje samisk- tilbodet i barnehagar, skular og høgare utdan- ning, og for å styrkje fagmiljøa og rekruttere fleire til samiskspråkleg høgare utdanning og forskning. I statsbudsjettet for 2023 har regje- ringa løyvd eit tilskot til Sametinget på 6,6 mill. kroner.
 - Regjeringa vil fylgje opp helsefagutdanninga og vurdere tilrådingane om utdanning frå Helsepersonellkommissjonen i arbeidet med stortingsmeldinga om profesjonsutdannin- gane, som blir lagt fram våren 2024.
 - Stortingsmeldinga om profesjonsutdanning- ane har hovudvekt på lærar-, ingeniør-, helse- og sosialfagutdanningane. Regjeringa vil som ei del av meldinga vurdere tiltak for å auke talet på praksisplassar for helse- og sosialfags- studenter i distriktskommunar. Regjeringa vil også vurdere tiltak for å auke rekrutteringa i heile landet.
 - I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd om lag 460 mill. kroner til arbeidet med kvalifisering og formidling til læreplass.
 - Regjeringa vil vurdere om det er behov for sær- skilde tiltak for at fleire elevar skal fullføre vidaregåande skule, og om det er tilstrekkeleg fleksibilitet i regelverket for vidaregåande opp- læring til å sikre ulike regionale behov, til dømes i område der det er få ungdomar og store avstandar.
 - Ved framtidige tildelingar til fagskulane vil regjeringa prioritere studieplassar innanfor teknologi, helse og fagområde som er viktige for det grøne skiftet. Regjeringa vil ha dialog med fylkeskommunane om korleis desse prioriteringane kan fylgjast opp i forvaltninga av sektoren.
 - Regjeringa vil vurdere korleis ein kan leggje til rette for at fagskulane etter godkjenning kan opprette og endre studietilbod utan å måtte søkje NOKUT om dette.
 - Regjeringa har starta arbeidet med ei melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdan- ning.
 - Regjeringa vil arbeide for eit utdanningssystem som er dimensjonert slik at kapasiteten fylgjer etterspurnaden, både frå dei som søkjer utdan- ning og frå arbeidslivet.
 - Regjeringa forventar at utdanningsinstitusjo- nane samarbeider godt med fylkeskommunane om tilrettelegging for utdanning i lys av regio- nale kompetansebehov.
 - Direktoratet for høgare utdanning og kompe- tanse tildelte i 2022 4 mill. kroner til etablering av studiesenter Aust-Finnmark kunnskaps- senter.
 - Regjeringa vil vurdere korleis ein betre kan dimensjonere og leggje til rette for utdannings- og kompetansetilbod innanfor yrkesgrupper der etterspurnaden etter kompetent arbeids- kraft er særleg kritisk, mellom anna i Aust- Finnmark.
 - I 2022 etablerte regjeringa ei søknadsbasert ordning for studiesentera (34 mill. kroner i 2022 og 50 mill. kroner i 2023).
 - Regjeringa vil vurdere korleis den statlege til- skotsordninga for studiesentera skal forvaltast framover.
 - Regjeringa endrar og forenkler finansierings- systemet for universiteta og høgskulane, og gjer det meir attraktivt å tilby vidareutdanning og fleksibel og desentralisert utdanning.
 - Regjeringa vil vidareføre måla og den geogra- fiske avgrensinga som utgjer *Tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms*, og prioritere tiltak retta mot barnefamiliar og unge vaksne. Regje- ringa vil vurdere endringar i gjeldslette av stu- dielån og finnmarksfrådraget i samband med statsbudsjetta.
 - Inntekt og formue er geografisk skeivfordelte. For å jamne ut skilnader har regjeringa som mål at skatte- og avgiftssystemet skal med- verke til geografisk omfordeling.
 - Innanfor arbeidsmarknadspolitikken vil regje- ringa auke satsinga på individuell og tilrette- lagd oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten, særleg retta mot unge og personar med psy- kiske lidningar og/eller rusproblem.
 - Regjeringa ynskjer eit løft i satsinga på unge som står utanfor utdanning og arbeid, og har i statsbudsjettet for 2023 sett av 175 mill. kroner til ein ny ungdomsgaranti i regi av Arbeids- og velferdsetaten.
 - For å motverke at ungdom og unge vaksne fell på utsida av skule og arbeid, vil regjeringa leggje til rette for betre samordning av helsetenester, arbeidsretta tenester og utdanningssystemet.
 - Regjeringa ynskjer å leggje til rette for at fleire kan kombinere arbeid og trygd, og at alle som kan og vil arbeide, skal få høve til det. Regje- ringa vil prøve ut ei aktivitetsreform for nye mottakarar av uføretrygd gjennom eit avgrensa forsøk med arbeidsorientert trygd

for nye uføre under 30 år som elles ville fått 100 prosent uføretrygd.

- Regjeringa vil sørge for eit meir fleksibelt utdanningssystem for vaksne som treng vidaregåande opplæring, og gjere det mogleg for fleire Nav-brukarar å kvalifisere seg til arbeid.
- Som oppfølging av Fullføringsreforma skal modulstrukturert opplæring innførast som hovudmodell for opplæring for vaksne. Regjeringa har også lagt fram forslag til ny opplæringslov. I lova blir det føreslått mellom anna utvida rettar for opplæring for vaksne.
- Regjeringa vil styrkje samarbeidet mellom Arbeids- og velferdsetaten og den fylkeskommunale oppfylgningstenesta. Regjeringa vil setje i gang eit forsøk med ei tilskotsordning som skal stimulere til lokalt samarbeid om tilrettelagd vidaregåande opplæring.
- Regjeringa vil vurdere korleis ein kan stimulere til betre samarbeid mellom Nav, fylkeskommunane, kommunane og arbeidslivet, med sikte på å få fleire som står utanfor arbeidslivet, ut i arbeid.

Kapittel 7 Sektorpolitikk er distriktpolitikk

- Som oppfølging av ambisjonane i Hurdalsplattforma har regjeringa gjort det klart at kravet om distriktpolitiske konsekvensanalysar der det er relevant, skal vere del av avgjerdsgrunnlaget når regjeringa, departementa og anna statleg verksemd tek avgjerder.
- Kommunal- og distriktsdepartementet skal involverast i større saker som kan ha distriktpolitiske konsekvensar, for at departementet skal sjå til at desse blir utgreidde, og medverke med rettleiing og utforming av løysingar og alternativ.
- Kommunal- og distriktsdepartementet har starta ein dialog med Forskingsrådet om kor-

leis ein kan få til ein styrkt satsing på forskning på distriktsutfordringar og regional utvikling på tvers av ulike fagdisiplinar.

- Regjeringa meiner at statlege arbeidsplassar bør vere spreidde geografisk og kome heile landet til gode. Regjeringa ynskjer sterke kompetansemiljø i heile landet gjennom ei jamnare fordeling av statlege arbeidsplassar. Regjeringa vil derfor styrkje innsatsen for lokalisering utanfor dei største byane og lokalisere meir av staten til kommunar der arbeidsplassane utgjer eit større bidrag til variasjon i dei lokale fagmiljøa. Statlege verksemdar medverker til å skape meir solide arbeidsmarknader i regionane dei ligg i, noko som gjev auka attraktivitet for tilflytting. Regjeringa ynskjer derfor at nye og omlokaliserte statlege verksemdar i hovudsak blir lokaliserte utanfor Oslo, sentrale kommunar i Oslo-området eller andre av dei største byane.
- Regjeringa har revidert og styrkt retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon.
- Regjeringa vil at avgjerder om nedlegging av studiestader vert lagd til Kongen i statsråd.
- Regjeringa vil leggje betre til rette for desentralisert arbeid i statlege verksemdar.
- Regjeringa har som ambisjon å auke bruk av stillingar i staten som vert lyste ut med høve til desentralisert arbeid, eller som arbeidsgjevar vel å tilby tilsette som alternativt ville ha slutta i verksemda.
- Kommunal- og distriktsdepartementet har nyleg lansert ein rettleiing for dei statlege arbeidsgjevarane som tek i bruk desentralisert arbeid.
- Kommunal- og distriktsdepartementet vil sjå nærare på korleis ein kan handtere utfordringar for regional samordning og samhandling som fylgje av funksjonsbasert organsiering i statlege etatar.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til
departementa – 06/2023

